



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

Vestnes, 30. april 2019

Til medlemmene i kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

MØTE NR.: 2/19
TID: 7.5.2019 kl. 13:00
STED: Formannskapssalen, Vestnes kommunehus

SAKSLISTE:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 11/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12. FEBRUAR 2019
PS 12/19	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 13/19	REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON ÅRSOPPGJER 2018
PS 14/19	VESTNES KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2018
PS 15/19	VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. 1. KVARTAL 2019
PS 16/19	VAL AV REVISJONSORDNING. VAL AV REVISOR
PS 17/19	OPPFØLGINGSLISTE
PS 18/19	EVENTUELT

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert melde på tlf. 71 11 15 79, evt. mob 91 37 11 12.

E-post: jane.anita.aspen@molde.kommune.no

Innkallinga går som melding til 1.varamedlem som vert innkalla etter behov.

Stig Holmstrøm (s)
leiar

Jane Anita Aspen
daglig leder

Kopi:
Ordfører
Administrasjonssjef
Møre og Romsdal Revisjon IKS



Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 11/19	Kontrollutvalet	7.5.2019

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12. FEBRUAR 2019

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 12. februar 2019 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte. Protokollen er tidligare utsendt. Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Ved klargjering til møte, oppdaga sekretær at det mangla sak 10/19 Eventuelt i ovoversikt over saker. Dette er no korrigert.

Protokollen vert formelt godkjent i dette møte, samtidig som det vert valt to medlemmer til å signere protokollen.

Jane Anita Aspen
daglig leder



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	1/19
Møtedato:	12.2.2019
Tid:	Kl. 13.00 – kl. 15.45
Møtestad:	Formannskapssalen, Vestnes kommunehus
Sak nr:	01/19 – 10/19
Møteleiar:	Stig Holmstrøm, leiar (Ap)
Møtande medlemmer:	Dagfinn Wiik (Pp) Frank Ove Belsvik (Frp) Birgit Torkildson Grotle (Ap)
Forfall:	Gro Ødegård (H)
Ikkje møtt:	Ingen
Møtande vara:	Ingen vara kunne møte
Frå sekretariatet:	Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen:	Anne Oterhals, oppdragsansvarleg revisor (under sak 04/19 og 05/19) Lillian Reder Kristoffersen, forvaltningsrevisor (under sak 01/19-05/19)
Av øvrige møtte:	Tone Roaldsnes, administrasjonssjef (under sak 03/19) Elly Slettvoll, einingsleiar barn, ungdom og familie (under sak 03/19)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til innkalling.

Det vart innleiingsvis i møte fremja forslag om at sak 03/19 vart handsama etter sak 01/19, samt å legge fram to ekstra referatsaker RS 04/19 og RS 05/19.

Innkalling og sakliste vart godkjent med desse endringane.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 01/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 6. DESEMBER 2018
PS 02/19	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 03/19	OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «VESTNES KOMMUNE – HELSESTASJON- OG SKOLEHELSETENESTER»
PS 04/19	PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT «HJEMMETJENESTEN I VESTNES KOMMUNE»
PS 05/19	INTERIMRAPPORT REKNESKAPSREVISJON – REVISJONSÅRET 2018
PS 06/19	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2018
PS 07/19	MØTEPLAN FOR 2019
PS 08/19	TILTAKSPLAN 2019. KONTROLLUTVALET I VESTNES
PS 09/19	OPPFØLGINGSLISTE
PS 10/19	EVENTUELT

PS 01/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 6. DESEMBER 2018
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 6. desember 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Dagfinn Wiik
2. Frank Ove Belsvik

Kontrollutvalet si handsaming

Dagfin Wiik og Frank Ove Belsvik vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 02/19	REFERAT OG ORIENTERINGAR
-----------------	---------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

1. Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.
2. Sekretariatet, i samråd med utvalsleiar, får fullmakt til å vurdere utarbeiding av uttale til RS 03/19 og RS 04/19.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

- RS 01/19 **Innkalling til møte i representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS 18.1.2019.**
- RS 02/19 **Avslutning av tilsyn**, brev datert 11.1.2019 frå fylkesmannen i Møre og Romsdal til Vestnes kommune om avslutning av tilsyn med grunnskoleopplæring for vaksne.
- RS 03/19 **Høyringsnotat om ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift, Kommunal og moderniseringsdepartementet**, samt invitasjon til høyring frå FKT med høyringsfrist 15.3.2019.
- RS 04/19 **FKT – Høyringsutkast – Veileder - Kontrollutvalgets påse-ansvar over for regnskapsrevisor**, med høyringsfrist 15.3.2019.
Høyringsutkastet var utsendt til utvalsmedlemmene før møte, men etter at møteinnkalling var sendt ut.
- RS 05/19 **Protokoll frå møte i representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS 18.1.2019.**
Protokollen vart utdelt i møte.

Orienteringssaker:

Ingen orienteringssaker i dagens møte.

Utvalsleiar Stig Holmstrøm framsette følgjande forslag til vedtak.

3. *Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.*

4. Sekretariatet, i samråd med utvalsleiar, får fullmakt til å vurdere utarbeiding av uttale til RS 03/19 og RS 04/19

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med forslag frå utvalsleiar Stig Holmstrøm. (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

PS 03/19	OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «VESTNES KOMMUNE – HELSESTASJON- OG SKOLEHELSETNESTER»
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Utvalet vil følgje med på det attståande arbeidet, og ser fram til å motta statusrapport for vidare oppfølging i første kontrollutvalsmøte hausten 2019.

Kontrollutvalet si handsaming

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes og einingsleiar Elly Slettvoll orienterte utvalet og svarte på spørsmål undervegs i orienteringa.

Administrasjonssjefen beklagar at dei ikkje har kunna prioritere arbeidet med kompetanseplanen. Håper å få den ferdig i løpet av våren. Må då vurdere om det er tenleg å legge den fram for det avtroppande eller det nye kommunestyret.

Einingsleiar seier at det arbeidet som er gjort for å vidareutvikle samarbeidsrutinane, er ein god start. Ho opplyser at dei vil endre Innmeldingsskjema slik at det ikkje inneheld namngjevne personar som team-medlemmer, då unngår ein å måtte endre på skjema når folk sluttar eller går over i andre funksjonar. Det vil berre vere opplyst kva instansar som deltek i tema.

Einingsleiar opplyser at dei har store utfordringar med å rekruttere leiande helsesøster. Stillinga har vore lyst ut tre gonger, kjøper no tenester (50 %) frå Rauma kommune.

Einingsleiar Elly Slettvoll opplyser at kommunalsjef for oppvekst arbeider med å planlegge korleis kartlegginga av psykiske helseplager skal gjennomførast på skulane.

Administrasjonssjefen viser til at helsedirektoratet har utarbeidd ein prioriteringsrettleiar. Det er helseforetaket som har definisjonsmakt når det gjeld prioritering av pasientar i spesialisthelsetenesta.

Slettvoll opplyser at det kan vere lang ventetid hos barne og ungdomspsykiatrien. Det er forventa at kommunen må kunne gjennomføre førebyggjande arbeid knytt til psykiske lidingar. Ved henvisning til spesialisthelsetenesta må kommunen også kunne dokumentere kva forsøkt av tiltak.

Einingsleiar Elly Slettvoll, seier Vestnes kommune ikkje har nok tiltak å kunne setje i verk. Det er ikkje eit godt nok psykisk helsetilbod for barn og unge i Vestnes kommune i dag, seier ho. Administrasjonssjef Tone Roaldsnes er einig i at det krevst ei styrking.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (4 voterande)

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet godkjenner framlagt prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt "Hjemmetjenesten i Vestnes kommune" med dei merknader og tillegg som måtte framkome i møtet. Prosjektplanen dannar grunnlag for gjennomføring av prosjektet.

Kontrollutvalet si handsaming

Forvaltningsrevisor Lillian Reder Kristoffersen gjekk gjennom dei problemstillingar og revisjonskriterier som er brukt i prosjektplanen.

Utvalsmedlem Dagfinn Wiik framheld at det er viktig at det vert undersøkt om det er gode varslingsrutinar og om avvik vert retta opp.

Utvalsleiar framheld at det er viktig at pårørande vert høyrte, då desse er viktige medspelarar i å få til gode tenestetilbod.

Utvalet er også opptatt av om det er satt av tid til leing. Har leiarane tid til å følgje opp dei tilsette?

Sekretær opplyser at administrasjonssjefen har send ein e-post før møte, som informerer om arbeidsdeling mellom einingsleiar for Heimetenesta og Tenestekontoret. Informasjonen er vidareformidla til revisor.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (4 voterande)

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå interimsrevisjonen til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Oppdragsansvarlig revisor, Anne Oterhals, presenterte interimsrapport frå rekneskapsrevisjonen 2018. Det vart presentert oversikt over kva som er utført av arbeid, revisjonstilnærming og funn knytt til oppfølgingspunkt frå revisjonen 2017 og risikopunkt i plan for 2018.

Oppdragsansvarlig revisor, Anne Oterhals vektlegg at det har vore ei positiv utvikling i Vestnes kommune.

Oterhals, svarte på spørsmål frå utvalsmedlemma undervegs i presentasjonen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (4 voterande)

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet vedtek årsmelding for 2018. Saka vert lagt fram for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2018 vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Det framkom ingen merknader til årsmeldinga i møte.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (4 voterande)

PS 07/19	MØTEPLAN FOR 2019
-----------------	--------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Følgjande møteplan for 2019 vert godkjend:

Uke	Dato	Møte nr	Saker til behandling
7	12.02.	1/19	<ul style="list-style-type: none">▪ Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Helsestasjon- og skolehelsetenester»▪ Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune»▪ Interimsrevisjon rekneskapsrevisjon – revisjonsåret 2018▪ Kontrollutvalet si årsmelding for 2018▪ Møteplan for 2019▪ Tiltaksplan
19	07.05.	2/19	<ul style="list-style-type: none">▪ Økonomirapport 1. kvartal 2019▪ Oppsummering av årsoppgjersrevisjonen▪ Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2018 for Vestnes kommune
25	17.06	3/19	<ul style="list-style-type: none">▪ Revidering av reglement for kontrollutvalet▪ Val av revisor frå 2020▪ Forvaltningsrevisjonsrapport «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune»
36	02.09.	4/19	<ul style="list-style-type: none">▪ Økonomirapport for 2. kvartal 2019▪ Revisjonsplan for revisjonsåret 2019▪ Budsjett for kontroll og tilsyn for 2020
45	04.11.	5/19	<ul style="list-style-type: none">▪ Økonomirapport for 3. kvartal 2019▪ Opplæring av nytt kontrollutval▪ Bestilling av overordna analyse for forvaltningsrevisjon 2020-2024

Kontrollutvalet sin leiar i samråd med sekretariatet vert gjeve fullmakt til å foreta endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet hadde ingen merknader til møteplanen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (4 voterande)

PS 08/19	TILTAKSPLAN 2019. KONTROLLUTVALET I VESTNES
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet godkjenner Tiltaksplan for 2019, med dei endringar som kjem fram i møte. Tiltaksplanen vil fortløpande bli oppdatert av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet gjekk gjennom tiltaksplanen.
Det vart gjort følgjande korrigeringar i planen:

Oppgåver knytt til tilsyn med forvaltninga

17.06.19 — ~~Verksømdsbesøk?~~

Oppgåver knytt til selskapskontroll

17.06.19 Orientering frå Vestnes Energi AS

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (4 voterande)

PS 09/19	OPPFØLGINGSLISTE
-----------------	-------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Internkontroll i Vestnes kommune

Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet fekk ei orientering i møte 10.12.2013 om det nye internkontrollsystemet Risk Manager. Kommunalsjef Rune Håseth informerte i møte 03.12.14 om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Kontrollutvalet har fått jamlege statusrapportar.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune»

Kontrollutvalet vedtok i møte 13.12.13 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Prosjektplanen vart handsama i møte 08.09.14 sak 26/14. Rapporten vart lagt fram møte 24.06.15 sak PS 18/15. Oppfølging av rapporten vart behandla våren 2017.

Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma

Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennom-førte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventa å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Tilsynet vart avslutta i brev frå fylkesmannen 05.07.17, men fylkesmannen har varsla nytt tilsyn.

Innkjøp og offentlege anskaffingar

Anskaffingsregelverket er omfattande og erfaringsvis er dette eit risikoområde som det er viktig at kontrollutvalet følgjer opp. Vestnes kommune deltek i innkjøps samarbeidet på Sunnmøre. Deltakarar er Ålesund og 18 kommunar som er geografisk plassert rundt Ålesund. Kontrollutvalet ønskjer ei årleg oppdatering av status på innkjøpsområdet, bl.a. organisering

av samarbeidet, status for rammeavtalar og korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverket vert følgt.

12.02.19: Utvalsleiar opplyste at formannskapet i møte 11.02.19 handsama sak om Innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement. Saka vert behandla i neste kommunestyremøte.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester»

Kontrollutvalet vedtok i møte 14.02.17 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet «**Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester**». Prosjektplanen vart handsama i møte 02.05.17 sak 14/17. Rapporten vart lagt fram møte 02.10.17 sak PS 23/17 og i kommunestyret 19.10.17, sak 90/2017. Oppfølging av rapporten er venta i første møte 2019.

12.02.19: Kontrollutvalet behandla sak om oppfølging tilrådingane i rapporten i dagens møte jf. sak 03/19. Administrasjonssjef Tone Roaldsnes og einingsleiar barn, ungdom og familie, Elly Slettvoll orienterte. Utvalet ber om ny statusrapport i første møte hausten 2019.

Nytt personvernregelverk

I 2018 har Norge fått ei ny personopplysningslov. Lova inneheld nasjonale reglar og EU sin personvernforordning (GDPR - General Data Protection Regulation). Forordninga er et sett reglar som gjeld for alle EU/EØS-land. Gjennom å ha god internkontroll og god informasjonstryggleik kan kommunen sikre at den behandlar personopplysningar lovleg, sikkert og forsvarleg. Det er interessant for kontrollutvalet å skaffe seg informasjon om korleis kommunen har innretta seg etter dei nye personvernopplysningsreglane.

Kontrollutvalet si handsaming

Leiar gjekk i gjennom dei sakene som står i oppfølgingslista.

I dette møtet var det ikkje lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til saker på oppfølgingslista.

Utvalet var samde om å føre opp dei dei sakene som framkom i saksframlegget på oppfølgingslista. Det vart ikkje fremja forslag om å føre opp andre saker.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

PS 10/19	EVENTUELT
-----------------	------------------

Psykisk utviklingshemma i Vestnes kommune

Det har den siste tida vore mange oppslag i media knytt til «Tolga-saka». Vestnes kommune er ein stor vertskommune som følgje av at institusjonen «Hellandsheimen» var lokalisert i kommunen. Utvalsleiar Stig Holmstrøm hadde meldt inn nokre problemstillingar som han hadde ønskje om at utvalet skulle vurdere å be administrasjonen gje tilbakemelding om.

Kontrollutvalet si behandling

Utvalet drøfta innspelet, og var einige om å be administrasjonen om informasjon.

Konklusjon

Kontrollutvalet ber til neste kontrollutvalsmøte om skriftleg tilbakemelding på følgjande spørsmål:

- Korleis har utvikling i talet på psykisk utviklingshemma i kommunen vore dei siste 5-8 åra?
- Kor mange psykisk utviklingshemma (PU) er det knytt tilskot til?
- Kor mange av desse er «vertskommune-PU»?
- Korleis har utvikling i talet på «vertskommune-PU» og andre utviklingshemma vore dei siste 5-8 åra?
- Kor mykje tilskot mottek Vestnes kommune for desse?

Mogleg ulovlege tiltak i strandsona

Nokre utvalsmedlemmer har mottatt innspel frå innbyggjarar i kommunen om mogleg ulovlege tiltak i strandsona. Utvalet vart i møte bedt om å vurdere om dette er ei sak som kontrollutvalet skal følgje opp, og eventuelt på kva måte.

Kontrollutvalet si behandling

Utvalet drøfta om dette var ei problemstilling som utvalet ønskjer å følgje opp nærare.

Konklusjon

Kontrollutvalet ber til neste kontrollutvalsmøte om skriftleg tilbakemelding om i kva grad Vestnes kommune har etablert system og rutine for å;

- Halde oversikt over og følgje opp ulovlege byggetiltak som har blitt avdekt?
- Registrere og følgje opp tips frå publikum om ulovlege byggetiltak?

Referat fra NKRF sin kontrollutvalgskonferanse

Birgit Torkildson Grotle, supplert av Stig Holmstrøm, gav utvalet eit kort oppsummering frå konferansen.

Stig Holmstrøm
leiar

Dagfinn Wiik
medlem

Frank Ove Belsvik
medlem

Birgit Torkildson Grotle
medlem

Jane Anita Aspen
sekretær



VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2019-1535/02
Arkiv: 033 & 17
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 29.4.2019

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 12/19	Kontrollutvalet	7.5.2019

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Bakgrunn for saka

Referatsaker:

- RS 06/19 **Årsrapport for 2018 – Skatteoppkreveren i Vestnes kommune** (vedlagt)
- RS 07/19 **Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vestnes kommune – brev frå Skatteetaten, Skatt Midt-Norge, datert 15.2.2019** (vedlagt)
- RS 08/19 **Innkalling til årsmøte i ÅRIM – 29. april 2019, (vedlagt)**
- RS 09/19 **Årsmelding for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 2018** (vedlagt)
- RS 10/19 **Protokoll fra styremøte i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 27.2.2019** (vedlagt)
- RS 11/19 **Kontrollutvalet – Årsmelding for 2018 - saksprotokoll frå Vestnes kommunestyre 28.3.2019, K-sak 20/19** (vedlagt).
- RS 12/19 **Oppfølginga av sak 10/19 Eventuelt. Svar på spørsmål knytt til to saksområder:**
1. Psykisk utviklingshemma i Vestnes kommune
2. Mogleg ulovlege tiltak i strandsona
Brev datert 16.4.2019 frå rådmannen til kontrollutvalet (vedlagt)
- RS 13/19 **Vurdering av forvaltningsrevisors uavhengighet** (vedlagt)
- RS 14/19 **Vurdering av regnskapsrevisors uavhengighet revisjonsåret 2019** (vedlagt)
- RS 15/19 **Innkalling til representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS 29.4.2019** (vedlagt)

- RS 16/19 **Protokoll frå representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS 29.4.2019**
(vedlagt)
- RS 17/19 **Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal sitt høyringssvar til ny forskrift om**
kontrollutvalg og revisjon, datert 6.3.2019 (vedlagt)
- RS 18/19 **Møre og Romsdal Revisjon IKS sitt høyringssvar til ny forskrift om**
kontrollutvalg og revisjon, datert (vedlagt)
- RS 19/19 **Notat til kontrollutvalgene - tema: forvaltningsrevisjon/undersøkelse av**
kommunens byggesaksgebyr, notat datert 26.4.2019 fra Møre og Romsdal Revisjon
IKS (vedlagt)

Orienteringssaker:

Jane Anita Aspen
daglig leder

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal	
Kommunenr: 1535	
Dato: 27 FEB 2019	
Saks og <small>skatteoppkrever</small> 1535	Løper: 083/19
Arkivkode: 232	Gradering:

Organisering
Arbeidsgiverkontroll
Innfordring

Skatteoppkrever

Margin

Skattelinngang
Skatteregnskap

Årsrapport

Årsrapport for 2018

**Skatteoppkreveren i
Vestnes kommune**

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Skatteutvalg	4
1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkreverfunksjonen	4
2. Skatteregnskapet.....	4
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet.....	4
2.2 Vurdering av skatteinngangen.....	4
2.3 Margin.....	4
3. Innfordring av krav	5
3.1 Restanseutviklingen.....	5
3.2 Innfordringens effektivitet	6
3.3 Særnamskompetanse.....	6
4. Arbeidsgiverkontroll.....	7
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	7
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller.....	7
4.3 Resultater fra kontrollene	7
4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten	7
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	7
4.6 Gjennomførte informasjons- og veiledningstiltak	7

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

Skatteoppkreverne skal i henhold til Skatteoppkreverinstruksen § 2-9 nr. 1 utarbeide en årsrapport i samsvar med retningslinjer gitt av Skattedirektoratet. I henhold til § 3-3 nr. 2 skal skatteoppkreveren også utarbeide et årsregnskap som vedlegges årsrapporten.

Årsrapporten skal omhandle hvordan oppgavene skatteregnskap, innkreving og arbeidsgiverkontroll er ivaretatt ved skatteoppkreverkontoret.

1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse

Organisering

Kontoret har nå ansvaret for skatteoppkreverfunksjonen for Molde, Vestnes, Nesset, Midsund og Aukra. Dette innebærer at kontoret er registrert i Brønnøysundregisteret med eget undernummer under Molde kommune med navnet Romsdal kemnerkontor. Kontoret er samlokalisert med Skattekontoret i Molde.

Kontoret har i 2018 hatt en grunnbemanning på 9,0 årsverk. Permisjon og sykemeldinger gjør at kontoret i 2018 har hatt 8,7 årsverk. Av den totale bemanningen har 0,16 årsverk vært utleid til regnskapskontroll for Fræna kommune.

Alle saksbehandlere har i 2018 jobbet med skatteyttere både i Molde, Vestnes, Nesset, Midsund og Aukra kommuner. Innfordring av personlige skatter er fordelt mellom tre personer i 100 % stillinger, Unni Hoem, Siri Merethe Vikhagen, som er i fødselspermisjon og Erna Småge. Ine Marie Volden har vikariert for Siri Merethe Vikhagen fra mai 2018. Kontoret fikk noe vakanse i den forbindelse, Astrid Lillebostad og Elisabeth Gjerde har innfordringen av alle typer krav vedrørende upersonlige skatteyttere. I tillegg er føring av skatteregnskapet og arkivering tillagt disse. Kontoret har hatt to kontrollører som i sin helhet jobber med regnskapskontroll, Gunnar Vilnes og Aud Rød. Gunnar Vilnes er utleid intern i kommunen fra november 2018. I tillegg til Molde, Vestnes, Nesset, Midsund og Aukra, utfører kontoret regnskapskontroller for Fræna kommune. Alf Magne Slemmen har ansvaret for utleggsforretninger og tynge innfordring av alle skattearter. Slemmen ble pensjonist 31. mars 2018. Anne Katrine Jacobsen erstattet Slemmen og startet i stillingen 1. januar 2018. Steinar Mundal leder seksjonen og har diverse saksbehandling. Skatteoppkreveren for Molde, Vestnes, Midsund, Nesset og Aukra er Kurt Magne Thrana som også er økonomisjef i Molde kommune.

Ressurser

For 2018 er det 8,7 årsverk ved skatteoppkreverkontoret som benyttes til skatteoppkreverfunksjonen.

Tabellen viser ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk per område

	Årsverk	%-andel fordelt
Skatteregnskap	1,0	11,5 %
Innfordring	5,0	57,5 %
Arbeidsgiverkontroll	2,2	25,3 %
Administrative oppgaver	0,5	5,7 %
SUM	8,7	100 %

Vurdering av ressursituasjon og kompetanse

Kontoret mener å være riktig bemannet i forhold til oppgavene når alle ansatte er på plass. Kompetansen på seksjonen er god. Kontoret vil fortsatt være offensive i forhold til å oppdatere medarbeiderne faglig sett.

1.2 Internkontroll

Rutinebeskrivelsen ble revidert høsten 2017 og oversendt Skatt-Midt Norge. Rutinebeskrivelsene blir oppdatert løpende.

1.3 Skatteutvalg

Det er ikke oversendt lempingssaker til Skatteutvalget i 2018.

1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkreverfunksjonen

Skattekontoret har gjennomført stedlig kontroll av skatteoppkreverfunksjonen, jf. rapport datert 05.04.2018.

Skatteoppkreverkontoret er ikke gitt pålegg som følge av kontroll.

2. Skatteregnskapet

Skatteoppkreverens arbeid med skatteregnskapet innbefatter regnskapsføring, regnskapsavleggelse, behandling av inn- og utbetalinger, krav, periodisk oppgjør og fordeling til skattekreditorene.

2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

Skatteoppkreveren bekrefter at skatteregnskapet for 2018 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevere av 8.april 2014 § 3-3 nr. 2.

2.2 Vurdering av skatteinngangen

Det vedlagte årsregnskapet viser skatteinngangen for regnskapsåret 2018.

Total skatte- og avgiftsinngang i forhold til foregående regnskapsår

For 2018 har Vestnes kommune en total skatte- og avgiftsinngang på 739 845 886 kroner. For 2017 var tilsvarende tall 673 188 456 kroner. Dette gir en økning på 66 657 430 kroner.

Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Kommunens andel av skatteinntektene for 2018 er 176 645 711 kroner. For 2017 var tilsvarende tall 160 490 281 kroner. Dette gir en økning på 16 155 430 kroner.

2.3 Margin

Ved hvert periodiske oppgjør i inntektsåret og de seks første månedene i året etter inntektsåret skal skatteoppkrever holde tilbake en bestemt prosent av innbetalt forskuddstrekk og forskuddsskatt som margin. Marginen skal brukes til oppgjør med skattytere som får til gode skatt ved avregning.

Tabellen under viser marginavsetning for inntektsårene 2017 og 2018.

	per 31.10.2018 (inntektsåret 2017)	per 31.12.2018 (inntektsåret 2018)
Innestående margin	0	-49 934 442
For mye avsatt margin		
For lite avsatt margin	-3 333 857	
Procentsats	10	

Kommentarer til marginavsetningen

For liten marginavsetning for 2017 var litt høyere enn i 2016. Det er i år ikke fremmet politisk sak om endring av marginprosenten.

3. Innfordring av krav

I henhold til skatteoppkreverinstruksen § 4-3 skal innfordring iverksettes uten unødig opphold etter forfall, og gjennomføres etter en helhetlig vurdering. Ved vurdering av innfordringstiltak skal skatteoppkreveren legge avgjørende vekt på tiltak som enkeltvis eller samlet bidrar til at oppgjør kan skje hurtig og effektivt, samtidig som det overfor skyldner blir utvist den hensynsfullhet og varsomhet som forholdene tillater.

3.1 Restanseutviklingen

Totale restanser og berostilte krav

Tabellen viser totale restanser og berostilte krav for 2018 og 2017, samt endring fra i fjor for restanse og berostilte krav.

Skatteart	Restanse 31.12.2018	Herav berostilt restanse 31.12.2018	Restanse 31.12.2017	Herav berostilt restanse 31.12.2017	Endring i	
					restanse	berostilt restanse
					Reduksjon (-) Økning (+)	Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	8 431 635	0	8 958 496	0	-526 861	0
Arbeidsgiveravgift	512 468	0	437 371	0	75 097	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Finansskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	762 367	0	932 082	0	-169 715	0
Forskuddsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskuddsskatt person	990 801	0	1 096 265	0	-105 464	0
Forskuddstrekk	195 070	0	916 533	0	-721 463	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	14 981	0	17 621	0	-2 640	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	55 399	0	32 829	0	22 570	0
Restskatt person	5 203 309	0	5 017 628	0	185 681	0
Tvangsmulkt	697 240	0	508 167	0	189 073	0
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0	0	0
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	8 431 635	0	8 958 496	0	-526 861	0

Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Restansesituasjonen er tilfredsstillende og kontoret mener å ha kontroll på restansene og utviklingen i restansene. Når det gjelder differansen på restanse forskuddstrekk i forhold til 2017 skyldes hele differansen manglende innbetaling av 5. termin 2017 fra et selskap. Beløpet ble betalt 12.01.2018

Restanser eldre år

Tabellen viser totale restanser eldre år og restansene på restskatt person for de samme årene.

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2016	1 002 576	343 666
2015	779 742	680 706
2014	817 237	594 966
2013 – 19XX	3 392 739	-----

Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

Antall krav som var foreldet pr. 31.12.2018: 3

Samlet beløp på krav som var foreldet pr. 31.12.2018: 4 393

Skatteoppkrever har gjennomgått rapporten *Restanseliste – forelda krav* dato t.o.m. 31.12.2018.

3.2 Innfordringens effektivitet

Vurdering av resultatet pr. 31.12.2018

Kontorets innfordringsresultater er svært tilfredsstillende. I forhold til avtalte innfordringsmål har kontoret nådd alle mål bortsett fra forskuddsskatt personlige skatteyttere.

Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

Kontoret betjener fem kommuner og hver saksbehandler har samme nummerserie (fødselsnummer/organisasjonsnummer) i alle kommunene. Kontoret arbeider målrettet og rutinemessig, en strategi som gir gode resultater.

Skatteoppkrevers eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Kontoret vil jobbe ut ifra samme retningslinjer også i 2019.

Omtale av spesielle forhold

Ingen spesielle forhold å omtale.

3.3 Særnamskompetanse

Kontoret har benyttet særnamskompetansen i stor grad i flere år med hell. Ved bruk av egen namsmann kommer kontoret tidlig på banen og oppnår god kontakt med skatteyterne. Erfaringen er at dette gir gode innfordringsresultater og bidrar til en nyttig dialog med skatteyter.

4. Arbeidsgiverkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen

Kontoret hadde i 2018 to regnskapskontrollører. Ny regnskapskontrollør deltok i Oslo kommunes opplæring for regnskapskontrollører. En regnskapskontrollør har i de siste to månedene av 2018 vært utlånt internt i kommunen. Opplæring av ny kontrollør, samt utlån av kontrollør har påvirket resultatet dette året. Arbeidsgiverkontrollen betjener Molde, Vestnes, Nesset, Midsund og Aukra kommuner. I tillegg foretas noen kontroller for Fræna kommune. Tallene vedrørende arbeidsgiverkontrollen gjelder Molde, Vestnes, Nesset, Midsund og Aukra sett under et

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Antall planlagte kontroller for 2018 var 82. Dette utgjør 5 % av totalt antall opplysningspliktige i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2018 var 58. Dette utgjør 3,5 % av totalt antall opplysningspliktige i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2017 var 73

4.3 Resultater fra kontrollene

Det er foreslått endret grunnlag arbeidsgiveravgift med 0,7 mill. kroner.

4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten

Kontrollaktiviteten er litt under forventet dette året. Kontrollmiljøet er lite og er sårbart i forhold til endring. En kontrollør har fulgt opplæringstilbudet til Oslo kommune dette året og vi håper at det bærer resultater i fremtiden.


4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Vi har foretatt 10 kunnskapskontroller dette året, ellers ikke noe spesielt samarbeid med andre kontrollorganer.

4.6 Gjennomførte informasjons- og veiledningstiltak

Kontoret har ikke gjennomført spesielle informasjonstiltak dette året.

Sted/dato: Molde 21/1-19



Skatteoppkreverens signatur

Vedlegg: Årsregnskapet for 2018
 Vedlegg til årsregnskapet

Årsregnskap for Vestnes kommune for 2018. Avlagt etter kontantprinsippet.

Dato: 15.01.2019 - 13:14

Utvalgskriterier:

Kommunenr	År	Hovedbokstype
1535	2018	K

Nivå 1	Valgt år	Forrige år
Likvider	51 070 259	48 853 546
Skyldig skattekreditorene	-1 190 540	-1 271 643
Skyldig andre	54 729	54 729
Innestående margin	-49 934 442	-47 636 627
Udlsponert resultat	-5	-5
Sum	1	0
Arbeidsgiveravgift	-120 008 915	-108 120 270
Kildeskatt mv - 100% stat	-9 111	-21 652
Personlige skatteyttere	-554 536 282	-523 921 918
Tvangsmulkt	-277 459	-322 034
Upersonlige skatteyttere	-64 494 813	-40 563 582
Renter	-574 706	-271 328
Innføring	55 400	32 327
Sum	739 845 886	673 188 457
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	120 008 915	108 120 269
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	166 364 137	165 175 795
Fordelt til Fylkeskommunen	36 825 380	33 582 857
Fordelt til Staten	239 987 701	205 767 520
Fordelt til kommunen	176 645 711	160 490 281
Krav som er ufordelt	0	1
Videresending plassering mellom kommuner	14 042	51 734
Sum	739 845 886	673 188 457
Sum totalt	1	0

Årsregnskap -kommune - sammendrag

Side 1 av 1



Romsdal kemnerkontor

21.01.2019

[Handwritten signature]



Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal	
Kommunenr:	1535
Dato:	27 FEB 2019
Saks og referansenummer	Løpnummer
1535	086/19
Arkivkode:	Gradering:
232	

Datoen vår
15.02.2019

Datoen din/dykkar

Sakshandsamar
Ragnar Høyland

800 80 000
Skatteetaten.no

Referansen din/dykkar

Telefon
73865735

Org.nr
974761076

Referansen vår
2019/5257005

Postadresse
Postboks 9200 Grønland
0134 OSLO

Kommunestyret i Vestnes kommune
Rådhuset
6390 VESTNES

Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjaren for Vestnes kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at skattekontoret:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014. Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 16. mai 2016.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapportering og avlegging av årsrapporten og årsrekneskapen samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølging av restansane samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen samsvarar med gjeldande regelverk

2. Om skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjarkontoret omfattar kommunane Molde, Vestnes, Nesset, Midsund og Aukra kommune.

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2018	Tal årsverk 2017	Tal årsverk 2016
8,7	8,6	8,5

Kontoret meiner å ha nok ressursar og reknar kompetansen som god i følgje skatteoppkrevjar sin årsrapport.



3. Måloppnåing

Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 20. januar 2019. Skattekontoret har motteke rekneskapen innan fastsett frist.

Årsrekneskapen for Vestnes kommune viser per 31. desember 2018 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 739 845 886 og uteståande restansar² på kr 8 431 635.

Innkrevjingsresultat

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2018 for Vestnes kommune.

	Resultatkrav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav for regionen 2018 (i %)
Restskatt personlege skattytarar 2016	96,00 %	98,40 %	96,15 %	96,94 %
Forskotstrekk 2017	99,90 %	99,99 %	100,00 %	99,95 %
Forskotskatt personlege skattytarar 2017	99,70 %	99,39 %	99,44 %	99,51 %
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2017	99,90 %	100,00 %	100,00 %	99,95 %
Restskatt upersonlege skattytarar 2016	99,40 %	100,00 %	99,21 %	99,08 %
Arbeidsgjevaravgift 2017	99,80 %	99,96 %	99,57 %	99,86 %

For Vestnes kommune er resultatdata framifrå, sjølv om ein ligg noko under resultatkravet for forskotskatt personlege skattytarar.

Fastsett resultatkrav gjeld totalt innbetalt for Romsdal kemnerkontor av totale skattekrav for dette kontoret. Skatteoppkrevjar har i sin årsrapport påpeika at kontorets innkrevjingsresultat er svært tilfredsstillande. I følgje våre opplysningar har kemnerkontoret samla sett nådd alle mål.

Resultat for arbeidsgjevarkontrollen

Resultat for Romsdal kemnerkontor per 31. desember 2018 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal Arbeidsgjevarar i kommunen/ kontrollordninga	Minstekrav tal kontrollar (5 % av arbeidsgjevarane)	Tal utførte kontrollar 2018:	Utførte kontrollar 2018 (i %)	Utførte kontrollar 2017 (i %)	Utført kontroll 2018 region (i %)
1 651	83	58	3,5 %	4,4 %	4,2 %

Kontoret har ikkje gjennomført tilstrekkeleg tal arbeidsgjevarkontrollar, for å nå kravet om at 5 % av arbeidsgjevarane skal kontrollerast.

Skatteoppkrevjarkontoret har òg rapportert å ha delteke med 30 dagsverk i tverretatlege kontrollsamarbeid.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



4. Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjaren

Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane i regionen vert utført i samsvar med ei årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skatteoppkrevjar. Samtlege områder vil derfor nødvendigvis ikkje verte kontrollert kvart år.

Skattekontoret har for 2018 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for området skatterekneskap.

Skattekontoret har i 2018 òg gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjaren for områda skatterekneskap og innkrevjing 13. og 14.03.2018. Rapport er send skatteoppkrevjaren 05.04.2018. Skatteoppkrevjaren har gjeve tilbakemelding på rapporten 24.05.2018.

Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvis uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

Skatte- og avgiftsinnkrevjing

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

Med helsing

Ida Moen
Skatteetaten

Ragnar Høyland

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

For ettertida kan spørsmål til Skatteetaten om oppfølging av skatteoppkrevjarene rettast til:

- oppfolging-skatteoppkrever@skatteetaten.no for skattereknskaps- og innkrevjingsområdet
- SKOstyringAGK@skatteetaten.no for arbeidsgjevarkontrollområdet

Kopi til: Skatteoppkrevjaren for Vestnes kommune
Kontrollutvalet for Vestnes kommune
Rådmann/administrasjonssjef for Vestnes kommune
Riksrevisjonen

ÅRIM

Langelandvegen 1

6010 ÅLESUND



21. mars 2019

Til representantskapet i ÅRIM:

Tore Johan Øvstebø	Leiar (Ålesund kommune)
Eva Hove	Nestleiar (Stordal kommune)
Olav Sindre Roald	Giske kommune
Vebjørn Krogsæter	Haram kommune
Arne Sandnes	Norrdal kommune
Oddvar Myklebust	Sandøy kommune
Dag Olav Tennfjord	Skodje kommune
Frank Sve	Stranda kommune
Jim Arve Røssevoll	Sula kommune
Odd Jostein Drotninghaug	Sykkylven kommune
Geir Inge Lien	Vestnes kommune
Knut Helge Harstad	Ørskog kommune
Anita Johansen Sætremyr	Ålesund kommune
Anne Kristin Bryne	Ålesund kommune
Børge Wiig	Ålesund kommune
Jarle Hauge Steffenssen	Ålesund kommune

Oppdatert innkalling til årsmøte i ÅRIM

På grunn av dataproblem i samband med utsending av opprinneleg innkalling, og på grunn av utegløynd sak (ny sak 11) blir det sendt ut ny innkalling som erstattar innkalling datert 20. mars 2019.

Det blir med dette kalla inn til årsmøte i Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap IKS.

Tid: Mandag 29. april 2019 kl. 1200

Stad: ÅRIM, Langelandsvegen 1, 6010 ÅLESUND

Saker til behandling:

Sak 1: Konstituering av møtet

Sak 2: Godkjenning av protokoll frå møte i representantskapet 15. november 2018

Sak 3: Orientering om arbeidet i selskapet

Sak 4: Årsmelding 2018

Sak 5: Arbeidet med ny selskapsavtale for ÅRIM

Sak 6: Val av styremedlemmer og varamedlemmer til styret

Sak 7: Val av leiar og nestleiar i styret

Sak 8: Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revision

Sak 9: Fastsetjing av godtgjersle til styret, valkomiteen og klageutvalet og forslag til godtgjersle til representantskapet

Sak 10: Oppdatert styreinstruks for ÅRIM

Sak 11: Val av valkomité i ÅRIM

Sak 12: Eventuelt

Meld eventuelle forfall til post@arim.no eller på telefon 70 31 41 00.

Med vennleg helsing

Tore Johan Øvstebø /s/

Leiar

Kopi:

Eigarkommunane til ÅRIM:

Giske kommune
Haram kommune
Norrdal kommune
Sandøy kommune
Skodje kommune
Stordal kommune
Stranda kommune
Sula kommune
Sykkylven kommune
Vestnes kommune
Ørskog kommune
Ålesund kommune

Styret i ÅRIM

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Møre og Romsdal Revisjon IKS

Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal

Til sak 1: Konstituering av møtet

Selskapsavtalen, kommuneloven og lov om interkommunale selskaper har generelle reglar for representantskapsmøta:

- 1) Innkalling til møte skal skje med minst 4 veker varsel. Innkallinga skal innehalda saksliste og eventuelle saksdokument. Kvar medlemskommune skal med same frist varslast om innkallinga og sakslista. Revisor og kontrollutval skal også ha varsel
- 2) Representantskapet sin leiar er møteleiar. Når denne er fråverande, er nestleiar møteleiar. Dersom ingen av desse er til stades, skal det veljast ein møteleiar.
- 3) Representantskapet er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene i representantskapet er til stades, og desse representerer minst to tredelar av alle røystene. Kommunal- og regionaldepartementet har avgjort at det er ikkje høve for representantar som ikkje har høve til å møte til å bli representert av ein annan person med fullmakter. Minimum 11 medlemmer må difor møte.
- 4) Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal av dei gjevne røystene, bortsett frå endring i selskapsavtalen som krev 2/3 fleirtal, og vedtak om gjeremål etter § 3.7 i selskapsavtalen som må gjerast samrøystes. Ved likt røystetal har møteleiar dobbelrøyst.
- 5) Vedtak i representantskapet må godkjennast av kommunane dersom dette er eit krav i kommunelova eller andre lover. Budsjett og rekneskap skal sendast medlemskommunane som melding.
- 6) Det skal førast protokoll for møta. Denne skal underskrivast av leiaren og 2 av dei andre medlemene. Medlemene i styret og dagleg leiar har rett til å få sitt syn på ei sak innført i protokollen.

Representantskapet vedtok dessutan 14. oktober 2010 følgjande:

- a) Møte i representantskapet i ÅRIM er opne for publikum. Ved behandling av saker som krev teieplikt er møtet lukka.
- b) Ei lukking av eit møte i representantskapet, anten heile møtet eller i samband med behandlinga av ei enkeltsak, gjerast med simpelt fleirtal.

Forslag til vedtak

- 1) Representantskapet godkjenner innkallinga.
- 2) Representantskapet vel xxx og xxx til å skrive under protokollen saman med leiar i representantskapet.

Vedlegg: Gjeldande selskapsavtale for interkommunalt avfallselskap for
Ålesundregionen

Vedteke 20. februar 2009. Sist oppdatert etter møte i representantskapet 28. oktober 2016.

§ 1 Heimel.

Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap IKS (ÅRIM) er eit interkommunalt sekskap med delt ansvar, stifta med heimel i "Lov om interkommunale sekskaper" (1999-01-29 NR 06). I selskapsavtalen er denne lova heretter kalla "IKS – lova".

§ 2 Deltakarar.

Følgjande kommunar deltek i sekskapet:

Giske kommune

650 Valderøy

Organisasjonsnummer: 964 980 721

Haram kommune

6270 Brattvåg

Organisasjonsnummer: 964 980 810

Norrdal kommune

6210 Valldal

Organisasjonsnummer: 939396268

Sandøy kommune

6487 Harøy

Organisasjonsnummer: 964 981 248

Skodje kommune

6260 Skodje

Organisasjonsnummer: 964 980 454

Stordal kommune

6250 Stordal

Organisasjonsnummer: 964 980 276

Stranda kommune

6200 Stranda

Organisasjonsnummer: 964 980 098

Sula kommune

6030 Langevåg

Organisasjonsnummer: 964 980 543

Sykkylven kommune

6230 Sykkylven

Organisasjonsnummer: 964 980 365

Vestnes kommune

6390 Vestnes

Organisasjonsnummer: 939 901 965

Ørskog kommune

6240 Ørskog

Organisasjonsnummer: 864 978 932

Ålesund kommune

6025 Ålesund

Organisasjonsnummer: 942 953 119

Andre kommunar har høve til å søkje medlemskap.

§ 3 Føremål.

3.1 Å utføre kommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål.

3.2 Selskapet skal legge vekt på miljøvenleg drift i alle ledd i avfallsbehandlninga.

3.3 Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av egne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap, eller private næringsdrivande.

3.4 Å gje eit tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg.

3.5 Selskapet skal vere eit rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggerane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvenleg avfallsbehandling.

3.6 Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg, og selskapet kan vere eigar eller medeigar i andre selskap.

3.7 Å utføre eventuelle andre oppgåver som kommunane er samde om at selskapet skal utføre.

§ 4 Hovudkontor.

Selskapet har sitt hovudkontor i Ålesund kommune.

§ 5 Eigardelar og deltakaransvar

Kommunane sin eigardel i selskapet vert fastlagd som ein prosentdel i høve til folketalet.

Kommunane er seg imellom ansvarlege for pliktene til selskapet i høve til den same prosentdelinga.

Ved stiftinga i 2008 er eigardelar og ansvar delt på følgjande måte i samsvar med Statistisk Sentralbyrå (SSB) sin statistikk pr. 01.01.2008.

Kommune	Folketal	Prosentdel
Giske	6 777	7,271 %
Haram	8 617	9,245 %
Norddal	1 761	1,889 %

Sandøy	1 281	1,374 %
Skodje	3 750	4,023 %
Stordal	979	1,050 %
Stranda	4 543	4,874 %
Sula	7 626	8,181 %
Sykkylven	7 491	8,037 %
Vestnes	6 434	6,903 %
Ørskog	2 119	2,273 %
Ålesund	41 833	44,880 %
SUM	93 211	100,000 %

Prosentatsane vert justerte kvart 4 år, første gong pr. 1.1.2012. Satsane vert justert i samsvar med SSB sin statistikk for årsskiftet 2011/2012, 2015/2016 o.s.v. Slike endringar skal gå fram av årsmeldinga til selskapet, men endringa vert ikkje handsama som endring i selskapsavtalen.

Eigardel per 01.01.2016:

Kommune	Folketal	Prosentdel
Giske	8 094	7,877 %
Haram	9 200	8,954 %
Norddal	1 652	1,608 %
Sandøy	1 270	1,236 %
Skodje	4 620	4,496 %
Stordal	1 020	0,993 %
Stranda	4 598	4,475 %
Sula	8 952	8,712 %

Sykkylven	7 675	7,470 %
Vestnes	6 611	6,434 %
Ørskog	2 310	2,248 %
Ålesund	46 747	45,496 %
SUM	102 749	100,000 %

§ 6 Selskapet si leiing

Selskapet vert leia av eit representantskap, eit styre og ein dagleg leiar som administrerer drifta av selskapet.

§ 7 Representantskapet

7.1 Medlemskommunane øver sitt mynde i selskapet gjennom representantskapet, som er selskapet sitt øvste organ. Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet sitt i samsvar med lover, forskrifter og selskapsavtalen.

7.2 Representantskapet skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane i høve til det totale folketalet i selskapsregionen etter følgjande delingshøve:

Del av totalt folketal i %	Representantar
Mindre enn 10	1
10 – 20	2
20 – 30	3
30 – 40	4
40 – 100	5

Ved stiftinga gjev folketalet pr 01.01.2008 følgjande representasjon:

Kommune	Folketal	Prosentdel	Representantar
Giske	6 777	7,271 %	1
Haram	8 617	9,245 %	1
Norddal	1 761	1,889 %	1
Sandøy	1 281	1,374 %	1
Skodje	3 750	4,023 %	1
Stordal	979	1,050 %	1
Stranda	4 543	4,874 %	1
Sula	7 626	8,181 %	1
Sykkylven	7 491	8,037 %	1
Vestnes	6 434	6,903 %	1
Ørskog	2 119	2,273 %	1
Ålesund	41 833	44,880 %	5
SUM	93 211	100,000 %	16

Folketalet og talet på medlemmer i representantskapet vert justert kvart 4. år, første gong pr. 1.1.2012, på same måten som i § 6. Representasjon pr. 01.01.2016:

Kommune	Folketal	Prosentdel	Representantar
Giske	8 094	7,877 %	1
Haram	9 200	8,954 %	1
Norddal	1 652	1,608 %	1
Sandøy	1 270	1,236 %	1
Skodje	4 620	4,496 %	1

Stordal	1 020	0,993 %	1
Stranda	4 598	4,475 %	1
Sula	8 952	8,712 %	1
Sykkylven	7 675	7,470 %	1
Vestnes	6 611	6,434 %	1
Ørskog	2 310	2,248 %	1
Ålesund	46 747	45,496 %	5
SUM	102 749	100,000 %	16

7.3. Medlemene i representantskapet med personlege varamedlemer vert valde av kommunestyra i medlemskommunane for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden.

7.4 Dagleg leiar i selskapet og medlem i styret kan ikkje vere medlem i representantskapet. Om ikkje representantskapet for den enkelte saka avgjer noko anna, har styreleiar, styremedlemer og dagleg leiar rett til å delta i representantskapet sine møte og til å uttale seg. Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å vere til stades med mindre det er openbert unødvendig eller det ligg føre gyldig forfall. I sistnemnde høve skal det utpeikast nokon som kan møte i staden for dagleg leiar.

7.5 Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

§ 8 Møte i representantskapet

8.1 Representantskapet kjem saman minst 2 gonger i året. Leiaren for representantskapet kallar inn til møte når det er ønskeleg for å gje orientering eller drøfte saker som kan ha interesse for selskapet, eller som er nødvendige å handsame etter lova eller selskapsavtalen.

Leiaren for representantskapet pliktar også å kalla inn til møte når styret, revisor, minst ein av medlemskommunane, eller minst ein tredel av representantskapet sine medlemer krev det for handsaming av ei særskild sak.

Det skal innkallast til årsmøte kvart år innan utgangen av mai.

På årsmøtet skal representantskapet handsame desse sakene:

- Skriftleg årsmelding frå styret.
- Revidert årsrekneskap frå styret.
- Val av leiar/nestleiar i representantskapet (annakvart år).
- Val av styremedlemer og varamedlemer til styret.
- Val av leiar og nestleiar i styret.
- Val av medlemer i valkomiteen.
- Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjon.
- Fastsetjing av godtgjersle til styret, valkomiteen og klageutvalet og forslag til godtgjersle til representantskapet.

Elles skal representantskapet handsame:

- Budsjett og økonomiplan, inklusive satsane for kommunane si innbetaling til selskapet.
- Strategi for selskapet, og eventuell felles avfallsplan for kommunane.
- Eventuelle framlegg om endring av selskapsavtalen.
- Fullmakter til styret .
- Eventuelle andre saker som styret vil ha handsama i representantskapet.

8.2 Representantskapet skal velje ein valkomité med minst 3 medlemer som skal fremje forslag om leiar og nestleiar i representantskapet, val av styremedlemer og medlemer i klageutval for årsmøtet. Medlemene i valkomiteen med personlege varamedlemer blir valde for 2 år om gongen. Attval kan finne stad.

8.3 Innkalling til møte skal skje med minst 4 veker varsel. Innkallinga skal innehalda saksliste og eventuelle saksdokument. Kvar medlemskommune skal med same frist varslast om innkallinga og sakslista.

Det skal førast protokoll for møta. Denne skal underskrivast av leiaren og 2 av dei andre medlemene. Medlemene i styret og dagleg leiar har rett til å få sitt syn på ei sak innført i protokollen.

8.4 Kvar representant har ei røyst. Representantskapet er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene i representantskapet er til stades, og desse representerer minst to tredelar av alle røystene. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal av dei gjevne røystene, bortsett frå endring i selskapsavtalen som krev 2/3 fleirtal, og vedtak om gjeremål etter § 3.7 i selskapsavtalen som må gjerast einstemmig. Ved likt røystetal har møteleiar dobbelrøyst.

Representantskapet sin leiar er møteleiar. Når denne er fråverande, er nestleiar møteleiar. Dersom ingen av desse er til stades, skal det veljast ein møteleiar. Sakshandsaminga i representantskapet skal elles skje i samsvar med IKS – lova § 9. Ved spørsmål om habilitet gjeld Kommunelova § 40 nr. 3.

8.5 Vedtak i representantskapet må godkjennast av kommunane dersom dette er eit krav i Kommunelova eller andre lover.

Budsjett og rekneskap skal sendast medlemskommunane som melding.

§ 9 Styret

9.1 Styret i selskapet skal ha 7 medlemmer. Dersom selskapet får fleire enn 30 tilsette, og dei tilsette såleis har krav på representasjon i styret i samsvar med IKS – lova § 10, vert talet på styremedlemer utvida med talet på representantar for dei tilsette.

Styret skal ha 6 varamedlemmer i nummerert rekkefølge. Styremedlemene og varamedlemene blir valde for 2 år om gongen. Attval kan finne stad.

Dagleg leiar eller medlem i representantskapet kan ikkje vere medlem i styret.

9.2 Begge kjønn skal vere representerte i styret i samsvar med IKS – lova § 10, som viser til aksjelova § 20 – 6, der det heiter at når styret har seks til åtte medlemmer, så skal kvart kjønn vere representert med minst tre.

9.3 Ved val av styremedlemer skal valkomiteen med sine forslag og representantskapet i sitt styreval ta omsyn til selskapet sitt behov for lokalkunnskap, røynsle i styrearbeid, og kompetanse innanfor relevante fagområde som miljøfag, informasjon, økonomi og liknande.

9.4 Styret har ansvaret for organiseringa av selskapet si verksemd. Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, selskapet sitt budsjett og andre vedtak og retningsliner som er fastlagde av representantskapet.

Styret skal tilsetje dagleg leiar og føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av selskapet.

For den daglege drifta kan styret gje prokura til dagleg leiar eller styreleiaren.

Styret gjev innstilling i saker som skal føreleggjast representantskapet.

§ 10 Styremøte

10.1 Leiaren av styret kallar inn til møte når han finn det nødvendig eller når eit medlem av styret eller dagleg leiar ber om det. Om ikkje styret for den enkelte saka avgjer noko anna, har dagleg leiar rett og plikt til å vere til stades og å uttale seg i styremøta.

Innkalling til møte skal skje med minst 5 dagars varsel, og innkallinga skal innehalde saksliste og eventuelle saksdokument. Det skal førast møteprotokoll som skal underskrivast av dei styremedlemene som er til stades. Styremedlem eller dagleg leiar som er usamd i styret sitt vedtak kan krevje å få si meining innført i protokollen.

10.2 Styret sin leiar er møteleiar. Når denne er fråverande, er nestleiar møteleiar. Dersom ingen av desse er til stades, skal det veljast ein møteleiar.

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene er til stades.

Vedtaka vert gjorde med vanleg fleirtal av dei gjevne røystene. Dei som røyster for eit forslag, må likevel utgjere meir enn ein tredel av talet på styremedlemer totalt i selskapet for at forslaget skal sjåast som lovleg vedtak.

Ved likt røystetal har møteleiaren dobbelrøyst.

Ved spørsmål om habilitet gjeld Kommunelova § 40 nr. 3.

§ 11 Dagleg leiar

Dagleg leiar skal stå for den daglege leiinga av selskapet og følgje dei retningslinene og pålegga som styret har gjeve. Større saker eller saker av uvanleg art kan den daglege leiaren berre avgjere når styret i den enkelte saka har gjeve dagleg leiar mynde til det, eller når ein ikkje kan vente på avgjerd i styret utan vesentleg ulempe for verksemda til selskapet. Styret skal i så fall snarast orienterast om saka.

§ 12 Representasjon – Signatur

Styret representerer selskapet utetter, og teiknar selskapets firma. Styret kan gje styreleiar og eitt styremedlem saman rett til å teikne selskapets firma og kan avgjera at dei som har slik rett må utøve den i fellesskap.

Dagleg leiar representerer selskapet utetter i dei sakene som kjem inn under § 11

§ 13 Innskotsplikt, budsjett, utbytte og låneopptak

Eigenkapitalen er kr. 500 000,-

Innskot av eigenkapital skal skje i høve til kommunane sin eigardel, slik denne er fastlagd i § 5.

Selskapet skal drivast slik at det ikkje er avhengig av tilskot frå kommunane utover eigenkapitalen.

Etter at årsrekneskapen er fastsett, kan representantskapet, etter forslag frå styret, vedta utdeling av utbytte frå selskapet etter reglane i § 29 i IKS-loven.

Selskapet har høve til å ta opp lån til kapitalføremål og konvertering av eldre gjeld innanfor ei ramme for samla låneopptak på kr. 100 mill. Vedtak om låneopptak krev godkjenning av departementet.

§ 14 Avrekning mellom selskapet og kommunane

For dei tenestene der kostnaden skal delast likt på innbyggjarane i selskapsområdet, betalar kommunane a-kontosummar kvart kvartal etter rekning frå selskapet. Summen for kvar kommune vert fastlagd på grunnlag av vedteke budsjett og talet på innbyggjarar 1. januar.

Medlemskommunane skal krevje inn renovasjonsgebyret og gebyr for slamtøming frå dei abonnentane som går inn i den vanlege innsamlingsordninga for desse avfallstypene.

Innkrevjinga kan overførast til selskapet dersom kommunane ønskjer det, og selskapet seier seg viljug til å overta innkrevjinga. Desse gebyra vert fastlagde av kommunane i samsvar med lovverket for slike gebyr.

§ 15 Klageutval

Når det er innført felles føresegner for renovasjon og slamtøming, vert det oppretta eit eige klageutval for endeleg handsaming av klager i høve til desse føresegnene. Vedtak i utvalet er endelege og kan ikkje påklagast vidare. Det vert vist til Kommunelova og Forureiningslova kapittel 11 med tilvisingar til Forvaltningslova.

I klageutvalet skal det vere 7 medlemer, der Ålesund kommune alltid skal vere representert, medan dei 11 andre kommunane vel 6 medlemmer som har ei funksjonstid lik den kommunale valperioden. Representantskapet i selskapet avgjer kva kommunar som skal vere representert i klageutvalet for kvar 4 – års periode.

Klageutvalet vel sjølv sin leiar og nestleiar. Styreleiaren og dagleg leiar i selskapet har møterett og talerett, men ikkje røysterett i klageutvalet.

§ 16 Nye medlemer

Vedtak om opptak av nye medlemer krev tilslutnad frå kommunestyret i alle deltakarkommunane. Samtidig skal representantskapet fastlegge ny prosentdeling og representasjon i § 5. Nye medlemer skal innbetale ein kontantsum eller aktiva av tilsvarende verdi. Summen skal tilsvare det nye medlemet sin prosentvise del av selskapet sin eigenkapital. Selskapet sin revisor fastset eigenkapitalen på grunnlag av det siste rekneskapet, justert fram til tidspunktet for deltaking i selskapet.

§ 17 Rett til å tre ut

Den enkelte kommune kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevje seg utløyst av dette. Vedtak i ein kommune om å gå ut må meldast representantskapet på årsmøtet.

Utløysingssummen vert fastsett til nettoverdien av eigardelen ved utløpet av oppseiingsfristen. Utløysingssummen kan likevel ikkje overstige verdien av deltakaren sine innskot. Utløysingssummen skal utbetalast straks.

Det vert elles vist til IKS - lova §30.

§ 18 Oppløysing

Oppløysing av selskapet kan berre skje dersom kommunestyra i alle medlemskommunane har gjort prinsippvedtak om dette. Kvar av dei deltakande kommunane er ved oppløysinga av selskapet ansvarlege for sin del av pliktene i høve til folketalet det året selskapet vert oppløyst.

Når det er avgjort at selskapet skal oppløysast, og oppløysinga er godkjend av departementet, skal representantskapet straks nemne opp eit avviklingsstyre. Styret i selskapet trer ut av funksjon når avviklingsstyret er valt.

Det vert elles vist til IKS - lova §§ 32 flg.

§ 19 Endringar i selskapsavtalen

Endringar i selskapsavtalen som gjeld forhold som er omtalt i IKS - lova § 4, 3. ledd krev vedtak i kommunestyret i alle deltakande kommunar. Andre endringar kan vedtakast av representantskapet med eit fleirtal på minst 2/3 av dei avgjevne røystene.

§ 20 Tvistar

Dersom det oppstår tvist om tolking av selskapsavtalen skal ein prøve å løyse denne med forhandlingar mellom partane. Om ein ikkje oppnår semje, vert tvisten å avgjere ved dei alminnelege domstolane. Sunnmøre tingrett er rett verneting.

Til sak 2: Godkjenning av protokoll frå møte i representantskapet 15. november 2018

Forslag til vedtak

Protokollen blir godkjend.

Protokoll frå møte i representantskapet i ÅRIM

Tid: Fredag 16. november 2018 kl. 1230 - 1500

Stad: ÅRIM, Langelandsvegen 1, Ålesund

Til stades:

Frå representantskapet i ÅRIM

Tore Johan Øvstebø, Leiar (Ålesund kommune)

Olav Sindre Roald, Giske kommune

Vebjørn Krogsæter, Haram kommune

Arne Sandnes, Norddal kommune

Oddvar Myklebust, Sandøy kommune

Frank Sve, Stranda kommune

Odd Jostein Drotninghaug, Sykkylven kommune

Geir Inge Lien, Vestnes kommune

Knut Helge Harstad, Ørskog kommune

Anne Kristin Bryne, Ålesund kommune

Anita Johansen Sætremyr, Ålesund kommune

Jarle Hauge Steffenssen, Ålesund kommune

Svein Værnes (vara for Jim Arve Røssevoll), Sula kommune

Roar Salen (vara for Børge Wiig), Ålesund kommune

Eva Hove, nestleiar frå Stordal kommune, hadde meldt forfall. Varamedlem Kjersti Ruset Hjelle hadde ikkje høve til å møte.

Dag Olav Tennfjord, Skodje kommune, hadde meldt forfall. Varamedlem Geir Ove Leite hadde ikkje høve til å møte.

14 av 16 medlemmer var til stades.

Frå styret i ÅRIM

Linda Strand Kjerstad, fung. styreleiar

Eva Ødegaard, styremedlem

Tom Haugen, styremedlem

Frå Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Knut Alnes, revisor

Frå administrasjonen i ÅRIM

Øystein Peder Solevåg, dagleg leiar

Ingeborg Ukkelberg, kommunikasjonssjef

Saker som blei behandla:

Sak 1: Konstituering av møtet

Forslag til vedtak

- 3) Representantskapet godkjenner innkallinga.
- 4) Representantskapet vel xxx og xxx til å skrive under protokollen saman med leiar i representantskapet.

Behandling i møtet

Tore Johan Øvstebø foreslo Vebjørn Krogsæter og Frank Sve til å skrive under protokollen.

Vedtak (samrøystes)

- 1) Representantskapet godkjenner innkallinga.**
- 2) Representantskapet vel Vebjørn Krogsæter og Frank Sve til å skrive under protokollen saman med leiar i representantskapet.**

Sak 2: Godkjenning av protokoll frå møte i representantskapet 26. oktober 2018

Vedtak (samrøystes i tråd med innstillinga)

Protokollen blir godkjend.

Sak 3: Orientering om arbeid med ettersorteringsanlegg

Behandling i møtet

Dagleg leiar orienterte. Orienteringa ligg ved protokollen.

Tore Johan Øvstebø foreslo følgjande vedtak:

«For å behalde og vidareutvikle lokal verdiskaping knytt til avfallsbehandling i regionen, ber representantskapet i ÅRIM styret arbeide for at ÅRIM i samarbeid med andre parter greier ut plassering og bygging av eit sorteringsanlegg for avfall i eller nær Ålesund.»

Samrøystes vedtak

For å behalde og vidareutvikle lokal verdiskaping knytt til avfallsbehandling i regionen, ber representantskapet i ÅRIM styret arbeide for at ÅRIM i samarbeid med andre parter greier ut plassering og bygging av eit sorteringsanlegg for avfall i eller nær Ålesund.

Sak 4: Budsjett- og økonomiplan 2019 – 2022

Forslag til vedtak

- 1) Representantskapet vedtar forslag til budsjett og økonomiplan 2019 – 2022.
- 2) Representantskapet godkjenner samla låneopptak på NOK 21 888 250 til å dekke foreslåtte investeringar.

Behandling i møtet

Dagleg leiar orienterte. Orienteringa ligg ved protokollen. Styreleiar stadfesta at styret legg opp til å fremje ei prinsippsak til representantskapet om framtidig struktur når det gjeld ÅRIM sine prisar til eigarkommunane. Det blei frå medlemmer i representantskapet etterspurt ytterlegare spesifisering av planlagde investeringar i framtidige budsjettpresentasjonar.

Tore Johan Øvstebø fremja vedtak i formannskapet i Ålesund kommune som nytt tillegg til punkt 1: «*Det skal i 2019 ikke være noen prisøkning for standardabonnement for husholdningsavfall. Økt underskudd dekkes som en konsekvens av dette inn av opparbeidet selvkostfond / utjevningfond.*»

Frank Sve fremja følgjande forslag til nytt punkt 1: «*Representantskapet ser kostnadsutvikling under hushaldsrenovasjon, som sterkt bekymringsfullt. Representantskapet godkjenner budsjettet med samla driftskostnader for hushaldsrenovasjon på 72 500 (tall i tusen). Styret får i oppdrag å kutte kostnader i drifta, som stettar budsjetttramma som vert*

vedteke, og justere ned pris til forbrukaren med dette grunnlag og gjennomfører auka pris jf. deflator på 2,8 % for 2019.»

Svein Værnes fremja følgjande forslag til nytt punkt 3: «*For å rasjonalisere innsamlinga av hushaldsrenovasjonen ønskjer ÅRIM å auke talet på samarbeidsabonnentar, dette kan gjerast ved å premiere samarbeid i renovasjonsgebyret.*»

Votering

Til punkt 1 i forslag til vedtak:

Forslaget frå styret blei satt opp mot dei to framsette forslaga. Styret sitt forslag fall (samrøystes vedtak).

Forslaget frå Sve blei deretter sett opp mot forslaget til Øvstebø. Sve sitt forslag blei vedteke med 9 mot 5 røyster.

Til punkt 2 i forslag til vedtak:

Forslaget frå styret blei samrøystes vedteke.

Nytt punkt 3 i forslag til vedtak:

Forslaget frå Værnes blei samrøystes vedteke.

Vedtak

- 1) Representantskapet ser kostnadsutvikling under hushaldsrenovasjon, som sterkt bekymringsfullt. Representantskapet godkjenner budsjettet med samla driftskostnader for hushaldsrenovasjon på 72 500 (tall i tusen). Styret får i oppdrag å kutte kostnadar i drifta, som stettar budsjetttramma som vert vedteke, og justere ned pris til forbrukaren med dette grunnlag og gjennomfører auka pris jf. deflator på 2,8 % for 2019.**
- 2) Representantskapet godkjenner samla låneopptak på NOK 21 888 250 til å dekke foreslåtte investeringar.**
- 3) For å rasjonalisere innsamlinga av hushaldsrenovasjonen ønskjer ÅRIM å auke talet på samarbeidsabonnentar, dette kan gjerast ved å premiere samarbeid i renovasjonsgebyret.**

Sak 5: Arbeidet med ny selskapsavtale for ÅRIM

Forslag til vedtak

Representantskapet ber styret i ÅRIM gjennomføre høyring av forslag til ny selskapsavtale, med sikte på behandling av ei tilråding frå representantskapet på årsmøtet 2019.

Behandling i møtet

Dagleg leiar orienterte. Orienteringa ligg ved protokollen.

Tore Johan Øvstebø fremja vedtak i formannskapet i Ålesund kommune som nytt forslag til vedtak: «*Det skal gjennomføres en prosess for reforhandling av selskapsavtalen som er i tråd med det nye Ålesund har lagt opp til og som er gjengitt nedenfor. Det skal ikke sendes ut høringsutkast til ny avtale nå.*»

Votering

Forslaget frå styret blei satt opp mot forslaget frå Øvstebø. Forslaget frå styret blei vedteke med 9 mot 5 stemmer.

Vedtak

Representantskapet ber styret i ÅRIM gjennomføre høyring av forslag til ny selskapsavtale, med sikte på behandling av ei tilråding frå representantskapet på årsmøtet 2019.

Ålesund, 16. november 2018

Tore Johan Øvstebø

Vebjørn Krogsæter

Frank Sve

Til sak 4/2018: Årsmelding 2018

Bakgrunn

Styret si årsmelding for 2018 ligg ved. Revisor si erklæring vil bli ettersendt når ho ligg føre. Det vil også bli utarbeidd ein meir utfyllande årsrapport som blir presentert på årsmøtet.

Rekneskapen viser at selskapet i 2018 hadde ei total omsetning på om lag 126 MNOK, mot 112 MNOK i 2016. Årsresultatet var negativt, men betre enn budsjett.

Fordelt på dei ulike områda ser resultatet etter skatt slik ut (i MNOK):

Område	Budsjett 2018	Rekneskap 2018	Avvik
Næring	+1,0	+ 0,7	- 0,2
Slam	- 2,8	- 1,5	+ 1,3
Hushaldsrenovasjon	- 4,2	- 3,8	+ 0,4
Totalt	- 6,1	- 4,7	+ 1,4

Basert på utbyttestrategien vedtatt av representantskapet bør ÅRIM betale ut utbytte for næringsverksemda tilsvarande 50 % av resultatet etter skatt. Utbyttet blir fordelt etter eigardel i selskapet. Årsresultatet blir difor foreslått disponert på følgjande måte:

Overføringar annan eigenkapital: + 820 340 kr

Overføringar bundne fond: - 5 839 749 kr

Utbytte: + 357 775 kr

Vurdering

Årsmeldinga er utarbeidd for å oppfylle lovpålagde krav. Årsmeldinga gir eit dekkande inntrykk av verksemda i selskapet for 2018.

Forslag til vedtak

- 1) Representantskapet godkjenner årsmelding og rekneskap 2018 for ÅRIM
- 2) Representantskapet godkjenner utbetaling av 357 775 kr i utbytte for 2018.

Til sak 5: Arbeidet med ny selskapsavtale for ÅRIM

Bakgrunn

Representantskapet vedtok 16. november 2018 følgjande:

Representantskapet ber styret i ÅRIM gjennomføre høyring av forslag til ny selskapsavtale med sikte på behandling av ei tilråding frå representantskapet på årsmøtet 2019.

ÅRIM sendte 19. november 2018 ut eit høyringsdokument med frist for uttale 1. mars 2019.

I etterkant er det gjennomført eit informasjonsmøte for eigarkommunane. Fleire av kommunane har bede om utsatt høyringsfrist, og nokre av kommunane vil ikkje rekke å ferdigbehandle saken før etter styremøtet 14. mars 2019.

Ei førebels oversikt over status for høyringa ligg ved.

Vurdering

Høyringa av ny selskapsavtale omfattar tre typer forslag:

A) Tiltak som er nødvendige for å tilpasse selskapsavtalen til ny kommunestruktur

Dette er eit resultat av Stortinget sitt vedtak om kommunereformen og ei vurdering av representasjon i det nye selskapet.

A1) Endra eigarsamansetning og deltakaransvar

Høyringsutkastet innehalder forslag til ny eigarstruktur og ny oversikt over deltakaransvar. Denne må ferdigstillast i samband med endeleg vedtak av selskapsavtalen. Det har ikkje kome merknader til dette.

Forslag til innarbeiding:

Ny eigarsamansetning og nytt deltakaransvar blir innarbeidd i selskapsavtalen.

A2) Endra samansetning av representantskapet

I høyringsutkastet blir det foreslått ein ny modell for fordeling av medlemmer i representantskapet. Avhengig av val av modell vil samansetninga av representantskapet frå 2020 vere:

Kommune	Folketal	Prosentdel	Representantar med modell frå høyringsdokumentet	Representantar med modell i dagens selskapsavtale
Fjord	2 642	2,54 %	1	1
Giske	8 332	8,00 %	1	1
Stranda	4 623	4,44 %	1	1
Sula	9 156	8,79 %	1	1
Sykkylven	7 701	7,39 %	1	1
Vestnes	6 558	6,29 %	1	1
Ålesund	65 198	62,56 %	7	5
SUM	104 210	100,00 %	13	11

Norddal, Stordal, Stranda og Sykkylven kommunar er usamde i forslaget i høyringsdokumentet og ønskjer å behalde gjeldande modell. Dei øvrige kommunane har anten uttrykt støtte til forslaget i høyringsdokumentet eller ikkje omtalt endringa.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget frå høyringsdokumentet blir innarbeidd i selskapsavtalen.

B) Tiltak som skal bidra til meir kostnadseffektiv drift av avfallsoppgåvene i Ålesundregionen

Eigarkommunane og representantskapet har heilt sidan arbeidet med etablering av selskapet starta i 2007 og 2008 lagt stor vekt på at ÅRIM skal drive kostnadseffektivt, noko selskapet også har dokumentert at det gjer.

Føringane i strategien eigarkommunane har vedteke for ÅRIM er at ÅRIM skal arbeide systematisk for å samordne tenestetilbodet innan avfall og slam til innbyggjarane i Ålesundregionen. Eit harmonisert tilbod med mest mogleg like tenester er ein føresetnad for at det skal vere mogleg å hente ut stordriftsfordelar og effektiviseringsvinst av det interkommunale samarbeidet. Strategien strekar også under at det er ein føresetnad for vidare effektivisering at flest mogleg av dei oppgåvene kommunane har innan avfall og slam overførast til ÅRIM, slik at dei kan løysast på ein stad og på ein måte.

Med utgangspunkt i denne tydelege «marsjorden» frå eigarkommunane, har ÅRIM i høyringsdokumentet foreslått ei rekke tiltak som kan bidra til stordriftsfordelar og effektiviseringsvinst.

Høyringsrunden viser generelt at mange av eigarkommunane, sjølv om dei har slutta seg til dei overordna måla om effektivisering, signaliserer motvilje til å gjennomføre dei nødvendige konkrete tiltaka som er nødvendige for å realisere effektiviseringsvinstar.

Kva føringar gir strategi for ÅRIM?

Hovudmål 3: ÅRIM skal vere eigarkommunane sin føretrekte leverandør for alle oppgåver innan avfall og slam.

Hovudsatsingsområdeområde 5: Evaluering og vidareutvikling av ÅRIM som organisasjon

Gjennom etableringa av ÅRIM har det skjedd ei samordning av tenestetilbodet innan avfall og slam til innbyggjarane i Ålesundregionen. Eit harmonisert tilbod om mest mogleg like tenester til innbyggjarane er ein føresetnad for at det skal vere mogleg å hente ut stordriftsfordelar og effektiviseringsvinst av det interkommunale samarbeidet.

Tiltak 10: Samle avfallsoppgåvene

Frå 2010 til 2016 har ÅRIM tatt over stadig meir av kommunane sine oppgåver innan avfall og slam. Selskapsorganiseringa bidrar til å tydeleggjere ansvar og rollefordeling, samtidig som eigarkommunane har høve til politisk styring gjennom eigarskap.

I og med at ÅRIM har fått på plass organisasjon og løysingar, er det viktig at selskapet og eigarkommunane i samarbeid effektiviserer oppgåver innan avfall og slam, ei viktig oppgåve er då å organisere seg slik at desse i større grad kan løysast på ein stad. Ved å overføre alle avfallsrelaterte oppgåver til ÅRIM sikrar eigarkommunane eit sterkare kompetansmiljø og betre og meir effektive tenester til innbyggjarane.

Ei oppsummering av eigarkommunane sine krav til ÅRIM - frå Strategi for ÅRIM 2017 – 2025

B1) Endra formålsparagraf

Foreslått § 3.1 Hushaldsrenovasjon og slam frå hushald

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
3.1 Å utføre kommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling,	§ 3.1 blir med forslaget avgrensa tydelegare til å gjelde sjølvkostområda hushaldsrenovasjon og slam.

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
<p>gjenvinning og behandling av avfall frå hushald og slam</p> <p>frå mindre avløpsanlegg i samsvar med sentrale og lokale miljømål.</p> <p>ÅRIM tek over eigarskapet til, og ansvaret for disponeringa av avfallet og slammet så snart det er henta inn eller levert gjennom dei avfallsordningane som er oppretta.</p>	<p>I § 6 f) i dei kommunale renovasjonsforskriftene heiter det: «ÅRIM tek over eigarskapet til, og ansvaret for disponeringa av avfallet så snart det er henta inn eller levert gjennom dei avfallsordningane som er oppretta.» Dette har viktig del av føremålet med etablering av ÅRIM, gjennom å kunne sjå større avfallsmengder i samanheng kan ÅRIM både framforhandle betre avtalar og planlegge meir langsiktige gjenvinningsløysingar. Denne formuleringa blir difor foreslått lagt inn også i selskapsavtalen.</p> <p>Eit av formåla med å ta inn dette i selskapsavtalen er også at dette klargjer at ÅRIM kan tildele aktørar einereitt til behandling av avfall. Dette kan t.d. vere aktuelt i samband med investeringar i felles regionale behandlingsanlegg for avfall.</p>

Kommunane som skal bli Nye Ålesund kommune har innstilt på at siste avsnitt skal takast ut. Grunngjevinga for dette, som også er dagens vedtatte praksis, framstår uklår.

Dei øvrige kommunane har ikkje merknader til forslaget.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget frå høyringsdokumentet blir innarbeidd i selskapsavtalen.

Foreslått § 3.2 Næringsaktivitet

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
<p>3.2 Å sikre innsamling, mottak og behandling av avfall frå kommunale verksemder og å sikre tømning av slam frå mindre avløpsanlegg der utløpet er knytt til offentleg avløpsnett.</p> <p>Ut over dette skal selskapet gje eit tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg.</p>	<p>Som ny § 3.2 blir foreslått tidlegare § 3.4. Denne regulerer ÅRIM si næringsverksemd.</p> <p>I selskapsavtalen til RIR (Romsdalshalvøyas interkommunale renovasjonsselskap IKS) heiter det: «Selskapet er tildelt enerett til innsamling av kommunalt avfall». Med tildeling av einerett har selskapet ikkje høve til å rekne forteneeste ved handtering av kommunalt avfall, tenesta skal leverast kommunane til sjølvkost. Representantskapet i ÅRIM har vedteke ei målsetting om at ÅRIM på same måte som RIR bør gi eit tilbod om å handtere alt avfallet frå dei kommunale verksemdene i Ålesundregionen. Målsettinga er å tilby kommunale verksemdar, særleg skular og barnehagar, det same kjeldesorteringstilbodet som innbyggjarane i regionen har. Parallelt vil ÅRIM arbeide vidare med haldningsskapande arbeid mot barn og unge, i samsvar med vedtatt strategi for selskapet. Dette blir foreslått innarbeidd i selskapsavtalen.</p>

Mange av eigarkommunane er kritiske til den delen av første avsnitt som gjeld handtering av avfall frå kommunale verksemdar. Sula kommunestyre skriv m.a.: «Når det gjeld innsamling av kommunal næring ønsker vi å understreke viktigheita av at ÅRIM her søker gje eigarkommunane ein pris som er konkurransedyktig og så billig som mogleg for eigarkommunane. Det er og viktig at kommunane framleis står fritt til å velje andre aktørar.»

Når det gjeld kommunane som skal bli Nye Ålesund kommune, som heller ikkje støttar dette forslaget, heiter det i saksframlegget: «Rådmannen vil konkludere med at det ikke er

ønskelig at denne oppgaven tas inn som obligatorisk oppgave som ÅRIM skal utføre for alle medlemskommunene. Det må være mulig å åpne for konkurranse på dette området for å sikre lave kostnader. I Ålesundsområdet må det antas å være et fungerende marked for denne type oppgaver. Det må også være mulig å tilpasse henteordninger og tømmefrekvens til de behov ulike kommunale virksomheter har.»

Kommunestyra i Stordal og Norddal uttaler: «At ÅRIM vil arbeide for å utvikle dette tilbudet er positivt, men ein føresett eit tilbod som er konkurransedyktig med tanke på pris og fleksibilitet.»

Når det gjeld dagens praksis med tømning av slam frå anlegg som er knytt til offentleg avløpsnett, utgjer dette om lag 30 % av tømningane ÅRIM i dag har ansvaret for å utføre. Tenesta er integrert i, og heilt samsvarande med den tenesta som gjeld for frittstående anlegg. Her blir tømmefrekvensen tilpassa dei behova kunden har. Det er berre kommunane som skal bli Nye Ålesund kommune som foreslår å ta ut dette. Ein volumreduksjon i dette omfanget for ÅRIM sin samla slamtømmeaktivitet vil sannsynlegvis føre til auka prisar for slamtømningane for hushald.

Når det gjeld andre avsnitt, som er ei vidareføring av dagens selskapsavtale, er det berre Sykkylven kommune og Sykkylven Energi AS, som presiserer at næringsavfall ikkje skal omfattast av avtalen, som ønskjer å ta ut dette.

For dei kommunane som skal bli nye Ålesund kommune, foreslår rådmannen ei endra formulering i andre avsnitt: «Selskapet kan gje eit tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg, og der det er ønskelig fra kommunene sin side.» Det er litt uklårt korleis dette tillegget skal tolkast, det er heller ikkje omtalt i saksframlegget. ÅRIM ser to moglege tolkingar av formuleringa: 1) Eigarkommunane skal samla samtykke i at selskapet driv med næringsverksemd eller 2) Kvar enkelt eigarkommune skal samtykke i at selskapet driv med næringsverksemd i den aktuelle kommunen. Dersom tolking 1 blir lagt til grunn, vil dette vere oppfylt gjennom dei ordinære styringsprosessane i representantskapet, og formuleringa er då unødvendig. Dersom tolking 2 blir lagt til grunn, vil dette medføre ei omfattande saksbehandling for å avklare kva aktivitet selskapet skal drive i kvar enkelt kommune. I og med at ÅRIM driv si verksemd på tvers av kommunegrensane, vil dette vere

svært vanskeleg å gjennomføre i praksis. Det er generelt uheldig å ta inn formuleringar i selskapsavtalen som gir rom for ulik tolking.

Kommunestyra i Vestnes og Stranda sluttar seg til forslaget til ny § 3.2 i høyringsdokumentet.

ÅRIM har gjort ei vurdering av fråsegnene som har kome inn, og av dei innspela som kom i høyringsmøte i januar 2019 til dette og andre endringsforslag. Selskapet vil halde fast ved at det for den heilskaplege handteringa av hushaldsavfall i Ålesundregionen vil vere ein absolutt fordel at kommunale verksemder, særleg skular og barnehagar har det same kjeldesorteringstilbodet som hushalda i regionen. Det å inkludere skular og barnehagar i renovasjonsordninga på linje med hushald, ville vere den same løysinga som m.a. Renovasjonsselskapet for Drammensregionen og Oslo kommune har vald. Dette samsvarar også med dei måla for kommunikasjon mot barn og unge som eigarkommunane har sett for ÅRIM. Skular og barnehagar er også verksemder som, til dels i motsetning til t.d. sjukeheimar, er enkle å tilpasse til dagens renovasjonsløysing. ÅRIM ville dermed, gjennom å inkludere denne målgruppa i selskapsavtalen, kunne sikre desse eit miljømessig bra tilbod til ein konkurransedyktig sjølvkostpris. Slik forslaget no ligg, vil det vere opp den enkelte kommune å ta avgjerd om i kva grad ÅRIM skal handtere kommunalt næringsavfall.

Forslag til innarbeiding:

Følgjande element blir innarbeidd i selskapsavtalen:

- **Medlemskommunane gir ÅRIM einerett til å sikre tømning av slam frå mindre avløpsanlegg der utløpet er knytt til offentleg avløpsnett.**
- **Ut over dette skal selskapet gje eit tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg.**

Foreslått § 3.3 Forebygging av forsøpling

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
<p>3.3 Forebygge og rydde opp i forsøpling. Dette omfattar å etablere renovasjonsordningar på utfartsstader og langs kommunale vegar, å utøve mynde i konkrete forsøplingssaker der ansvarleg er kjend og koordinering av opprydding av herrelaust avfall og marin forsøpling i medlemskommunane .</p>	<p>Det blir foreslått ein heilt ny § 3.3 knytt til det arbeidet ÅRIM gjer innan forebygging og opprydding av forsøpling. Dette arbeidet er grovt sett knytt til tre ulike arbeidsområde:</p> <p><u>a) Gate- og friluftsenovasjon i Ålesundregionen</u></p> <p>I § 35 i forurensningsloven heiter det m.a.: «Kommunen skal sørge for oppsetting og tømning av avfallsbeholdere på utfartsstader og andre sterkt besøkte offentlige stader hvor det må regnes med at avfall vil bli gjensatt. I tilknytning til tømning skal det foretas rimelig opprydding i området.»</p> <p>I tillegg vil kommunane også ha ei plikt som vegeigar etter § 36 i forurensningsloven: «Vegstyresmakten skal sørge for oppsetting og tømning av avfallsbeholdere langs offentlige vegar utenfor tettbygd strøk hvor de vegfarende erfaringsmessig etterlater seg avfall. Beholderne skal plasseres slik at de er forenlige med trafiksikkerheten.»</p> <p>Nokre av eigarkommunane til ÅRIM har inngått avtale om at ÅRIM skal handtere desse pliktene, og ÅRIM har då ansvaret for renovasjon t.d. på badeplassar, utfartsparkeringar og langs viktige kommunale vegar. Dette har klare synergjar med ordinær hushaldsrenovasjon.</p> <p>Enkelte interkommunale renovasjonsselskap har fått delegert denne oppgåva gjennom selskapsavtalen:</p>

§ 8. Delegasjon av myndighet til selskapet.

I medhold av Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 83 har selskapet, med mindre annet framgår av kommunalt vedtak, fått delegert myndighet til å ivareta følgende forpliktelser og eventuelt fatte enkeltvedtak på vegne av eierkommunene:

- § 26, om tømning av slam fra slamavskillere
- § 29 3. ledd, om krav til anlegg for behandling av avfall
- § 30 1. ledd, om innsamling av husholdningsavfall
- § 31 1. ledd, om spesialavfall
- § 35 2. ledd, om avfall fra utsalgssteder, turistanlegg og utfartssteder.
- § 35 siste ledd, om pålegg til utsalgssteder, turistanlegg og arrangør av stevne
- § 37 om pålegg om å rydde opp i avfall eller betale for opprydding.

Utdrag frå selskapsavtalen til RIR – Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS

12 Delegasjon av myndighet til selskapet

I medhold av Lov om forurensning og om avfall (FRL) § 83, 1. ledd har selskapet delegert myndighet til å ivareta følgende, kommunale forpliktelser etter FRL:

- §29 om krav til anlegg for behandling av avfall
- §30, første ledd, om innsamling av husholdningsavfall
- §31, første ledd, om håndtering av spesialavfall
- §35 annet ledd, om avfall fra utsalgssteder, turistanlegg og utfartssteder

I medhold av Lov om vern mot forurensninger og om avfall (FRL) § 83, 2. ledd har selskapet delegert myndighet til å fatte enkeltvedtak etter følgende bestemmelser FRL:

- §34, 4. og 5. ledd, om innkreving av avfallsgebyr
- § 35, siste ledd, om avfall fra utsalgssteder, turistanlegg og utfartssteder
- §37 om pålegg om å rydde opp i avfall, eller betale for opprydding

Selskapet skal håndheve de bestemmelser som er gitt i kommunenes renovasjonsforskrifter. Selskapet skal påse at forskriftene er i samsvar med nasjonale rammer, gjeldende eierstrategi og selskapsstrategi. Endringer i renovasjonsforskriftene skjer i tråd med retningslinjer gitt i gjeldende eierstrategi. Myndighet og oppgaver etter disse bestemmelser er gitt til styret i selskapet.

Utdrag frå selskapsavtalen til RfD – Renovasjonsselskapet for Drammensregionen IKS

b) Oppfølging av «villfyllingar» og andre forsøplingssaker

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gjennomført tilsyn med kommunane når det gjeld forsøplingssaker. Gjennomgåande viser tilsynsrapportane at dette er ei lovpålagd oppgåve med eit forbettringspotensiale i vår region.

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
	<p>FNF Møre og Romsdal har i 2018 sendt brev til alle kommunane og renovasjonsselskapa i Møre og Romsdal om oppfølging av ulovlege søppelplassar. Her blir det vist til eit prosjekt i regi av BIR i Bergensområdet der BIR på oppdrag frå eigarkommunane gjennomførte ei kartlegging av ulovlege avfallsplassar («villfyllingar»). BIR gjennomfører tilsyn med forsøpling på vegne av nokre av eigarkommunane. BIR har som del av dette fått delegert mynde frå eigarkommunane.</p> <p>Det blir foreslått ei tilsvarande ordning i Ålesundregionen.</p> <p><u>c) Marin forsøpling</u></p> <p>Det pågår eit stort frivilleg arbeid for å rydde strender i Ålesundregionen. Det er ikkje høve til å nytte inntekter frå hushaldsrenovasjon til å finansiere opprydding av marin forsøpling, men det er klare synergjar knytt til å bruke innsamlings- og mottaksordningane til ÅRIM til å ta imot og behandle slikt avfall.</p> <p>I 2017 og 2018 har sentrale styresmakter etablert ei nasjonal refusjonsordning for marint avfall som blir rydda. Dette har ført til at ÅRIM har kunna teke på seg ei koordinerande rolle i høve ulike frivillige ryddeaksjonar, og at dei som ryddar avfall kan levere dette fritt til ÅRIM.</p>

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
	<p>Denne koordinerande rolla er i samsvar med strategien til selskapet, der det m.a. heiter:</p> <p><i>ÅRIM ønskjer å ta ei rolle i arbeidet mot marin forsøpling på to område:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Informasjon og haldningsskapande arbeid</i> • <i>Avfallsbehandling</i> <p>Som ein del av det vidare arbeidet vil det vere nødvendig å avklare tilhøvet til Skjærgårdstenesta i regi av Friluftsrådet, i dag er det eit godt samarbeid.</p>

Norddal og Stordal kommune skriv om gate- og friluftsenovasjon samt «villfyllingar» og forsøplingssaker: «ein ønskjer redegjort for finansiering før dette blir teke inn i selskapsavtalen». Når det gjeld marin forsøpling, ønskjer Norddal og Stordal kommune at ÅRIM fortsett å arbeide for innsamling av marint avfall med utgangspunkt i statleg finansiering. Sula kommune og kommunane som skal bli Nye Ålesund kommune har dei same innvendingane knytt til finansiering. Sula kommune ønsker imidlertid at ÅRIM vurderer å ta over tilsyn på spreidd avlaup. Ulikt forsøpling er dette alt finansiert gjennom gebyr og ein ser det som praktisk at dei som har ansvaret for tømning og tek seg av tilsyn. Kommunane som skal bli Nye Ålesund kommune uttaler: «Desse oppgåvene bør handterast utanom selskapsavtalen og evt. giast som eit tilbod frå ÅRIM.»

Vestnes kommune ønskjer ikkje å delegere mynde knytt til forsøplingssaker til ÅRIM.

Stranda og Sykkylven støtter forslaget.

Strategi for ÅRIM har identifisert dette som tiltak som kan effektivisere handteringa av avfall og slam i Ålesundregionen. ÅRIM konstaterer imidlertid at det i 2019 ikkje er vilje til å harmonisere desse tenestene i Ålesundregionen.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget frå høyringsdokumentet blir ikkje innarbeidd i selskapsavtalen, dette er då å oppfatte som oppgåver som inngår i den generelle formuleringa om at ÅRIM kan ta på seg oppgåver for kommunane.

Foreslått § 3.4 Etterdrift av avfallsanlegg

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
3.4 Å sikre etterdrift av avfallsanlegg som ikkje lenger er i bruk.	<p>Det blir foreslått ein heilt ny § 3.4 knytt til oppfølging av nedlagde avfallsanlegg i medlemskommunane. I Ålesundregionen er det fleire avfallsanlegg som ikkje lenger er i drift. Enkelte av desse, t.d. Breivika i Sandøy, Nøsa i Haram og Kjølen på Stranda er i dag i bruk som ÅRIM sine gjenvinningsstasjonar.</p> <p>Fleire av dei nedlagde deponia manglar godkjende avslutningsplanar eller har krav om etterdrift og overvaking av forurening. Enkelte interkommunale avfallsselskap har tatt over ansvaret for desse oppgåvene, i nokre høve har dette vore knytt til overtaking av eigarskap for anlegga. ÅRIM bør kunne ta over oppgåvene med etterdrift dersom dette er ønskjeleg.</p>

Det er generelt ikkje støtte for å ta tiltaket inn i selskapsavtalen:

Sula kommune skriv: «Etterdrift av kommunale avfallsdeponi skal være den enkelte kommune sitt ansvar og oppgåva skal ikkje overførast til Årim.»

Vestnes kommune er usamd i at dette bør vere ein del av selskapsavtalen og skriv: «Dette er ikkje ein naturleg del av drifta i eit interkommunalt selskap som ikkje har noko deponi.

Kostnadane med dette er svært uoversiktlege og vanskelege å fordele rettvis.»

Kommunane som skal bli Nye Ålesund kommune uttaler: «Desse oppgåvene bør handterast utanom selskapsavtalen og evt. giast som eit tilbod frå ÅRIM.»

Norddal og Stordal kommune skriv om dette forslaget at «ein føresett at dette blir ei brukarfinansiert ordning».

Stranda og Sykkylven støtter forslaget.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget frå høyringsdokumentet blir ikkje innarbeidd i selskapsavtalen, dette er då å oppfatte som oppgåver som inngår i den generelle formuleringa om at ÅRIM kan ta på seg oppgåver for kommunane.

Foreslått § 3.5 Kommunikasjon

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
3.5 Selskapet skal vere eit rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggerane sin kunnskap om avfallsreduksjon og meir miljøvenleg avfallsbehandling. Som ein del av dette skal selskapet arbeide systematisk for å sikre at barn og unge får kjennskap til og motivasjon til avfallsreduksjon og meir miljøvennleg avfallsbehandling.	§ 3.5 dekker informasjonsaktivitetene til ÅRIM. Dette blir foreslått vidareført med eit tillegg om at ÅRIM skal ha systematisk målretta arbeid retta mot barn og unge. I Strategi for ÅRIM 2017 – 2025 er kommunikasjon i form av haldningsskapande arbeid retta mot barn og unge eit prioritert område. Å endre vanar knytt til forbruk og avfall handlar både om å skape gode haldningar og til å innarbeide gode rutinar. Det å få dei yngste til å bli trygge på korleis avfallet skal behandlast, kan også gi foreldre

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
	og besteforeldre motivasjon til å gjere gode miljøriktige val og handlingar.

Kommunane som skal bli Nye Ålesund foreslår å stryke formuleringa om systematisk arbeid retta mot barn og unge. Rådmannen skriv om dette forslaget: «Det er ingenting i dagens selskapsavtale som er til hinder for en systematisk satsing mot barn og unge. Intensjonen er selvsagt positiv, men bør heller innarbeides i andre av ÅRIMs styringsdokument, f.eks. strategidokument, kommunikasjonsplan eller budsjett og økonomiplan.»

Dei andre kommunane støtter eller har ikkje innspel til punktet.

ÅRIM har gjort ei vurdering av innspelet frå kommunane som skal bli Nye Ålesund kommune og viser til forslag til innarbeiding under § 3.3 om tildeling av einerett for avfall frå skuler og barnehager. Slik selskapet ser det, er dette den mest konkrete måten å få fram arbeidet med barn og unge på i selskapsavtalen.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget frå høyringsdokumentet blir ikkje innarbeidd i selskapsavtalen, dette er uansett ein del av strategien til selskapet.

Foreslått § 3.6 Miljøomsyn

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
3.6 Selskapet skal legge vekt på miljøvenleg drift i alle ledd i avfallsbehandlinga.	Ingen endringar frå dagens selskapsavtale.

Sula kommune skriv: «· Årim skal søke løysningar som forenkler, men likevel kildesorterer;

- Miljøtiltak

- Enklere

- færre biler»

ÅRIM ser det som hensiktsmessig å videreføre dagens formulering i selskapsavtalen.

Forslag til innarbeiding:

Teksten blir videreført i ny selskapsavtale.

Foreslått § 3.7 Organisering av drifta

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
3.7 Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av egne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap, eller private næringsdrivande.	Ingen endringar frå dagens selskapsavtale.

Det er ingen merknader til denne delen av selskapsavtalen.

Forslag til innarbeiding:

Teksten blir videreført i ny selskapsavtale.

Foreslått § 3.8 Regionalt samarbeid

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
3.8 Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg, og selskapet kan vere eigar eller medeigar i andre selskap.	Ingen endringar frå dagens selskapsavtale.

Sula kommune skriv: «Deltaking i andre selskap skal skje etter økonomiske kriterier.

Eventuell produksjon av biogass må vurderast på bakgrunn av konkurransevne samanlikna med andre energiarters kostpris.

Lokal verdiskaping og etablering av arbeidsplassar skal prioriterast.»

Slik ÅRIM ser det, er dette kriterier det vil vere naturleg for selskapet å leggje vekt på i samarbeid. Det blir ikkje sett på som nødvendig å endre forslaget til avtaletekst.

Forslag til innarbeiding:

Teksten blir vidareført i ny selskapsavtale.

Foreslått § 3.9 Eventuelle andre oppgåver

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
3.9 Å utføre eventuelle andre oppgåver som kommunane er samde om at selskapet skal utføre.	Ingen endringar frå dagens selskapsavtale.

Som det framgår av diskusjonane under forslag til §§ 3.2, 3.3 og 3.4 er det fleire oppgåver kommunane ønskjer skal vere «valfrie» å leggje inn i samarbeidet. Det blir foreslått å vidareføre denne regelen.

Forslag til innarbeiding:

Teksten blir vidareført i ny selskapsavtale.

Foreslått § 3.10 Kostnadseffektiv drift

Dette var ikkje foreslått i høyringsdokumentet.

Sula kommune foreslår i si fråsegn:

Det vert foreslått å ta inn økonomisk best mogleg drift i selskapet sine føremål, for slik å tydeliggjere viktigheita av å drifte rasjonelt og så billig som mogleg for innbyggjarane. Det vert og foreslått at ein nøktern profil på marknadsføring og lokalisering skal inngå i avtalen.

Kommentar:

I strategi for ÅRIM er kostnadseffektiv drift identifisert som eitt av fem hovudmål. Her heiter det: «ÅRIM skal ha ein kostnadseffektivitet i renovasjonstenesta på minst 85 %». Dette er basert på ein indikator for kostnadseffektivitet i Renovasjonsbenchmarkinga til AvfallNorge.

Denne indikatoren blir nytta til å samanlikne kommunale renovasjonsselskap. ÅRIM har i dei siste målingane vore eit av dei mest kostnadseffektive selskapa i landet.

Målet om kostnadseffektivitet kan godt innarbeidast i selskapsavtalen, men i ein selskapsavtale bør dette ikkje knyttast opp mot ein konkret ekstern indikator eller mot enkeltfaktorar som marknadsføring eller lokalisering. For å ta eit døme: Auka innsats på marknadsføring kan bidra til at selskapet totalt sett driv meir kostnadseffektivt.

Forslag til innarbeiding:

Selskapet skal drive kostnadseffektivt.

B2) Lik pris for likt tilbod

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
<p>§ 14 Pris på tenestene</p> <p>Nytt første ledd: Selskapet fastsetter prisar for tenestene med lik pris og eit mål om same servicenivå i medlemskommunane.</p>	<p>I ÅRIM er det lik pris for likt tilbod. Det vil seie at ÅRIM fakturerer same pris for eit tilbod, uavhengig av kvar i Ålesundregionen abonnenten er. Prinsippet om at ÅRIM skal ha lik pris for likt tilbod blei slått fast av representantskapet i samband med oppstart av tenestene til ÅRIM. Dette er avklart i høve sjølvkostreglane. Dette er ein regel fleire interkommunale avfallsselskap praktiserer. For ÅRIM vil det medføre vesentlege administrative meirkostnader å gå vekk frå dette prinsippet, og det er tvilsomt om alternative modellar i større grad vil reflektere sjølvkost.</p> <p>Dette prinsippet er i dag ikkje slått fast i selskapsavtalen for ÅRIM (i motsetning til for mange andre interkommunale avfallsselskap¹). Det vil seie at</p>

¹ I selskapsavtalen til Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS heiter det t.d.: «Selskapet skal arbeide for at det blir like avfallsgebyr og like ordningar for avfall i eigarkommunane.» I selskapsavtalen til

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
	<p>eit vanleg fleirtal i representantskapet kan endre praksis på feltet. Ved å leggje prinsippet inn i selskapsavtalen, vil det krevjast kvalifisert fleirtal for å endre det.</p> <p>Parallelt har ÅRIM sidan oppstarten arbeidd ut frå ei målsetting om at innbyggjarane skal ha eit mest mogleg likeverdige tilbod. ÅRIM innretter si verksemd for å oppnå mest mogleg effektive løysingar for Ålesundregionen totalt sett, både på kort og på lang sikt. Dette vil m.a. seie at renovasjonsruter og samlepunkt for avfall blir lagt opp på tvers av kommunegrensene der dette er hensiktsmessig for å sikre god logistikk og at alle innbyggjarane i ÅRIM kan levere avfall på alle gjenvinningsstasjonane til selskapet. På den eine sida kan det vere kostnadsdrivande å sikre eit kjeldesorteringstilbod i spredtbygde område, på den andre sida er det kostnadsdrivande å administrere, halde oversikt over og skulle informere ulike kundar om ulike ordningar. Totalvurderinga har vore at det for ÅRIM og innbyggjarane er ein fordel å forsøke å tilby eit likt tilbod til flest mogleg av innbyggjarane.</p>

Forslaget får generelt støtte frå alle kommunane, med unntak for Vestnes, som ikkje ønskjer å ta dette prinsippet inn i selskapsavtalen.

Innherred Renovasjon IKS heiter det: «Selskapet skal vedta priser med utgangspunkt i lik pris for samme servicenivå i deltagerkommunene.»

Det har i fleire fråsegner blitt peika på at støtten er betinga av at forslaget må avgrensast til å gjelde for dei lovpålagde sjølvkostoppgåvene (hushaldsavfall og slam), og ikkje utan vidare skal gjelde for næringsverksemd og for andre oppgåver ÅRIM utfører.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget blir innarbeidd.

B3) Overføring av ansvaret for fakturering og innkrevjing av renovasjonsgebyret

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
<p>§ 14 Pris på tenestene</p> <p>Nytt tredje ledd:</p> <p>Selskapet fakturerer på vegne av medlemskommunane abonnenten for renovasjons- og slamgebyret.</p>	<p>I § 14 i dagens selskapsavtale heiter det m.a.: «Medlemskommunane skal krevje inn renovasjonsgebyret og gebyr for slamtøming frå dei abonnentane som går inn i den vanlege innsamlingsordninga for desse avfallstypene. Innkrevjinga kan overførast til selskapet dersom kommunane ønskjer det, og selskapet seier seg viljug til å overta innkrevjinga. Desse gebyra vert fastlagde av kommunane i samsvar med lovverket for slike gebyr.» Avfallsforskriften slår fast at renovasjonsgebyret blir vedtatt i kvart enkelt kommunestyre årleg.</p> <p>All gebyrføring skjer i ÅRIM, det vil seie at grunnlaget for innkrevjing av avfalls- og slamgebyr blir utarbeidd av selskapet. To av dei kommunane som blir ein del av Nye Ålesund kommune har i tillegg overført faktureringa og innkrevjinga av gebyret til ÅRIM, og gjort nødvendige delegasjonsvedtak med omsyn til legalpant og søksmålsrett. I tillegg har ÅRIM all oppfølging av næringsabonnentane i elleve av tolv kommunar.</p> <p>ÅRIM vurderer det som mest hensiktsmessig at all kundehandtering skjer på ein plass. I dag er det slik at spørsmål om utstyr, abonnement mv. rettast til ÅRIM direkte. Spørsmål om faktura vanlegvis først blir retta til kommunen som har sendt ut fakturaen, deretter blir kunden sendt vidare til ÅRIM som har utarbeidd gebyrgrunnlaget.</p>

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
	<p>Representantskapet har i samband med behandling av budsjett og økonomiplan for selskapet slutta seg til vurderinga at ÅRIM bør handtere alle delar av tilbodet innan avfall og slam for innbyggjarane i Ålesundregionen. Dette inkluderer også fakturering og innkrevjing av avfalls- og slamgebyr.</p> <p>Det er mange interkommunale renovasjonsselskap som handterer denne oppgåva. I standardforskrifta for NoMil (Nordfjord Miljøverk IKS) heiter det t.d.: «NoMil fakturerer på vegne av den einkilde kommune abonnenten for renovasjonsgebyret.» I selskapsavtalen til RfD (Renovasjosselskapet for Drammensregionen IKS) er det delegert mynde til innkrevjinga²:</p> <p>I medhold av Lov om vern mot forurensningar og om avfall (FRL) § 83, 2. delegert myndighet til å fatte enkeltvedtak etter følgende bestemmelser</p> <ul style="list-style-type: none"> • §34, 4. og 5. ledd, om innkreving av avfallsgebyr

Det er ingen av eigarkommunane som støtter forslaget. Også styret i Sykkylven Energi AS (som er dei som har dette ansvaret i Sykkylven kommune i dag) rår frå forslaget.

KS Bedrift har i si fråsegn gjort greie for tilhøvet til legalpant.

Strategi for ÅRIM har identifisert dette som tiltak som kan effektivisere handteringa av avfall og slam i Ålesundregionen. ÅRIM konstaterer imidlertid at det i 2019 ikkje er vilje til å harmonisere desse tenestene i Ålesundregionen.

² Forurensningsloven § 34 (avfallsgebyr) fjerde ledd: Gebyr skal betales av den som eier en eiendom som omfattes av ordning for innsamling av avfall eller tømning av slamavskiller, privet m.v. etter loven her. Dersom eiendommen er festet bort for 30 år eller mer, skal likevel festeren svare gebyret om ikke annet er avtalt. Det samme gjelder når festeren har rett til å få festet forlenget, slik at den samlede festetid blir mer enn 30 år.

Femte ledd: Avfallsgebyr med påløpte renter og kostnader er sikret med lovbestemt pant etter panteloven § 6-1. Om renteplikt ved for sen betaling, tilbakebetaling og inndrivelse av avfallsgebyr gjelder reglene i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eidegdomsskatt til kommunane §§ 26 og 27 tilsvarende.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget frå høyringsdokumentet blir ikkje innarbeidd i selskapsavtalen, dagens avtaletekst blir vidareført.

B4) Felles renovasjonsforskrifter og endra reglar om klageutvalet

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
<p>§ 15 Klageutval</p> <p>Medlemskommunane fastsetter likelydande forskrifter om avfall og slam i Ålesundregionen. Selskapet får her mynde til å ta avgjerd i enkeltsaker.</p> <p>Representantskapet oppnemner eit Klageutval med sju medlemmer med leiar og nestleiar. Klageutvalet har mynde til å behandle klager på avgjerdene til selskapet. Funksjonstida for Klageutvalet tilsvarar den kommunale valperioden.</p> <p>Styreleiaren og dagleg leiar i selskapet har møterett og talerett, men ikkje røysterett i klageutvalet.</p>	<p>I samband med etableringa av ÅRIM blei det forutsatt at det måtte utformast like renovasjonsforskrifter i alle eigarkommunane. Dette kom på plass i 2013, med ein revisjon i 2016. Det er det enkelte kommunestyre som fattar vedtak om lokale renovasjonsforskrifter. Praksis har vore at dette skjer etter innstilling frå representantskapet i ÅRIM, men enkelte kommunar har vald å ha avvikande reglar, noko som gir meirarbeid. Det kan vere ein fordel å formalisere målsetting om utarbeiding av felles renovasjonsforskrifter, slik det t.d. er gjort i selskapsavtalen til RIR: <i>«Innen selskapets geografiske arbeidsområde skal det gjelde likelydende forskrifter for renovasjonsordningen. Disse godkjennes av representantskapet og vedtas av eierkommunene.»</i></p> <p>Klageutvalet i ÅRIM er etablert, og i selskapsavtalen kan dette tydeleggjerast. I samband med utforming av dei lokale renovasjonsforskriftene rådde KS Advokatene frå å nytte formuleringa «Vedtak i utvalet er endelege og kan ikkje påklagast vidare». I dei lokale renovasjonsforskriftene i</p>

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
	<p>Ålesundregionen er ordlyden difor slik:</p> <p>«Enkeltvedtak etter denne forskrifta kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.</p> <p>Dersom klaga ikkje vert teke til følgje, går saka til klageinstansen til avgjerd.»</p> <p>Det blir vidare foreslått at det er representantskapet som skal oppnemne leiar og nestleiar i klageutvalet.</p>

Kommunane som skal bli Nye Ålesund kommune rår til å flytte formuleringa om felles forskrifter (første ledd) til eigen paragraf.

ÅRIM støtter innspælet og foreslår å innarbeide dette som ein del av føremålet med selskapet.

Ut over dette er det ikkje merknader til forslaget til oppdatering av reglane.

Forslag til innarbeiding:

Første ledd blir innarbeidd i § 3 i selskapsavtalen, andre ledd blir endra i tråd med høyringsutkastet.

C) Nokre mindre justeringar og formalitetar

C1) Endra kortform for lovhenvisningar

I høyringsdokumentet blei det foreslått ei tilpasning til reglane for namngjeving av selskap (små bokstavar). Henvisninga til lov om interkommunale selskaper blei oppdatert med rett kortform. Det har ikkje kome merknader til dette.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget blir innarbeidd i selskapsavtalen.

C2) Endra dato for årsmøtet

Dette var ikkje foreslått i høyringsdokumentet, men rådmannen i Sula har peika på dette i sitt saksframlegg:

- I § 8.1 i selskapsavtalen heiter det: «Det skal innkallast til årsmøte kvart år innan utgangen av mai.» Det står vidare at årsmøtet skal behandle årsmelding og rekneskap.
- I § 4 i forskrift om årsbudsjet, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper heiter det: «Årsregnskapet med revisjonsberetning og årsberetning skal fastsettes av representantskapet før 1. mai.»

Det er altså eit avvik mellom selskapsavtalen og gjeldande regelverk. Selskapsavtalen bør justerast for å kome i tråd med regelverket.

Forslag til endring av setning i § 8.1:

Det skal innkallast til årsmøte kvart år innan utgangen av april.

C3) Endra sakliste for årsmøtet

Dette var ikkje foreslått i høyringsdokumentet, men kommunestyret i Sula har peika på at funksjonstida for medlemmene i valkomiteen er to år, og at det difor berre bør vere val til valkomiteen annakvart år.

ÅRIM vil peike på at det, sjølv om det ikkje har vore praksis så langt, kan vere aktuelt å bytte ut nokre medlemmer og varamedlemmer i valkomiteen årleg, for å få kontinuitet.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget blir ikkje innarbeidd i selskapsavtalen.

C4) Fastsetting av tidspunkt for behandling av budsjett

Dette var ikkje foreslått i høyringsdokumentet.

Sula kommune foreslår i si fråsegn:

Det er ønskeleg at også haustmøtet i representantskapet vert tidfesta i avtalen.

Gjerne med likelydande formulering som vårmøtet, forslagsvis «innan utgangen av oktober

Kommentar:

I § 8.1 heiter det: Representantskapet kjem saman minst 2 gonger i året.

Vidare følgjer det av selskapsavtalen og IKS-loven at representantskapet skal behandle budsjett for påfølgjande år, inklusive satsane for kommunane si innbetaling til selskapet.

I dag er det ikkje krav i selskapsavtalen om når representantskapet skal behandle budsjettet for selskapet. Forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper har følgjande formulering: «Representantskapet skal innen årets utgang fastsette bindende økonomiske rammer for selskapets drift og investering for kommende kalenderår.»

Dette gir nokre utfordringar for eigarkommunane, som skal innarbeide data frå ÅRIM sitt budsjett i eigne budsjettprosessar. Ved å ta inn Sula kommune sitt forslag, blir fristane tydeleggjorte. Samstundes vil det framleis vere slik at representantskapet i si behandling kan vedta å utsette budsjettbehandlinga til eit nytt møte, så sant dette møtet blir halde innan utgangen av året.

Forslag til innarbeiding av ny setning i § 8.1:

Det skal innkallast til møte for å behandle budsjett for påfølgjande år innan utgangen av oktober.

C5) Endra distribusjonsliste for saksdokument til representantskapet og reglar om offentlege møte

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
§ 8.3 - Nytt tredje ledd: <u>Kopi av innkallinga skal også sendast revisor og kontrollutval i medlemskommunane.</u>	Kontrollutvalet og Kommunerevisjonen har viktige oppgåver i å føre kontroll med selskap kommunane eig. Som ein del av denne kontrolloppgåva er det i §§ 23-6 og 24-10 i kommuneloven regulert at desse skal varslast om møte i representantskapet og ha rett til å vere til stades i desse møta. I og med at ÅRIM har eigarkommunar som er knytt til ulike kontrollutvalssekretariat og (i alle fall i 2019) nyttar ulike

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
	revisorar, er det hensiktsmessig å innarbeide denne regelen også i selskapsavtalen.

Det har ikkje kome merknader til forslaget i høyringa. Dette er i tråd med innarbeidd praksis i selskapet.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget blir innarbeidd i selskapsavtalen.

C6) Offentlege møte i representantskapet

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
<p>§ 8.3 - Nytt fjerde ledd:</p> <p><u>Møte i representantskapet i ÅRIM er opne for publikum.</u></p> <p><u>Ved behandling av saker som krev teieplikt er møtet lukka. Ei lukking av eit møte i representantskapet, anten heile møtet eller i samband med behandlinga av ei enkeltsak, gjerast med simpelt fleirtal.</u></p>	<p>Representantskapet vedtok dette i 2010, prinsippet bør innarbeidast i selskapsavtalen.</p>

Det har ikkje kome merknader til forslaget i høyringa. Dette er i tråd med innarbeidd praksis i selskapet.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget blir innarbeidd i selskapsavtalen.

C7) Endra reglar om når representantskapet er vedtaksført

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
<p>§ 8.4</p> <p>Kvar representant har ei røyst.</p> <p>Representantskapet er vedtaksført når meir enn <u>to tredelar</u> av medlemene i representantskapet er til stades, og desse representerer minst to tredelar av alle røystene.</p>	<p>Kommunaldepartementet har klargjort at det ikkje er høve til å møte med fullmakt i representantskapet i interkommunale selskap. Formuleringa i selskapsavtalen må tilpassast dette.</p>

Det har ikkje kome merknader til forslaget i høringa. Dette er i tråd med innarbeidd praksis i selskapet. Dette vil i praksis seie at ni av tretten medlemmer eller varamedlemmer må vere til stades for at representantskapet skal vere vedtaksført.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget blir innarbeidd i selskapsavtalen.

C8) Endra reglar om styresamansetning

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
<p>9.1 Styret i selskapet skal ha 79 medlemmer, inkludert to representantar frå dei tilsette.</p> <p>Dersom selskapet får fleire enn 30 tilsette, og dei tilsette såleis har krav på representasjon i styret i samsvar med IKS-lova § 10, vert talet på styremedlemmer utvida med talet på representantar for dei tilsette.</p>	<p>Frå 2018 har ÅRIM hatt representantar for dei tilsette i styret, etter at dei tilsette fremja eit krav om dette hausten 2017, jf. § 10 i IKS-loven. Det blir foreslått at selskapsavtalen blir tilpassa til dagens situasjon, dette blir vurdert som ei hensiktsmessig løysing.</p>

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
<p>Styret skal ha 6 varamedlemmer i nummerert rekkefølge, i tillegg til 2 eigne varamedlemmer for dei tilsette sine styrerepresentantar.</p> <p>Styremedlemene og varamedlemene blir valde for 2 år om gongen. Attval kan finne stad.</p> <p>Dagleg leiar eller medlem i representantskapet kan ikkje vere medlem i styret.</p> <p>9.2 Begge kjønn skal vere representerte i styret i samsvar med IKS-loven § 10, som viser til aksjelova § 20 – 6, der det heiter at når styret har seks til åtte medlemmer, så skal kvart kjønn vere representert med minst tre.</p>	

Det har ikkje kome merknader til forslaget i høyringa, men forslaget binder selskapet til å ha to tilsettere representantar også dersom talet på tilsette blir lågare enn 50.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget blir ikkje innarbeidd i selskapsavtalen.

C9) Innskotsplikta for eigarkommunane

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
<p>§ 13 Innskotsplikt, budsjett, utbytte og låneopptak</p> <p>Eigenkapitalen er kr. 500 000,-</p>	<p>Konsekvens av at selskapet gjennom endringa av formål blir tillagt oppgåver som ikkje er sjølvskostfinansierte.</p>

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
<p>Innskot av eigenkapital skal skje i høve til kommunane sin eigardel, slik denne er fastlagt i § 5.</p> <p>Selskapet skal drivast slik at det ikkje er avhengig av tilskot frå kommunane utover eigenkapitalen.</p>	

Det har ikkje kome merknader til forslaget i høyringa. Regelen kan også medføre utfordringar i forhold til reguleringar mellom sjølvkostresultat og ordinært rekneskapsresultat for selskapet.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget blir innarbeidd i selskapsavtalen.

C10) Reglar om fordeling av utbytte

Dagens selskapsavtale seier: Etter at årsrekneskapen er fastsett, kan representantskapet, etter forslag frå styret, vedta utdeling av utbytte frå selskapet etter reglane i § 29 i IKS-loven.

Sula kommunestyre meiner «fordeling av event utbytte skal skje etter samme fordeling som eigardelen».

Dette er eit spørsmål som blei avklart i samband med representantskapet si fastsetting av utbyttepolitikk for ÅRIM. Dersom utbytte skal fordelast på annan måte enn etter eigardelen, må dette inn i selskapsavtalen. Forslaget frå Sula er difor å ansjå som allereie innarbeidd.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget blir ikkje innarbeidd i selskapsavtalen.

C10) Endra låneramme for selskapet

Forslag til ny avtaletekst	Grunngjeving
<p>§ 13 Innskotsplikt, budsjett, utbytte og låneopptak - Nytt siste ledd:</p> <p>Selskapet har høve til å ta opp lån til kapitalføremål og konvertering av eldre gjeld innanfor ei ramme for samla låneopptak på kr. 250 mill.</p>	<p>I § 13 i selskapsavtalen heiter det i dag: «Selskapet har høve til å ta opp lån til kapitalføremål og konvertering av eldre gjeld innanfor ei ramme for samla låneopptak på kr. 100 mill. Vedtak om låneopptak krev godkjenning av departementet.» Kravet om godkjenning frå Fylkesmannen blei oppheva i lov om interkommunale selskapet frå 1. januar 2014. I dag er det dette berre eit krav i dei tilfella der ein eller fleire av eigarkommunane er på ROBEK.</p> <p>Låneramma på 100 MNOK blei fastsett i 2008. Sidan det har mange av dei andre interkommunale selskapa i fylket fått endra sine selskapsavtalar, i dag har VØR med 20 000 innbyggjarar ei låneramme på 100 MNOK. Med dei investeringane ÅRIM kan ha behov for å gjere i nye gjenvinningsstasjonar, renovasjonsbilar og behandlingsanlegg, er ei låneramme på 250 MNOK meir tilpassa dagens situasjon.</p>

Med unntak frå Vestnes kommunestyre, som etterlyser ytterlegare grunngjeving for forslaget, støtter eigarkommunane forslaget.

ÅRIM vil vise til gjeldande økonomiplan for selskapet. Denne visar at lånesaldoen i selskapet i 2021 er estimert til 97 MNOK 2018-kroner. Det er ikkje gitt at selskapet vil kunne gjennomføre nødvendige investeringar frå 2020 og framover dersom dagens låneramme ikkje blir endra.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget blir innarbeidd i selskapsavtalen.

C11) Rapportering frå selskapet til eigarkommunane

Dette var ikkje foreslått i høyringsdokumentet.

Sula kommune foreslår i si fråsegn:

Det er [...] ønskeleg med fast tertialrapportering frå selskapet, slik ein har frå kommunale einingar.

Kommentar:

ÅRIM er eit særskilt rettssubjekt med eit eige styre, der styremedlemmene har personleg styreansvar. Styret har ansvaret for organiseringa av selskapet si verksemd. Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, selskapet sitt budsjett og andre vedtak og retningsliner som er fastlagde av representantskapet. Styret skal dessutan føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av selskapet. Som følge av dette utformar styret dei retningslinene som er nødvendig for å ha kontroll og oversikt med aktiviteten i selskapet. Styret har som kjent, gjennom § 19 i lov om interkommunale selskaper, plikt til umiddelbart å varsle eigarane ved vesentleg svikt i inntektene eller auke i utgiftene i høve budsjettet.

Å innføre ei ny rapporteringsplikt som foreslått vil altså ikkje vere i samsvar med dei styringslinjene som er etablert for interkommunale selskap.

Forslag til innarbeiding:

Forslaget blir ikkje innarbeidd.

Vidare arbeid med selskapsavtalen

Basert på vurderingane over, har ÅRIM utarbeidd eit nytt forslag til selskapsavtale som kan sendast representantskapet og eigarkommunane.

Når det gjeld vidare behandling av saken, har Sula kommunestyre ytra eit ønskje om at utkastet til selskapsavtale vert sendt tilbake til kommunane for ei ny runde etter at alle høyringsuttalane er motteke og før endeleg vedtak.

Forslaget som blir fremja er at representantskapet rår eigarkommunane til å vedta ny selskapsavtale for ÅRIM. Forslaget slik det no er utforma, bør kunne samle støtte.

Dersom det framleis er omfattande usemje mellom eigarkommunane, vil representantskapet måtte drøfte om dei som organ skal ta ei rolle i å fullføre prosessen, eller om dette skal gjerast på anna vis.

Forslag til vedtak

Representantskapet rår eigarkommunane til å vedta forslag til ny selskapsavtale for ÅRIM slik det ligg ved.

Vedlegg: Forslag til ny selskapsavtale for ÅRIM

SELSKAPSAVTALE FOR INTERKOMMUNALT AVFALLELSKAP FOR ÅLESUNDREGIONEN

§ 1 Heimel.

Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS (ÅRIM) er eit interkommunalt sekskap med delt ansvar, stifta med heimel i lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale sekskaper. I selskapsavtalen er denne lova heretter kalla "IKS-loven".

§ 2 Deltakarar.

Følgjande kommunar deltek i sekskapet:

Fjord kommune

6210 Valldal

Organisasjonsnummer: 921 891 687

Giske kommune

650 Valderøy

Organisasjonsnummer: 964 980 721

Stranda kommune

6200 Stranda

Organisasjonsnummer: 964 980 098

Sula kommune

6030 Langevåg

Organisasjonsnummer: 964 980 543

Sykkylven kommune

6230 Sykkylven

Organisasjonsnummer: 964 980 365

Vestnes kommune

6390 Vestnes

Organisasjonsnummer: 939 901 965

Ålesund kommune

6025 Ålesund

Organisasjonsnummer: 920 415 288

Andre kommunar har høve til å søkje medlemskap.

§ 3 Føremål.

3.1 ÅRIM utfører kommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall frå hushald og slam frå mindre avløpsanlegg i samsvar med sentrale og lokale miljømål.

3.2 ÅRIM kan gje eit tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg.

3.3 ÅRIM har einerett frå kommunane til å sikre tømning av slam frå mindre avløpsanlegg der utløpet er knytt til offentleg avløpsnett.

- 3.4 ÅRIM tek over eigarskapet til, og ansvaret for disponeringa av avfallet og slammet så snart det er henta inn eller levert gjennom dei avfallsordningane som er oppretta.
- 3.5 Medlemskommunane fastsetter likelydande forskrifter om avfall og slam i Ålesundregionen. Selskapet får her mynde til å ta avgjerd i enkeltsaker.
- 3.6 ÅRIM skal vere eit rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og meir miljøvenleg avfallsbehandling.
- 3.7 ÅRIM skal legge vekt på miljøvenleg drift i alle ledd i avfallsbehandlinga.
- 3.8 ÅRIM skal ha kostnadseffektiv drift.
- 3.9 ÅRIM avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av egne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap, eller private næringsdrivande.
- 3.10 ÅRIM kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg, og selskapet kan vere eigar eller medeigar i andre selskap.
- 3.11 ÅRIM skal utføre eventuelle andre oppgåver som kommunane er samde om at selskapet skal utføre.

§ 4 Hovudkontor.

Selskapet har sitt hovudkontor i Ålesund kommune.

§ 5 Eigardelar og deltakaransvar

Kommunane sin eigardel i selskapet vert fastlagd som ein prosentdel i høve til folketalet. Kommunane er seg imellom ansvarlege for pliktene til selskapet i høve til den same prosentdelinga.

Eigardelar og ansvar delt på følgjande måte i samsvar med Statistisk Sentralbyrå (SSB) sin statistikk pr. 01.01.2019.

Kommune	Folketal	Prosentdel
---------	----------	------------

Fjord	2 592	2,48 %
Giske	8 398	8,02 %
Stranda	4 565	4,36 %
Sula	9 271	8,86 %
Sykkylven	7 657	7,32 %
Vestnes	6 536	6,25 %
Ålesund	65 633	62,72 %
SUM	104 652	100,00 %

Prosentatsane vert justerte kvart 4 år, første gong pr. 1.1.2024. Satsane vert justert i samsvar med SSB sin statistikk for årsskiftet 2023/2024, 2027/2028 o.s.v. Slike endringar skal gå fram av årsmeldinga til selskapet, men endringa vert ikkje handsama som endring i selskapsavtalen.

§ 6 Selskapet si leing

Selskapet vert leia av eit representantskap, eit styre og ein dagleg leiar som administrerer drifta av selskapet.

§ 7 Representantskapet

7.1 Medlemskommunane øver sitt mynde i selskapet gjennom representantskapet, som er selskapet sitt øvste organ. Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet sitt i samsvar med lover, forskrifter og selskapsavtalen.

7.2 Representantskapet skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane i høve til det totale folketalet i selskapsregionen etter følgjande delingshøve:

Del av totalt folketal i %	Representantar
Mindre enn 10	1
10 – 20	2
20 – 30	3
30 – 40	4
40 – 50	5
50 – 60	6
60 – 100	7

Frå 2020 gjev folketalet pr 01.01.2019 følgjande representasjon:

Kommune	Folketal	Prosentdel	Representantar
Fjord	2 592	2,48 %	1
Giske	8 398	8,02 %	1
Stranda	4 565	4,36 %	1
Sula	9 271	8,86 %	1
Sykkylven	7 657	7,32 %	1
Vestnes	6 536	6,25 %	1
Ålesund	65 633	62,72 %	7
SUM	104 652	100,00 %	13

Folketalet og talet på medlemmer i representantskapet vert justert kvart 4. år, første gong pr. 1.1.2024, på same måten som i § 5.

7.3. Medlemene i representantskapet med personlege varamedlemer vert valde av kommunestyra i medlemskommunane for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden.

7.4 Dagleg leiar i selskapet og medlem i styret kan ikkje vere medlem i representantskapet.

Om ikkje representantskapet for den enkelte saka avgjer noko anna, har styreleiar, styremedlemer og dagleg leiar rett til å delta i representantskapet sine møte og til å uttale seg.

Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å vere til stades med mindre det er openbert unødvendig eller det ligg føre gyldig forfall. I sistnemnde høve skal det utpeikast nokon som kan møte i staden for dagleg leiar.

7.5 Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

§ 8 Møte i representantskapet

8.1 Representantskapet kjem saman minst 2 gonger i året.

Leiaren for representantskapet kallar inn til møte når det er ønskjeleg for å gje orientering eller drøfte saker som kan ha interesse for selskapet, eller som er nødvendige å handsame etter lova eller selskapsavtalen.

Leiaren for representantskapet pliktar også å kalla inn til møte når styret, revisor, minst ein av medlemskommunane, eller minst ein tredel av representantskapet sine medlemer krev det for handsaming av ei særskild sak.

Det skal innkallast til årsmøte kvart år innan utgangen av april.

På årsmøtet skal representantskapet handsame desse sakene:

- Skriftleg årsmelding frå styret.
- Revidert årsrekneskap frå styret.
- Val av leiar/nestleiar i representantskapet (annakvart år).
- Val av styremedlemer og varamedlemer til styret.
- Val av leiar og nestleiar i styret.
- Val av medlemer i valkomiteen.
- Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjon.
- Val av medlemmer i Klageutvalet (kvart fjerde år).
- Val av leiar og nestleiar i Klageutvalet (kvart fjerde år)

- Fastsetjing av godtgjersle til styret, valkomiteen og klageutvalet og forslag til godtgjersle til representantskapet.

Elles skal representantskapet handsame:

- Budsjett og økonomiplan, inklusive satsane for kommunane si innbetaling til selskapet. Det skal kallast inn til møte for å behandle budsjett for påfølgjande år innan utgangen av oktober.
- Strategi for selskapet, og eventuell felles avfallsplan for kommunane.
- Eventuelle framlegg om endring av selskapsavtalen.
- Fullmakter til styret.
- Eventuelle andre saker som styret vil ha handsama i representantskapet.

8.2 Representantskapet skal velje ein valkomité med minst 3 medlemmer som skal fremje forslag om leiar og nestleiar i representantskapet, val av styremedlemmer og medlemmer i klageutval for årsmøtet.

Medlemene i valkomiteen med personlege varamedlemmer blir valde for 2 år om gongen. Attval kan finne stad.

8.3 Innkalling til møte skal skje med minst 4 veker varsel.

Innkallinga skal innehalda saksliste og eventuelle saksdokument.

Kvar medlemskommune skal med same frist varslast om innkallinga og sakslista.

Kopi av innkallinga skal også sendast revisor og kontrollutval i medlemskommunane.

Møte i representantskapet i ÅRIM er opne for publikum. Ved behandling av saker som krev teieplikt er møtet lukka. Ei lukking av eit møte i representantskapet, anten heile møtet eller i samband med behandlinga av ei enkeltsak, gjerast med simpelt fleirtal.

Det skal førast protokoll for møta. Denne skal underskrivast av leiaren og 2 av dei andre medlemene. Medlemene i styret og dagleg leiar har rett til å få sitt syn på ei sak innført i protokollen.

8.4 Kvar representant har ei røyst. Representantskapet er vedtaksført når meir enn to tredelar av medlemene i representantskapet er til stades.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal av dei gjevne røystene, bortsett frå endring i selskapsavtalen som krev 2/3 fleirtal, og vedtak om gjeremål etter § 3.7 i selskapsavtalen som må gjerast einstemmig. Ved likt røystetal har møteleiar dobbelrøyst.

Representantskapet sin leiar er møteleiar. Når denne er fråverande, er nestleiar møteleiar. Dersom ingen av desse er til stades, skal det veljast ein møteleiar.

Sakshandsaminga i representantskapet skal elles skje i samsvar med IKS-loven § 9. Ved spørsmål om habilitet gjeld IKS-loven § 15.

8.5 Vedtak i representantskapet må godkjennast av kommunane dersom dette er eit krav i kommuneloven eller andre lover.

Budsjett og rekneskap skal sendast medlemskommunane som melding.

§ 9 Styret

9.1 Styret i selskapet skal ha 7 medlemer. Dersom selskapet får fleire enn 30 tilsette, og dei tilsette såleis har krav på representasjon i styret i samsvar med IKS-loven § 10, vert talet på styremedlemer utvida med talet på representantar for dei tilsette.

Styret skal ha 6 varamedlemmer i nummerert rekkefølge. Styremedlemene og varamedlemene blir valde for 2 år om gongen. Attval kan finne stad.

Dagleg leiar eller medlem i representantskapet kan ikkje vere medlem i styret.

9.2 Begge kjønn skal vere representerte i styret i samsvar med IKS-loven § 10, som viser til aksjelova § 20 – 6.

9.3 Ved val av styremedlemer skal valkomiteen med sine forslag og representantskapet i sitt styreval ta omsyn til selskapet sitt behov for lokalkunnskap, røynsle i styrearbeid, og kompetanse innanfor relevante fagområde som miljøfag, informasjon, økonomi og liknande.

9.4 Styret har ansvaret for organiseringa av selskapet si verksemd. Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, selskapet sitt budsjett og andre vedtak og retningslinjer som er fastlagde av representantskapet.

Styret skal tilsetje dagleg leiar og føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av selskapet.

For den daglege drifta kan styret gje prokura til dagleg leiar eller styreleiaren.

Styret gjev innstilling i saker som skal føreleggjast representantskapet.

§ 10 Styremøte

10.1 Leiaren av styret kallar inn til møte når han finn det nødvendig eller når eit medlem av styret eller dagleg leiar ber om det. Om ikkje styret for den enkelte saka avgjer noko anna, har dagleg leiar rett og plikt til å vere til stades og å uttale seg i styremøta.

Innkalling til møte skal skje med minst 5 dagars varsel, og innkallinga skal innehalde sakliste og eventuelle saksdokument. Det skal førast møteprotokoll som skal underskrivast av dei styremedlemene som er til stades. Styremedlem eller dagleg leiar som er usamd i styret sitt vedtak kan krevje å få si meining innført i protokollen.

10.2 Styret sin leiar er møteleiar. Når denne er fråverande, er nestleiar møteleiar. Dersom ingen av desse er til stades, skal det veljast ein møteleiar.

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene er til stades.

Vedtaka vert gjorde med vanleg fleirtal av dei gjevne røystene. Dei som røyster for eit forslag, må likevel utgjere meir enn ein tredel av talet på styremedlemer totalt i selskapet for at forslaget skal sjåast som lovleg vedtak.

Ved likt røystetal har møteleiaren dobbelrøyst.

Ved spørsmål om habilitet gjeld IKS-loven § 15.

§ 11 Dagleg leiar

Dagleg leiar skal stå for den daglege leiinga av selskapet og følgje dei retningslinjene og pålegga som styret har gjeve. Større saker eller saker av uvanleg art kan den daglege leiaren

berre avgjere når styret i den enkelte saka har gjeve dagleg leiar mynde til det, eller når ein ikkje kan vente på avgjerd i styret utan vesentleg ulempe for verksemda til selskapet. Styret skal i så fall snarast orienterast om saka.

§ 12 Representasjon – Signatur

Styret representerer selskapet utetter, og teiknar selskapets firma. Styret kan gje styreleiar og eitt styremedlem saman rett til å teikne selskapets firma og kan avgjera at dei som har slik rett må utøve den i fellesskap.

Dagleg leiar representerer selskapet utetter i dei sakene som kjem inn under § 11

§ 13 Innskotsplikt, budsjett, utbytte og låneopptak

Eigenkapitalen er kr. 500 000,-

Innskot av eigenkapital skal skje i høve til kommunane sin eigardel, slik denne er fastlagd i § 5.

Etter at årsrekneskapan er fastsett, kan representantskapet, etter forslag frå styret, vedta utdeling av utbytte frå selskapet etter reglane i § 29 i IKS-loven.

Selskapet har høve til å ta opp lån til kapitalføremål og konvertering av eldre gjeld innanfor ei ramme for samla låneopptak på kr. 250 mill.

§ 14 Pris på tenestene

Selskapet fastsetter prisar for tenestene. For innsamling av hushaldsavfall og slam blir det nytta lik pris for same servicenivå i alle medlemskommunane.

For dei tenestene der kostnaden skal delast likt på innbyggjarane i selskapsområdet, betalar kommunane a-kontosummar kvart kvartal etter rekning frå selskapet. Summen for kvar kommune vert fastlagd på grunnlag av vedteke budsjett og talet på innbyggjarar 1. januar.

Medlemskommunane skal krevje inn renovasjonsgebyret og gebyr for slamtøming frå dei abonnentane som går inn i den vanlege innsamlingsordninga for desse avfallstypene.

Innkrevjinga kan overførast til selskapet dersom kommunane ønskjer det, og selskapet seier seg viljug til å overta innkrevjinga. Desse gebyra vert fastlagde av kommunane i samsvar med lovverket for slike gebyr.

§ 15 Klageutval

Representantskapet oppnemner eit klageutval med sju medlemmer med leiar og nestleiar. Klageutvalet har mynde til å behandle klager på avgjerdene til selskapet. Funksjonstida for klageutvalet tilsvarar den kommunale valperioden.

Styreleiaren og dagleg leiar i selskapet har møterett og talerett, men ikkje røysterett i klageutvalet.

§ 16 Nye medlemmer

Vedtak om opptak av nye medlemmer krev tilslutnad frå kommunestyret i alle deltakarkommunane. Samtidig skal representantskapet fastlegge ny prosentdeling og representasjon i § 5. Nye medlemmer skal innbetale ein kontantsum eller aktiva av tilsvarande verdi. Summen skal tilsvare det nye medlemmet sin prosentvise del av selskapet sin eigenkapital. Selskapet sin revisor fastset eigenkapitalen på grunnlag av det siste rekneskapet, justert fram til tidspunktet for deltaking i selskapet.

§ 17 Rett til å tre ut

Den enkelte kommune kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevje seg utløyst av dette. Vedtak i ein kommune om å gå ut må meldast representantskapet på årsmøtet.

Utløysingssummen vert fastsett til nettoverdien av eigardelen ved utløpet av oppseiingsfristen. Utløysingssummen kan likevel ikkje overstige verdien av deltakaren sine innskot. Utløysingssummen skal utbetalast straks.

Det vert elles vist til IKS-loven § 30.

§ 18 Oppløysing

Oppløysing av selskapet kan berre skje dersom kommunestyra i alle medlemskommunane har gjort prinsippvedtak om dette. Kvar av dei deltakande kommunane er ved oppløysinga av selskapet ansvarlege for sin del av pliktene i høve til folketalet det året selskapet vert oppløyst.

Når det er avgjort at selskapet skal oppløysast, og oppløysinga er godkjend av departementet, skal representantskapet straks nemne opp eit avviklingsstyre. Styret i selskapet trer ut av funksjon når avviklingsstyret er valt.

Det vert elles vist til IKS-loven §§ 32 flg.

§ 19 Endringar i selskapsavtalen

Endringar i selskapsavtalen som gjeld forhold som er omtalt i IKS-loven § 4, 3. ledd krev vedtak i kommunestyret i alle deltakande kommunar. Andre endringar kan vedtakast av representantskapet med eit fleirtal på minst 2/3 av dei avgjevne røystene.

§ 20 Tvistar

Dersom det oppstår tvist om tolking av selskapsavtalen skal ein prøve å løyse denne med forhandlingar mellom partane. Om ein ikkje oppnår semje, vert tvisten å avgjere ved dei alminnelege domstolane. Sunnmøre tingrett er rett verneeting.

Vedlegg: Innkomne merknader til høyringsdokumentet

Eigarkommune	Fråsegn
Giske kommune	Vedtak 4. mars 2019: Giske formannskap sluttar seg til den nye selskapsavtalen slik han ligg føre.
Haram kommune	<p>Vedtak i kommunestyremøte den 14. mars 2019:</p> <ol style="list-style-type: none">Haram kommune sluttar seg til forslaget i høyringsnotatet om fordeling av medlemmar i representantskapet, noko som vil gi nye Ålesund 7 av 13 medlemmar.Haram kommune sluttar seg ikkje til forslaget om å legge inn ytterlegare oppgåver til ÅRIM som ein del av formålet i selskapsavtalen, herunder:<ol style="list-style-type: none">Innsamling, mottak og behandling av avfall fra kommunale verksemderGate- og friluftsenovasjonOppfølging av «villfyllingar» og andre forsøplingssaker.Marin forsøplingEtterdrift av nedlagde avfallsanleggDesse oppgåvene bør handterast utanom selskapsavtalen og evt. giast som eit tilbod frå ÅRIM.Haram kommune sluttar seg ikkje til å innarbeide prinsippet om lik pris for like tenester i selskapsavtalen med mindre dette blir avgrensa til å gjelde hushaldningsrenovasjon [og slamtømming frå hushald, presisert i vedlegg].Haram kommune sluttar seg ikkje til at fakturering og innfordring av renovasjonsgebyret blir overført til ÅRIM gjennom at dette blir innarbeidd som ein del av selskapets formål.Haram kommune sluttar seg til å utvide selskapets låneramme til 250 mill. kroner. <p><i>Nokre fleire forslag låg i eige vedlegg til saksframlegget:</i></p> <p><u>Til § 3.1</u></p> <p>Formuleringa om eigarskap i renovasjonsforskriftene blir ikkje innarbeidd i selskapsavtalen.</p> <p><u>Til § 3.2</u></p> <p>Ikkje innarbeide krav om tømming av slam frå avløpsanlegg knytt til kommunalt nett.</p> <p>Kommunane skal kunne ta avgjerd om kva kommunar ÅRIM skal ha næringsaktivitet i.</p>

- ÅLESUNDREGIONEN INTERKOMMUNALE MILJØSELSKAP IKS
- Langelandsvegen 1 - 6010 ÅLESUND - tlf 70 31 41 00
- www.arim.no - org nr 994 717 286

Eigarkommune	Fråsegn
	<p><u>Til § 3.5</u></p> <p>Stryke formuleringa om systematisk arbeid retta mot barn og unge.</p> <p><u>Til § 15</u></p> <p>Flytte formuleringa om felles forskrifter til eigen paragraf.</p>
<p>Norddal kommune</p>	<p>Vedtak i kommunestyret 7. februar 2019:</p> <p>Norddal kommune har desse innspela til ny selskapsavtale for ÅRIM:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Til § 3.1: Norddal kommune har binding på levering av avfall til Tafjord Kraftproduksjon gjennom avtale oppsagt 09.07.2018 med 5 års oppseiingstid. 2. Til § 3.2: At ÅRIM vil arbeide for å utvikle dette tilbudet er positivt, men ein føreset eit tilbod som er konkurransedyktig med tanke på pris og fleksibilitet. 3. Til § 3.3: Gate- og friluftsenovasjon, ein ønskjer redegjort for finansiering før dette blir teke inn i selskapsavtalen. 4. Til § 3.3: «Villfyllingar» og forsøplingssaker, ein ønskjer redegjort for finansiering før dette blir teke inn i selskapsavtalen. 5. Til § 3.3: Marin forsøpling, ein ønskjer at ÅRIM fortsett å arbeide for innsamling av marint avfall med utgangspunkt i statleg finansiering. 6. Til § 3.4: Etterdrift av avfallsanlegg, ein føresett at dette blir ei brukarfinansiert ordning. 7. Til § 7.2: Medlemmer i representantskapet, ein vil tilrå at representantskapet får ei samansetning som ikkje inneber at ein eigarkommune får fleirtal aleine. 8. Til § 14: Lik pris for like tenester, ein vil tilrå at dette viktige prinsippet blir nedfelt i selskapsavtalen. 9. Til § 14: Fakturering overførast frå kommunen til ÅRIM, ein rår frå å endre selskapsavtalen på dette punktet.
<p>Sandøy kommune</p>	<p>Vedtak i kommunestyret 7. mars 2019:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Sandøy kommune sluttar seg til forslaget i høyringsnotatet om fordeling av medlemmar i representantskapet, noko som vil gi nye Ålesund 7 av 13 medlemmar. 2. Sandøy kommune sluttar seg ikkje til forslaget om å legge inn ytterlegare oppgåver til ÅRIM som ein del av formålet i selskapsavtalen, herunder: <ol style="list-style-type: none"> 1. Innsamling, mottak og behandling av avfall fra kommunale verksemder

2. Gate- og friluftserenovasjon
3. Oppfølging av «villfyllingar» og andre forsøplingssaker.
4. Marin forsøpling
5. Etterdrift av nedlagte avfallsanlegg

Desse oppgåvene bør handterast utenom selskapsavtalen og evt. gis som eit tilbod frå ÅRIM.

1. Sandøy kommune sluttar seg ikkje til å innarbeide prinsippet om lik pris for like tenester i selskapsavtalen med mindre dette blir avgrensa til å gjelde hushaldningsrenovasjon [*presisert at dette også gjeld slam frå separate avløpsanlegg i vedlegg*].
2. Sandøy kommune sluttar seg ikkje til at fakturering og innfordring av renovasjonsgebyret blir overført til ÅRIM gjennom at dette blir innarbeidd som ein del av selskapets formål.
3. Sandøy kommune sluttar seg til å utvide selskapets låneramme til 250 mill. kroner.

Nokre fleire forslag låg i eige vedlegg til saksframlegget:

Til § 3.1

Formuleringa om eigarskap i renovasjonsforskriftene blir ikkje innarbeidd i selskapsavtalen.

Til § 3.2

Ikkje innarbeide krav om tømning av slam frå avløpsanlegg knytt til kommunalt nett.

Kommunane skal kunne ta avgjerd om kva kommunar ÅRIM skal ha næringsaktivitet i.

Til § 3.5

Stryke formuleringa om systematisk arbeid retta mot barn og unge.

Til § 15

Flytte formuleringa om felles forskrifter til eigen paragraf.

Skodje
kommune

Vedtak i formannskapet 5. mars 2019:

1. Skodje kommune sluttar seg til høyringsnotatet sitt forslag om fordeling av medlemmar i representantskapen, noko som vil gi Ålesund 7 av 13 medlemmar.

2. Skodje kommune sluttar seg ikkje til forslaget om å legge inn ytterlegare oppgåver til ÅRIM som ein del av føremålet i selskapsavtalen, herunder:

- a) Innsamling, mottak og behandling av avfall frå kommunale verksemder
- b) Gate- og friluftsenovasjon
- c) Oppfølging av «villfyllingar» og andre forsøplingssaker.
- d) Marin forsøpling
- e) Etterdrift av nedlagde avfallsanlegg

Desse oppgåvene bør handterast utanom selskapsavtalen og ev. bli gitt som eit tilbod frå ÅRIM.

3. Skodje kommune sluttar seg ikkje til å innarbeide prinsippet om lik pris for like tenester i selskapsavtalen med mindre dette blir avgrensa til å gjelde hushaldningsrenovasjon.

4. Skodje kommune sluttar seg ikkje til at fakturering og innfordring av renovasjonsgebyret blir overført til ÅRIM gjennom at dette blir innarbeidd som ein del av selskapet sitt føremål.

5. Skodje kommune sluttar seg til å utvide selskapet si låneramme til 250 mill. kroner.

Nokre fleire forslag låg i eige vedlegg til saksframlegget:

Til § 3.1

Formuleringa om eigarskap i renovasjonsforskriftene blir ikkje innarbeidd i selskapsavtalen.

Til § 3.2

Kommunane skal kunne ta avgjerd om kva kommunar ÅRIM skal ha næringsaktivitet i.

Til § 3.5

Stryke formuleringa om systematisk arbeid retta mot barn og unge.

Til § 15

Flytte formuleringa om felles forskrifter til eigen paragraf.

Stordal
kommune

Vedtak i kommunestyret 6. februar 2019:

Stordal kommune har desse innspela til ny selskapsavtale for ÅRIM:

	<ol style="list-style-type: none"> 1. Til § 3.1: Stordal kommune har binding på levering av avfall til Tafjord Kraftproduksjon gjennom avtale oppsagt 16.02.2017 med 5 års oppseiingstid. 2. Til § 3.2: At ÅRIM vil arbeide for å utvikle dette tilbudet er positivt, men ein føresett eit tilbod som er konkurransedyktig med tanke på pris og fleksibilitet. 3. Til § 3.3: Gate- og friluftsenovasjon, ein ynskjer redegjort for finansiering før dette blir teke inn i selskapsavtalen. 4. Til § 3.3: «Villfyllingar» og forsøplingssaker, ein ynskjer redegjort for finansiering før dette blir teke inn i selskapsavtalen. 5. Til § 3.3: Marin Forsøpling, ein ynskjer at ÅRIM fortsett å arbeide for innsamling av marint avfall med utgangspunkt i statleg finansiering. 6. Til § 3.4: Etterdrift av avfallsanlegg, ein føresett at dette blir ei brukarfinansiert ordning. 7. Til § 7.2: Medlemmar i representantskapet, ein vil tilrå at representantskapet får ei samansetning som ikkje inneber at ein eigarkommune får fleirtal aleine. 8. Til § 14: Lik pris for like tenester, ein vil tilrå at dette viktige prinsippet blir nedfelt i selskapsavtalen. 9. Til § 14: Fakturering overførast frå kommunen til ÅRIM, ein rår frå å endre den gamle selskapsavtalen på dette punktet.
<p>Stranda kommune</p>	<p>Vedtak i kommunestyret 15. februar 2019:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Stranda kommune sluttar seg til dei endringar som er foreslått i ny selskapsavtale for ÅRIM med unntak for: <ol style="list-style-type: none"> a. § 7.2 som omhandlar fordeling av medlemmar i representantskapet vert som i gjeldande selskapsavtale. b. § 14 sin 3. ledd som gjeld fakturering skal vere uendra slik den ligg i dagens selskapsavtale: Medlemskommunane skal krevje inn renovasjonsgebyret og gebyr for slamtøming frå dei abonnentane som går inn i den vanlege innsamlingsordninga for desse avfallstypene. Innkrevjinga kan overførast til selskapet dersom den einskile kommune ønskjer det, og selskapet seier seg viljug til å overta innkrevjinga. Desse gebyra vert fastlagde av kommunane i samsvar med lovverket for slike gebyr.
<p>Sula kommune</p>	<p>Vedtak i kommunestyret 14. februar 2019:</p> <p>Sula kommune har følgjande innspel til ny selskapsavtale:</p>

- Det vert foreslått å ta inn økonomisk best mogleg drift i selskapet sine føremål, for slik å tydeliggjere viktigheita av å drifte rasjonelt og så billig som mogleg for innbyggjarane.
- Det vert og foreslått at ein nøktern profil på marknadsføring og lokalisering skal inngå i avtalen.
- Når det gjeld innsamling av kommunal næring ønsker vi å understreke viktigheita av at ÅRIM her søker gje eigarkommunane ein pris som er konkurransedyktig og så billig som mogleg for eigarkommunane. Det er og viktig at kommunane framleis står fritt til å velje andre aktørar.
- Villfyllingar og forsøpling: Dette står utan finansiering i Sula kommune i 2019. Ein ser det som problematisk å ta dette med i avtalen utan å vite kva summar ein eventuelt forpliktar seg til å løyve til oppgåva.
- Marin forsøpling: Dette er no statleg finansiert. Når denne ordninga eventuelt tek slutt er innvendinga som for punktet over.
- Etterdrift av kommunale avfallsdeponi skal være den enkelte kommune sitt ansvar og oppgåva skal ikkje overførast til Årim.
- Det er ønskeleg at også haustmøtet i representantskapet vert tidfesta i avtalen. Gjerne med likelydande formulering som vårmøtet, forslagsvis «innan utgangen av oktober».
[Rådmannen i Sula kommune peiker i denne samanhengen også på at det i dagens selskapsavtale står at årsmøtet skal haldast innan utgangen av mai, medan regelverket seier innan utgangen av april.]
- Sula kommune ønsker budsjettet tilsendt minst 4 veker før handsaming i representantskapet slik at det kan leggast fram for formannskapet. Det er og ønskeleg med fast tertialrapportering frå selskapet, slik ein har frå kommunale einingar.
- Det er og ønskeleg å få grunnlaget til komande års renovasjons- og slamgebyr frå ÅRIM til utregninga av desse.
- Når det gjeld at ÅRIM tek over faktureringa ser ikkje Sula kommune dette som aktuelt.
- Når det gjeld lik pris for lik tenester forstår vi dette slik at det vert foreslått ein «grunnpris» frå ÅRIM med påslag eller fråtrekk for kostnader spesifikke for dei einskilde kommunane.
- Sula kommune ønsker at ÅRIM vurderer å ta over tilsyn på spreidt avlaup. Ulikt forsøpling er dette alt finansiert gjennom gebyr og ein ser det som praktisk at dei som har ansvaret for tømning og tek seg av tilsyn.

- Det er ønskeleg at utkastet til selskapsavtale vert sendt tilbake til kommunane for ei ny runde etter at alle høyringsuttalane er motteke og før endeleg vedtak.
- Gate og friluftsenovasjon skal vidareførast i kommunal regi og oppgåvene ikkje overførast til Årim.
- Årim skal søke løysningar som forenkler, men likevel kildesorterer;
 - Miljøtiltak
 - Enklere
 - færre biler

Tillegg pkt 3.7

Deltaking i andre selskap skal skje etter økonomiske kriterier. Event produksjon av biogass må vurderast på bakgrunn av konkurransevne samanlikna med andre energiarters kostpris.

Tillegg pkt. 3.8

Lokal verdiskaping og etablering av arbeidsplassar skal prioriterast.

Tillegg pkt. 3.9 § 5

Fordeling av event utbytte skal skje etter samme fordeling som eigardelen.

Tillegg pkt. 8.1

Valg av valkomite kvart andre år.

Sykkylven
kommune

Vedtak i formannskapet 18. mars 2019:

Sykkylven kommune sluttar seg til dei endringar som er foreslått i ny selskapsavtale for ÅRIM med unntak for:

a. § 7.2 som omhandlar fordeling av medlemmar i representantskapet vert som i gjeldande selskapsavtale.

b. § 14 sin 3. ledd som gjeld fakturering skal vere uendra slik den ligg i dagens selskapsavtale: Medlemskommunane skal krevje inn renovasjonsgebyret og gebyr for slamtøming frå dei abonnentane som går inn i den vanlege innsamlingsordninga for desse avfallstypene. Innkrevjinga kan overførast til selskapet dersom den einskile kommune ønskjer det, og selskapet seier seg viljug til å overta innkrevjinga. Desse gebyra vert fastlagde av kommunane i samsvar med lovverket for slike gebyr.

Eigarkommune	Fråsegn
	c. Næringsavfall skal ikkje omfattast av avtalen, jf. uttale frå Sykkylven Energi AS.
 - ▶ Kvartalsvise interne fagsamlinger med fokus på kunnskapsdeling (fra 2. kvartal)
 - ▶ Felles arbeidstidsreglement
 - ▶ Start på prosess om prinsippavklaring av samordning av avlønning

Kristiansund 22. mars 2019


27




Per Ove Dahl
styrets leder




Heidi Blakstad Dahl
styrets nestleder




Frank Sve



Anita Øyen Halås



Einar Andersen
ansattrepresentant



Veslemøy E. Ellinggard
daglig leder

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

“ Vi vil bidra til at innbyggerne i vårt distrikt får enda bedre kommuner å bo i ”

- Møre og Romsdal Revisjon IKS

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

Sak 15/2019

Representantskapet

29.04.2018

ORIENTERING OM STATUS I SAMMENSLÅINGSPROESS

Vedlagt ligger presentasjon om Nye MRR. Presentasjonen gjennomgås i møtet.

Saken fremmes med følgende innstilling til vedtak:

Presentasjonen tas til orientering



NYE MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

STATUS PER 12. APRIL 2019

Om selskapene

- ▶ Møre og Romsdal Revisjon IKS
 - ▶ Eies av 17 kommuner på Nordmøre og i Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune.
 - ▶ 17 ansatte
 - ▶ Hovedkontor i Kristiansund, avdelingskontor i Molde og 1 ansatt i Surnadal
- ▶ Kommunerevisjonsdistrikt 3 i Møre og Romsdal IKS
 - ▶ Eies av 12 kommune på nordre Sunnmøre
 - ▶ 8 ansatte
 - ▶ Kontor i Ålesund



Bakgrunn

- ▶ Kommunal sektor blir stadig mer kompleks og spesialisert på mange områder. Samtidig er det utvikling i revisjonsfaget som krever stadig høyere kompetanse.
- ▶ Det er en entydig utvikling mot større og mer robuste enheter innfor kommunal revisjon i hele landet. Dette skyldes bl.a.:
 - ▶ Sterkere fagmiljø med større muligheter for faglig spesialisering
 - ▶ Redusert sårbarhet/mer robusthet mht. vakanser, turnover og sykdom
 - ▶ Økonomiske stordriftsfordeler mht. administrasjon
- ▶ Større fleksibilitet ved kommunesammenslåinger
- ▶ Attraktivitet som arbeidsgiver

Mandat

- ▶ Representantskapene i begge selskapene ga mandat til å gå i forhandlinger om mulig sammenslåing og utnevning av forhandlingsutvalg som bestod av:
 - ▶ 3 politiske oppnevnte representanter fra hvert selskap, samt styreleder, daglig leder og ansattrepresentant fra begge selskapene
- ▶ Forhandlingsutvalget fremmet enstemmig tilrådning om sammenslåing fra 01.01.2020 og utarbeidet sammenslåingsrapport
- ▶ Tilrådning ble enstemmig vedtatt i begge representantskapene
 - ▶ Oversendelse til kommunene for vedtak om opprettelse av samvirkeforetak og oppløsning av dagens selskaper

Samvirkeforetak som selskapsform

- ▶ Samvirkeforetak er hensiktsmessig når en skal løse en oppgave i fellesskap
- ▶ Kommunene blir medlemmer med stor påvirkning og styring gjennom årsmøtet
- ▶ Lov om samvirkeforetak er fleksibel og legger til rette for skreddersydde vedtekter som sikrer politisk styring
- ▶ Det nye selskapet tar med seg det beste fra reglene for interkommunale selskaper
 - ▶ Årsmøtet vedtar budsjett, økonomiplan og strategi
- ▶ Lettere å forholde seg til for kommunene
 - ▶ Lettere å gå inn og ut av selskapet
 - ▶ Langt lettere å gjennomføre årsmøter

Eierandel og stemmerett

- ▶ Kommunenes andel i de gamle selskapene videreføres i størst mulig grad som andelsinnskudd i det nye selskapet
 - ▶ Forskuttering med tilbakebetaling fra dagens selskaper i 2020
- ▶ Stemmerett på årsmøtet basere på omsetning (honorar med selskapet)
- ▶ Ansatte overføres til nytt selskap
- ▶ Kontorutstyr overføres til nytt selskap
- ▶ Pensjonsforpliktelse for tidligere ansatte overføre til tidligere eierkommuner



Organisering

- ▶ Selskapet skal være lokalt forankret og minimum ha kontor i Kristiansund, Molde og Ålesund
- ▶ De tre by-kontorene skal ha tilnærmet likt antall ansatte over tid for å sikre nærhet til kunder/medlemmer og å ha kontor som har akseptabel størrelse mht. kompetanse
- ▶ Det skal være forvaltningsrevisorer og regnskapsrevisorer ved alle de tre kontorene.
- ▶ Hovedkontoret til dagens MRR videreføres i det nye selskapet og blir værende i Kristiansund
- ▶ Tjenester til kommunene videreføres som i dagens selskaper med klare mål om effektivisering og utvikling til det beste for kommunene
 - ▶ Fakturering iht. medgått i for alle kunder.

Status i sammenslåingsprosess

- ▶ Representantskapene i MRR og Komrev3 har enstemmig vedtak om sammenslåing fra 01.01.2020
- ▶ Behandling i kommunestyre i gang. MRR sender ut brev tidlig i mars med anmodning om behandling i kommunestyre, bystyre og fylkesting så snart som mulig for å vedta opprettelse av det nye selskapet og å velge representanter til stiftelsesmøte
- ▶ Etter vedtak blir det avholdt stiftelsesmøtet for det nye Møre og Romsdal Revisjon SA (samvirkelagsmodell). Dato for stiftelsesmøtet blir trolig **17. juni i Alesund** i forbindelse med fylkestingsmøte.
- ▶ I etterkant av stiftelsesmøtet kommer saken til kontrollutvalget for innstilling på valg av revisjonsselskap og det nye selskapet velges formelt av kommunestyret.
- ▶ Noen kommuner og fylkeskommunen har valgt å kun behandle saken i kommunestyret/fylkestinget én gang.
 - ▶ Da går saken først til kontrollutvalget som innstiller på valg av revisor.
 - ▶ Deretter behandling i kommunestyre/fylkesting med vedta opprettelse og deretter valg av det nye selskapet under forutsetning av at de blir stiftet.

Om Møre og Romsdal Revisjon SA

9



25 ansatte med høy kompetanse


Kontor i Kristiansund, Ålesund, Molde og en ansatt i Surnadal.

Et betydelig kompetansemiljø i Møre og Romsdal.



Representerer 219 000 innbyggere

Nye Ålesund kommune, nye Molde kommune, Hustadvika kommune sammen med 19 andre kommuner, samt Møre og Romsdal fylkeskommune



Estimert omsetning på om lag MNOK 30

Regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, attestasjoner og rådgivning

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

Våre tjenester

- ▶ Vi skal dekke eierkommunenes totale behov for revisjonstjenester:
 - ▶ Regnskapsrevisjon
 - ▶ Forvaltningsrevisjon
 - ▶ Selskapskontroll og selskapsgjennomganger
 - ▶ Attestasjoner og bekreftelser
 - ▶ Rådgivning
- ▶ Revisjon av andre oppdrag
 - ▶ Kommunale foretak (KF), interkommunale foretak (IKS), kirkelige fellesråd og menighetsråd, kommunalt styrte legater og stiftelser, samt fjellstyrer

Vår kompetanse

- ▶ Vi kjenner kommunene våre og kommunal sektor godt
- ▶ Vi har et bredt fagmiljø som består av:
 - ▶ Statsautoriserte revisorer
 - ▶ Registrerte revisorer
 - ▶ Samfunnsvitere
 - ▶ Statsvitere
 - ▶ Diplomert internrevisor
 - ▶ Jurist m.m.



“ Vi vil bidra til at innbyggerne i vårt distrikt får enda bedre kommuner å bo i ”

- Møre og Romsdal Revisjon IKS

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

PROTOKOLL

STYRE/RÅD/UTVALG:	MØTESTED:	MØTEDATO:	KL.:
Representantskapsmøte	Kristiansund	29.04.2019	10-11.00

Sak 7/2019: Åpning av møtet

Leder i representantskapet Egil Strand ønsket velkommen.

Sak 8/2019: Registrering av deltakere/konstituering

Medlem	Vara	Kommune	Tilstede	Ikke tilstede	Vara	Andel av kapital
Jon Aasen	Gunn Berit Gjerde	Møre og Romsdal Fylke	X			30,5 %
Kjell Terje Fevåg	Ragnhild Helseth	Kristiansund	X			12,1 %
Torgeir Dahl	Sidsel Rykhus	Molde	X			12,1 %
Tove Henøen	Jan Arve Dyrnes	Fræna	X			4,6 %
Geir Inge Lien	Randi Berundhaugen	Vestnes		X		3,8 %
Janne Merete Seljebø	Ståle Refstie	Sunndal	X			3,8 %
Lars Olav Hustad	Arne Hop	Rauma		X		3,8 %
Lilly Gunn Nyheim	Marit Granhus Langli	Surnadal		X		3,8 %
Ingrid O. Rangønes	Ann-Kristin Sørvik	Averøy		X		3,6 %
Bernhard Riksfjord	Helge Kjøll jr	Aukra		X		3,0 %
Ingunn Golmen	Hanne Berit Brekken	Aure			X	3,0 %
Peder Hanem Aasprang	Torill Kværnø	Tingvoll	X			3,0 %
Egil Strand	Birgit Dyrhaug	Eide	X			2,3 %
Knut Sjømæling	Jan Karstein Schølberg	Gjemnes	X			2,3 %
Ola T. Heggem	Magnar Dalsegg	Rindal		X		2,3 %
Roger Osen	Ingrid Rødahl Junge	Smøla		X		2,3 %
Rolf Jonas Hurlen	Edmund Morewood	Neset		X		2,3 %
Ola Rognskog	Ellbjørg Reiten	Halsa		X		1,5 %

Fra styret: ~~Styrets leder Per Ove Dahl~~

Fra administrasjonen: Daglig leder Veslemøy E. Ellinggard

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

Sak 9/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste ble enstemmig godkjent.

Sak 10/2019: Valg av møteleder og møtesekretær

Møteleder Egil Strand og møtesekretær Veslemøy Ellinggard ble enstemmig valgt

Sak 11/2019: Valg av to representanter til å underskrive møteprotokollen sammen med møteleder

*Tove Hensøen og Peder Hanem Aasprang
ble enstemmig valgt*

Sak 12/2019: Godkjenning av årsregnskapet og styrets årsberetning

Årsregnskapet med styrets årsberetning godkjennes.

Sak 13/2019: Åpenhetsrapport 2018

Åpenhetsrapporten tas til orientering

Sak 14/2019: Orientering om status i sammenslåingsprosess

Presentasjonen tas til orientering

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS


Eventuelt:

Ingen saker.



Leder i representantskapet Egil Strand avsluttet møtet.

Vi bekrefter med våre underskrifter at protokollen er i samsvar med det som ble bestemt på møtet.

Kristiansund N, 29.04.2019



Egil Strand



Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
Rådhusplassen 1
6413 Molde

6.3.2019

Til Forum for kontroll og tilsyn

Høringsuttalelse til ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal gjorde i styremøte 27.2.2019, sak 05/19, følgende vedtak:

Styret gir fullmakt til daglig leder, i samråd med styreleder, å utforme høringssvar til ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift, samt veileder – kontrollutvalgets påse-ansvar overfor regnskapsrevisor.

Styret støtter at det ikke gjentas i forskriften de forhold som er løftet inn i loven.

Styret vil understreke at det er viktig å beholde bestemmelsen om at revisor må levere en erklæring om uavhengighet til kontrollutvalget. Dette sikrer en del av kontrollutvalgets påse-ansvar. Men det er tilstrekkelig at det er daglig leder i revisjonsselskapet som leverer erklæringen, på vegne av alle revisors medarbeidere.

Vi støtter at det oppheves bestemmelsene som omtalt i kapittel 5.

Stig Holmstrøm (s)
styreleder Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

HØRING NY FORSKRIFT

OM KONTROLLUTVALG OG REVISJON

INNLEDNING

Notatet gjelder forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

GENERELLE KOMMENTARER

Vi vil innledningsvis peke på at det er en fordel at bestemmelsene samles i en forskrift i stedet for to, slik som tidligere.

Det er positivt at kontrollutvalgets rolle i å fastsette hvordan eierskapskontroll skal rapporteres, blir fjernet. Det harmonerer godt med at eierskapskontrollen blir en revisjonsoppgave som reguleres av god kommunal revisjonsskikk.

I gjeldende forskrift om kontrollutvalg § 10 står følgende i merknad til bestemmelsen:
«Kontrollutvalget står fritt med hensyn til hvem som skal utføre denne analysen. Det kan være kontrollutvalgets sekretariat, kommunens/fylkeskommunens revisor, eller andre».

Forslag til ny forskrift om kontrollutvalg og revisjon tydeliggjør ikke kontrollutvalgets og/eller revisors ansvar og oppgaver knyttet til helhetlig risiko og vesentlighetsvurdering (overordnet analyse). Heller ikke ny kommunelov er tydelig på dette. Vi mener at det er nødvendig at ansvaret for helhetlig risiko – og vesentlighetsvurdering tydeliggjøres, og at det går klart fram at denne oppgaven kan gjøres av både sekretariatet, revisjonen og andre, alt etter hva som kontrollutvalget finner hensiktsmessig.

Vi mener også på generelt grunnlag at forskriften i større grad bør avklare henholdsvis revisors og kontrollutvalgets ansvar og oppgaver knyttet til forvaltningsrevisjon på samme måte som kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon defineres i forslag til forskrift § 3.

Lovens § 24-2 slår fast at revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk. Dette må tolkes som at det er revisors ansvar å utforme problemstillinger, revisjonskriterier, foreta valg av metode etc på en slik måte at forvaltningsrevisjon tilfredsstiller lovkrav og krav i henhold til god kommunal revisjonsskikk.

I loven defineres forvaltningsrevisjon inn under kontrollutvalgets virksomhet (§ 23-3). Vi mener at det kan være et behov for å fjerne enhver tvil om at planleggingen og gjennomføringen av forvaltningsrevisjon på en faglig forsvarlig måte er revisors ansvar. Hvis ikke det framgår eksplisitt, så ser vi en viss fare for kontrollutvalget og deres sekretariat påberoper seg myndighet til å instruere revisor i valg av revisjonskriterier, metoder og andre føringer som gjelder den faglige utførelsen av forvaltningsrevisjon.

KRAV TIL GJENNOMFØRING AV FORVALTNINGSREVISJON

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

Kravet til at det skal gjennomføres forvaltningsrevisjon er svekket eller utydeliggjort i ny lov og i forslaget til forskrift. Dette er uheldig, og er i dårlig harmoni med de føringene som gis for forvaltningsrevisjon i lovforarbeidene.

Å fjerne kravet om at det skal gjennomføres forvaltningsrevisjon er heller ikke i samsvar med kravet om at det skal utarbeides en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Vi mener at det i forskriften bør formuleres en plikt for kontrollutvalget til å påse at det gjennomføres forvaltningsrevisjon i samsvar med plan eller i et omfang som står i forhold til kommunens risikoforhold.

REVISJONSKRITERIER

Kravet til revisjonskriterier er tatt ut av regelverket.

Revisjonskriterier er et grunnleggende kjennetegn ved forvaltningsrevisjon, og det bør være lovregulert. Revisjonskriteriene bidrar til å sikre forvaltningsrevisjonen legitimitet, objektivitet og ikke minst vil beskrivelse av kilder og utledning av kriterier i rapporten være et viktig bidrag til læring. Praksisen for beskrivelse og utledning av revisjonskriterier varierer, selv om det i dag både er et lovkrav og et krav etter standarden. Kravet til revisjonskriterier kan fortsatt ivaretas innenfor standardverket for god kommunal revisjonsskikk, men det vil ha en helt annen tyngde enn om det er lovfestet.

Det kan argumenteres for at kravet til å etablere revisjonskriterier ivaretas av lovens henvisning til god kommunal revisjonsskikk. Etter vårt syn er dette i beste fall en svekkelse av kravet.

Vi mener derfor at kravet om revisjonskriterier ved forvaltningsrevisjon bør tas inn i forskriften på linje med reglene om revisors plikt til å sikre uttalerett for kommunedirektør m.fl.

KOMPETANSEKRAV

Krav om kompetanse for forvaltningsrevisor er i liten grad berørt. Dette mener vi er uheldig. Gjennom RSK 001 og God kommunal revisjonsskikk stilles det krav til faglig forsvarlighet. Et slikt krav bør ses i lys av krav som stilles til den som utfører forvaltningsrevisjon. Ser vi manglende kompetansekrav i sammenheng med intensjonen om at forvaltningsrevisjon skal være knyttet til læring, vil det være vanskelig å se bort fra at det bør stilles kompetansekrav også til forvaltningsrevisor. Et annet argument er at forvaltningsrevisjon i stor grad hviler på metodekompetanse, samtidig som det forutsettes at det skal kunne gjennomføres analyser og skriftlig presentasjon.

Vi mener derfor det vil være fornuftig å videreføre dagens krav på området.

Kvalitetskontroll oppfattes i stor grad å være overlatt til bransjen selv. NKRF gjennomfører i dag kvalitetskontroll hos sine medlemmer. Dette vil kunne bety at vi ikke kan si noe om kvalitet på forvaltningsrevisjon som er gjennomført av enheter som står utenfor NKRF.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

Det er vår oppfatning at manglende lovbestemt krav til at det skal etableres revisjonskriterier, svekkelse av kravet til at det skal gjennomføres forvaltningsrevisjon og ikke obligatorisk kvalitetskontroll vil svekke forvaltningsrevisjon som kontrollform, totalt sett.

TIL PARAGRAFENE

Til § 1:

Det er positivt at departementet understreker at KU og forvaltningsrevisjon også favner politiske utvalgs myndighetsutøvelse, jf. s. 7 i høringsnotatet.

Til § 2:

Begrepet «kontrollarbeidet» er mer dekkende sammenlignet med begrepene i stedet for «kontroll- og tilsynsarbeidet» eller «revisjonsarbeidet»

Til § 4:

Det er positivt at det tydeliggjøres at alle rapporter skal legges fram for kommunestyret. Vi er enig i at det har betydning for læring. Det bør kanskje åpnes tydelig for at kommunestyret kan fastsette i reglement eller liknende at rapportene kan behandles i hovedutvalg evt før de kommer til kommunestyret. Behandling i det aktuelle hovedutvalget i tillegg til behandlingen i kommunestyret, vil i mange tilfeller sikre en grundigere behandling av forvaltningsrevisjonsrapporten, og det vil ofte styrke læringseffekten.

Til § 5:

Oppfølging av kommunestyrets vedtak om rapportene er viktig. Ofte inneholder ikke vedtakene rapporteringskrav, uten at det er et bevisst valg. I slike tilfeller vil det ikke skje noen oppfølging av kommunestyrets vedtak. Det er derfor positivt at dette kommer inn som en lovbestemt plikt. Oppfølging kan skje på mange måter. Det er stor forskjell på den informasjonen kontrollutvalget får muntlig i et møte fra rådmann og den informasjonen de får gjennom en oppfølgingsrevisjon, og det er stor forskjell på hvilke ressurser som skal til for slik rapportering. Behovet vil også variere. Det er derfor ikke grunn til å regulere hva slags oppfølging som kreves. Men det bør være et krav om at det minimum skal rapporteres skriftlig til kontrollutvalget, slik at det er dokumentert for ettertiden hva som er rapportert.

At KU skal rapportere om sin oppfølging til kommunestyret bidrar til å styrke oppfølgingen, og sikre at den blir dokumentert og konkretisert.

Til § 6:

Innkalling til kommunens oppdragsansvarlige revisorer er en upraktisk formulering, som i mange tilfeller er vanskelig å gjennomføre når det gjelder oppdragsansvarlig for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Innen forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll kan det variere hvem som er

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

oppdragsansvarlig alt etter hvilke oppdrag som er eller skal i gang for den enkelte kommune. En alternativ formulering kan være at innkalling skal sendes til «kommunens valgte revisor».

Til § 8:

Det drøftes og fastslås revisjonsplikt for kommunenes og fylkeskommunens regnskap, uten at tilsvarende plikt for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll defineres. Plikt til gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll bør sidestilles med revisjonsplikt for regnskap. Se også egen kommentar ovenfor.

Det samme gjelder utdanningskrav. Paragrafen peker på kompetansekrav til oppdragsansvarlig for revisjon av årsregnskap uten at det stilles tilsvarende krav til oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor. Det er forståelig at det ikke kan stilles spesifikke utdanningskrav, men det er vår oppfatning at det kan stilles kvalitative krav om at oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor må ha tilstrekkelig kompetanse å utføre forsvarlig revisjon i samsvar med gjeldende revisjonsmetodikk. Se også egen kommentar ovenfor.

Til § 9:

Vi finner grunn til å stille spørsmål om hva betydningen av at det skal utpekes oppdragsansvarlig for hvert oppdrag og betyr innenfor forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Ordlyden legger opp til unødig byråkratiserende regulering, særlig hvis uavhengigheten skal dokumenteres overfor kontrollutvalget for hvert oppdrag. Det bør avklares hva man mener med «et oppdrag». Ordlyden bør åpne for mer fleksible måter å organisere virksomheten på, eksempelvis at alle oppdrag skal ha en utpekt oppdragsansvarlig. Da kan den oppdragsansvarlige utpekes samlet for mange oppdrag.

Til § 12:

Det er positivt at overføringsregelen dekker alle revisjonsoppdrag, og ikke er knyttet til kommuneoppdragene alene.

Til § 13:

Det framgår av høringsnotatet at bestemmelsen bygger på kommuneloven § 23-5. De to bestemmelsene sett i sammenheng kan innebære at kommunedirektøren har uttalerett to ganger: først ved revisors utarbeidelse av rapporten, og deretter til sekretariatets saksframlegg for kontrollutvalget. En slik dobbel uttalerett kan virke forsinkende på saksgangen. Det bør derfor klargjøres at disse reglene ikke gir uttalerett i to omganger til samme sak.

Vi vil ellers peke på at høringsreglene ved eierskapskontroll etter sin ordlyd er lite fleksible. Regelen passer på en eierskapskontroll som er rettet mot eierskapsutøvelsen i ett selskap, og der det er en eierrepresentant, f.eks. ordfører. Eierskapskontroller utføres ikke alltid slik. For det første kan det være mange utøvere av kommunens eierfunksjon, enten ved at formannskapet er generalforsamling, eller ved at det er flere representanter som er valgt til eierorganet i et IKS. Det kan også være flere selskap som er omfattet av en eierskapskontroll. Videre har ofte kommunens administrasjon oppgaver knyttet til å utøve kommunens eierfunksjon, gjennom oppfølging av eierskapsmelding,

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

kontakt med selskapene, saksforberedelse av politisk behandling av eiersaker. Disse oppgavene er ofte definert i kommunens eierskapsmelding. I så fall er kommunedirektøren den naturlige høringspart, og ikke den aktuelle saksbehandler som utøver oppgaven.

Bestemmelsen handler om at revisor har plikt til å sende rapportutkast til uttalelse, og at uttalelsene skal framgå av rapporten. Dermed er dette en regulering av revisors arbeid. Systematisk hører denne bestemmelsen derfor naturlig hjemme i kapittel 3. Krav til revisor og revisors medarbeidere.

Til § 14:

Ingen kommentar

Til § 15:

Ingen kommentar

Til § 16 c:

Ingen kommentar

Til § 17:

Departementet ber særlig om en uttalelse til denne paragrafen. Ut fra ordningen i større interkommunale enheter, er bestemmelsen tungvint og uklar. Den henger dårlig sammen med kravet om å oppnevne en oppdragsansvarlig for hvert oppdrag, jf. ordlyden i § 9. Det framgår av forslaget at f.eks. daglig leder skal gi en egenvurdering til kontrollutvalget om revisjonens (selskapets?) uavhengighet. En slik overordnet vurdering må bli svært generell og ha liten verdi, og det kan stilles spørsmål om hvordan skal den formuleres. En slik vurdering kan kanskje passe for regnskapsrevisjon, der det settes sammen et team for året, men er utfordrende når det gjelder forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Normalt vet en hvem som er oppdragsansvarlig, men ikke hvilke medarbeidere som skal delta i ulike oppdrag i løpet av året. Dermed kan ikke en slik erklæring være konkret og den kan ikke handle om faktisk uavhengighet. På denne måten har den liten verdi.

Vi kan peker på to alternative forslag:

Alt 1: Man kan i stedet gi en erklæring om at uavhengigheten vil bli vurdert og kan dokumenteres for hvert oppdrag, slik at kontrollutvalget kan etterspørre den dokumentasjonen som et ledd i sitt tilsyn med revisor.

Alt 2: Oppdragsansvarlig kan avgi egenvurdering av uavhengighet og en erklæring om at man vil sikre egen og medarbeideres uavhengighet i alle oppdrag. Denne vurderingen og erklæringen kan avgis årlig.

Til § 18 og 19:

Ingen kommentar.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

NOTAT TIL KONTROLLUTVALGENE

Kristiansund, 26.04.2019

TEMA: FORVALTNINGSREVISJON/UNDERSØKELSE AV KOMMUNENS BYGGESAKSGEBYR.

Møre og Romsdal revisjon IKS har gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt innen byggesaksbehandling i flere kommuner i løpet av vinteren og våren 2019. Dette er rapporter som har blant annet omhandlet de aktuelle kommunenes overholdelse av enkelte lovkrav vedrørende byggesaksbehandling og om kommunen har sikret sin byggesaksbehandling med nødvendige systemer og rutiner for en effektiv og god saksbehandling.

De gjennomførte forvaltningsrevisjonene har ikke omhandlet byggesaksgebyr. Det har vært mange oppslag om byggesaksgebyrer i mediene den siste tiden, der det er påvist store prisforskjeller mellom kommunene. Byggesaksgebyrene tilhører selvkostområdet i den enkelte kommune.

Våre erfaringer fra de gjennomførte forvaltningsrevisjonene tilsier at byggesaksgebyr bør være et interessant tema for kontrollutvalgene å se nærmere på. Vår tanke er at temaet byggesaksgebyr kan gjennomføres som enkeltstående prosjekt bestilt for den enkelte kommune, samtidig som temaet i tillegg egner seg godt som et sammenligningsprosjekt som kan gjennomføres for alle eller for noen kommuner i revisjonsdistriktet.

Vi ønsker å orientere kontrollutvalgene om at vi kan gjennomføre en mindre forvaltningsrevisjon eller en undersøkelse på dette området forutsatt at kontrollutvalgene foretar en bestilling innenfor temaet. En slik rapport vil blant annet inneholde en gjennomgang av det beregningsgrunnlaget som ligger til grunn for den enkelte kommunes gebyrfastsettelse innenfor byggesak, noe som vil gjøre det mulig å foreta en sammenligning kommunene mellom. Vi tror det vil være mulig å gjennomføre en slik undersøkelse på omtrent 100 timer som et foreløpig estimat.

Vi ønsker at kontrollutvalgene tar dette notatet opp til vurdering og foretar en eventuell bestilling.

Vennlig hilsen

Møre og Romsdal Revisjon IKS

Marianne Hopmark

Fagansvarlig forvaltningsrevisjon



VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2019-1535/02
Arkiv: 216
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 29.4.2019

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 13/19	Kontrollutvalet	7.5.2019

REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON ÅRSOPPGJER 2018

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå årsoppgjeret 2018 til orientering.

Kontrollutvalet ber revisjonen melde tilbake til kontrollutvalet om merknadar og forslag til forbetringar blir følgt opp av administrasjonen.

Bakgrunn for saka

Med heimel i kommunelova § 77 nr. 4, skal kontrollutvalet påsjå at kommunen sitt årsrekneskap blir revidert på en trygg måte, under dette å halde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påsjå at det skjer i samsvar med dei reglar som følgjer av lov og forskrift. Dette skjer bl.a. ved at revisor melder om sitt arbeid til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har fått følgjande orienteringar frå oppdragsansvarlig revisor:

- Kommunikasjons-/revisjonsplan 2018 i møte 24.09.18, sak 24/18.
- Interimsrapport rekneskapsrevisjon – revisjonsåret 2018 i møte 12.02.19, sak 05/19.

Etter oppdragsavtalen som er inngått mellom kontrollutvalet og Møre og Romsdal Revisjon IKS, skal revisjonen også rapportere til kontrollutvalet etter utført årsoppgjersrevisjon.

VURDERING

Revisjonen har no avslutta sin revisjon av årsrekneskapet til Vestnes kommune for rekneskapsåret 2018. Revisjonen har utarbeida ei revisjonsberetning datert 11.4.2019. Revisjonen har gjennom sitt revisjonsarbeid observert forbettringsområder, som ikkje har innverknad på revisjonsberetninga. Revisjonen vil i dette møte orientere om utført revisjonsarbeid og summere opp forbettringspunkt og merknader.

Kontrollutvalet må i det vidare arbeidet sjå til at revisor sine merknadar og forslag til forbetringar blir følgt opp av administrasjonen.

Jane Anita Aspen
daglig leder



VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2019-1535/02
Arkiv: 210 &13
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 29.4.2019

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 14/19	Kontrollutvalet	7.5.2019

VESTNES KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2018

Sekretariatet sitt forslag til fråsegn

Kontrollutvalet har i møte 7.5.2019, sak 14/19, handsama Vestnes kommune sin årsrekneskap for 2018.

Grunnlaget for handsaminga har vore årsrapport 2018, inkludert årsrekneskapen for 2018, revisjonsmelding av 11. april 2019. I tillegg har revisjonen og administrasjonssjef/økonomisjef supplert utvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Årsrekneskapen inneheld dei oppstillingane som lovkrava seier at rekneskapen skal innehalde. Årsrekneskapen er avlagt innan fristen, som etter forskrifta er 15.2.

Vestnes kommune sin rekneskap for 2018 viser kr 476 518 247.- til fordeling til drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 615 589.-. Netto driftsresultat er kr 6 970 702.-. Avsett til disposisjonsfond er kr 8 763 716.-.

Kontrollutvalet har merka seg at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er på 1,4 % og ligg godt under fylkesmannen sitt måltal på 1,75 %. Disposisjonsfondet er på berre 1,8 % av brutto driftsinntekter. Fylkesmannen sitt måltal er på minimum 4 %. Kommunen står føre fleire store investeringar, og for å kunne takle ei auke i lånerente er det viktig at kommunen har ein god margin å gå på i netto driftsresultat og også ein buffer i eit disposisjonsfond.

Driftsbudsjettet til Vestnes for 2018 går ikkje i null, slik det skal. Det viser 548 000,- i rekneskapsmessig mindreforbruk.

Kontrollutvalet har merka seg at investeringsrekneskapen er avslutta med 27,1 mill. kroner i u-dekka midlar.

Etter revisjonen si vurdering er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrifter. Årsrekneskapen gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stilling per 31.12.2018, og av resultatet for rekneskapsåret.

Etter utvalet sin gjennomgang av rekneskap, årsmelding og revisor si melding, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen gjev eit forsvarleg uttrykk for resultatet av Vestnes kommune si verksemd og for kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.2018.

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen for Vestnes kommune for 2018 slik den er avlagt.

Bakgrunn for saka

Etter lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 77 nr 4 skal kontrollutvalet

”påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.”

Med heimel i lovreglane har Kommunaldepartementet gitt Forskrift 15.juni 2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalsforskrifta) kor kontrollutvalet sine oppgaver i samband med rekneskapsrevisjon kjem fram av kapittel 4.

Det følgjer av forskrifta § 7 at kontrollutvalet skal gje fråsegn om årsrekneskapen før det vert vedteke av kommunestyret. Fråsegna vert gjeve til kommunestyret med kopi til formannskapet og følgjer formannskapet si handsaming og tilråding om årsrekneskapen til kommunestyret.

Vedlagt følgjer:

- Vestnes kommune – Årsrapport 2018
- Revisjonsmelding, datert 11. april 2019

VURDERING

Grunnlaget for handsaminga har vore Årsrapport 2018, inkludert årsrekneskapen for 2018, samt revisjonsmelding av 11. april 2019.

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 1 615 589.-. Netto driftsresultat er kr 6 907 702.-.

Nøkre nøkkeltal

*Tala er frå foreløpige KOSTRA-tal

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2018*	2017	2016	Fylkesmannen sitt måltal
Vestnes kommune	1,4	0,9	0,5	1,75

Dette viser andelen av driftsinntektene som ikkje er brukt i drifta. Tala viser at kommunen ligg under fylkesmannen sitt måltal på 1,75%

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	2018*	2017	2016	Fylkesmannen sitt måltal
Vestnes kommune	1,8	0,8	0,3	Minimum 4 %

Kommunen treng eit disposisjonsfond av ein viss størrelse for å møte uføresette utgifter og svikt i dei frie inntektene. Sjølv om Vestnes kommune sitt disposisjonsfond ligg under fylkesmannen sitt måltal, så er det ei positiv utvikling.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter for kommunekonsern	2018*	2017	2016	Fylkesmannen sitt måltal
Vestnes kommune	65,0	58,5	55,3	50 %

Dette nøkkeltalet seier noko om kommunen si fordeling mellom gjeld og eigenkapital. Lånegjelda til Vestnes er lågare enn fylkes- og landssnittet, sjølv om det er høgare enn fylkesmannen sitt måltal. For å kunne takle ei auke i lånerente er det viktig at kommunen har ein god margin å gå på i netto driftsresultat og også ein buffer i eit disposisjonsfond. Med store investeringar som står for tur, så vil dette vere viktig.

Premieavvik er differansen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad. Akkumulert premieavvik pr. 31.12.2018 utgjør kr 61 995 150,-. Årets rekneskapsføring av premieavvik og amortisert premieavvik har ført til ei netto inntekt på 3,1 mill. kroner. Amortisering betyr at ein fordeler premieavviket over fleire år.

Investeringsrekneskapen viser at det var unytta løyvingar på 19,3 mill. kroner, samstundes som det var ein sum på 27,1 mill. kroner som ikkje var finansiert pr. 31.12.2018.

Driftsbudsjettet til Vestnes for 2018 går ikkje i null, slik det skal. Det viser 548 000,- i rekneskapsmessig mindreforbruk.

Årsrekneskapen til Vestnes er blitt mykje meir oversiktleg og leseleg. Bra at det er kome kolonne i rekneskapen der det vert vist til notenummer.

Ut frå det sekretariatet kan sjå, så ser det ut til at administrasjonen har tatt tak i dei tilbakemeldingane revisjonen gav knytt til årsrekneskapen 2017.


Sekretariatet gjer merksam på at årsrapport 2018 også inneheld finans- og geldsrapport. Rapporten inneheld oversikt over lån og utvikling av lånegjeld, men inneheld ikkje oversikt over finansforvaltninga slik forskrifta krev at slik rapportering skal gjere.

Tidlegare år har kontrollutvalet, saman med revisjonsmeldinga, motteke eit brev der revisjonen har kome med kommentarar til rekneskapen som ikkje kjem fram av revisjonsmeldinga. Grunna at revisjonen ikkje har fått gjennomgått denne informasjonen med administrasjonen, så vil utvalsmedlemmene få tilsendt revisjonen sin presentasjonen i etterkant av møte. Revisor vil i møte presentere informasjonen for kontrollutvalet.

Dersom gjennomgangen i møtet bring fram nye opplysningar, kan det gjerast endring i forhold til utkast til fråsegn.

Administrasjonssjefen si årsmelding 2018 vil utvalet få utdelt i trykt utgåve i møte.

Jane Anita Aspen
daglig leder



Vestnes kommune



Årsrapport 2018



midt i blinken

Innhald

Side	4		Innleiing ved administrasjonssjefen
Side	5		Organisasjonskart
Side	6	Kap 1	Vestnes kommune som arbeidsgjevar
Side	14	Kap 2	Digitalisering av verksemda
Side	17	Kap 3	Sentraladministrasjonen
Side	20	Kap 4	Barnehagane
Side	30	Kap 5	Grunnskulen
Side	38	Kap 6	Barn, ungdom og familie (BUF)
Side	48	Kap 7	Eining for kvalifisering og integrering
Side	53	Kap 8	Kultur og fritid
Side	64	Kap 9	Helse, omsorg og velferd
Side	76	Kap 10	Bu- og habiliteringstenestene
Side	89	Kap 11	Tekniske tenester
Side	95	Kap 12	Eigedomsdrift
Side	105	Kap 13	Politisk verksemd
Side	111	Kap 14	Økonomi med rekneskapskommentarar
Side	124		Årsrekneskap 2018

Innleiing ved administrasjonssjefen

Vestnes kommune sine mange flinke fagfolk og leiarar har mykje å formidle frå verksemda gjennom eit år! Dette gjer at omfanget på årsrapporten er vanskeleg å avgrense. Vi ventar difor ikkje at kommunestyrerepresentantane les rapporten frå første til siste side. Vi vonar heller at årsrapporten blir nytta til oppslag gjennom heile året! I årsrapporten finn lesaren førstehands kunnskap om alt frå organisering, drift og økonomi, til digitalisering og andre faglege og strukturelle utfordringar vi står overfor. Her kan du få god innsikt i kva type tenester kommunen leverer og kva vi fekk gjennomført i 2018.

Digitalisering er teke inn som eit eige kapittel 2 i denne årsrapporten. Den digitale utviklinga går svært fort og krev endringar på alle nivå i organisasjonen og i alle sektorar. Ei av utfordringane vi ser tydeleg, er at digitalisering kan innebære pukkeleffektar med ekstra arbeid og ekstra utgifter i ein periode. Kravet til opplæring og tidsbruk ved implementering kan lett bli undervurdert.

Det siste heile året i denne kommunestyreperioden er over. Det har vore stor politisk aktivitet. Oversikt over dette er gitt i eige kapittel i årsrapporten. I politikken går åra over i kvarandre, og vi hugsar ikkje heilt kva år ulike hendingar og saker er knytt til. Vi prøver å gi ei forenkla oversikt over dei største sakene i kap 13.

Forsida i denne årsrapporten er knytt til to av investeringsprosjekta som vart ferdige i 2018. Det største prosjektet dei siste åra er renovering av Tomrefjord Idrettsbygg. Renoveringa tok til i oktober 2017. Byggeperioden vart til dels krevjande med ein god del endringsarbeid. Det var stor glede då bygget endeleg stod ferdig og Vestnes kunne ta over bygget frå vår hovudentreprenør Veidekke 1. november 2018.


Idrettslag og tilsette frå kommunen bidrog til å få idrettsbygget klart til den offisielle opninga av det nyrenoverte bygget den 24. november. Mange møtte til opninga som vart høgtideleg gjennomført av ordførar Geir Inge Lien.

Sjøfronten var ferdig i mai 2018 og opna med eit flott arrangement den 29 september 2018. Trass i noko ruskete vær var det møtt fram mange som ville ta del i opninga, der heile arrangementet hadde fått eit maritimt preg. Fylkesvaraordførar Gunn Berit Gjerde klypte snora saman med ordførar Geir Inge Lien og Kornelia Rødal Tomren, noko som symboliserte det gode samarbeidet mellom fylkeskommune, kommune og næringsliv/ private aktørar.


I kap 13 har vi gjort greie for rekneskapan for 2018. Netto driftsresultat 2018 vart på Kr 6 970 702,-. Dette kan vi no sette av i eit driftsfond for å sikre kommunen ein økonomisk buffer. Overskotet vart nok sikra grunna meirinntekter frå Havbruksfond og skatt. Trass iherdig innsats for halde budsjettet, vart det likevel noko meirforbruk på drifta.

Vi i administrasjonen takkar Vestnes kommune sine politikarar for eit godt samarbeid i 2018!

Vestnes, 25.mars 2018


Tone Roaldsnes
administrasjonssjef

Vestnes kommune - organisering



Kap 1 Vestnes kommune som arbeidsgjevar

Visjon:

- Vestnes kommune er ein arbeidsgjevar som er «midt i blinken» for tilsette som vil arbeide i ein framtidretta og utviklingsorientert organisasjon.
- I Vestnes kommune tek medarbeidarar og leiarar eit felles ansvar for å skape gode og effektive arbeidsplassar.

1.1 IA avtalen

Vestnes kommune er ei IA-verksemd. Dette inneber at kommunen har plikter og rettar etter IA-avtalen og har tilgang på ordningar og tiltak som tilrettelegging, eigen IA-kontakt og økonomisk støtte frå NAV. Inkluderande arbeidsliv skal bidra til å førebygge sjukefråvær og hindre fråfall gjennom å bidra til at tilsette med redusert arbeidsevne kan bli verande i arbeid. Samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv bygger på IA-avtalen for 2014 – 2018. Dette er siste året IA-avtalen er gjeldande slik vi kjenner avtalen i dag. Ny avtale er gjeldande frå 1.januar 2019.

Vestnes kommune har dei seinare åra arbeidd systematisk med å redusere sjukefråværet. Det totale sjukefråværet for heile kommunen var på 8,9 % i 2018. Sjukefråværet i 2017 var også på 8,9 % mot 10,3 % i 2016. I 2018 har Vestnes kommune delteke i prosjektet «*NED med sjukefråværet*» i samarbeid med KS og NAV. Prosjektet vil halde fram også i 2019.

Både på det administrative og politiske nivået er det eit sterkt fokus på tiltak som kan redusere fråværet.

1.2 Sjukefråvær, -oppfølging av sjukmeldte

Dei tre delmåla i IA-avtalen for perioden 2014 – 2018 er:

1. Reduksjon av sjukefråvær
2. Personar med redusert funksjonsevne
3. Avgangsalder.

I mål- og handlingsplan for 2018 har Vestnes kommune fokusert på delmål 1 sjukefråvær. Dei andre delmåla er integrert i tilrettelegging for tilsette med nedsett funksjonsevne, samt tilrettelegging grunna alder.

Det totale sjukefråværet har gått ned frå 10,3 % i 2016 til 8,9 % i 2017 og 8,9 % i 2018. Det er framleis store variasjonar mellom einingar, men vi ser at fleire av einingane har hatt ein merkbar nedgang i sjukefråværet i 2017 som er stabilisert i 2018. Det er barnehagane og delar av helse og omsorg som trekker opp fråværsprosenten, noko som er ein gjennomgåande trend i kommunal sektor. Det vert spesielt arbeidd med desse einingane.

Sjukefråvær 2018

Einingar med mindre enn 10 tilsette er samla (små einingar kan ha høg fråværsprosent dersom t.d. èin tilsett er i langtidsfråvær).

Fråværsprosent 2013	Fråværsprosent 2014	Fråværsprosent 2015	Fråværsprosent 2016	Fråværsprosent 2017	Fråværsprosent 2018
9,8	9,9	9,7	10,3	8,9	8,9

Totalt for kommunen	Eigenmeldt sjukefråvær	Legemeldt sjukefråvær	Sjukefråvær Heile 2018: 8,9 %	Sjukefråvær Heile 2017: 8,9 %
Eining for eigedomsdrift	0,9	2,2	3,1	2,2
Tekniske tenester	0,5	4,9	5,4	2,0
Barn, Ungdom og familie	0,7	10,2	10,9	8,2
Kvalifisering & integrering	0,9	8,6	9,5	9,2
Heimetenestene	1,5	5,4	6,9	9,6
Sjukeh/Trygdeh/sent.kj	1,3	8,3	9,6	10,6
Hellandtunet	0,9	5,8	6,7	12,1
Bu- og habilitering	1,1	9,8	10,9	10,7
Kulturskule/bibl/frivillig	0,8	5,9	6,7	3,9
Helland skule/SFO	1,1	6,5	7,6	6,1
Tresfjord skule SFO/ Tresfjord barnehage	1,1	9,2	10,3	13,6
Tomrefjord skule/SFO	1,6	6,3	7,9	9,4
Fiksdal Oppvekstsenter	1,0	4,2	5,2	5,1
Helland barnehage	1,7	12,2	13,9	12,3
Tomrefjord barnehage & Gardstunet barnehage	1,2	13,1	14,3	13,9
Legesenter, servicekontor, PPT NAV kommune	1,0	5	6	6
Sentraladm.	0,7	2,7	3,4	3,7

Prosjekt og tiltak i 2018 for å redusere sjukefråværet

Etter budsjettvedtak i desember 2015, og oppfølging ved gjennomgangen av kommuneorganisasjonen hausten 2016, vedtok kommunestyret å sette i gang prosjekt/tiltak for å auke trivsel og redusere sjukefråværet i kommunen.

Vestnes kommune har sidan våren 2016 gjennomført to arbeidsmiljøprosjekt med varigheit over eit heilt år (frå våren 2016 til våren 2017) i utvalde einingar i kommunen. I 2018 har Vestnes kommune deltatt i prosjektet «NED med sjukefråværet»; IA-leiing 2.0. Prosjektet er i regi av KS og NAV Arbeidslivssenter. Prosjektet har hatt fokus på meistringsorientert leiing og medarbeidarmedverknad.

Målgruppa for prosjektet har vore einingar som tradisjonelt har hatt høgt sjukefråvær. Dette gjeld både på landsbasis og i Vestnes kommune lokalt. Deltakande einingar har vore einingar innan helse/omsorg og barnehagar. Prosjektet starta opp våren 2018 og har vore i gang heile året. Vidare oppfølging vil halde fram i 2019.

Tillitsvalde, verneteneste, leiarar og tilsette har hatt ein positiv medverknad ved gjennomføring av prosjekta. Sjukefråværsprosenten for 2018 syner at det har vore ei stabilisering av sjukefråværet og at det framleis er naudsynt med eit systematisk og kontinuerleg fokus på relasjonar og trivselsskapande tiltak. Fokus på meistring, trivsel og IA-arbeid generelt kan bidra til å redusere sjukefråværet og førebygge at arbeidstakarar fell ut av arbeidslivet.

1.3 Uttak av pensjon

Pensjonstype	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Alderspensjon	8	8	10	16	18	11	14	10
AFP	2	11	10	13	10	9	9	16
Uføre- /attføringspensjon KLP	38	21	19	36	32	27	11	11

Talet på tilsette som tek ut alderspensjon i 2018 har gått noko ned medan talet på AFP-pensjonistar har auka . Av dei som tok ut AFP, var det berre to som tok ut delvis AFP.

Talet på dei som etter eitt år med sjukefråvær søkte uførepensjon frå KLP eller SPK er på same nivå som i 2017 og er vesentleg lågare enn i 2016. Av dei 11 som søkte fekk 3 delvis uførepensjon.

1.4 Verneteneste

Vestnes kommune er delt inn i 34 verneområde med eitt verneombod for kvar verneområde. Hovudverneombodet (HVO) er Kirsti Skjegstad.

HVO er representant for arbeidstakarar og verneombod i sentrale saker som vedkjem arbeidsmiljøet i tillegg til å samordne, støtte og rettleie verneomboda i deira arbeid.

HVO skal sjå til at arbeidsgjevar følgjer arbeidsmiljølova sine forskrifter slik at omsynet til helse, miljø og tryggleik for den einskilde arbeidstakar blir ivaretatt. HVO er fast representant i AMU og deltek i dei månadlege møta mellom administrasjonen og hovudtillitsvalde, er med i prosjektgruppa «NED», med i prosjektstyret for Helsehuset Stella Maris, med i nettverk for hovudverneombod i Møre og Romsdal og er kommunen sin AKAN-kontakt. Har årleg fagdag i kommunen saman med leiarar, tillitsvalde og verneombod. Kursa i temaet: «Kommunikasjon og godt arbeidsmiljø».

1.5 Tillitsvalde

Vestnes kommune har 12 ulike tillitsvald-organisasjonar og 4 organisasjonar har tilsette med frikjøp av tid.

Tillitsvalde har delteke i tillitsvaldoppøring, arbeidsmiljøprosjekt, AMU, månadlege møte med administrasjonssjefen, utarbeiding av turnusplanar, arbeidsplassbesøk, einingsvise møte, byggeprosjekt, lønsforhandlingar, ROR IKT prosjekt, GDPR, IA-arbeid og administrasjonsutval.

1.6 BHT (bedriftshelseteneste)

Ny bedriftshelseleverandør i 2018. Bedriftshelseteneste levert av Medi3 i 2018.

Medi3 har deltatt på AMU og IA -møte, utarbeidd overordna samarbeidsplan for 2018/2019, risikobasert helsekontroll, arrangert førstehjelpskurs, sjukefråværsoppfølging, arbeidsplassvurdering, støykartlegging, røykdykkarattestar.

Bedriftshelsetenesta sine anbefalingar til kommune:

Utarbeide samarbeidsplan for alle einingar. Risikokartlegging i skular, barnehagar og institusjonar.

1.7 Varsling/konflikthandtering

Vestnes kommune har utarbeidd rutine for varsling og konflikthandtering. Rutinane er slått opp på alle arbeidsplassar, er lagt på kommunen sine nettsider og er lagt inn i avvikssystemet. Administrasjonssjefen fekk ei anonym varsling heilt i slutten av 2017. Påstanden i varslinga var at tilsette i Tekniske Tenester behandla saker der dei var inhabile. Administrasjonssjefen behandla varslinga, men fann ikkje at påstanden til varslar stemte. Administrasjonssjefen la saka fram for kontrollutvalet. På bakgrunn av dette vedtok kontrollutvalet i møte 20.2.2018 å bestille ein avtalt kontrollhandling frå Møre og Romsdal Revisjon IKS for gjennomgang av eit utval utbyggingssaker frå 2016, 2017 og 2018, for å vurdere om sakene har blitt handsama i tråd med habilitetsreglane i forvaltningslova og kommunen si eiga rutine for handtering av inhabilitet. Funna frå denne gjennomgangen vart handsama i kontrollutvalet sitt møte 24.9.2018. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 25/18: «*Kontrollutvalet tek revisjonen sin rapporten til orientering, og finn ikkje grunnlag for å undersøke saka nærare. Kontrollutvalet vil understreke viktigheten av å være bevisst på habilitetsreglane i alle fasar av saksbehandlninga.*»

1.8 Avvik

Avvik blir registrert i internkontrollsystemet Risk Manager. Nedgang i registrerte avvik i Risk Manager skuldast eit systematisk arbeid for å skilje ut avvik som skal inn i fagsystem.

År	Registrerte avvik RiskManager
2018	460
2017	706
2016	196
2015	21
2014	11

Personskademeldingar

Alle personskadar som skjer i arbeid blir registrert.

År	Tal meldte skadar	Tal til legebehandling	Fråværsdagar grunna skade
2018	5	2	17
2017	7	2	0
2016	24	5	24
2015	41	9	14
2014	11	Manglar data	42
2013	173	Manglar data	Manglar data

1.9 Likestilling – tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling

Etter kommunelova § 48 skal kommunen i årsrapporten “redegjøre for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven.”

Tal på tilsette i Vestnes kommune

Tal på kvinnelege og mannlege tilsette er omlag uendra frå 2014
Stigninga i tal på tilsette skuldast auke i ressurskrevjande brukarar.

Kjønn	Årsverk 2014	Årsverk 2015	Årsverk 2016	Årsverk 2017	Årsverk 2018
Kvinner	486	486	482	483	489
Menn	108	106	105	105	108
Sum	594	592	587	588	597

Deltid

Totalt er det tilsett 430 personar i deltidsstilling. Dei fleste av desse er kvinner og arbeider i pleie og omsorg. Frå 2017 til 2018 har fleire kvinner gått frå deltid til fulltid.

Stillingsprosent

	Menn					Kvinner				
	2014	2015	2016	2017	2018	2014	2015	2016	2017	2018
Fulltid	74	75	70	66	71	233	237	218	239	248
Deltid	57	50	56	60	56	421	410	419	392	374
Totalt	131	125	126	126	127	654	647	637	632	622

Likestilling

Kvinner utgjør 83 % av dei tilsette. Vel 2,9 % av dei har leiande stilling. Menn utgjør 16,9 % av dei tilsette. Her har 3,1 % leiande stilling.

	Kjønnsbalanse		Sum kvinner og menn
	Menn	Kvinner	
Totalt	127	622	749
Leiarnivå	4	18	22

1.10 Betyggende kontroll og høg etisk standard

Etter kommunelova §48 skal årsrapporten omtale følgjande forhold:

5. I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten..... Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten.

Vestnes kommune sine “**Etiske retningslinjer**” vart gjennomgått og revidert av kommunestyret i 2012. Kommunen har egne interne retningslinjer for “**Handtering av inhabilitet i administrasjonen**”. Desse retningslinjene vart gjennomgått for einingsleiarane hausten 2017.

Vi har også i 2018 hatt fokus på system for betryggende attestasjon- og tilvisingsrutinar i økonomiprogrammet og i vår programvare for e-handel. Gjennom oppgradering av løns- og personalsystemet vårt er det teke i bruk personalmeldingar (elektronisk) som også sikrar rett registrering av endringar i lønssystemet. Administrasjonssjefen har også arbeidd med å fornøye leiaravtaler med delegert mynde.

1.11 Rekruttering og kompetanse

Kommunen har gjennom opplæringskontoret delteke i yrkesmesse. Vestnes kommune vil ha ei meir aktiv rolle inn mot rekruttering, der kommunen deltek sjølv for dei einingane der det er størst behov for rekruttering.

I tabellen nedanfor er det teke med kompetansegejevande opplæring i 2018 for tilsette i Vestnes kommune.

Kompetansegejevande opplæring- vidare og etterutdanning	Tal på tilsette
Engelsk 1	3
Matematikk 2	1
Norsk 1	1
Norsk 2	2
Norsk andrespråkspedagogikk	1
Tysk 1	1
Desentralisert barnehagelærarutdanning	1
Nasjonale styrarutdanning - barnehage	1
Barne- og ungdomsarbeidarfaget - lærling	2
Helsefagarbeidar - lærling	3
Helsefagarbeidarutdanning	8
Leiarutdanning i helse- og sosialtenesta	4
Avansert klinisk sjukepleie	4
Sjukepleiarutdanning	7
Vernepleie, deltid 4 år	5
Vernepleie, heiltid	1
Sosionom	1
Fysioterapi til barn (vidareutdanning)	1
Habilitering og miljøarbeid (vidareutdanning)	2
Velferdsteknologi ABC	5
Helseinformatikk erfaringsbasert masterprogram	1
NBO – New born observation	5
Psykososialt arbeid med barn og unge (vidareutdanning)	1
COS – P (barnevern)	12
Psykisk helsearbeid NKI (vidareutdanning)	4
Psykisk helsearbeid (vidareutdanning)	1
Vidareutdanning i rus	2

Kommunen fekk midlar frå Fylkesmannen til utdanning innan barnehage, skule og helse/omsorg. Vi fekk også midlar frå Helsedirektoratet.

1.12 Medarbeidarundersøking (10-faktor)

Vestnes kommune har lagt opp til å ha medarbeidarundersøking anna kvart år i partalsår. Medarbeidarundersøking for 2018 vart gjennomført for alle tilsette. Førre medarbeidarundersøking vart gjennomført i 2016. Vi har nytta 10-faktor undersøkinga som er KS si medarbeidarundersøking. (Sjå faktorinndeling nedanfor). Dette er andre gong vi gjennomføring 10-faktorundersøkinga. Andel svar var på 46 %. Undersøkinga vart sendt ut til totalt 912 tilsette. Vi fekk svar frå 419 tilsette. Undersøkinga vart sendt ut til både faste tilsette og vikarar. Tilsvarande tal for 2016 viste ein svarprosent på 54 %. Undersøkinga er inndelt i svar på einingsnivå. I etterkant av undersøkinga skal kvar eining utarbeide ein handlingsplan for tiltak. Samla resultat for heile kommunen viser at vi ligg litt under landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet har gått litt opp sidan 2016.

Faktor	Navn	Vestnes		Norge	Beskrivelse
		2016	2018		
Faktor 1	Indre motivasjon	4,2	4,2	4,3	Motivasjonen for oppgavene i seg selv, det vil si om oppgavene oppleves som en drivkraft og som spennende og stimulerende. (Også kalt indre jobbmotivasjon)
Faktor 2	Mestringstro	4,2	4,2	4,3	Mestringstroen gjenspeiler hver enkelt medarbeiders tiltro til egen kompetanse og mulighet til å mestre utfordringer i jobbsammenheng.
Faktor 3	Autonomi	4,1	4,1	4,3	Medarbeidernes opplevelse av å ha mulighet til å jobbe selvstendig og gjøre egne vurderinger i jobben sin, basert på egen kompetanse, og innen en definert jobbrolle.
Faktor 4	Bruk av kompetanse	4,2	4,1	4,3	Medarbeidernes opplevelse av å få brukt egen jobbrelevante kompetanse på en god måte i sin nåværende jobb.
Faktor 5	Mestringsorientert ledelse	3,8	3,8	4,0	Ledelse som vektlegger at den enkelte medarbeider skal få utvikle seg og bli best mulig ut fra sine egne forutsetninger, slik at medarbeideren opplever mestring og yter sitt beste.
Faktor 6	Rolleklarhet	4,3	4,2	4,3	Høy rolleklarhet innebærer at forventningene til den jobben medarbeideren skal gjøre er tydelig definert og kommunisert.
Faktor 7	Relevant kompetanseutvikling	3,4	3,5	3,8	Relevant kompetanseutvikling er avgjørende for at medarbeiderne til enhver tid er best mulig rustet til å utføre sine oppgaver med høy kvalitet, og er avgjørende for kvaliteten på de tjenester som leveres, uansett hvilken type tjenester vi snakker om.
Faktor 8	Fleksibilitetsvilje	4,5	4,5	4,5	Medarbeiderens villighet til å være fleksibel på jobb og tilpasse sin måte å jobbe på til nye behov og krav.
Faktor 9	Mestringsklima	3,9	3,9	4,1	I et mestringsklima motiveres medarbeiderne av å lære, utvikle seg og gjøre hverandre gode, fremfor å rivalisere om å bli best.
Faktor 10	Prososial motivasjon	4,7	4,6	4,7	Motivasjon for å gjøre noe nyttig og verdifullt for andre, også kalt prososial motivasjon, er en viktig drivkraft for mange og har en rekke godt dokumenterte, positive effekter.

Kap 2 Digitalisering av verksemda

Vestnes kommune deltek i interkommunalt IKT-samarbeid, ROR IKT, med følgjande Romsdalskommunar: Aukra, Midsund, Molde, Rauma og Nesset.

Det vil bli lagt fram eiga årsrapport frå ROR IKT. Dette kapitlet i kommunen si eiga årsrapport er eit supplement for å synleggjere status på dette strategisk viktige feltet.

Visjon:

Romsdalskommunane skal bli e-kommunar der gode og digitale tenester styrkar dialogen med innbyggjarar og næringsliv og gir gode lokalsamfunn.

Overordna målsettingar:

1. God digital kompetanse hos tilsette og innbyggjarar
2. Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette
3. Betre tenester og meir effektiv ressursbruk
4. Informasjonssikkerheit og personvern skal ivaretakast på alle område

Det er utarbeidd eigen strategi med handlingsplan (2018- 2021) for ROR IKT-kommunane. Denne er å finne på Vestnes kommune sine nettsider.

Administrasjonssjefen har oppretta ei eiga intern digitaliseringsgruppe samansett av deltakarar frå alle sektorar. Gruppa skal fungere som eit koordinerande organ og vere eit rådgjevande administrativt organ.

2.1 Utviklingstrekk og utfordringar

Digitalisering handlar om å bruke teknologi til å fornye, forenkle og forbetre. Det handlar om å tilby nye og betre tenester som er enkle å bruke, effektive, og pålitelege. Digitalisering legg også til rette for auka verdiskaping og innovasjon, og kan bidra til å auka produktivitet. Digitalisering forutset i stor grad omstilling i ein organisasjon. På sitt beste kan digitalisering forenkle kompliserte regelverk og fornye gamal og tungvint forvaltningspraksis.

Utviklinga går svært fort, og det blir kravd endringar på alle nivå i organisasjonen og i alle sektorar. Ei av utfordringane vi ser tydelegast, er at digitalisering kan innebere pukkeeffektar med ekstra arbeid og ekstra utgifter i ein periode. Kravet til opplæring og tidsbruk ved implementering kan lett bli undervurdert.

Ei anna utfordring er knytt til offentleg anskaffelse av til dels svært kompliserte system. Enkeltkommunar kan vanskeleg make dette åleine. Ei krevjande utfordring i 2018 var anskaffelsen av nytt sak- og arkivsystem for Romsdalskommunane. Leverandøren EVRY greidde etter vårt syn ikkje å levere systemet slik det vart gjort avtale om. Saka er framleis uavklart, kjøpet er heva, og det er uklart om vi går inn i ein rettstvist med leverandøren. I denne anskaffelsen, leia av ROR IKT og innkjøpsavdelinga i Molde kommune, har kommunane i fellesskap frigjort einskildtilsette for å arbeide med dette. Frå Vestnes kommune er arkivleiar frikjøpt. Ved årskiftet hadde ny anskaffelse starta etter at avtalen med EVRY var heva.

2.2 Kva har vi oppnådd i 2018?

Portal – digital dialog

Ei interkommunal gruppe har gjennomført kravspesifikasjon, valt leverandør, gjennomført opplæring og bygd opp nye sider. Arbeidet har vore svært omfattande, spesielt for tilsette ved servicekontoret. Lansering av ny heimeside 3. desember 2018. Vi har kjøpt Acos skjema-bygger og såleis fått system for å bygge digitale skjema. Vi har hittil bygt mellom 25 og 30 skjema som legg til rette for elektroniske søknader.

SvarUT

SvarUt er ein sikker og trygg kanal for utsending av elektronisk post frå kommunen. SvarUT går då frå Vestnes kommune via SvarUt til innbyggerane si valde digitale postkasse. P.g.a. forseinka sak- og arkivsystem går svar ut førebels berre frå følgjande kommunale program:

- Visma Flyktning – frå september 2018
- HSpro (helsestasjonen) – frå oktober 2018 (kun timeinnkallingar)
- Visma Flyt PPT – frå august 2018
- Vaksenopplæring – frå juli 2018
- Økonomi – likningsoppgåver for pass og stell av barn 2018
- Barnevern – frå august 2018

Intranett

Intranett bygd på Sharepoint i Office 365. Lansert i forkant av ny portal – informasjon til tilsette låg tidlegare på heimesidene. Dette er no flytta til intranettet. Tilsette kan nå intranettet via lenke frå heimesidene.

SafeCom (sikker print)

Innført sikker printløyning på kopimaskiner/skrivarar. Må bruke ID-kort for å få ut utskrift/ta kopi. Innført på rådhus og skal rullast ut på alle Ricoh kopimaskiner/skrivarar i alle einingar. Dette er gjort av personvernomsyn og sikrar at utskrifter ikkje vert liggande på skrivar.

GDPR - personverndirektivet

Lovkrav at alle verksemdar som behandlar personopplysningar skal føre protokoll over behandlingsaktivitetar. Databehandlarar skal føre protokoll over alle kategoriar av behandlingsaktivitetar som er utført på vegne av ein behandlingsansvarleg. For å sikre at vi (kommunen) oppfyller pliktene våre i tråd med lova, er vi med i eit eige prosjekt saman med kommunane Midsund, Molde, Aukra og Rauma, som mellom anna går ut på å få oversikt over alle behandlingar av personopplysningar som skjer i kommunen. Prosjektet skal også ha fokus på ein del tekniske og organisatoriske tiltak som skal gjere at kommunen blir enda betre rusta til å handtere personopplysningar om innbyggjarane våre og tilsette. ROR-IKT kommunane har hatt eit tett samarbeid om dette og registrert alle fagsystem i protokollar.

Trådlause nett

Arbeid med utbygging av trådlaus dekning i alle kommunale formålsbygg er starta opp. Arbeidet er ferdig ved Tomrefjord idrettsbygg, alle skulane og rådhuset.

RiskManager

Internkontrollsystemet RiskManager si dokumentstyring er flytta til ny skybasert løysing .

Nytt barnehagesystem

Barnehagerådgjeveren vår har delteke i ei interkommunal prosjektgruppe som har utarbeidd kravspesifikasjon for nytt barnehagesystem og val av leverandør. Barnehagesystemet er eit administrasjonsprogram inklusive saksbehandling, eit pedagogisk verktøy, og ei kommunikasjonsplattform (sikker innlogging). Systemet blir innført i 2019. Det er elles oppretta ei kommunal digitaliseringsgruppe for barnehagane.

Digitalisering av byggesaksarkiv

Det er kjøpt inn ei documasterkjerne og avlevering av byggesaksarkiv til interkommunalt arkiv - IKA - for skanning. Det har vore gjennomført eit omfattande ryddearbeid i arkivet før avlevering. Det var ved årsskiftet 2018/2019 avlevert 267 boksar, t.o.m. gnr 51.

Visma Enterprise – økonomi-/løns- og personalsystem

Arbeidd med automatisering og å ta i bruk webmodular for betre utnytting av systemet. eOrdre og eBilag har vi konsentrert oss om i 2018. Starta arbeidet med å få på plass digitale timelister og digital eigenmelding. Digitalisering av reiserekningar følgjer deretter.

LMS (Learning management system) – Ny læringsplattform

Det vart gjennomført anskaffelse av ny læringsplattform i samarbeid med dei andre kommunane innan ROR IKT. Kommunalsjef oppvekst deltok frå Vestnes. Kommunane har kjøpt inn Skooler som ny læringsplattform. Ei moderne og god læringsplattform vil styrke planlegginga, vurderinga og oppfølginga av elevane sitt læringsarbeid. Læringsplattforma vil òg styrke skule-heim-samarbeidet gjennom gode løysingar for kommunikasjon.

Læringsbrett (Ipad)

Skuleåret 2018/2019 starta skulane innføring av læringsbrett for 1.-4. årssteg. I løpet av hausten 2018 og våren 2019 blir lærarar og elevar kursa i bruk av læringsbrett i undervisninga. Skulane har no 1:1 dekning av pc-ar frå 5.-10. årssteg. 1:1 dekning gir skulane ein heilt annan fleksibilitet i bruken av dei digitale hjelpemidla.

Office 365

Innføring av Office 365. Alle PC`ar er retanka og løfta inn i fellespunktet for Romsdal i Molde. Alle serverar flytta til Molde eller i «skya». Unntak server for Ephorte som er plassert lokalt. Kommunane i ROR IKT har fått felles digital grunnmur, felles server og felles brannmur. Spesielt skulane har gjort eit omfattande arbeid med innføring av Office 365.

Velferdsteknologi

Vestnes deltek i interkommunalt samarbeid om velferdsteknologi saman med alle Romsdalskommunane. Vi har fått støtte frå Helsedirektoratet til å implementere piloterte prosjekt. Vestnes har i 2018 prøvd ut elektronisk medisineringsstøtte og GPS-klokke.

Socio (programvare/sosialsystem for kommunale tenester i NAV)

Fullelektronisk arkiv for den kommunale delen av NAV (sosial). Oppgradering og klargjering for skanning.

Kap 3 Sentraladministrasjonen

3.1 Oversikt over sektoren

Løns- og personalkontor, administrasjonssjefen si leiargruppe, beredskapskoordinator, allment kulturarbeid, tenestekontor (helse-omsorg), postmottak, arkiv, politisk sekretariat, sentralbord, kundemottak, eignedomsskattekontor, bustøttekontor.

Rekneskap, skatt og IKT blir kjøpt av Molde kommune, vertskommunesamarbeid.

Tal på tilsette	Tal	Tal	Ev. merknader
	Årsverk 2017	Årsverk 2018	
Sentraladministrasjonen	20,26	21,1	Endring skuldast tilsetjing av økonomirådgjevar og litt reduksjon i servicekontor

3.2 Resultatmål

Sentraladministrasjonen

Målområde	Styringsindikatorar	Status 2018	Mål 2019
Teneste “objektiv kvalitet”	Andel saker behandla innan fastsett tidsfrist:		
	• Bostøtte	100 %	100 %
	• Startlån	100 %	100 %
	• Tilskott til etablering/tilpassing	100 %	100 %
	• Drosjelappar	100 %	100 %
	• Infolandsaker	100 %	100 %
	• Skjenkesaker	100 %	100 %
	• Avlevering IKA – personalsensitive saker	100%	100%
	• Avlevering Riksarkivet	Ikkje fullført	100%
	• Avlevering gammalt saksarkiv	Ikkje fullført	100%
• Avlevere Digitalt byggesaksarkiv	Avlevert 27 hyllemeter	100%	
• Nytt sak/arkivsystem	Ikkje fullført	100%	
Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråvær sentr.adm:	3,4	2,5
	Antal brannøvingar rådhuset	1	1

3.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

- Arbeide med innføring av digitale løysingar, m.a. sjølvbeteningsløysingar
- Ekstra stort press på enkelte fagområde
- Vurdere interkommunale løysingar
- Nyrekruttering

Tenestekontoret

Tenestekontoret har i 2018 hatt 2,5 årsverk med ansvar for følgjande oppgåver:

- behandle alle søknader som omhandlar helse - og omsorgstenester, med unntak av tenester for personar med utviklingshemming over 18 år
- vederlagsberekning for langtidsopphald i institusjon
- søknader om omsorgsbustad, samt servicetenester som tryggleiksalarm, dagtilbod og matombringing
- informasjon og rettleiing til innbyggjarane i høve ulike helse- og omsorgstenester
- koordinerande eining for alle som har behov for langvarige og koordinerte helse – og omsorgstenester, med unntak for personar med utviklingshemming over 18 år
- ansvar for oppfølging og overvaking av elektronisk kommunikasjon
- systemansvar for fagsystem kommunal EPJ (elektronisk pasientjournal)
- deltaking i læringsnettverk «Gode pasientforløp for eldre og kronisk sjuke». Mål med arbeidet er å sikre brukaren sitt behov for å møte heilskaplege, koordinerte og trygge tenester
- deltaking i arbeid med Helseplattforma, eit stort prosjekt i Helse Midt med mål om felles journalsystem for kommune, fastlege og spesialisthelseteneste. «Èn innbygger, èn journal»

Tenestekontoret ser auka etterspørsel etter tenester både blant yngre og eldre pasientar/brukarar. Ei generell auke i rett til ulike helse- og omsorgstenester er styrka gjennom lov og forskrift. Vi ser ei utfordring i fordeling av ressursar, og eit større ansvar for å tilpasse nødvendige tenester i kommunen. Generelt ser vi auke i gruppa personar med demens med behov for tenester, det same gjeld for gruppa barn med behov for oppfølging frå psykisk helse.

Prioriteringar i 2019:

- Arbeid knytt til å vere koordinerande eining må systematiserast og styrkast. Pakkeforløp for psykisk helse – må implementerast i vår organisasjon og våre tenester. Forløpskoordinator er lagt til Tenestekontoret, og rutinar må utarbeidast.
- Gode pasientforløp, ledd i kvalitetssikring av dokumentasjon og eit ledd i kommunen sitt arbeid med habilitering og rehabilitering. Tenestekontoret er involvert i vidare arbeid, og samordnar mot journalsystem og systemansvar.
- Kommunen har opsjonsavtale i Helseplattforma, og Tenestekontoret er involvert i meir detaljert planlegging.
- Tenestekontoret har arbeidd med nye rutinar og prosedyrar. Arbeid med å legge skjema, rutinar og prosedyrar til Risk Manager. Dette arbeidet vil fortsette i 2019.
- Tenestekontoret ser eit forbettringspotensial for arkivering, med eit samordna arkiv for helse- og omsorg. Må prioriterast vidare i høve bygging av nytt Helsehus Stella Maris.
- Tenesta praktisk bistand har hatt større etterspørsel enn ressursar i fleire år, også i 2018, og tenestekontoret har vist til private aktørar i større grad enn tidlegare.
- Det er eit aukande behov for dagtilbod for eldre, spesielt dagtilbod for personar med demens. Dette er ei serviceteneste for heimebuande som kan førebygge og redusere behov for ytterlegare tenester. Tenestekontoret ser eit behov for ein gjennomgang av skyss- og eigenbetalingsordning til og frå dagtilbod.
- Med bakgrunn i auka etterspørsel for tenester, vert det viktig å føre vidare samarbeid med frivillige som familie, vener, nærmiljø og organisasjonar for å løyse utfordringane.

3.4 Kva har vi oppnådd i 2018?

- Ajour med rapportering til andre offentlege instansar, KLP, registrering av sjukmelding og løpande krav om refusjon oversendt til NAV.
- Har totalt hatt 121 tilsetjingssaker i 2018.
- Gjennomført sjukefråværsprosjekt og oppfølgingsarbeid via «Møteplassen». Risk Manager (avvikssystem) – opplæring og rutineinnlegging.
- I 2018 har vi journalført og kvalitetssikra ca 19 200 dokument/filer.
- Arkivet behandla 15 større innsynssaker og svart ut om lag 800 innsynsførespørslar.
- Har fått ny heimeside (portal)
- Eigedomsskattekontoret: 2 klager på eigedomsskatten i 2018
- Arbeid med innføringa av nytt sak-/arkivsystem. Ikkje ferdigstilt. Arkivleiar er frikjøpt i 60 % stilling av ROR IKT for å delta frå fagområde arkiv i hovudprosjektgruppa.
- Behandling av søknader om sals- og skjenkeløyve – 16 stk.
- Gjennomført 2 etablerarprøver, 2 kunnskapsprøver, og 4 kunnskapsprøver skjenking.
- Behandla 83 førespørslar om meglaropplysningar, alle levert innafor tidsfristane. Auke på 6,4 % samanlikna med 2017.
- I 2018 var det i gjennomsnitt 61 mottakarar av bustøtte. Dette er ein nedgang på 10% frå 2017. Bustøtta blir no rekna ut frå brutto inntekt ein har i månaden ein søker.
- Startlån 2018: 10 startlån er innvilga til bustadkjøp, total utbetaling på ca kr 3,54 mill. 3 saker er vedtekne, men ikkje utbetalt (ca 1.2 mill), 1 sak har status som aktiv førehandsgodkjenning. 6 saker er av ulike årsaker ikkje gjort vedtak i. 9 søkarar har fått avslag. Tildelingsutvalet har hatt 4 møte i 2018, samt at enkeltsaker har vore vurderte og behandla utanom møta.
- Tilskott til etablering: ingen innvilga tilskott og 4 har fått avslag (desse sakene er behandla saman med søknad om startlån).
- Tilskott til tilpassing: 1 sak er vedtatt og utbetalt i 2018.
- 35 personar får TT-kort/transportteneste for funksjonshemma i 2018, 23 er innvilga ledsagerbevis, og det er fatta 38 vedtak om parkeringsløyve for forflytningshemma.

3.5 Rekneskap 2018

Eining	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018			Budsjett 2018	Avvik 2018	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	og i %
Politisk styring, næringsutv.	6 524	7 279	714	6 565	6 272	293	4,7
Sentraladministrasjonen	12 564	14 798	1 832	12 966	12 645	321	2,5
Servicekontor	2 337	3 950	1 369	2 581	2 580	1	0,0
Fellesutgifter	13 094	14 041	4 270	9 771	14 522	-4 751	-32,7
	34 519	40 068	8 185	31 883	36 019	-4 136	-11,5

Mindreforbruk på 11,5 %. Det er fellesutgiftene som har mindreforbruk. Det skuldast m.a. at pensjonsutgiftene vart nær 4,0 mill. kr mindre enn utgiftsført gjennom året. Denne summen er ført som inntekt på fellesutgifter, og ikkje fordelt på einingane. Nemner at i 2017 vart det utgiftsført ein sum på 1,2 mill. kr på fordelt for lite pensjonskostnader.

Kap 4 Barnehagane

Visjon for barnehagane:

Midt i blinken for leik, læring og utvikling

4.1 Oversikt over sektoren

Kommunale barnehagar	Tal på plassar	Årsverk	Tal tilsette	Godkj. plassar	Barn over 3 år	Barn under 3 år	Heiltids plassar (omrekna)	Kostnad Pr. plass
Fiksdal barnehage	27	5,28	6	24	11	8	17,2	152 765.-
Tomrefjord barnehage	48	8,6	9	48	26	11	33,8	119 380.-
Gardstunet barnehage	43	7,60	9	42	25	9	31,8	140 826.-
Helland barnehage	141	27	29	174	69	36	114,4	136 220.-
Tresfjord barnehage	35	6	8	36	19	8	24,1	123 174.-
Totalt kommunale bh	294	54,48	61	324	150	72	218	
Private barnehagar								
Vike Montessoribarnehage	42	8,10	11	42	18	12	28,2	150 160.-
Tryggheim barnehage	48	8,85	12	48	23	14	38	144 854.-
Totalt private bh	90	16,95	23	90	41	26	66,2	

Tal frå årsmelding i Basil (Undervisningsdirektoratet sitt rapporteringssystem) pr. 15.12.2018. Kostnad pr. plass er eks. spesialpedagogisk hjelp og individuelt tilrettelagt barnehagetilbod.

*Fiksdal oppvekstsenter, barnehage har mellombels godkjenning for 30 plassar barnehageåret 2017/2018 og 2018/2019.

Tilskot til dei private barnehagane er også inklusiv kapitalkostnadar på kr. 8 600.- pr. plass ved Tryggheim barnehage og kr. 14 400.- pr. plass ved Vike Montessoribarnehage. Kapitalkostnadane er basert på årstalet på bygget, difor ulike satsar her.

Alle med rett til barnehageplass fekk tilbod om plass. Til hovudopptaket 01.03.2018 kom det inn 76 søknader. 6 stk fekk 2. prioritet, 7 blei plassert pga. manglande prioritet og 7 fekk avslag. 20 barn fekk tilbod om barnehageplass frå nyttår 2018.

4.2 Resultatmål for barnehagane

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2018	Resultat 2018	MÅL 2019
Brukarar – Brukarundersøking “opplevd kvalitet”	Opplevd kvalitet - brukarundersøking (foreldre).	Nasjonalt nivå 2017		
	Totalresultat, kor tilfreds er foreldra:	4,5	4,4	4,5
	Enkeltindikatorar: Skala 1-5, der 5 er best.			
	<ul style="list-style-type: none"> I kva grad er foreldra fornøgd med inne- og utemiljøet i barnehagen. I kva grad opplever foreldra at dei får god informasjon om korleis barnet har det i barnehagen. I kva grad opplever foreldra at barna deira får påverke innhaldet i barnehagedagen 	4,1	4,0	4,1
		4,3	4,4	4,4
		4,2	4,2	4,2
Teneste “objektiv kvalitet”	Objektivt målt kvalitet <ul style="list-style-type: none"> Andel barn med vedtak om spes.ped. hjelp i i kommunale og private barnehagar pr.15.12.2018 Andel årsverk ped. leiarar med midlertidig dispensasjon i kommunale barnehagar pr. 15.12.2018 Andel tilsette med pedagogisk utdanning kommunale barnehagar Pr.15.12.2018. 	4,0%	4,5%	4,0%
		10%	17,2 %	12%
		44%	42,4 %	45%

4.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Språk og tilrettelegging.

Det er mange to-språklege/fleirkulturelle barn i barnehagane våre. Vi må vere bevisste på kva tilbod vi gir til barna som skal lære norsk, og det å ha nok gode språkmodellar.

Det er utarbeidd rutinar for inntak av minoritetsspråklege barn i Vestnes.

Pr 15.12.2018 var det innrapportert 32 minoritetsspråklege barn i dei kommunale barnehagane og 4 i dei private. Tilskot til tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga til minoritetsspråklege barn i barnehage vart i 2017 lagt om. Etter omlegginga får ikkje Vestnes kommune tilskot. Frå august 2018 vart det innført nasjonalt norskkrav for barnehagetilsette. Dette gjeld tilsette utan barnehagelærerutdanning då barnehagelærarar allereie må dokumentere gode nok norskferdigheiter.

Vestnes kommune har etter §19 g i barnehagelova plikt til å legge til rette for eit individuelt tilrettelagt barnehagetilbod for barn med nedsett funksjonsevne. Det skal det fattast enkeltvedtak. Desse vedtaka er i stor grad knytt til medisinske diagnosar, men og andre funksjonsnedsettingar, vedtaka går på ekstra bemanning. Vi var spente på om denne omlegginga av styrkingsressursen førte til auka behov for spesialpedagogisk hjelp, men ser pr. i dag ikkje ein slik tendens.

For barn som treng spesialpedagogisk hjelp kjøper vi tenester frå PPT, dei fleste vedtaka går på språk og logopedhjelp.

Dispensasjonar, pedagognorm, og norm for grunnbemanning.

I dei kommunale barnehagane er det pr. 15.12.2018 innvilga dispensasjonar i til saman 3 årsverk som pedagogisk leiar/barnehagelærar. Dei private barnehagane har og dispensasjon i 3 årsverk. Vi har ingen dispensasjonar frå utdanningskravet som styrar.

Ny pedagognorm vart vedtatt og gjeldande frå august 2018. Ny norm utløyste behov for 5 nye barnehagelærarar i dei kommunale barnehagane. Vi fekk rekruttert utdanna barnehagelærar inn i dei fleste stillingane.

På bakgrunn av heilskapleg vurdering er det innvilga ein dispensasjon frå pedagognorma.

Den største utfordringa for barnehagane knytt til ny pedagognorm er gjennomføring av plantid, alle barnehagelærarar har rett på 4 timar ubunden tid pr. veke i 100% stilling. Om lag 90 timar med plantid skal gjennomførast i dei kommunale barnehagane samstundes som barna er der og drifta går sin gang.

Norm for grunnbemanning vart og innført frå august 2018, barnehagane har eit år på seg til å innfri kravet. (August 2019) Ikkje store endringar for oss då vi stort sett har innfridd norma.

Nesten alle som tidlegare heitte assistentar i barnehage har no fagbrev som barne- og ungdomsarbeidarar. Dette fører til at vi har eit bra utdanningsnivå i barnehagane.

Ein del i barnehagesektoren jobbar ønska deltid. Det kan til tider føre til at det er vanskeleg å få den ønska flyten i arbeidet. Dette gjeld både pedagogar, fagarbeidarar og assistentar.

Prosjekt «NED med sjukefråværet».

Høgt sjukefråvær pregar framleis sektoren, spesielt langtids fråvær. Med bakgrunn i dette var dei kommunale barnehagane med i NED satsinga. Vi arrangerte workshop for alle med utfylling av dialogduk i juni. I ettertid har det blitt jobba med tiltak og handlingsplan.

Opptak og kapasitet


Alle med rett til barnehageplass fekk tilbod. Til hovudopptaket 01.03.2018 kom det inn 76 søknader. 6 stk fekk 2. prioritet, 7 blei plassert pga. manglande prioritet og 7 fekk avslag.

Helland barnehage fekk nytt vedtak om godkjenning på 174 plassar mot tidlegare 150 plassar. Tomrefjord barnehage fekk nytt vedtak om utvida godkjenning frå 36 plassar til 48 plassar. Det har vore ein auke i barn som søker barnehageplass frå nyttår, 20 barn fekk barnehageplass frå januar 2018. Utfordringa her har vore at vi har bemanna etter barnegruppene i august. Inntak av barn frå nyttår kan løyse ut behov for fleire pedagogar og fagarbeidarar.



4.4 Kva har vi oppnådd i 2018?

«Den gode barnehage i Vestnes» - Prosjekt for fagleg utvikling
Prosjektet kan visualiserast slik:



Utviklingsprosjektet er lagt opp som barnehagebasert kompetanseutvikling for alle i barnehagesektoren i Vestnes, der alle får auka sin kompetanse innanfor fokusområdet. Vi jobbar etter ein metode, «Triangelmetoden» der barnehagen sjølv skal utarbeide «Beste Praksis» for å innfri fokusområdet. Alle må sette seg inn i teori og forskning knytt til fokusområdet, alle gjennomfører ståstadsanalyse, og alle er med i refleksjonsgrupper. Vi erfarer at ein må tore å stå i prosjekt over tid for at dette skal få konsekvensar for praksisen. Det er og viktig at ein ikkje har fleire store satsingar samstundes. Vi ser på prosjektet som ei langsiktig satsing der siste fokusområdet blir sett i samanheng med implementering av ny rammeplan. Arbeidet blir etterspurt på kommunenivå og er tema på styrarmøta. Barnehagerådgjevar utarbeider rettleiande tidslinje og får tilsendt prosessplan to gongar pr. år.

I 2018 har vi arbeidd med standard nr. 4. Alle tilsette har gjennomført ståstadsanalyse på UDIR sine sider som kartlegg kompetansen innan ulike tema knytt til rammeplanen. På bakgrunn av den blei det barn sin medverknad som utpeika seg som satsingsområde i 2018. Vi fekk økonomisk støtte frå Fylkesmannen til prosjektet.

Kompetanseutvikling

Ein person som arbeider i kommunal barnehage er i gang med desentralisert barnehagelærarutdanning. Vi har ein assisterande styrar som starta opp med «Nasjonal styrarutdanning» gjennom Udir, og vi har 2 lærlingar i kommunal barnehage. Vestnes kommune søkte Fylkesmannen om tilretteleggingsmidlar - lokale prioriteringar, til 3 tilsette som tek utdanning/vidareutdanning. Vi fekk 150 000 kr.

Romsdalsk barnehagestemne med blei arrangert 8. oktober for 16. gang. Alle tilsette i barnehagane i Vestnes deltok der. I alt var det ca 700 deltakarar frå Romsdalsregionen.

Kommunal plan for overgang mellom barnehage og skule

I 2018 fekk vi i samarbeid med skuleleiarane revidert den kommunale planen for overgangen. Formålet med planen er at alle barn i Vestnes kommune skal vere sikra ein god overgang frå barnehage til skule og skulefritidsordning. Det skal utarbeidast lokale planer på bakgrunn av den kommunale overordna planen.

Plan for kvalitetssikring av språkstimulering for barn i førskulealder i Vestnes

Barnehagesektoren har i samarbeid med helsestasjon og PPT utarbeidd ny språkplan. Planen synleggjer dei ulike instansane sitt arbeid med språkutvikling og slår fast at språkstimulering er eit felles ansvar. Vi møter barn i førskulealder på ulike arenaer, vi har ulike perspektiv, ulik fagleg bakgrunn og kompetanse. Til barnet sitt beste må dette utnyttast på best mogeleg måte.

Vasstilvenning for førskulebarna

Gardstunet, Tomrefjord, Helland og Tresfjord oppvekstsenter, barnehage søkte og fekk tilskot til svømmeopplæring/vasstilvenning for førskulebarna. Dette blir opplevd som eit positivt tiltak.

Rettleiing for nyutdanna nyttilsette barnehagelærarar

Barnehagesektoren køyrer eige lokalt opplegg for rettleiing av nyutdanna nyttilsette barnehagelærarar. Dei private barnehagane får tilbod om å delta.

Vestnes kommune som barnehagemyndigheit

Vestnes kommune gjennomførte tilsyn i tråd med tilsynsplanen 2015-2019. Det vart gjennomført eigenmeldt skriftleg tilsyn om implementering av ny rammeplan. Ein barnehage fekk merknad som sidan blei lukka. Barnehagemyndigheita har vore på eit tilsynsbesøk knytt til ei bekymringsmelding.

Brukartilpassing

Vi jobbar stadig for brukartilpassing innanfor ramma til sektoren t.d. med prøveprosjekt om feriestengt 3 veker om sommaren og ei veke i jula ved Helland barnehage. Dei andre barnehagane har stengt 4 veker om sommaren og må organisere eige tilbod jul og påske. Tidlegare var tilbod om jul og påske lagt til Helland barnehage for alle.

4.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Fokus på god balanse mellom aktivitet og kvile for barna
- Tannpuss etter frukost. Status om barn si tannhelse frå tannpleiar ein gong pr. år
- Fokus på stell og hygiene. Kroppen som gjennomgåande tema.
- Fokus på sunt kosthald i tråd med nasjonale retningsliner, inkl. sunne alternativ til bursdagsfeiring.
- Uteleik og turar i naturen til alle årstider.
- Aktivitetar i idrettshall/gymsal. Musikk, rørsle, dans, drama og leik.
- Køyrrer programmet “Mini-Røris” som er eit rørsleprogram for barn i barnehage.
- Alle barnehagane har fått Henry-dokka, førstehjelp for førskulebarn.
- Førstehjelpskurs for personalet. Ergonomikurs for personalet.



Foto: Hege Lid



Foto: Hege Lid

4.6 Tal frå Kostra og barnehagefakta.no

KOSTRA - barnehage	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. driftsutg pr. innb. 1-5 år	159 381	152 821	153 249	142 200	137 181	160 393	153 316
Brutto dr. utg pr. opphaldstime, komm. barneh.	68	70	69	76	61	71	73
Andel barn 1 - 2 år med barnehageplass	93,2	93,2	92,2	86,9	90,5	95,1	91,6
Andel barn 3 - 5 år med barnehageplass	98,5	97,9	97,3	97,0	97,2	98,4	94,6
Andel barn i kommunale barnehagar	76,8	47,3	49,0	48,9	43,7	43,0	29,0
Nokre KOSTRA tal – utvikling - barnehage							Endring i %
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	13 - 18
Andel barn 1 - 2 år med barnehageplass	72,8	77,4	76,1	75,6	77,9	93,2	28,0
Andel barn 3 - 5 år med barnehageplass	98,2	100	100,0	96,8	97,6	98,5	0,3



Barnetal i barnehagane

	Antall barn						Omrekna til heiltidsplass					
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2013	2014	2015	2016	2017	2018
0 - 2 år	108	106	96	90	100	103	98,2	96,6	88,5	83,9	94,3	97,0
3 - 6 år	217	213	205	200	193	194	204,6	200,0	195,6	191,1	183,0	187,4
Sum	325	319	301	290	293	297	302,8	296,6	284,2	275,0	277,3	284,4



Foto: Hege Lid

Statistikk fra www.barnehagefakta.no basert på årsmelding i Basil 15.12.2018. Tala gjeld både kommunale og private barnehagar i Vestnes.



4.7 Økonomisk resultat 2018

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2018			Budsjett	Avvik 2018	
	2017	Utgifter	Inntekter	Netto	2018	i kroner	og i %
Tomrefjord barnehage	3 640	5 795	1 760	4 035	4 178	-143	-3,4
Tresfjord barnehage	3 270	4 533	1 565	2 968	2 746	222	8,1
Helland barnehage	14 552	21 178	6 003	15 175	14 850	325	2,2
Fiksdal barnehage	2 400	3 545	918	2 627	2 613	14	0,5
Gardstunet barnehage	4 361	6 980	2 502	4 478	4 684	-206	-4,4
Fellesutgifter	3 955	4 081	1 114	2 967	2 929	38	1,3
Private barnehagar	9 349	10 069	115	9 954	10 038	-84	-0,8
Sum barnehage	41 527	56 181	13 977	42 204	42 038	166	0,4

Kommentarar til rekneskapen:

- Barnehagesektoren har eit lite meirforbruk på kr 166.000,-, eller 0,4 %. Tilsvarende var det eit mindreforbruk på kr 559.000,- i 2017.
- Samla er utgiftsauke på knapt 0,7 mill. kr frå 2017, og det mindre enn løns- og prisauke.
- Frå hausten 2015 vart det innført ordning med redusert foreldrebetaling for barn der familieinntekta var låg. Den er noko utvida i åra etter. Barnehagane fekk i 2018 redusert inntektene med kr 700.000,- som følgje av dette, tilsvarende sum i 2017 var kr 587.000,-.
- Ekstra ressurs til barn som av helsemessige årsaker treng ekstra tilsyn og eller spesial pedagogisk hjelp utgjorde kr 3.376.000,-, ein reduksjon frå kr 3.859.000,- i 2017.
- Ordinært driftstilskott til Tryggheim barnehage var vel 5,5 mill. kr og Vike barnehage vel 4,2 mill. kr, i tillegg får dei ekstra tilskott til barn som av helsemessige årsaker treng ekstra tilsyn og eller spesial pedagogisk hjelp.
- Overtidsbruken var redusert i barnehagane i 2018.

4.8 Einingsleiarane sine tiltak for å halde budsjett

Fiksdal oppvekstsenter – Elisabeth Selnes:

- Innsparing lønsutgifter – Restriksjonar mot overtid, mellom anna kutte ned på talet planleggingsmøte per semester.
- Fiksdal barnehage fekk Ass.styrar frå august 2018, noko som ikkje låg inne i budsjett.
- Korte ned vakter der det er forsvarleg/mogleg (gjeld kun ved vikarinntak).
- Arrangement på kveld (t.d. sommarfest/juleavslutning): Samarbeid med FAU, med få eller ingen av personalet til stades.
- Innkjøp i hovudsak berre forbruksvarer.

Tomrefjord og Gardstunet barnehage – Lise Grønningsæter:

- Redusere vikarinntak og prøve å unngå å hente inn vikar der det er mogleg. Vente med å hente inn vikar til vi ser kor mange barn det vert på huset. Sjå huset under eitt. Korte ned

på vikarvaktene (ikkje ved langtidsfråvær) der vikarane arbeider 5-6 timar om mogleg.

- Minimalt med overtid ved å redusere møte på kveldstid og ved å halde sosiale foreldrearrangement på kveldstid på det minimale. Heller prøve å legge det inn i barnehagetida så langt det er råd.
- Halde innkjøp til det minimale og absolutt nødvendige.
- Synleggjere meir tal for personalgruppa der eg kjem til å oppdatere/henge opp synleg kva forbruket er og kor mykje vi har igjen på budsjett.

Helland barnehage – Liv Hilde Storås:

- Har berre fire personalmøte i året på kveldstid.
- Legg dei fleste møta til ordinær arbeidstid, som for eksempel foreldresamtalar.
- Vurderer kven som skal vere med på foreldremøte (ein pers).
- Tilsette er ikkje med på sommaravslutninga eller andre arrangement utanom arbeidstid.
- Vi venter med å sette inn vikar til vi ser kor mange barn som kjem og evt. Flyttar personale mellom avdelingane.
- Legg mesteparten av ferien til personale til skuleferie slik at vi kanskje kan unngå å sette inn vikar. Sende ut skjema til føresette om dei skal ha fri, slik at vi kan planlegge inn kor stort personalbehov er i forkant.

Tresfjord oppvekstsenter – Inger Marie Urkedal:

- Alle innkjøp vert nøye vurderte, og avgrensa så godt som råd er til det som er naudsynt for å få til eit trygt tilbod til ungene.
- Vikarbruken vert og nøye vurdert, og av og til set vi ikkje inn vikar for den som er fråverande. Men det må ikkje gå ut over sikkerheit, og det vert ein balansegang kor ein sjølv sagt må passe på at meirbelastninga for dei som er til stades ikkje vert for stor (slik at det igjen fører til meir frávær).
- Ettermiddags-, kveldsmøte og overtidbruk er redusert til eit minimum.



KAP 5 GRUNNSKULANE OG SFO

5.1 Sektoren sine hovudoppgåver

Kommunale grunnskular				
Tal på elevar pr.01.10.2018				
	1.- 4.klasse	5.- 7.klasse	Ungdomsskule	SFO
Fiksdal Oppvekstsenter/SFO	19	20		12
Tomrefjord skule/SFO	67	74	87	27
Helland skule/SFO	149	111	147	93
Tresfjord Oppvekstsenter/SFO	19	3		0
Totalt elevtal kommunale grunnskular	254	208	234	132

Private grunnskular				
Tal på elevar pr.01.10.2018				
	1.- 4.klasse	5.- 7.klasse	Ungdomsskule	SFO
Vike Friskule/SFO	34	26		18

Ansvar	Tal årsverk *	Tal årsverk	Tal årsverk
	Undervisning/adm.	Assistentar	SFO
Fiksdal Oppvekstsenter	4,61	1,19	0,8
Tomrefjord skule/SFO	23,67	4,35	1,6
Helland skule/SFO	37,54	6,92	6,24
Tresfjord skule/SFO	3,34	0,64	0

PP-tenesta	3,8	100 % psykolog i PPT har permisjon og arbeider i prosjektstilling som kommunepsykolog frå 01.08.2014. Fylkeskommunen kjøper teneste i 0,5 stilling til PPT i vidaregåande skule.
Merkantilt tilsett	0,5	
Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder	1,5	Spesialpedagog/ logoped. Ligg under fagansvar PPT.
Logopedteneste til grunnskulen	0,5	Logoped. Ligg under fagansvar PPT.

Utvikling i elevtal

Skuleåret	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Talet på elevar	726	723	709	689	696

5.2 Resultatmål grunnskule og SFO 2018

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2018	Resultat 2018	MÅL 2019
Elevar/ foreldre	Opplevd kvalitet – brukarundersøking Skala 1-5, der 5 er best.	Nasjonalt nivå Resultat	Resultat 2018	Nasjonalt nivå
	“opplevd kvalitet” Elevundersøkinga (95,4% deltaking) Her er det målt snitt på elevsvar 7.- og 10.årssteg <ul style="list-style-type: none"> • Trivsel på skulen • Fagleg rettleiing • Eleven si oppleving av meistring av arbeidsoppgåver i samband med undervisninga 	4,2 4,2 4,0	4,2 4,4 4,0	
Teneste	Objektiv målt kvalitet - skule	Nasjonalt nivå resultat	Resultat 2018	Nasjonalt nivå
	Talet på elevar på meistringsnivå 2 og 3. Totalt 3 nivå, der 3 er høgast.(1%) <ul style="list-style-type: none"> • Nasjonale prøver, lesing 5.klasse • Nasjonale prøver, rekning 5.klasse Talet på elevar på meistringsnivå 3,4 og 5. Totalt 5 nivå, der 5 er høgast. (1%) <ul style="list-style-type: none"> • Nasjonale prøver, lesing 8.klasse • Nasjonale prøver, rekning 8.klasse • Spesialundervisning, Kommunale skular (1%) • Grunnskulepoeng • Standpunktkarakterar <ul style="list-style-type: none"> - Norsk hovudmål, skriftleg - Norsk sidemål, skriftleg - Engelsk, skriftleg - Matematikk, skriftleg 	77,2 77,2 73,9 70,1 7,9 41,7 3,9 3,7 4,0 3,7	67,7 55,8 62,4 60,0 10,77 39,3 3,5 3,5 3,9 3,5	

5.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

I grunnskulane i Vestnes er utviklingstrekk noko vi må vurdere over fleire år. Fakta om denne utviklinga finn vi ved å hente inn opplysningar frå KOSTRA, GSI, Skoleporten, VOKAL, m.m. For 2018 ser status slik ut:

- Talet på elevar som har spesialpedagogisk vedtak
Historikk: 11,8 %-2014, 7,9%-2015 og 9,0%-2016, 9,87%-2017, 10,7%-2018 (Kjelde GSI)
Vi ser ein auke i talet på elevar som tek imot spesialundervisning. 75 elevar har enkeltvedtak med rett til spesialundervisning, skuleåret 2018/2019. Det må arbeidast systematisk og godt med tilpassingar av den ordinære undervisninga i tida som kjem. Skulane arbeider med å implementere og nytte nye digitale hjelpemiddel, for å gi god tilpassa opplæring.
- Elevundersøkinga viser høg trivsel blant elevane.
- Nasjonale prøver: På 5. årssteg skårar elevane i år langt under det nasjonale snittet. Det motsette var tilfelle i fjor, då elevane i Vestnes skåra over det nasjonale snittet. I lesing skårar elevane på 5. årssteg betre enn i rekning, men under det nasjonale snittet.
- Nasjonale prøver: Elevane på 8. årssteg skårar noko under nasjonalt nivå, både i rekning og i lesing.
Tiltak: systematisk bruk av kartleggingsresultat, vidareutdanning og faggrupper i basisfaga.
- Standpunktarakter: Små endringar, der vi ligg litt under gjennomsnittet for landet i faga engelsk og matematikk. Det er eit litt større avvik frå landsgjennomsnittet i norsk skriftleg, hovudmål og sidemål.
Tiltak: systematisk bruk av kartleggingsresultat, vidareutdanning i basisfaga. Bruke digitalt kartleggingsverktøy (Kartleggeren.no) for faga engelsk, norsk og matematikk.

Utfordringane som grunnskulane har, og vil møte framover:

- Økonomisk stramme rammer.
- Oppretthalde/forbetre læringskvaliteten i skulen.
- Gje eit godt og tilpassa opplæringsstilbod til elevar med samansette vanskar. Skulesektoren opplever at fleire og fleire elevar slit med psykiske vanskar. Det er viktig at det blir etablert kommunale tenester som kan følgje opp og gje denne gruppa elevar og deira familiar hjelp.

5.4 Kva har vi oppnådd i 2018?

Målet har vore å kunne oppretthalde og helst forbetre læringskvaliteten i skulen: Verkemiddel vi har valt å arbeide med for å realisere målet er:

Felles satsingsområde for å styrke læringskvaliteten i skulen:

- Tidleg innsats og tilpassa opplæring med fokus på å styrke den ordinære opplæringa.
- STL (skrive seg til lesing). Tekstskaping på datamaskin. STL blir no brukt i alle skulane.
- Kartleggeren.no er kjøpt inn og blir brukt til kartlegging av ferdigheitar i norsk, matematikk og engelsk.
- SOL, systematisk observasjon av lesing. Vidareføring.
- VOKAL, ein portal for registrering av resultat frå alle kartleggingsprøver, nasjonale prøver og symjing.
- Vurdering undervegs på læringsplattforma Pedit og på Visma flyt skule. Læringsplattforma blir i løpet av 2019 fasa ut, til fordel for Skooler som er kjøpt inn som ny læringsplattform.

- PPT tettare på med rettleiingsarbeidet i skulen.
- Vidareutdanning av undervisningspersonalet. Skuleåret 2018/2019 er det seks lærarar i Vestnes som tek vidareutdanning i faga norsk, engelsk og tysk.

Felles satsingsområde for å styrke **det psykososiale miljøet** i skulen:

- Partnerskap mot mobbing, markering på alle skulane.
- MOT: Då nøkkelpersonar i dette arbeidet gjekk over i anna arbeid i kommunen, vart programmet lite brukt i 2017. Hausten 2018 var tre personar på kurs for å bli MOT-coachar. Vi held fram med kursing i 2019, for å få MOT innarbeidd igjen i ungdomssteget.
- «Lekepatruljen» – Skulane i Vestnes brukar «Lekepatruljen» sitt program. Elevar og lærarar blir kursa i aktivitetar som skal brukast i friminutta. Elevane som har vore på kurs leier varierte aktivitetar i friminutta. Det blir gjennomført slike kurs kvart halvår, slik at nye elevar får moglegheit til å vere aktivitetsleiurar i friminutta. Hensikta med programmet er å skape gode og inkluderande aktivitetar i friminutta.

5.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Det helsefremmande arbeidet er forankra i skulen sine planar. t.d. aktivitets- og trivselsplanar
- Haldningsskapande klasse miljøprogram: *Det er mitt val*, Lekepatruljen, MOT
- Samarbeid heim – skule, samt andre instansar som t.d. PPT, barnevern og skulehelsetenesta. Det er oppretta eit tverrfagleg skuleteam. Dette skal sikre godt samarbeid og samordning dei einiskilde kommunale tenestene imellom.
- Sjå resultat over tid, arbeide systematisk og langsiktig. Ungdata-undersøkinga vart gjennomført i ungdomsskulen i 2017. I samarbeid med KORUS (Kompetansesenter rus – Midt-Norge), vart det i februar 2019 gjennomført eit oversiktseminar der russituasjonen i kommunen vart diskutert. Informasjon frå Ungdata undersøkinga vart presentert der.
- Tema: gi elevane kunnskap og rettleiing på korleis god ernæring og dagleg fysisk aktivitet fremmar god helse, gjennom faga kroppssøving og mat og helse i skulen
- Sunn mat og uteaktivitet på SFO



Foto: Kathrin Furland

Her er elevar (mat og helse 9.klasse) på Kråkneset og har uteskule

5.6 KOSTRA-tal på området

- skule, SFO m.m.	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. Utgifter grunnskule, pr. innb	13 508	14 362	13 849	13 305	15 139	12 580	16 777
Nto. Utg grunnskule, pr innb 6-15 år *	114 958	116 659	112 430	108 754	122 040	105 883	132 382
Nto. Utg SFO pr innbygger 6 - 9 år	7 533	4 419	4 547	1 479	2 732	4 738	7 597
Nto. Utg skuleskyss pr innb. 6-15 år	3 589	2 430	2 277	3 732	1 425	1 489	3 934
Gjennomsnittleg gruppestørrelse	13,3	15,3	16,0	15,8	13,0	17,3	14,2
Andel elevar som får spes. undervisning	11,4	8,8	7,9	5,7	6,9	10,2	9,0
Gj. Snitt grunnskulepoeng	39,3	41,8	41,7	42,5	40,8	42,3	41,3
Andel lærarar som er 40 år og yngre	44,1	43,1	43,4	33,3	45,6	44,0	46,9
Andel lærarar som er 60 år og eldre	16,2	12,2	10,3	13,3	10,2	11,4	13,6

Nokre KOSTRA tal - skule, SFO m.m. - utvikling siste 5 år	Utviklin g 2013 - 2018						Endring i % 13 - 18
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	
Nto. Utgifter grunnskule, pr. innb	11 823	11 938	12 141	12 646	13 132	13 508	14,3
Nto. Utg grunnskule, pr innb 6-15 år	102 235	103 465	103 032	108 014	114 848	114 958	12,4
Nto. Utg SFO pr innbygger 6 - 9 år	4 305	4 765	4 224	8 253	7 633	7 533	75,0
Elevar pr komm skule	180	182	181	177	172	174	-3,3
Andel elevar som får spesialunderv.	11,7	11,8	7,9	9,0	10,1	11,4	-2,6

5.7 Økonomisk resultat 2018

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2018			Budsjett	Avvik 2018	
	2018	Utgifter	Inntekter	Netto	2018	i kroner	og i %
Fiksdal skule	5 403	6 914	1 274	5 640	5 107	533	10,4
Tomrefjord skule	24 669	29 239	2 672	26 567	24 967	1 600	6,4
Helland skule	33 198	44 275	9 636	34 639	34 219	420	1,2
Tresfjord skule	5 574	5 306	296	5 010	5 301	-291	-5,5
PPT	2 688	5 128	2 147	2 981	2 954	27	0,9
Fellesutg undervisning	10 678	11 998	1 780	10 218	9 379	839	8,9
Sum grunnskule	82 210	102 860	17 805	85 055	81 927	3 128	3,8

- Samla meirforbruk på 3,1 mill. kr. Dette er mykje, men einingsleiarane gjev oss tilbakemelding om at det er fagleg uforvarleg å redusere meir enn det som er gjort innanfor noverande struktur.
- Samla auka utgiftene innan grunnskulesektoren med vel 2,8 mill. kr, ein auke på 3,5 %.
- Det er Fiksdal skule og Tomrefjord skule som har stort meirforbruk.
- Kjøp av undervisningstenester for barn som er plassert i fosterheim i andre kommunar, går på spesialskule (Tøndergård) og spes.ped. til Vike skule utgjer vel 6,9 mill. kr. Det er ein nedgang frå 2017 då samla kostnad utgjorde 7,8 mill. kr.
- Utgifter til skuleskyss er knapt 2,8 mill. kr.

Utvikling 2013 - 2018

Driftseining	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Endring 2013 - 2018	
							sum	i %
Fiksdal	5 450	5 678	5 827	5 549	5 403	5 640	190	3,5
Tomrefjord	22 763	22 264	23 786	23 231	24 669	26 567	3 804	16,7
Helland	30 194	31 175	32 025	33 585	33 198	34 639	4 445	14,7
Tresfjord	6 370	5 816	5 541	5 394	5 574	5 010	-1 360	-21,4
PPT	2 820	2 622	2 595	2 788	2 688	2 981	161	5,7
Fellesutgifter	6 963	6 187	7 000	8 147	10 678	10 218	3 255	46,7
SUM	74 560	73 742	76 774	78 694	82 210	85 055	10 495	14,1

Elevkostnad (eks. skuleskyss og fellesutgifter)

	Elevtal			Kostnad pr. elev 2018
	Vår 2018	Haust 2018	Snitt	
Fiksdal	39	39	39,0	144 615
Tomrefjord	229	228	228,6	116 216
Helland	391	407	397,7	87 098
Tresfjord	30	22	26,7	187 640
	689	696	691,9	103 853

- Elevkostnaden er høgst på dei minste skulane, og lågast på dei største skulane sjølv om det her også er ungdomsskule som krev meir kostnad enn barneskule.
- Husleiga ved Tresfjord skule er langt høgare enn ved Fiksdal skule, grunna alder på bygget. Korrigerer for det vert elevkostnaden ved Tresfjord skule likevel ca 170.000,-.
- Snitt kostnad har auka frå kr 98.250,- i 2018.

5.8 Einingsleiarane sine tiltak for å halde budsjettet

Fiksdal oppvekstsenter

Reduserte inntak av vikar ved korttidsfråvær, mellom anna ved å slå saman grupper, samt einingsleiar gjekk inn som vikar ved behov. Rammene var veldig stramme og vi greidde ikkje å halde budsjettet. Ressurskrevjande brukarar, opplæring av personale i bruk av læringsbrett i undervisninga og personale ute i vidareutdanning, førte til at det var vanskeleg å gjennomføre dei tenkte sparetiltaka på sikt. Vi reduserte overtidsutbetaling ved å nytte personale som ikkje går i fulle stillingar som vikar. Då opplæringa av personale og elevar på læringsbrett kom seint i gong, vart det i enkelte fag både behov for lærebøker og Appar. Noko av dette er eingongsinvesteringar. Samarbeid med FAU ved fellesaktivitetar på skulen

Tresfjord oppvekstsenter

Vi vurderer alle innkjøp nøye, og avgrensar det så godt som råd er til det som er naudsynt for å få undervisning og reinhald til å gå. I staden for å setje inn vikar ved korttidsfråvær, vil vi i så stor grad som råd er slå saman grupper, og einingsleiar vil i tillegg ta vikartimar. Dette vert ein balansegang, ein må sjølv sagt passe på at meirbelastninga på dei som må slå saman grupper ikkje vert for stor. Assistent vil i nokre tilfelle verte oppgradert til ufaglært lærar. Avspasering utan vikar, der det er mogleg. Restriktiv bruk av overtid.

Tomrefjord skule:

- Fast rutine på å kontrollere rekneskapen kvar måned.
- Vi er restriktive med bruk av vikar ved permisjonar og sjukdom. Vi slår saman grupper og/eller køyrer med mindre bemanning når vi meiner det er forsvarleg. Når assistentar er borte, blir det ofte ikkje sett inn vikar.
- Vi brukar overtid berre der det er heilt nødvendig. Utfordringa er at dei fleste lærarar går i 100% stilling. Dersom vi må bruke dei som vikarar, utløyser det overtid i tråd med avtaleverket.
- I budsjettåret 2018 reduserte vi administrasjonsressursen på SFO med 15%, administrasjonsressursen på skulen med 10% og reinhald på skulen med 10%. Dette er tiltak vi ikkje kan gjere kvart år.
- Vi gjorde tiltak for å redusere assistentressursane, men på grunn av nye elevar med behov, fekk vi ikkje til å oppretthalde den reduksjonen som var tenkt.
- Gjennomgang av bruk av ressursar til spesialundervisning og generell bemanning ved planlegging av nytt skuleår. Restriksjonar på innkjøp.

Helland skule

Fast gjennomgang av rekneskap for å kunne gjere nødvendige tiltak tidlegast råd.

Skule/SFO

- Samanslåing av grupper ved korttidsfråvær (sjukefråvær og permisjonar.)
- Leiinga på skule vikarlærar
- Innsparing lønsutgifter – assistent blir oppgradert til ufaglært lærar ved sjukevikar enkelttimar i skulen
- Avspasering utan vikar der det er mogleg. Restriksjonar mot overtid



Frå skidag på Ørskogfjellet Foto: Line H.Stene



Uteskule i 1. klasse ved Helland skule. Foto: Marianne Nordvik

Kap 6 Barn, ungdom og familie

Visjon for eininga –

Mestring og motivasjon for alle

Basert på kjerneverdiane: trygg, raus og engasjert

6.1 Oversikt over sektoren

Barn, ungdom og familie (heretter kalla BUF) var i 2018 samansett av tenestene Barnevern, Helsestasjon, Myra aktivitetssenter, Psykisk helseteam og Bustadtiltak.

Barneverntenesta vart overført til interkommunal barnevernteneste for Aukra, Midsund, Molde, Eide og Vestnes frå 1. oktober 2018.

Eininga har brei helsefagleg kompetanse, der dei fleste tilsette har ei spesialisering/etterutdanning. Eininga har eit førebyggjande og helsefremjande familieperspektiv for barn, vaksne og familiar med behov for hjelp og støtte. Vi legg vekt på ein høg etisk standard i tenesteyting der brukarmedverknad og involvering vert ivareteke.

Ansvar	Årsverk 2017	Årsverk 2018	Ev. merknad
Adm. Leiing	1,0	1,0	
Psykisk helseteam	5,0	5,0	Inkl. avd.leiar
Barneverntenesta	7,0	7,0	Inkl. 1,8 statlege stillingar tildelt gjennom statleg styrking av barnevern
Helsestasjonen	5,75	5,75	Inkl. familierettleiar og jordmorressurs
Prosjektstilling	1,7	1,7	Sjå under tabellen
Myra aktivitetssenter	2,0	2,0	
Sosiale tenester barn og unge	8,0	12,86	
Tilsynførar	0,2	0,2	
Prosjektstillingar	3,6	1,7	Psykolog, styrka skulehelseteneste og helsestasjon
Totalt	34,25	36,51	

Kommentarar: 100% Psykolog i kommunale helse- og omsorgstenester

Prosjekt – Førebyggjande skule og helsestasjonsteneste: Styrking: 50% jordmor ressurs, 100% sjukepleiar ressurs, 20% psykomotorisk fysioterapeut

6.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Nasjonale føringar, nye reformer, pakkeforløp innan psykisk helse og krav til spesialisering, samt auka rettstryggleik for enkeltindividet står sentralt. Velferdssamfunnet utfordrar oss i måtar å tenke på når det gjeld ressursar, kultur, nytenking og samhandling. I tråd med samhandlingsreforma bygger spesialisthelsetenesta noko ned sine tenester og gir eit større ansvar til kommunen. Vi opplever eit auka press i form av komplekse og samansette oppgåver. Rett til behandling i spesialisthelsetenesta stiller krav til at kommunen sjølv har gjennomført tiltak når det gjeld kartlegging, utredning/behandling og dokumentasjon. Det er spesialisthelsetenesta som har definisjonsmakt og kan avgjere kven som har rett til behandling ut i frå prioriteringsretteleiar. Dette er særleg utfordrande innan psykisk helsehjelp for barn og unge.

Psykisk Helseteam

- Auka saksmengd og auka kompleksitet i sakene.
- Eininga får tilmeldt stadig fleire ressurskrevjande saker innan området psykisk helse, der enkeltmenneske har behov for bustad med tilrettelagt hjelp og bistand/døgnbemanning. Kompleksiteten i sakene krev omfattande opplæring frå spesialisthelsetenesta og frå kompetansesenter andre stader i landet. Vi må i utstrekkt grad nytte elektroniske verktøy i samhandlinga som t.d. ved videooverført undervisning/møteverksemd. For framtida vert det viktig at det vert lagt til rette for velferdsteknologiske løysingar. Vi må ta høgde for auka kostnader knytt til opplæring av tilsette i ei spesialisert eining som BUF.
- Innan psykisk helse og rus er det auka behov for hjelp i form av samtaleoppfølging, praktisk hjelp og bistand, i stor grad ambulante tenester som vert ytt til ulike tidspunkt på døgnet etter behov. Denne typen hjelpebehov har auka i stor grad i løpet av 2018. Det er vanskeleg å finne kvalifiserte og egna personar til å ta på seg oppdraga som ofte er svært samansette. Dette kan sjåast i samheng med at spesialisthelsetenesta skriv ut pasientar tidlegare. Pasientane har difor meir behov for hjelp og støtte enn om dei hadde fått ein lengre innlegging eller eit opphald på ein DPS i ein overgang til kommunal teneste. Vi ser også pasientar som vert utskrivne utan å vere ferdig kartlagt eller behandla, desse sakene er også svært krevjande å følgje opp for å gi rett behandling og rette tiltak. Utifrå nasjonale føringar ser vi at dette vil auke i åra som kjem.
- Nye pakkeforløp innan psykisk helse og rus vil venteleg også utfordre kommunen. Desse pakkeforløpa er ferdige pr i dag: Psykiske lidningar – pakkeforløp barn og unge, Rusbehandling (TSB) – pakkeforløp, Mistanke om psykoseutvikling og psykoselidningar hos barn, unge og vaksne – pakkeforløp, Spiseforstyrningar hos barn og unge – pakkeforløp Tvangslidningar (OCD) – pakkeforløp. Det kjem fleire pakkeforløp i tida framover og pakkeforløpa krev tett samhandling internt og eksternt mellom helsetenestene. Vi er spente på utviklinga og opplever i fleire saker at spesialisthelsetenesta har redusert kapasiteten sin til rettleiing og oppfølging i enkeltsaker. Vi opplever at dei er raske med å trekke seg ut. I saker som gjeld enkeltindivid har vi nytta Fylkesmannen og pasient- og pårørandeombodet som støttespelarar i dei mest komplekse tilfella.
- Vi har fått økonomisk prosjektstøtte frå Fylkesmannen til å lønne kommunepsykologen. Dette vil ta slutt frå 2020, då kommunepsykolog er lovpålagt.
- Det er også behov for døgnbemanna bustad i tida framover. Dette er noko vi må ta høgde for i drifta i åra som kjem.

Helsestasjonen

- Det vart fødd 55 barn i Vestnes kommune i 2018; 31 jenter og 24 gutar, 5 fleire enn i 2017. I tillegg til desse barna har vi 30 flyktningbarn i alderen 0-18 år.

- Helsestasjon som teneste opererer ikkje med venteliste, og skal ta imot alle i alderen 0 – 20 år. Alle oppgåver er lovpålagte og når prioritering må skje er det utfordrande i ei tid der vi ser at saker blir meir komplekse og samansette. Vi ser at dette går på bekostning av den generelle helseopplysninga og førebygginga som er helsestasjonen si primære oppgåve. Helsestasjonen som teneste har ikkje nokon behandlande funksjon, men skal vere ein dørøpnar til andre hjelpeinnsatsar.
- Gjennomføringa av helsestasjonsprogrammet 0-5 år vil framleis stå øvst på denne prioriteringslista, noko som inneber tidleg intervensjon både i f.h.t. alder og forløp.
- Familierettleiar med fokus på alder mellom 0-6 år – viktig tiltak for kravet om tidleg intervensjon. Familierettleiar har hatt 15 saker i 2018. Det blir stilt store krav til helsepersonell for oppfølging og ivaretaking av pårørende, og barn som pårørende.
- I 2017 kom det nye nasjonale faglege retningslinjer som legg sterke føringer for helsestasjonsarbeidet, blant anna i det tverrfaglege samarbeidet opp imot skule og barnehagar, eit arbeid som er utfordrande. Felles forståing og ei forankring er nødvendig for at arbeidet skal lukkast.
- Tverrfagleg team for barn mellom 0-6 år, samansett av helsesøster, barnevernspedagog og PPT, der familierettleiar er koordinator. Teamet har hatt 6 saker i løpet av 2018.
- Jordmorkompetansen har vore tilgjengeleg i 100 % som eit resultat av prosjektmidlar. Helsestasjonen har fått styrka jordmorressurs med 50 % frå helsedirektoratet gjennom dekking av lønnsmidlar. Resterande 50 % er kommunal del. I perioden januar til juni var jordmor utleigd 20 % til Rauma kommune.
- Psykiske vanskar blant barn og unge synes å vere aukande.
- Store utfordringar å få søkjarar til stilling som avdelingsleiar ved helsestasjonen. Per i dag kjøper vi 50 % avdelingsleiar frå Rauma kommune.
- Støttekontakt og avlastning 0-18 år. Ved utgangen av 2018 har vi 12 aktive saker. Fleire av desse har særskilte behov som gjer det utfordrande å finne stabile oppdragstakarar. Behovet synes også her å vere aukande.

Omsorgstenester for barn

- Tenestekontoret saksbehandlar søknader og einingsleiar gjer vedtak om teneste. Vidare er det einingsleiar i samråd med aktuelt fagområde, som regel helsestasjonen, som effektuerer vedtaka; dvs. skaffar støttekontaktar og besøksheimar, samt følgjer opp familiane. Dette er ei organisering som samsvarar med lovverket og samordnar tenestene opp i mot barn, unge og deira foreldre på ein god måte. Organiseringa vil lette overgangen til vaksenlivet ved 18 år.

6.4 Kva har vi oppnådd i 2018?

- Eining for barn ungdom og familie, heimetesta og bu- og habilitering deltok i oktober på rekrutteringsdag ved Høgskolen i Molde for å rekruttere helsefagleg kompetanse frå bachelorutdanninga i sjukepleie og vernepleie.
- Vi set framleis fokus på «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar» og arbeider med handlingsplanen sin handlingsdel
- Eininga gjennomfører kvartalsvise møte med organisasjonane, hovudverneombod og verneombod. I møta orienterer vi om status i eininga og føretek nødvendige avklaringar

Psykisk Helseteam

- I september 2018 fekk vi tilsett avdelingsleiar innan psykisk helse som skal ha ansvar for bustadtiltak og fagansvar for psykisk helseteam.
- Vestnes kommune fekk midlar gjennom Fylkesmannen til å gjennomføre ein fagdag med tema rus. Psykisk helseteam stod for arrangementet og vi gjekk breitt ut med invitasjon til pårørande, brukarar og andre interesserte. Fagdagen fekk overskrifta «Familien i hardt ver». Tema var retta mot rus og psykiske helseutfordringar sett ut i frå eit familieperspektiv. Førelasarar var erfaringskonsulent Hege Brekken, Ålesund behandlingssenter v/ Familierapeut Karine N. Aarsund, Rauma v/Audhild Mølmen med BAPP grupper og Krisesenteret Molde IKS v/Ingrid Horsgård. Omlag 50 personar deltok på arrangementet.
- Brukarplan vart gjennomført i mai 2018. I kartlegginga deltok helsestasjonen, barnevernet og psykisk helseteam. Mål for 2019 er at NAV også skal delta for å få ei breiare kartlegging. Brukarplan er eit verktøy for kommunar som ønsker å kartlegge omfanget og karakteren av risikofylt rusmiddelbruk blant brukarane av kommunens helse-, omsorgs- og velferdstenester. Verktøyet kan nyttast til kartlegging, kvalitetssikring, utvikling og planlegging av tenester.
- Psykisk helseteam deltek i kompetansenettverk om psykososialt arbeid med flyktningar og asylsøkarar
- NAPHA – Kommunepsykolog deltek i nasjonalt og regionalt nettverk for psykologar i kommunane
- KIB kurs – kurs i meistring av belastning. Gjennomført kurs våren 2018. 12 deltakarar deltok over 10 samlingar.
- Psykisk helseteam deltek i kommunenettverket ein gong per måned saman med ROR kommunane, Fylkesmannen, spesialisthelsetenesta, Høgskulen I molde og Mental helse.



Foto:Torstein Sønstabø/Vestnesavisa

Bildet frå fagdagen «Familien i hardt ver» nedst til venstre erfaringskonsulent Hege Brekken, Karine Nålund frå Ålesund behandlingssenter til høgre, Jørgen Wiik kommunepsykolog i bilde øvst til høgre.

Helsestasjon og skulehelseteneste

- Treffetid ungdomskulane 2 t. kvar 14. dag (fast).
- Auka treffetid ved barneskulen Helland utvida til 2 t. pr veke i prosjektet (før 2 t/mnd.).
- Treffetid Fiksdal, Tomrefjord, Tresfjord og Vike utvida med 2 t kvar 14. dag (før 2 t/mnd.). Styrking er eit resultat av prosjektmidlar frå Helsedirektoratet. Auka tilgjengelegheit gjer at vi blir meir brukt både av elevar og lærarar.
- Helsesamtalar trivselsamtalar til alle elevane i 8 klasse.
- Tverrfagleg skuleteam som kan delta i tverrfaglege drøftingar, råd og rettleiing i saker som blir innmeldt frå skulen eller andre samarbeidande tenester. Foreldre fast representert her.
- Vi har deltatt på foreldremøte med informasjon om tenesta på 1. og 8. klassetrinn ved skulestart/haust.
- Helsestasjonen sin kompetanse blir mykje brukt både av elevar og skule.

Kurs i psykisk helse for elevar i ungdom skulen

Helsestasjonen gjennomførte kurs i psykisk helse for elevar i 9 kl. ved Tomrefjord skule haust 2018. Kurset er ein del av prosjektet styrka helsestasjon og skulehelseteneste. Psykomotorisk fysioterapeut og kommunepsykolog gjennomførte undervisninga i samarbeid med skulen. Prosjektet er etter modell henta frå Ålesund kommune som har gjennomført kurset sidan 2015, og som er støtta av Extrastiftelsen 2017-2020. Elevane har heile tida evaluert undervisninga i psykisk helse, og desse svara er no forska på. Heile 85% av elevane som har deltatt i timane meiner det er viktig eller svært viktig at elevar får lære om psykisk helse på ungdomskulen. Programmet er utvikla av barnevernpedagogar, spesialpedagogar, psykologar, sosionom og helsesøstre. Undervisningsprogrammet inneheld i dag eit materiale for 3 doble undervisningstimar, foreldrekveld og personalkurs. Vi planlegg at dette skal bli ein del av det ordinære tilbodet i skulehelsetenesta.

Oppfølging for elevar i den vidaregåande skulen

VIP - er rettleiing i psykisk helse til alle VGS1 elevar av helsesjukepleiar og psykolog. Det blir gjennomført trivselsamtalar med alle 1. års elevar v/helsesjukepleiar. Fokus på russetid og smittevern, der alkohol og rusmiddel er eit sjølvsgt tema. Vi samarbeider også med SMIS0 (senter mot incest og seksuelle overgrep) når det gjeld russeinformasjon. Faste treffetider i den vidaregåande skulen. Gjennom prosjekt styrka helsestasjon og skulehelseteneste har Gjermundnes VGS fått auka treffetid med ein fast dag 20 % i prosjektperioden.

Kompetansehevande tiltak gjennom prosjekt styrka helsestasjon og skulehelseteneste

Helsestasjonen har gjennom prosjektmidlar frå helsedirektoratet kunna gjennomføre fleire kompetansehevande tiltak i 2018. Blant anna opplæring i NBO og COS-P noko som har gitt tilsette mogleheit for vekst og utvikling i arbeidet.

NBO: Alle tilsette ved helsestasjonen har starta opp med Newborn Behavioral Observation: «*En metode for å observere spedbarn mellom 0 til 3 mnd. Hensikten er å øke foreldres sensitivitet overfor spedbarnets mange signaler og reformulere disse til et kommunikasjonsspråk. Det legges stor vekt på å tilrettelegge å styrke relasjonen mellom foreldre og barn.*»

COS-P: Tilsette ved helsestasjonen og psykisk helseteam har gjennomført sertifiseringskurs i tryggleikssirkelen ein behandlingsmetode som bygger på tilknytningsteori mellom foreldre og barn/ungdom. Formålet med denne tilnæringsbaserte metoden er å styrke foreldre i foreldrerolla - til å bli gode omsorgspersonar for borna gjennom emosjonell tilgjengelegheit og hjelpe barnet/ungdommen til å regulere egne følelsar i samspel med andre.



Foto: Jeanette Baltzersen

Marit Ronstad Ekli helsesjukepleiar ved helsestasjonen gjennomfører NBO observasjon. På bildet mor Maria Landre og lille Mathilde Landre Marken

Myra aktivitetssenter

- Fokus på å helsefremjande tiltak når det gjeld fysisk aktivitet og kosthaldsrettleiing, samt økonomisk rettleiing
- Aktiviseringstiltak i form av m.a. juleaktiviteter, handarbeid, bærplukking/sylting.
- Tilsette og brukarar av Myra gjennomførte hausten 2018 basar. Det var godt oppmøte og ein engasjert gjeng som organiserte eit flott arrangement på frivilligsentralen.



Foto: Synnøve Lange



Foto: Synnøve Lange

Myra aktivitetssenter er allereie i full gang med å lage nye gevinstar til neste basar.

6.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Kompetanseheving som gjeld vald i nære relasjonar. Vestnes kommune har signert samarbeidsavtale med Krisesenteret for Molde og omegn som ein del av det lovpålagte og forebyggjande arbeidet.
- Vestnes kommune har utarbeidd nettside med informasjon om kor ein finn hjelp dersom ein er i ein situasjon der ein er utsett er utsette andre for vald og seksuelle overgrep.
<https://www.vestnes.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/vold-og-seksuelle-overgrep>

6.6 KOSTRA-tal på området

Barnevern- nøkkeltal	Enhet	Vestnes	Kostragruppe 11	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal
		2018	2018	2018	2018
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år (kr)	kr	8062	8521	8326	6819
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)	prosent	3,4	4,4	4,5	3,8
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år	prosent	4,2	4,6	4,8	4,1
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år (prosent)	prosent	4,6	4,4	3,9	4,1
Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak (kr)	kr	44840	51235	49940	50281
Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet (funksjon 251) (kr)	kr	42936	38448	39560	32703
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (kr)	kr	467031	414663	442356	378832
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	antall	17,4	18,6	19,1	19,1
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månader	prosent	92	85	87	80
Helsestasjon/skolehelseteneste- nøkkeltal					
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	årsverk	52	47,3	42,1	41,1
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	prosent	92,3	91,1	90,1	93
Rus/psykisk helse- nøkkeltal					
Brutto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	kr	184	315,5	592,3	427,3
Netto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	kr	184	224,4	476,7	359,2
Andel netto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer (prosent)	prosent	8,5	6,1	12,5	10,9
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (helse- og omsorg) (antall)	antall	10,7	6,3	4,9	5
Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	antall	12,4	10,9	9,1	8,6
Årsverk av personer med videreutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	antall	1,5	3,8	3	1,6
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmissbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)	antall	0	1	2,2	1
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmissbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere (antall)	antall	0	0,6	1,4	0,6
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmissbrukere per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)	antall	44,3	5	2,4	5
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmissbrukere per 10 000 innbyggere (antall)	antall	27,5	3	1,5	3,1

Utvikling 2013 - 2018

Driftseining	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Endring 2013 - 2018	
							kroner	i %
Helsestasjon	2 535	2 683	2 754	2 833	3 210	3 217	682	26,9
Jordmorteneste	264	266	262	269	280	254	-10	-3,8
Barnevern	13 463	13 907	14 529	11 871	13 352	12 589	-874	-6,5
Omsorgstenester barn/ungdom	2 304	2 259	1 925	2 956	7 615	10 359	8 055	349,6

- Omsorgstenester for barn og ungdom har auka svært mykje i perioden. Det har samanheng med nye brukarar med til dels store behov, og at vi i 2017 og 2018 har bygd opp nye tilbod. I 2018 vart det etablert eigen bustad med heildøgns tenester. Nokre av desse brukarane kjem også inn under ordninga med tilskott til ressurskrevjande brukarar slik at vi får dekkja delar av kostnaden.
- I tråd med overordna føringar er utgifter til helsestasjon/skulehelseteneste auka.
- Utgiftene til barnevern varierer ein del frå år til år, og kan vere vanskeleg å budsjettere.

6.7 Økonomisk resultat

Eining	Rekneskap	Rekneskap 2018			Budsjett	Avvik 2018	
	2017	Utgifter	Inntekter	Netto	2018	i kroner	og i %
Div. prosjekt	242	3 598	3 376	222	474	-252	-53,2
Helsestasjon	3 210	3 326	109	3 217	3 538	-321	-9,1
Jordmorteneste	280	463	209	254	305	-51	-16,7
Omsorgstenester barn og ungdom	7 615	10 943	584	10 359	8 451	1 908	22,6
Myra aktivitetssenter	1 188	1 199	126	1 073	1 317	-244	-18,5
Psykisk helse og rus	3 210	3 289	9	3 280	3 493	-213	-6,1
Administrasjon m.m.	864	1 593	249	1 344	1 521	-177	-11,6
Tilsyn fosterheimar	17	207	143	64	94	-30	-31,9
	16 626	24 618	4 805	19 813	19 193	620	3,2
Barnevern	13 352	18 743	6 154	12 589	12 666	-77	-0,6

Eininga Barn, ungdom og familie (BUF) hadde i 2018 eit samla meirforbruk i høve budsjett på 0,6 millionar kroner (ekskl. barnevern). Eininga hadde eit meirforbruk på 1,9 millionar kroner knytt til omsorgstenester for barn og unge. Dette heng igjen saman med oppbygging av eit heildøgns omsorgstilbod for barn og unge ved Myrateigen. Innsparingar i dei fleste andre ansvara i eininga reduserte det samla meirforbruket.

6.8 Einingsleiar sine tiltak for å halde budsjettet

Ved einingsleiar Elly Volsdal Slettvoll:

Eining for barn, ungdom og familie har tidvis store svingingar i drifta. Dersom ein i løpet av 2019 skulle få tiltak av særleg ressurskrevjande omfang kan det bli utfordrande å halde budsjettet.

Tiltak for å halde budsjetttrammene:

- Redusere vikarinnleige der ein kan gjere det.
- Søkje om tilskotsmidlar som kan redusere kostnader knytt til kompetansehevande tiltak
- Auka fokus på budsjett i faste personalmøte med tilsette. Avdelingsleiarar rapporterer månadleg til einingsleiar.

Kap 7 Eining for kvalifisering og integrering (EKI)

Visjon:

«Kvalifisering og integrering»

7.1 Oversikt over sektoren

Ansvar, fordelt sjå nedanfor	Årsverk 2017	Årsverk 2018	Ev. merknad
Felles einingsleiar og sekretær for EKI	1,25	1,25	
Vaksenopplæringa	4,8	4,8	
Flyktingtenesta	2,8/2,2	2,8	Programrådgjevar vart sett inn som fungerande leiar i EKI hausten 2018.

7.2 Resultatmål 2018

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2018	Resultat 2018	Mål 2019
Brukarar - "opplevd kvalitet"	Gjennomføre brukarundersøking for alle deltakarar i opplæring og/ eller i introduksjonsordning innanfor prioriterte tema. Andel som svarar:			80 %
Teneste "objektiv målt kvalitet"	Vaksenopplæringa:			
	• Innvandrarak som gjennomfører skriftleg norskprøve med resultat A2 eller høgare (lese, lytte, skrive)	90 %	89 %	90%
	• Innvandrarak som gjennomfører munnleg norskprøve med resultat A2 eller høgare	90 %	85 %	90 %
	• Innvandrarak som oppnådde B1 i alle disiplinær på A2/B1 og B1/B2-prøven: 4 av 6 oppmelde			67 %
	• Innvandrarak som gjennomfører prøven i samfunnskunnskap/ statsborgarprøven og består	100 %	100 %	100 %
* nokre måtte prøve fleire gongar for å oppnå bestått				
Flyktingtenesta:				
• Andel av flyktingane som er i jobb eller utdanning når introduksjonsprogrammet blir avslutta	69 %	85 %	85 %	85 %
• Andel av flyktingane som er i jobb eller utdanning 1 år etter avslutta introduksjonsprogram (62,5% var i jobb/utdanning ved avslutting av intro så målet for 2018 var ikkje realistisk å nå)	85 %	64 %	85%	85%

7.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Flyktingtenesta og Vaksenopplæringa

- Kvar deltakar i norskopplæring og/eller i introduksjonsprogram skal ha ein individuell plan som blir utarbeidd av Vaksenopplæringa, Flyktingtenesta og deltakaren sjølv i lag. Planen skal bidra til å styrkje deltaking i yrkes- og samfunnsliv, samt økonomisk sjølvstende. Det kan vere ei utfordring å halde fristane for halvårleg evaluering og justering.
- Den individuelle planen ligg til grunn for eventuell utviding av tida for deltaking i introduksjonsordning (normalt 2 år etter busetjing) og for vedtak om grunnskule.
- Samarbeidsavtale mellom NAV Vestnes og EKI er utarbeidd og blir evaluert/ og justert ein gong i året. Ei utfordring er til ei kvar tid å ha ein avtale som er i tråd med dei strenge statlege føringane for samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten med krav om tidleg involvering.

Flyktingtenesta

- Vestnes kommune leiger private bustader til flyktningar i tillegg til bruk av kommunale bustader. Samarbeidsavtale med Eining for eigedomsdrift er utarbeidd og blir evaluert årleg. Det er ei utfordring å gi god nok opplæring i alle sider ved det å bu og ivareta bustaden. Kommunen har utarbeidd sjekklistar til bruk ved heimebesøk som også inkluderer branntilsyn.
- EKI motiverer flyktningar til å overta leigeforhold/ev. kjøpe privat bustad når rammene er på plass for det.
- EKI og Eining for kultur samarbeider med fokus på inkludering gjennom frivilligheit. Det er naturleg at tiltak som blir starta i EKI og er aktuelle for vidareføring, blir overtatt og koordinert gjennom Frivilligsentralen.
- Deltaking i lag og organisasjonar er viktig kvardagsintegrering, spesielt for barn. EKI prioriterer derfor tilrettelegging for deltaking høgt. Det er viktig at laga legg til rette for at foreldre får gjere dugnadsinnsats på lik line med dei norske foreldra, noko som kan vere ei utfordring.
- Samarbeid med legesenter, helsestasjonen og psykisk helseteam er viktig ved busetting og undervegs i introduksjonstida, for nokre i heile 5-årsperioden. EKI dekkjer 30 % helsesøsterstilling for å sikre ivaretaking av barn av busette flyktningar.
- Overgangen frå introduksjonsprogram med stønad til arbeid/ utdanning kan vere utfordrande. EKI har rutinar for bruk av Lånekassa sine støtteordningar, slik at dei som blir utskrivne av introduksjonsordninga før dei har avslutta grunnskulen, får fullføre med statleg stipend. Mange skaffar seg også arbeid i tillegg til stønad frå Lånekassa, noko som er vanleg også for norske skuleelevar.
- Utfordring i å leggje til rette for arbeidsretta løp for dei som har liten eller ingen skulebakgrunn frå heimlandet og vil ha problem med å fullføre eit utdanningsretta løp. Vestnes har fått rettleiing frå IMDi m.a. på dette fokusområdet. For å lukkast må ein ha gode samarbeidsavtalar med lokalt næringsliv og aktuelle kommunale arbeidsplassar.

Vaksenopplæringa

- Kvalitetssikre at opplæringa i norsk og samfunnskunnskap til alle deltakarar blir individuelt tilrettelagt med bakgrunn i kartlegging av skulebakgrunn frå heimlandet (rett spor) og norsk-kunnskapar (rett nivå). I ein liten kommune som Vestnes må ein av og til akseptere at deltakarar med ulikt språknivå må gå i same klasse, noe som kan vere ei utfordring.
- Tilby grunnskule over 2 år der første året er på førebuande nivå og andre året er 10. klasse med standpunktkarakterar og grunnskuleeksamen tilsvarande 10. klasse i grunnskulen. Det er ei utfordring at nokre vil ta grunnskulen på eitt år sjølv om dei har lite skulebakgrunn frå heimlandet, men det er fleire no som ser at dei treng lengre tid. Dei

som har rask progresjon får realkompetansevurdering i fag slik at dei raskare kan søkje seg inn i vidaregåande skule.

- Gje god rettleiing til dei vaksne i høve innsøking til vidaregåande skule og høgare utdanning. Gje hjelp til innsending av dokument til NOKUT. Det er viktig å rettleie deltakarane slik at dei gjer val med bakgrunn i eigne evner/ interesser/ føresetnader og i samsvar med arbeidsmarknadsbehovet framover.
- Grunnleggjande ferdigheiter; lesing, skriving, rekning, munnleg framstilling og digitale ferdigheiter er viktig for alle og skal inn i alle fag. Utfordring i å byggje tilbod som inneheld grunnleggjande ferdigheiter i kombinasjon med relevante tema i eit arbeidsretta løp.

7.4 Kva har vi oppnådd i 2018?

Flyktingtenesta og Vaksenopplæringa

- Oppnådd at 85 % av dei som vart utskrivne av introduksjonsordning i 2018 gjekk direkte over i arbeid eller utdanning. Talet er høgt og vil bli lagt merke til på nasjonalt nivå.

Flyktingtenesta

- Busett 9 flyktingar. IMDi anmoda Vestnes om å busette 10, men då busettingsklare flyktingar vart lågare enn venta, fekk Vestnes redusert talet til 9. Av desse var 6 overføringsflyktingar, og 3 kom i frå statleg mottak. Kommunestyrevedtaket for 2018 var på 15 personar.
- I tillegg har Vestnes tatt i mot 7 personar for sekundærbusetting, 3 vaksne og 4 barn. Ein skal ha ei restriktiv haldning til sekundærbusetting i introduksjonstida. Dei som ein har tatt i mot har nær familie eller særskilt tilknytning elles til Vestnes.
- Alle busette og sekundærbusette fekk starte i introduksjonsprogram med stønad kort tid etter at dei vart busett, noko som er sær viktig for helse og trivsel. EKI prioriterer derfor dette høgt, og det har vore mogleg å gjennomføre gjennom eit godt samarbeid med barnehagane ved behov for barnehageplass.
- 12 har avslutta introduksjonsordning i 2018. Av desse er 5 i arbeid og 5 i vidare utdanning; resultat 85%. Fleire av dei busette er i høgskuleutdanning.
- 2 busette fekk tilbod om kvalifisering gjennom deltaking på matkurs i Rauma
- Fleire av dei som var busett som flyktingar i Vestnes har kjøpt seg hus eller har gått over til private leigeavtalar noko som er sær positivt.
- Mange av dei busette har tatt sertifikat. Frivillig innsats i køyreopplæringa frå lokalbefolkninga har vore viktig for å oppnå dette samt at Røde Kors stiller bil.
- Gjennomført leksehjelp i gruppe for barn og foreldre kvar veke i skuleåret.
- Vestnes kommune fekk tilskot frå Bufdir til foreldrestøttande tiltak i 2018, og EKI har gjennomført ICDP som del av prosjektet, sjå nedanfor. Tilskotet blir vidareført i 2019.

Vaksenopplæringa

- Tilbydd norskopplæring på spor 1 - 3 og på nivå A1 – B1, samt alfagruppe for dei med liten eller ingen skulebakgrunn.
- Gjennomført ordinær grunnskoleeksamen skriftleg og munnleg for 4 personar og gjennomført realkompetanse i alle fag for 11 personar, totalt 15 personar.
- Starta ny grunnskuleklasse med 15 deltakarar der storparten av dei vil fullføre grunnskulen våren 2019.

- Gjennomført prøver i norsk skriftleg med 3 delprøvar og gjennomført munnleg norskprøve lokalt i samarbeid med Rauma kommune.
- Gjennomført samfunnskunnskapsprøver på morsmål/ norsk samt statsborgarprøver, totalt 13 personar tok slike prøver.
- Tilbydd spesialundervisning etter søknad.
- Vestnes kommune fekk tilskot frå KompetansePluss til å gjennomføre kurs/ opplæring i norsk og digitale ferdigheiter for tilsette innan helse- og omsorgssektoren. Kurset som vart planlagt i samråd med leiarane i helse- og omsorg, starta opp hausten 2018 og blir avslutta våren 2019.
- Statleg tilsyn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal er gjennomført på området grunnskuleopplæring for vaksne, inkludert spesialundervisning for vaksne.

7.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Gjennomført rettleiingsprogrammet ICDP for å støtte foreldre og omsorgspersonar til å fremme den psykososiale utviklinga hos barn og unge.
- Fokus på å ta vare på fysisk og psykisk helse gjennom rettleiing i kosthald og mosjon/ trening. Ein legg òg opp til læring i praksis gjennom matlaging og turar i nærmiljøet.
- Krisesenteret har hatt opplæring om vald i nære relasjonar til alle deltakarar og tilsette i EKI.

7.6 Økonomisk resultat 2018

Driftseining	Alle tal i 1000 kr	Rekneskap	Rekneskap 2018			Budsjett	Avvik 2018	
		2017	Utgifter	Inntekter	Netto	2018	i kroner	og i %
Voksenopplæring (2701)		1 803	4 598	3 536	1 062	1 614	-552	-34,2
Busette flyktningar (3218)		8 910	10 756	2 864	7 892	8 619	-727	-8,4
Sum		10 713	15 354	6 400	8 954	10 233	-1 279	-12,5

- Det er eit mindreforbruk på om lag 1,3 mill. kr. I 2017 var meirforbruket like stort.
- I 2017 hadde ein det høgste talet på deltakarar i introduksjonsprogram med stønad noko som førte til meirforbruk. I 2018 gjekk talet ned samstundes som fleire av dei som ikkje hadde nådd lengstetida i program på 2 år, fekk ordinært løna arbeid og avslutta eller fekk permisjon frå introduksjonsordninga.
- Særskilte tilskot blir tildelt av staten gjennom året på grunnlag av søknad og gir kommunen refusjon for spesielle tiltak til personar i målgruppa.
- Alle utgifter til busette flyktningar blir ført på 3218; etablering ved busetting, introduksjonsstønad, helsestasjonsteneste, barnevernsteneste, tolketeneste, grunnskuleopplæring for barn/unge (Helland skule 1,3 mill.), utbetalingar frå nav samt husleigeutgifter som Eining for eigedomsdrift har til målgruppa.
- Statstilskot til vaksenopplæring vart vesentleg høgare enn budsjettert på grunn av at tilstrøyming av innvandrarar med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, vart høgt totalt sett.

- Alle utgifter til vaksenopplæring er ført på 2701; opplæring i norsk og samfunnskunnskap inkludert prøveavvikling, grunnskulopplæring for vaksne inkludert eksamensavvikling, spesialundervisning for vaksne samt introduksjonstema som del av introduksjonsprogrammet for flyktingar.
- Prosjektrekneskapen er ført på egne ansvar.

Utvikling 2013 – 2018

Driftseining	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Endring	
							2013 - 2018	
							sum	i %
Vaksenopplæring	-638	128	-330	176	1 803	1 062	1 700	
Busette flyktingar	717	3 856	5 539	8 201	8 910	7 892	7 175	
SUM	79	3 984	5 209	8 377	10 713	8 954	8 875	

- Vestnes kommune har fått busette flyktingar i heile perioden
- Kommunal andel til vaksenopplæring vart større når asylmottaket vart lagt ned og vil bli slik i åra framover

7.7 Einingsleiar sine tiltak for å halde budsjettet

Einingsleiar Helene Brendeløkken:

- Følgje med på månadleg forbruk og tilpassar drifta til budsjettet så langt det er mogleg utan at det går ut over lovpålagte oppgåver.
- Sjå til at staten overfører tilskot i samsvar med avtalane mellom kommune og stat både på gruppe- og individnivå.
- Sjå til at det blir søkt om særskilte tilskot der det er aktuelt

Kap 8 Kultur og fritid

Visjon:

Midt i blinken for det gode liv i Vestnes.

Opplæring, møteplassar, kultur og frivilligheit

8.1 Oversikt over sektoren

Følgjande tenester vert omhandla i dette kapitelet: Vestnes kulturskule, allment kulturarbeid i sentraladministrasjonen, Vestnes frivilligsentral og Vestnes folkebibliotek.

Teneste	Årsverk 2017	Årsverk 2018	Ev. merknader
Kulturskulen	9,69	9,78	0,15 % stilling er kjøp frå operaen i Kristiansund. 0,20% stilling er reinhald på Myra Kulturbygg.
Kultur i sentraladm.	0,6	0,6	Kulturforvaltning, tilskotsforvaltning, idrettsanlegg og friluftsliv
Frivilligsentral	1	1	
Biblioteket	1,7	1,7	1,6 årsverk er faste stillingar. 0,1 årsverk er brukt til ferievikar og tilfeldig vikarbruk.

8.2 Resultatmål - Kultur og fritid

Kultur i sentraladministrasjonen	Heimel	Type sak - resultatmål
Kulturtemaplan: «Idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv, kulturbygg og kulturminne.»	Statlege retningslinjer	Gjennomføre ein årleg, tilfredsstillande temaplanrulleringsprosess.
Spelemiddelordning. Idrett og friluftsliv Statleg sikring av friluftsområde	Statlege retningslinjer Årsbudsjett / Øk.plan Årsmelding	Utføre og koordinere ordningane godt. Ajourhald av det offentlege idrettsanleggsregisteret i spelemiddelordninga. Forvaltningsplanlegging, samarbeid med off. etatar, frivillige, friluftsråd og idrettsråd
Stadnamnlov, kulturvern, bygdebokarbeid, museum Idrettsanlegg, friluftsliv og folkehelse Tilskotsformidl, prosjektoppfølgning	Kulturforvaltning Tilskotsforvaltning Planoppfølging Årsbudsjett / Øk.plan Årsmelding	Møte frivillige lag og organisasjonar rundt om i kommunen. Utføre og koordinere ei tilfredsstillande saksførebuing for adm.sjefen: årsbudsjett, økonomiplan og planoppfølging. Ein eigen lokal kulturarvplan vedteken i 2018.
Barnerepresentantordninga Koordinator for Vestnes ungdomsråd	Delegerte oppgåver Statlege og lokale retningslinjer	Utøve oppgåva og ansvaret tilfredsstillande med tanke på statlege og lokale retningslinjer
TV-Aksjonen, kommunekomiteen	Delegert oppgåve TV-Aksjon i oktober	Tilfredsstillande førebuing og gjennomføring saman med ordførar og Frivilligsentral/ frivillige.
Tusenårsstaden/ Nyttårsmarkering 31/12, ved Sjøgata/Kataholmen.	Koordinering og samarbeid Ordførar/ Vestnes Brannvesen	Tilfredsstillande førebuing og gjennomføring. I samarbeid med Vestnes Brannvesen
Kulturpris	Delegert oppgåve Fsk - ordførar	Tilfredsstillande saksførebuing/gjennomføring

Vestnes Folkebibliotek				
Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2018	Resultat 2018	MÅL 2019
Brukarundersøking	Brukarundersøking (6 er beste score)	5,5	5,4	5,5
Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester	Utlån pr innbygger	4,4	4,2	4,3
	Besøk pr innbygger	4,75	5,1	5,1
	Biblioteket som møteplass	15 arrangement i biblioteket sin regi.	15 arrangement i biblioteket sin regi	10 arrangement. Redusert grunna planlegging av nytt bibliotek
	Nye brukargrupper	Etablere arbeidsplassbibliotek i bedrift for å nå utanlandske arbeidrar.	Etablert arbeidsplassbibliotek i bedrift, samt to barnehagebibliotek	Makerspace-satsing for ungdom
Strategi	Arbeidsplan for biblioteksjef	Planen skal reviderast jamnleg	Plan er jamnleg utarbeidd	Opprette barnehagebibl. Utarbeide plan for maritim profil for nytt bibliotek.

Vestnes Frivilligsentral				
Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2018	Resultat 2018	MÅL 2019
Strategi	Vestnes Frivilligsentral har ein fleirårig strategi.	Arbeide for å nå måla i strategien (2017-2019)	Gjennomført	Utvikle strategi for ny periode, 2020-2023.
Synleg	Innbyggjarane i Vestnes kjenner til kva sentralen er og aktiviteten/tilboda til sentralen.	Frivilligsentralen er synleg i lokale media, kommunen sine heimesider og i sosiale media.	Delvis gjennomført.	Frivilligsentralen er synleg i lokale media, kommunen sine heimesider og i sosiale media.
Forankring i frivilligheita	Vestnes Frivilligsentral er ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheita i Vestnes kommune.	Frivilligsentralen oppsøker frivilligheita aktivt, bidreg som koordinator i større prosjekt og tilbyr rettleiing i organisasjonsarbeid, og rettleiing i arbeid med pengesøknader	Delvis gjennomført. Arrangert Frivilligdag, etablert Tirsdagskaffe, kurs for Aktivitetsvenner, Habil-frivillige og temakveld om inkluderingsarbeid for organisasjonar.	Frivilligsentralen oppsøker frivilligheita og tilbyr støtte og rettleiing i organisasjonsarbeid/prosjekt, og er aktiv på Tilskuddsportalen.no
Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester	Ha gode møteplassar for innbyggjarane i Vestnes med aktivitetane: 1) Full Rulle 2) Tirsdagskaffe 3) Gåturar 4) Datakurs 5) Språkkafé 6) Frivilligdagen – fole kjekt i Vestnes! 7) Aktivitetsvenn for demente 8) Habil, øvingkøyring 9) Strikketreff (ny 2018)	1) Oppretthalde 2) Oppretthalde 3) Arrangere 12 turar. 4) Finne ei løysing som gir oppfølging over tid i samarbeid med andre aktørar 5) Nå ut til fleire om tilbudet 6) Arrangere Frivilligdagen 2018 7) Vi har 15 aktivitetsvenner i kommunen 8) Oppretthalde tilbudet	1) Gjennomført 2) Gjennomført. Tirsdagskaffe, samarb.(Røde Kors, Vestnes pensjonistlag, Gamleskulens vener) 3) Gjennomført(14) 4) ikkje arrangert 5) Gjennomført til sommaren, pause frå hausten. 6) Gjennomført 7) Delvis gjennomført, 5 aktivitetsvenner 8) Gjennomført, 14 stk har tatt førarkort 9) Arr. 3.kvar veke	1) Oppretthalde 2) Oppretthalde ein gong i veka i samarbeid 3) Gåturar vert til faste turar i Kråkvika Friluftsområde 4) Gjennomføre datakurs i samarbeid med bib. og andre 5) Opprette ein møteplass for integrering 6) Arrangere frivilligdagen 2019 7) Arrangere kurs 8) Oppretthalde 9) Oppretthalde

	Koordinere turkonkurransen Stikk Ut! I Vestnes kommune.	Koordinere Stikk Ut! 2018, og koordinere fellesturar til dei ulike turmåla i samarbeid med frivilligheita.	Gjennomført. 15 turmål, 360 aktive Vestnes-brukarar med 8857 turar, totalt 13.521 registrerte turar.	Koordinere Stikk Ut! 2019.
	Drifte og vedlikehalde Utstyrssentralen.	Drifte utstyrssentral 2018, søke samarbeid med andre.	Gjennomført drift, ikkje etablert fast samarb. Stort utlån og behov for meir utstyr.	Drifte utstyrssentralen, etablere samarbeid med andre. Søke om midlar til innkjøp.
Organisasjon	Tilsett dagleg leiar i 100% stilling. Styret har hatt 2 styremøte i tillegg til årsmøte. Vestnes kommune er eigar av sentralen.	Arbeide for auka midlar i form av ekstern prosjektstøtte til ulike aktivitetar.	Pågåande arbeid med midlar til Velkomstpakke.	Arbeide for auka midlar i form av ekstern prosjektstøtte til ulike aktivitetar.

Vestnes Kulturskule				
Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2018	Resultat 2018	MÅL 2019
Opplevd kvalitet frå elevar og føresette	Brukarundersøking - skala 1-6, der 6 er best	Annakvart år	Skal gjennomførast i 2019	Ei forbetring frå 2018
Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester	Elevplassar ved skulen	Stabilt	480 elevplassar	Å få opp talet på elevar i musikkfaget.
	Grunnprogrammet	Utvikle nytt tilbod for 1. og 2. årssteg Grunnprogram INTRO	Gjennomført – 15 elevar deltok	Vidareførast og vil bli justert litt etter evaluering til våren
				Oppstart av barnekor hausten 2019
	Kjerneprogrammet	Arrangere sommarskule i teater sjekke ut interessa i Vestnes.	Gjennomført – 10 elevar deltok	Nytt sommarkurs i 2019
	Fordjupingsprogrammet	Musikk: Inntak etter prøvespel	15 elevar er tatt opp i programmet	Vidareføre og utvikle tilbodet. Satse på UMM som arena for utvikling
		Dans: Inntak etter audition	23 elevar er tatt opp i programmet	Vidareføre og utvikle tilbodet
	Verkstader i grunnskulen Den kulturelle skulesekken	Vi legg ned aktiviteten med verkstader utanfor eigen kommune	Gjennomført	Satse vidare på verkstadproduksjonar i eigen kommune
		Danseverkstad i eigen kommune	Gjennomført i alle grunnskulane	Animasjonsverkstad. Med iPad som verktøy, med atterhald om prosjektmidlar
		Korps i skulen er satsingsområde	Gjennomført ved Vike Friskule som forsøksprosjekt.	Løyse utfordringa med finansiering av både instrument og lærarressurs slik at vi kan gjennomføre dette i fleire skular
Kulturtilbod for eldre. Den kulturelle	Gjennomføre prosjektet Helma i heile kommunen	Gjennomført ved Vike Friskule som forsøksprosjekt.	Gjennomført – Reportasje i Norge Rundt	Søke midlar til 2 nye produksjonar

	spaserstokken	Etablere 60 pluss som eit varig fagtilbod	Gjennomført hausten 2018 – utan stor oppslutning	Samarbeide med pensjonistlaga for å sikre at vi tilbyr det målgruppa ønskjer – kanskje i ei anna form
	Rammeplan og lokalt læreplanarbeid	Fullføre arbeidet med å lage lokal læreplan	Er i gang	Fullføre arbeidet med å lage lokal læreplan
	Lokale fagplanar	Revidere fagplanane i samsvar med nasjonale føringar	Ikkje gjennomført	Revidere fagplanane i samsvar med nasjonale føringar
	UKM Ung Kultur Møtes	Teste ut ny organiseringsmodell av UKM i samarbeid med ungdomsrådet og eit skulekorps	Gjennomført. Ein god modell	Arrangere UKM i tråd med varsla nye føringar frå fylket



Foto: Vigdis Ødegård

Bokrelease



Foto: Vigdis Ødegård

Lokale forfattarar

8.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Felles for kultureininga

- Basert på dei erfaringane vi har gjort oss gjennom samarbeid, meiner einingsleiar at det hadde vore ein fordel om alt kulturarbeid i kommunen hadde vore samla som ei eining.

Kultur i sentraladministrasjonen

- Arbeidet i sentraladministrasjonen femnar vidt ved at ein både har fagleg kontakt med kultureininga og har tett kontakt med økonomiavdeling, planavdeling, tekniske tenester og eining for eigedomsdrift. Arbeidet med allmenn kultur er oversiktleg og resultatretta.
- Å vere barnerepresentant og koordinator for ungdomsrådet er delegerte tilleggsoppgåver. Det gjeld også arbeid med TV-Aksjon, kulturpris, næringspris og nyttårsmarkering.
- Nytt saksbehandlingsystem for spelemiddelsøknadar kom i 2018, og forenkler samhandlinga mellom kommune, fylke og departement.
- Det er framleis ressursmangel knytt til slutføring av bygdebokarbeidet «Gard og slekt», der historisk interessante, viktige og sentrale gardar/krinsar enno manglar.
- Ny kulturrådgevar tilsett frå 1. oktober 2018.

Vestnes folkebibliotek

- Planlegginga av det nye biblioteket gir rom for nytenking og satsing på meir teknologi og innovative løysingar.
- Personalsituasjonen er sårbar, og sjukefråvær og planleggingsverksemd byr på store utfordringar med å få personalkabalen til å gå opp. Dei ti siste åra har besøket på biblioteket auka med 100%, men personalressursen er enno ikkje på nivå med det den var før kutta i 2009. I tillegg har biblioteksektoren fått mange nye oppgåver.
- Vi ser fram til nye lokalar. Dagens biblioteklokalar er utfordrande å arbeide i med tanke på støy og tungvinte løysingar.

Vestnes frivilligsentral

- I 2019 vil vi starte arbeidet med ny strategi for Frivilligsentralen sitt arbeid for perioden 2020-2023. For komande strategiperiode vert det viktig å bli endå tydlegare på kva Vestnes Frivilligsentral skal vere. Det har skjedd store endringar sidan sentralen vart oppretta, både når det gjeld retningslinjer for frivilligsentralane, men også politikken rundt frivilligsentralar og frivilligheit generelt. I stortingsmeldingar og reformer vert det lagt inn forventningar til at frivilligheita i større grad skal bidra til å løyse ulike samfunnsutfordringar og problemstillingar. Det er viktig i dette å hugse at frivilligheita sin aktivitet har ein verdi i seg sjølv, og at frivilligheit må skje på frivilligheita sine premiss. Forsking syner også at for at frivilligheita skal blomstre treng ein både ein sterk velferdsstat som gjer at folk har kapasitet til å vere frivillige, og at ein må inkludere frivilligheita på dei premissa den sett. God dialog og koordinering, samt ressursar til dette, er ofte avgjerande faktorar for å få til gode synergjar mellom det frivillige og offentlege. Frivilligsentralen må sjå på korleis ein kan styrke rolla som eit bindeledd mellom det frivillige og det offentlege, på frivilligheita sine premiss.
- For å oppnå større deltaking og eigarskap til frivilligsentralen, vil det bli arbeidd med å etablere Frivillig Forum, eit rådgjevande organ beståande av frivilligheita. Det er naturleg at dette forumet er med å utvikle ny strategi for Frivilligsentralen 2020-2023 i lys av dei utfordringane skildra i punktet over.

Vestnes kulturskule

- Nye lokale for kulturskulen er heilt nødvendig. Det ikkje forsvarleg å drive som i dag.
- I framtida skal kulturskulen kunne tilby større fleksibilitet når det gjeld organisering av tilboda sine, og dette lar seg ikkje gjennomføre i dei lokala vi har i dag.
- Vi treng tilført ressursar for å kunne tilby teater og kunstfag.
- Vi ønskjer å styrke vår rolle som lokalt ressurscenter for kultur, og etablere eit tettare samarbeid både med barnehage, grunnskule og andre sektorar.
- For å sikre at alle barn og unge får like mogelegheiter til å delta i tilboda ved kulturskulen, treng kulturskulen å få tilført ressursar for å kunne tilby friplassar og moderasjonsordningar.

8.4 Kva har vi oppnådd i 2018?

Felles for kultureininga

Vi arbeider med å etablere velkomstpakke for nye innbyggjarar i Vestnes, og er i gang med følgjande:

- å etablere ei ordning med velkomstbrev frå ordføraren til dei som busett seg i kommunen.
- å opprette ein ny nettstad for å syne fram Vestnes som ein attraktiv stad.
- å få produsert ein promoteringsfilm for kommunen.
- å få ei god oversikt over frivilligheita i kommunen.

Kultur i sentraladministrasjonen

- Arbeidet med allmenn kultur, idrett og friluftsliv i sentraladministrasjonen har innfridd dei oppgåveretta resultatmåla i 2018. (Sjå pkt. 8.2.)
- Ein eigen lokal kulturavplan vart vedteken av kommunestyret i desember.
- Rehabilitering av Tomrefjord Idrettsbygg vart ferdigstilt i november. Midlar frå spelemiddelordninga er ikkje utbetalt enno.
- Ny aktivitetsflate ved Vike Montessorriskule vart førehandsgodkjend i spelemiddelordninga.
- Vi er nøgde med satsing på friluftsliv i kommunen. To nye turvegprosjekt vart ferdigstilte i 2018. (Skorgen/Kjelbotnbakkan og Rypdal/Øvstedal).

Vestnes folkebibliotek

Vestnes folkebibliotek ser tilbake på eit aktivt år, med nye satsingar innan makerspace og teknologi. Gjennom prosjektstønad og samarbeid med andre aktørar har vi fått arbeid med spennande prosjekt som skal realiserast i 2019 og 2020.

Prosjektgruppa som arbeider med den maritime profilen på det nye biblioteket har hatt møte gjennom heile året.

Biblioteksjefen deltok på første jurymøte då ein skulle kåre vinnar av entreprisekonkurransen for nytt helsehus/bibliotek.

Vinnarbidraget er svært spennande, og vi er godt nøgde med måten vi har fått delta i planleggingsprosessen på. Vi hadde for første gong ei oppgåve i Innovasjonscamp for 9. klassingar.

Dette var ei positiv erfaring, og vi deltek gjerne vidare.

Vi har hatt fleire kjende fjes blant våre foredragshaldarar, blant andre Adil Khan, Monica Kristensen og Hans Olav Lahlum.



Vi er godt nøgde med samarbeidet med Bjørnsfestivalen og prosjektet SamLesLITT. Oppretting av arbeidsplassbibliotek og to barnehagebibliotek er nye satsingar som fører til auka bruk og nye brukargrupper. Vi har blitt invitert av andre aktørar for å ha eventyrstund, og vi har fått førespurnad frå andre om dei kan ha sine arrangement i biblioteket. Måla våre er stort sett nådd.



Foto: Vigdis Ødegård

Arbeidsplassbibliotek



Foto: Vigdis Ødegård

Lese krok

Vestnes Frivilligsentral

Vestnes Frivilligsentral har i hovudsak nådd sine mål for 2018. Det har vore ei vidareføring av etablert aktivitet, samtidig har ein gjort nokre endringar. Faste aktivitetar er Full Rulle (småbarnstreff), Gåturar, Kulturkafé, Strikketreff, Stikk UT!, utstyrssentral, Habil (øvelseskøyring), Frivilligdagen og Aktivitetsvenn for demente. I 2018 vart Kulturkafeen til Tirsdagskaffe, og er no eit samarbeid mellom Vestnes pensjonistlag, Vestnes Røde kors og Gamleskulens vener. Strikketreff vart etablert som ny aktivitet i 2018. I tillegg har Frivilligsentralen bidratt mykje i arbeidet med å etablere ein fylkesorganisasjon for frivilligsentralar, dette for å få til god fagleg utvikling, men også for å synleggjere både frivilligsentralane og den lokale frivilligheita for fylket og bidra inn i deira politikktutvikling på feltet. Vidare har Frivilligsentralen arbeidd med Velkomstpakke for nye innbyggjarar, deltatt i prosjektgruppe for nytt bibliotek, og bidratt inn i arbeidet med nye nettsider for kommunen på tema Kultur og fritid. For utfyllande informasjon sjå gjerne Frivilligsentralen si eiga Årsmelding.



Foto: Karianne Austnes



Foto: Karianne Austnes

Vestnes Kulturskule

Kulturskulen har stort sett nådd måla sine i 2018.

- Samspel var fokusområde før UKM 2018 – med godt resultat.
- 45 års markering med den multikulturelle førestillinga «draumereisa» - i samarbeid med Tomrefjord skule og eining for kvalifisering og integrering.
- Fordjupingsprogrammet viser seg sær sære vellukka. To elevar på messing kom til finalen i Ungdommens Musikkmeisterskap. Emil R. Krogsæter og Florian R. Krogsæter.
- Produksjonen Helma, om og med Helma Misund vart ein suksess, med reportasje i NRK sitt program Norge rundt.
- Vellukka danseførestillingar sommar og jul.
- Felles rekrutteringsprosjekt for alle skulekorpsa våren 2018 med skuleturnè.
- Innførte kåring av årets kulturskuleelev. Årets kulturskuleelev 2018: Liv Marit Sætre.
- Leiinga ved kulturskulen starta hausten 2018 på leiarutdanninga «Ledelse av prosesser» i regi av Norsk Kulturskoleråd, Høgskulen Innlandet og Lederskap AS.



Foto: Hege Haugen

8.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

Kultur i sentraladministrasjonen

Kulturrådjevaren deltek i faglege møte med kulturskulen, folkebiblioteket og frivilligsentralen og har felles kultursektor-årsmelding med desse. Dette mellom anna for å synleggjere at kultursektoren bidreg aktivt i kommunen sitt totale folkehelsearbeid.

Spelemiddelordninga er ein viktig støttespelar ved bygging og vedlikehald av idretts- og nærmiljøanlegg i kommunen.

Gjennom den årlege utlysinga av kommunale aktivitetsmidlar, bidreg kommunen til å legge til rette for eit variert tilbod innan kultur, idrett og fysisk aktivitet.

To nye turvegar vart ferdige i 2018. (Skorgen/Kjelbotnbakkan og Rypdal/Øvstedal), samt at den nye aktivitetsflata ved Vike Montessorriskule vart godkjent i spelemiddelordninga.

Kulturskulen

Det er naturleg å trekke fram dei fysiske tilboda som særskilt helsefremmande. For kulturskulen er dette dans og aktivitetar i bassenget. Forsking syner at alle som konsumerer kultur i ei eller anna form opplever betre helse, er meir tilfreds med livet sitt, og er mindre plaga av angst og depresjon, samanlikna med folk som ikkje er så opptatt av kultur. Med dette som utgangspunkt må ein kunne sei at all aktivitet som kulturskulen driv med, er helsefremmande.

Vi har songstund i fleire eldreinstusjonar kvar veke.

Vi sel dirigent-tenester til lokale lag og organisasjonar, som igjen driv viktige helsefremmande aktivitetar (Korps-spelemannslag)

Vestnes folkebibliotek

Det å ha ein fysisk møteplass blir stadig viktigare i ei digital verd. Aldri har så mange besøkt biblioteket, og det å ha ein uavhengig møteplass er av stor verdi for folk i alle aldersgrupper.

Vestnes Frivilligsentral

Frivilligsentralen huser og administrerer Utstyrssentralen. Utstyrssentralen låner ut gratis utstyr til alle, det bidreg til at fleire får tilgang på utstyr for deltaking i fritidsaktivitetar og friluftsliv. Ved skidagar på skulane er alt utstyr utlånt. Vi ser det er behov for meir utstyr. I tillegg har Frivilligsentralen friluftsutstyr som lag og organisasjonar kan låne gratis. Vestnes kommune har også Turregistreringa Stikk UT! Desse tiltaka ilag med Frivilligsentralen sine gåturar stimulerer til meir fysisk aktivitet og ei betra folkehelse. Aktivitetsvenn for demente bidreg også til betra folkehelse, både for den med sjukdomen og for aktivitetsvennen.

Det er også mykje god folkehelse i ein sterk frivillig sektor. Kultur og frivilligheit står sentralt i det norske samfunnet, og fungerer som eit sosial lim som bidreg til å styrke samholdet mellom folk og tettleiken av sosiale nettverk. Kultur og frivilligheita har ein verdi i seg sjølv, men er også ein døropnar til deltaking i lokalsamfunnet, og vert slik eit viktig arena for å skape trivsel og kjensla av å høyre til. Deltaking hindrar utanforskap, skapar trivsel og engasjement. Slike gode møteplassar gir god folkehelse. Frivilligsentralen hadde i 2018 mellom anna møteplassar for frivilligheita (Frivilligdagen, temakveld), integrering (Språkkafeen, Habil), for foreldre i permisjon (Full Rulle) og for eldre (Tirsdagskaffe). Strikketreff har gitt ein ny møteplass mellom unge vaksne og godt vaksne.



Foto: Karianne Austnes




Foto: Karianne Austnes

8.6 KOSTRA-tal på området

Nokre KOSTRA tal	Vestnes	Møre og	Landet	Rauma	Haram	Molde	Fræna
		Romsdal	eks. Oslo				
Kultursektoren, samla							
Nto dr. utgift kultur pr. innbyggjar	<u>1 828</u>	<u>1 943</u>	<u>2 343</u>	<u>1 992</u>	<u>1 545</u>	<u>2 233</u>	<u>1 193</u>
Kulturskule							
Nto utg kulturskule, pr innb 6 - 15 år	5 908	3 355	2 577	3 645	2 782	2 794	3 248
Andel elevar i kulturskule, pr. innb. 6 - 15 år	34,9	21,1	13,8	19,5	12,7	22,6	15,0
Kyrkje							
Brt. utg. kyrkje pr innbyggjar	721	741	653	776	726	569	578

KOSTRA tal							Endring
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	i %
- utvikling siste 7 år							13- 18
Nto. Utg. kultur pr. innbyggjar	<u>1309</u>	<u>1590</u>	<u>1555</u>	<u>1722</u>	<u>1753</u>	<u>1828</u>	39,6
Nto utg kulturskule, pr innb 6 - 15 år	4 793	5 647	4831	5834	6117	5908	23,3
Andel elevar i kulturskule, pr. innb. 6 - 15 år	33,4	37,6	37,4	36,8	36,6	34,9	4,5

8.7 Økonomisk resultat 2018

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2018			Budsjett	Avvik 2018	
	2007	Utgifter	Inntekter	Netto	2018	i kroner	og i %
Kultur	2 340	4 528	1 980	2 548	2 833	-285	-10,1
Kulturskulen	4 932	8 383	3 390	4 993	4 922	71	1,4
Bibliotek	1448	1686	190	1 496	1 487	9	0,6
Frivillighetssentral	734	849	33	816	824	-8	-1,0
Kyrkjelege føremål	4 764	4897		4 897	4 780	117	2,4
Sum	14 218	20 343	5 593	14 750	14 846	-96	-0,6

- Eininga hadde eit mindreforbruk på kr 96.000,-, **innertiar!**
- Det er kultur som har innsparing med nesten 0,3 mill. kr. Nokre postar er nok budsjettert litt høgt. Innanfor Kulturskulen var det berre små avvik frå budsjettet, positivt at ein har greidd å holde budsjettet her, tidlegare år har det ofte vore meirforbruk.

Utvikling 2013 - 2018

Driftseining	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Endring 2 013 - 2018	
							kroner	i %
Kultur	1 889	1 949	1960	2 120	2 340	2 548	659	34,9
Kulturskulen	4 244	4 760	4740	4 773	4 932	4 993	749	17,6
Bibliotek	1 105	1 292	1277	1245	1448	1496	391	35,4
Frivilligsentral	178	480	406	564	734	816	638	358,4
Kyrkjelege føremål	3 971	3 617	4 290	4 441	4 764	4 897	926	23,3
	11 387	12 098	12 673	13 143	14 218	14 750	3 363	29,5

- Bibliotek auka frå 2016 til 2017, grunna auka stillingsressursen med 0,2 årsverk frå 2017.
- Tilskott til kyrkjeleg føremål er auka i takt med løns- og prisauke i perioden.
- Utgiftene til frivilligsentralen auka med kr 308.000,- frå 2016 til 2017. Dette har samband med at statleg tilskott som tidlegare vart gjeve som øyremerka tilskott til frivilligsentralar frå 2017 vart innarbeidd i rammeoverføringa til kommunane. Tilskottet i 2016 utgjorde kr 310.000,-.

8.8 Einingsleiar sine tiltak for å halde budsjettet

Einingsleiar Hege Haugen:

- Gjennomgang av rekneskapsrapport på kvart månadlege møte i kultureininga for å sikre god oversikt og kontroll.
- Redusert vikarintak i kulturskulen. Dette gjer seg ofte sjølv, då det er særskilt vanskeleg å skaffe vikar i kulturskulen sine fagtilbod.
- Sørgjer for å få inntekt på ledige stillingsressursar ved å tilby ledige ressursar til andre kulturskular. Talet på søkarar til kulturskulen sine tilbod vil variere, og det same gjeld etterspørsel etter dirigentteneste frå kulturskulen. Dette er den mest usikre faktoren i eininga, som direkte kan påverke økonomien i form av inntektssvikt. Skuleåret 2018/2019 sel kulturskulen ein lærarressurs og ein dirigentressurs til kulturskulane i Molde og Kristiansund.
- Sørgjer for å søke om prosjektmidlar der det er mogleg.
- Sørgjer for å ha billettinntekter på større konsert- og danseproduksjonar som er kostnadsdekkjande.



Foto: Ziggi

Kap 9 Helse, omsorg og velferd

9.1 Oversikt over sektoren

Kapittelet omhandlar einingane Heimetenestene, Vestnes sjukeheim, Tresfjord trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet, Legesenter og NAV kommune.

Visjon for tenestene:

Vestnes kommune tilbyr tenester av god kvalitet: på rett nivå, til rett tid og med rett kompetanse

Teneste/ansvar	Årsverk 2017	Årsverk 2018	Ev. merknad
Heimesjukepleie	36,8	36,8	Inklusiv einingsleiar og avdelingsleiar
Rehabilitering, fysio-/ergo-/fotterapi, psyk.helse, praktisk bistand, heimehjelp, støttekont, omsorgsløn, Dagtilbod til heimebuande, heimevaktm, tryggleiksalarm	11,6	12,0	
Tresfjord trygdeheim	22,5	22,5	Inkl. reinhald(byrå)
Sentralkjøkken	7,7	7,7	
Vestnes sjukeheim	45,7	45,7	Inkl. einingsleiar, merkantil og reinhald. Full drift korttidsavd.
Mariebo	9,9	10,0	
Oppigarden	9,7	9,7	
Ivartun	14,9	14,9	Inkl. einingsleiar merkantil, reinhald, tilsynslege
Vestnes legesenter	7,5	7,5	
NAV kommune	3,8	3,8	

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2018	Resultat 2018	MÅL 2019
-----------	---------------------	----------	---------------	----------

Teknologi/ IKT	• Ferdigstilling Arbeidslister på CosDoc i Heimetenesta.	X	X	
	• Oppgradere informasjon på kommunens heimeside	X	X	
	• Ta i bruk CosDoc + (Nettbrett) i heimetenesta.			X
	• Gjennomføre nye statlege krav i IPLOS som ; - Legemiddelgjennomgang			X
	• Utpøving av digital verktøy /Velferdsteknologiprojekt - Medisindispenser	X	X	X
	- GPS			X
	• Felles kartleggingsverktøy / rutinar for heilheitleg pasientforløp (Læringsnettverk)	X	X	X
	• Implementere og ta i bruk Palliativ plan			X
• Utskifting av analoge trygghetsalarmar til digitale			X	

9.2 Resultatmål – Helse, omsorg og velferd

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2018	Resultat 2018	MÅL 2019
Brukarar “opplevd kvalitet”	Brukarundersøking (partalsår)-skala 1-6, der 6 er best. Hellandtunet (Pårørande)			
	• Grad av tilfredsheit med legetilsyn utfrå behov Mariebo/ Oppigarden Ivartun		5,7 5,0	
	• Grad av tilfredsheit i høve tilbod i institusjon Mariebo / Oppigarden Ivartun		5,0 4,7	
	Brukarundersøking (partalsår) Vestnes sjukeheim / Tresfjord trygdeheim			
	• Grad av tilfredsheit i høve tilbod i institusjon		84%	90%
	• Auka deltaking i aktivitetstilbodet		65%	80%
	Heimetenestene: Brukarundersøking			
• Bruken av legitimasjon blant dei tilsette		3,0	4,5	
• Opplevd påverknad på innhald i aktivitetstilbod/dagsenter		81%	90%	
Legetenesta – brukarundersøking – totalresult				
• Andel som meiner at time/reseptbestilling på sms fungerer godt			90%	
• Andel som er fornøgde med generell tilgjenge			90%	
• Andel som er fornøgde med tlf. tilgjenge			90%	
NAV – eiga brukarundersøking				
• Ikkje gjennomført brukarundersøking i 2018 Ny undersøking for 2019				
Teneste “objektiv kvalitet”	Institusjonane:			100%
	• Andel bebuarar med kartlagt ernæringsstatus:			
	Dekningsgrad institusjon:			
	• Tresfjord trygdeheim		95,8	
	• Vestnes sjukeheim		99,0	
• Oppigarden		98,2		
• Ivartun		89,3		
• Mariebo		98,9		
Heimetenestene:				
• Andel bebuarar med kartlagt ernæringsstatus			100%	

	<p><u>Legetenesta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Tal på SMS kontaktar gj.snitt/dag • Hjerte- og karsjukdom (antall/1000) • Røyking kvinner (gravide) i % <p><u>NAV:</u> Andel brukarar i avtalt aktivitet</p>		<p>90 16,1 8,4</p> <p>63 %</p>	<p>90 14 8</p>
--	---	--	--	------------------------

9.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenesene

Mål for omsorgstenestene:

Vestnes kommune sine innbyggjarar skal lengst mogeleg få kunne leve og bu sjølvstendig og ha eit aktivt tilvære i fellesskap med andre. (Omsorgsplan 2020)



Tenestetilbodet

I tråd med nasjonale føringar og kommunen sine visjonar og mål:

- Satsar i større grad på korttidsplassar i institusjon, for rehabilitering, observasjon og behandling.
- Auka tilbod om avlastning/ rulleringsopphald. Avlastar pårørande som står i ein krevjande omsorgssituasjon, og ein kan halde brukarane i eigen heim lengre.
- Skape gode dagtilbod innanfor økonomisk ramme. Skape meningsfulle opplevingar og ein aktiv kvardag for den einskilde. Forebyggande arbeid for den enkelte, og også vere del av avlastningstilbod for pårørande.
- Folkehelsearbeidet, plan og livsløpsperspektiv
- Planlegg / bygg Helsehuset Stella Maris med fokus på ein eldrepolitikk med aktivitet, integrering og førebygging.

Konsekvensar av Samhandlingsreforma:

- Vi får brukarar med meir samansette behov og diagnosekompleksitet i høve tenestetilbodet. Resurskrevjande.
- Behov for meir differensiert teneste- og butilbod for yngre vaksne med ulike funksjonshemmingar og samansette behov. Samarbeid på tvers.
- Ofte behov for direkte behandling i heimen/eller på institusjon. Medfører auka krav til kompetanse.
- Store dokumentasjonskrav. Krav til auka IT kompetanse til den einskilde arbeidstakar.

- Oppretta interkommunal øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (både somatisk og psykisk helse/rus) .
- Psykiatri/rus – pakkeforløp, krav om nye tenestetilbod i kommunen.
- Behov for interkommunalt samarbeid på fleire arenaer.

Vidare utfordringar:

- Tenestetilbodet totalt sett i kommunen i framtida. Rullering omsorgsplan.
- Velferdsteknologi
 - deltaking i Spredningsprosjektet for Velferdsteknologi i Romsdal (ROR prosjekt)
 - implementering av ulike velferdsteknologi i nytt Helse – og velferdscenter
 - bidra til at brukarane vert gitt høve til å meistre eige liv og helse betre, basert på eigne premisser
 - bidra til at brukarane med behov for helse og omsorgstenester kan bu heime lengre, og dermed utsette tidspunktet dei elles ville måtte flytte på institusjon
 - kvalitativ gevinst for brukar og deira pårørande
- Samordningsbehov for ulikt kartleggingsverktøy opp mot pasientflyt. Mellom sjukehus/ spesialisthelsetenesta og kommune, samt internt mellom ulike aktørar innad i kommunen; «Læringsnettverk for utvikling av gode pasientforløp» (Samarbeidsprosjekt mellom KS og fleire Romsdalskommunar).
- Kompetanse
- Strategisk kompetanseplan – behov for kommunen, ev. kommunalt tilskot/støtte.
 - Bruke kompetanse rett – spesialkompetanse/høgskuleutdanna personell må nyttast på tvers, ev team for heile kommunen, samt interkommunalt samarbeid .
- Tenestene må vere opne for nye arbeidstidsordningar, og få nytta kompetansen på ein betre måte. Dette vil også kunne redusere talet på deltidsstillingar
- Rekruttering
 - Eigne rekrutteringstiltak, t.d. løn, arbeidstidsordningar.
 - Vestnes har inngått rammeavtale i lag med fleire kommunar på Sunnmøre vedkomande bruk av vikarbyrå, når det er naudsynt pga kompetansebehov og krav om forsvarleg drift.
- Elektronisk kommunikasjon
 - Forenkla samhandling, i / mellom kommune, fastlege og spesialisthelsetenesta.
 - Etablert system i stadig utvikling. Kontinuerleg prosess på utvikling / oppdatering av prosedyrar og samordning av rutinar mellom partane
 - Sikrar auka dokumentasjon direkte inn i pasientjournal.
 - Oppdatering / informasjon om endringar må formidlast internt i kommunen.
 - Integrasjon mellom ulike fagsystem/ programvarer i kommunen.

Nye reformer og prosjekt

- Reforma «Leve hele livet «Ei kvalitetsreform for eldre».
- «Helseplattformen», eit stort prosjekt i Helse Midt med mål om felles journal system for kommune, fastlege og spesialisthelseteneste.
- Helsehuset Stella Maris , stor aktivitet gjennom 2018 .Stor deltaking av tilsette. 2019 vil vere preg av at vi går inn i ei ny fase / byggefase. Samtidig vil arbeidet opp mot prosjektet organisasjonsutvikling, ta til. Forventar også her stor deltaking av dei tilsette.

Sentralkjøkkenet :

Varmmatproduksjon etter prinsippet med «Kok/server»
Yter tørrmatproduksjon for sjukeheimen. Arbeidet bygger fagleg på Kosthåndboken/Veileder i ernæringsarbeid i helse- og omsorgstenestene. Viktige bakgrunnsdokument



er Nasjonale faglege retningslinjer for å forebygge underernæring, Kostråd for å fremme folkehelsen og forebygge kroniske sjukdommar, samt Nordisk Næringsstoffanbefalinger. Har etablert eit HACCP-basert IK-Mat system (Mattilsynet innførte nytt Hygienereglement 01.03.2010). Lovpålagt merking av all mat som vert servert gir utfordringar. Skal kunne gi opp kva maten inneheld (nye felles merkeregler i EU og Norge, f.o.m. desember 2014). Nytt databasert program for m.a. å ivareta dette, er no på plass (Matilda/fellesavtale innan ROR-samarbeidet) Opplæring og implementering starta opp i 2018. Tilsette ved sentralkjøkkenet innehar ein viktig kompetanse som bør i større grad nyttast på tvers.

Vestnes legesenter

Interkommunal legevakt

Den interkommunale legevakta fungerer etter fastlegane si oppfatning tilfredsstillande. Bortsett frå nokre timar på helg, er legevakta bemanna med helsesekretær i tillegg til lege. Dette betrar heilt klart beredskapen og er ein tryggleik for legen i vakt. Frå hausten vil legevakta vere bemanna med helsesekretær heile helga. Legane i Vestnes kommune har også nattlegevakt ved Ålesund interkommunale Legevakt. Dette er krevjande vakter. Det er enno inga avklaring for legevakta si framtid etter kommunesamanslåinga i 2020.

Fastlegeordninga

Etter «opprør» frå fastlegar over heile landet, har helse- og omsorgsdepartementet sett i gang ei evaluering av fastlegeordninga. Fastlegane får stadig større arbeidsmengd og det er vanskar med å rekruttere fastlegar til ledige heimlar. Det er ein realitet også i Vestnes kommune.

Når ein inngår avtale med nye fastlegar kan det bli aktuelt å vurdere fast tilsetting. I Hordaland starta i 2017 ALIS-VEST-prosjektet med fast tilsette legar. Prosjektet har som mål å få til ei god og strukturert spesialistutdanning for ALIS, allmennlegar i spesialistutdanning samt å rekruttere fastlegar og legar til andre allmenntilleggsoppgåver i kommunen.

Gjestearbeidarar

At det er større aktivitet innan skipsbygging i Vestnes Kommune, merkar vi godt ved Vestnes legesenter. Vestnes kommune er forplikta til å gi nødvendig helsehjelp til dei som bur eller oppheld seg i kommunen. Kontakta pr i dag gjeld i det store og heile sjukdom av karakteren augnebliekeleg hjelp innan 1-2 dagar. I enkelte tilfelle kan det vere tale om livstruande tilstander.

Det er dagleg større press frå pasientar som må inn på augnebliekeleg hjelp. Kommunikasjon kan vere ei utfordring og kommunen er pliktig til å stille med og betale for tolk. Legesenteret har hatt kontakt med Vard Langsten i høve aktuelle utfordringar.

NAV- kommune:

Økonomisk sosialhjelp

Utgiftene til økonomisk stønad (sosialhjelp) blei redusert med ca. Kr. 300.000 i 2018. I alt 145 personar mottok økonomisk stønad i 2018, og 67 av desse var under 30 år. I desse tala er og busette flyktingar som har motteke støtte i samband med etablering inkludert. Årsakene til reduksjon er samansett, men høve som spelar inn er at det er vart god sysselsetting i slutten av 2018.

Arbeidsløyse

I 2018 var arbeidsløysa i Vestnes relativt lav og på slutten av året låg den under fylkes- og landsgjennomsnittet. NAV si erfaring er at det framleis er behov for kvalifisert arbeidskraft. Arbeidsløysa i Vestnes er særleg kjenslevar for aktiviteten i verftsindustrien og auka aktivitet her gir også store ringverknader til underleverandørar og andre.

Framandspråklege innbyggjarar

Kommunen har ein betydeleg del framandspråklege innbyggjarar. Dette gjeld både arbeidsinnvandrarar, flyktingar og familiegjenforeinte. NAV- kontoret har stor pågang frå framandspråklege brukarar. På grunn av språkutfordringar er det krevjande å kunne rettleie desse på ein god måte, og det krev mykje ressursar og mykje bruk av tolketenester, samstundes som ein del av desse brukarane slit med å kome inn på arbeidsmarknaden. Dette kan henge saman både med manglande språkkunnskapar i norsk og lite/ingen formell kompetanse.

Brukarar under 30 år

NAV Vestnes har en stor del brukarar under 30 år som slit med å få innpass i arbeidslivet og/eller varig tilknytning til arbeidslivet. Dette kan skuldast fleire forhold som til dømes fråfall i vidaregåande skule, helseutfordringar eller sosial arv. Desse kan vere aktuelle både for kommunale og statlege ytingar og tiltak. NAV Vestnes vil særleg prioritere brukarar under 30 år i høve oppfølging og arbeidsretta tiltak.

Digitalisering av tenestene

Tenesteytinga innan NAV har endra karakter dei seinare åra. Særleg gjeld dette innan dei statlege tenestene og ytingane. NAV- kontoret er ikkje lenger einaste «førstelinje» i etaten. Ein legg i større grad til rette for at brukarane kan finne informasjon og kommunisere med NAV digitalt eller via våre kontaktsentra på telefon, i staden for å måtte oppsøke NAV- kontoret. Dette frigjer tid og ressursar i NAV- kontora til å følgje betre opp dei brukarane som treng oss mest. Denne utviklinga vil berre fortsette og stadig omfatte fleire tenester, og kommunale.

9.4 Kva har vi oppnådd i 2018?

Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:

- Auka kompetanse/Oppfølging gjennom Kompetanseløftet 2020.
- Praksisplass for elevar og studentar innan helsefagarbeidar- og sjukepleiarutdanning.
- Praksis og fagprøvearena for lærlingordninga/helsefagarbeidar
- Gjennomført fleire fagprøver (helsefagarbeid) for arbeidstakarar frå ulike einingar.
- Gjennomført fleire vellukka arrangement for tenestemottakarane våre, som fellesturar, basar, «kvitduksfest» kvar månad, sommarfest, juletreffest og ulike underhaldningstilbod.



Dagens dessert 😊😊



Foto: Astrid Vik

- «Livsglede for eldre», prosjekt/samarbeid med ungdomskuleelevar (valfag)Organisasjonsutvikling med fokus på leiarnivå .
Nytt organisasjonskart på plass i Heimetenestene. Tilsett avdelingsleiar.
- Vidareført bruk av E-læring – Legemiddelhandtering (ulike kurs for assistentar, helsefagpersonell og høgskuleutdanna).
- Betra dagsentertilbod til heimebuande demente, gjennom tilskot frå Helsedirektoratet.
- Tilsette har teke del i fleire ulike arbeidsgrupper som har jobba opp mot helsehuset Stella Maris . Einingane har delteke aktivt i planlegginga og utforming av dei ulike avdeling/bruksområda i huset.
- Auka fokus på samhandling gjennom arbeid/deltaking av Læringsnettverk for heilheitleg pasientflyt. Utarbeidd kartleggingsverktøy. Utprøving og implementering i 2019.
- Deltaking i det Nasjonale Spredningsprosjektet for Velferdsteknologi i ROR-kommunane
- Ivartun var med på Ned-prosjekt (samarbeidsprosjekt med Arbeidslivsenteret). Mål å få ned sjukefråværet. Gode tilbakemeldingar frå dei tilsette, i tillegg til målbar nedgang i sjukefråværsprosent.
- Aktivitetsvenn, eit felles prosjekt mellom kommunen og Nasjonalforeininga. Tilbod for heimebuande demente.
- Auka fokus på internkontroll/kvalitetssystem;
Risk Manager. Avvikssystem, retta mot tilsette. Vi har arbeid med å legge inn skjema, rutinar og prosedyrar, samt lenker til naudsynt dokumentasjon. Rutine for innmelding til AMU.
CosDoc fagsystem for pasient journal / dokumentasjon innan heimebasert og institusjonsomsorg (samt BUF og BuHab). Registrering og handtering av avvik opp mot brukar / teneste . Vi registrerer avvik på 6 ulike områder . Vert lagt inn på den einsskilde brukar og behandla separat, men kan også trekkast ut i fellesrapportar. Einingane har rutine for vidare oppfølging gjennom egne kvalitetsutval og ut til personalmøte.

Vestnes Legesenter

Kurs

Legar og helsesekretærar ved legesenteret gjennomførte i 2018 eit 15 timars kurs i akuttmedisin. Kurset består i tillegg av en teoretisk del på 7 timer som skal bestås. Det er krav til at personale i legevakt skal gjennomføre dette kurset innan 1. mai 2021. Vi satsar på å gjennomføre kurs i vald- og overgrepshandtering i 2019.

Ny fastlege

Vestnes Kommune tilsette i 2018 ny fastlege i ledig heimel. Det er ein ung lege som vi håper blir i Vestnes Kommune som fastlege i mange år framover.

I forbindelse med behov for tilsetting av fastlege i svangerskapsvikariat, erfarte vi i 2018 at det blir vanskelegare å få kvalifiserte søkarar.

Tilgjengelegheit

Legesenteret har som mål at det skal vere enkelt å kome i kontakt med legesenteret via SMS eller pr. telefon. Det skal vere kort eller inga ventetid og pasienten skal møte sin fastlege. Time- og reseptbestilling på SMS og nett, gjer at telefonen ikkje vert blokkert i same grad som tidlegare.

NAV- kommune

Marknadsarbeid:

NAV Vestnes har og i 2018 hatt fokus på kontakt med bedrifter og næringsliv. Kontakten med lokale og regionale bedrifter er viktig relasjonelt arbeid i høve målsettingar om å få fleire personar ut i arbeid og aktivitet.

Busette flyktningar

NAV Vestnes starta i 2015 eit formelt samarbeid med Flyktningtenesta i kommunen i høve busette flyktningar. Arbeidet har særleg hatt fokus på arbeid og aktivitet. Vi har og i 2018 arbeidd i lag med eining for Kvalifisering og integrering for å vidareutvikle samarbeidet og klarleggje korleis NAV kan bidra inn i Introduksjonsprogrammet og auke graden av arbeidsretting av programmet. Vi erfarer at dei busette flyktningane har hatt større behov for sosiale tenester også under introduksjonsprogrammet enn det vi hadde sett føre oss.

9.5 Tiltak for fremme folkehelsa

Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:

- Kommunen har fokus på utvikling av dagsentertilbod. Dette skaper meningsfulle opplevingar og ein aktiv kvardag
- Fokus på ernæring og aktivitet
- «Livsglede for eldre»
- Kulturtilbod
- Risikovurderingar
- Opplysning/ informasjon via frivillige lag og organisasjonar/brukarorganisasjonar
- Aktivitetsvenn



Foto: Astrid Vik

Vestnes legesenter

Personalet ved legesenteret har i alt sitt arbeid, ein høg fokus på helsefremmande tiltak. Gjennom:

- å informere om helsefremjande tiltak retta mot den enkelte. T.d. kosthald og fysisk aktivitet
- vaksinasjon mot influensa, lungebetennelse
- å gi råd om gode helsetiltak via informasjonsskjerm og brosjyrar på venterommet



Foto: Unni Eik Vestnes

9.6 KOSTRA-tal på området

Nøkkeltal - helse og omsorg	Enhet	Vestnes	Kostragruppe 11	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal
		2018	2018	2018	2018
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	kr	50200	32238	27206	30350
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	årsverk	631,6	374,5	311,5	354,3
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	prosent	49,7	34,7	31,9	35,9
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning (prosent)	prosent	69,9	75,4	74,8	74,6
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent) ¹	prosent	46,5	92,1	89,7	90,8
Andel private institusjonsplasser (prosent)	prosent	0	0,1	5,4	0
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	3,9	4,9	4,8	4,6
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	12,7	12,4	11,3	11,7
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	6,9	10,2	9,5	9

Samanlikning med andre kommunar innan helse og omsorg er vanskeleg grunna at vårt vertskommuneoppdrag etter HVPU-reforma, noko alle dei tre øvste indikatorane over syner. Dette gjer at vi kjem svakt ut der det vert nytta % av samla driftsutgifter.

Utvikling 2015 - 2018	2015	2016	2017	2018
Utvikling sosial	1535 Vestnes	1535 Vestnes	1535 Vestnes	1535 Vestnes
Sosialhjelpsmottakere (antall)	124	160	160	144
Samlet antall stønadsmåneder med sosialhjelp (antall)	564	677	678	657
Sosialhjelpsmottakere 18-24 år (antall)	31	46	43	37
Gjennomsnittlig stønadstid 18-24 år (antall)	4,5	4,8	4,4	4,6
Sosialhjelpsmottakere 25-66 år (antall)	89	110	116	107
Gjennomsnittlig stønadstid 25-66 år (antall)	4,7	4,1	4,2	4,6
Samlet stønadssum (bidrag + lån) (kr)	2601975	3779655	5078440	4702357
Gjennomsnittlig utbetaling per stønadsmåned (kr)	4613	5583	7490	7157
Sosialhjelpsmottakere som forsørger barn under 18 år (antall)	13	13	17	19

Utvikling- helse og omsorg	2015	2016	2017	2018
	1535 Vestnes	1535 Vestnes	1535 Vestnes	1535 Vestnes
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	40766	43482	46401	50200
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	650,9	667,5	663,1	631,6
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	47,5	48,6	47,6	49,7
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning (prosent)	64,4	64,9	69,7	69,9
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent)	48,5	46,5	46,5	46,5
Andel private institusjonsplasser (prosent)	0,0	0,0	0,0	0,0
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter	3,6	3,9	3,9	3,9
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	12,6	12,6	12,7	12,7
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	6,8	6,8	6,9	6,9

Opphaldsdøgn, utnyttingsgrad og kostnad pr. døgn

	Tal inst. plassar	Opphalds-døgn	Utnyttings-grad	Kostnad pr. brukt plass
Vestnes sjukeheim	45	16 261	99,0	832 692
Tresfjord trygdeheim	26	9 090	95,8	631 743
Oppigarden	8	2 868	98,2	1 049 184
Mariebo	8	2 888	98,9	1 025 235
Ivartun	12	3 911	89,3	932 705
	99	35 018	96,9	

9.7 Økonomisk resultat 2018

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap	Rekneskap 2018			Budsjett	Avvik 2018	
	2017	Utgifter	Inntekter	Netto	2018	i kroner	og i %
Heimetenestene	39 341	42 870	2 399	40 471	39 009	1 462	3,7
Sjukeheim	36 224	44 786	7 688	37 098	36 885	213	0,6
Trygdeheim	15 362	20 525	4 791	15 734	15 793	-59	-0,4
Sentralkjøkken	-522	10 418	11 220	-802	-662	-140	21,1
Hellandtunet	25 305	31 793	5 443	26 350	25 854	496	1,9
Tildelingskontor	1 429	1 775	46	1 729	1 681	48	2,9
Fellesutgifter PO	2 477	3 079	688	2 391	2 250	141	6,3
NAV-kommune	6 259	6 495	224	6 271	6 553	-282	-4,3
Helse- og legetenester	10 310	15 243	4 943	10 300	10 453	-153	-1,5
Sum	136 185	176 984	37 442	139 542	137 816	1 726	1,3

- Sektoren har eit meirforbruk i 2018 på kr 1,7 millionar kroner eller 1,3 %.
- Heimetenestene har det største meirforbruket på nær 1,5 millionar kroner.
- Hellandtunet har eit meirforbruk på nær 0,5 millionar kroner.
- NAV- kommune har størst innsparing med nær 0,3 millionar kroner. Innsparinga skuldast i hovudsak vakanse i stilling, samt noko reduksjon i utbetaling av økonomisk stønad (sosialhjelp).
- I 2018 betalte vi kr 62.000,- for utskrivingsklare pasientar, det tilsvarar 13 døgn. Dette er lite og viser at vi stort sett klarer å ta tilbake pasientane etter kvart som dei er utskrivingsklare frå sjukehus.

Utvikling 2013 – 2018

Eining	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Endring 13 - 18	
							kr	i %
Heimetenestene	36 971	35 473	36 222	37 671	39 342	40 471	3 500	9,5
Sjukeheim/sentralkj.	31 962	35 634	34 501	35 644	35 702	36 296	4 334	13,6
Trygdeheim	15 143	15 610	15 138	15 740	15 362	15 734	591	3,9
Hellandtunet	25 321	24 466	24 354	24 630	25 305	26 350	1 029	4,1
Fellesutgifter PO	10 609	11 757	1 620	1 381	3 906	4 121	-6 488	-61,2
NAV - kommune	7 803	7 508	7 164	8 594	6 259	6 271	-1 532	-19,6
Helse- og legetenester	8 918	9 211	9 235	9 590	10 310	10 300	1 382	15,5
	136 727	139 659	128 234	133 250	136 186	139 543	2 816	2,1

- Medfinansiering av pasientar som får behandling på sjukehus (samhandlingsreforma) starta i 2012 og siste året var i 2014, det er årsak til den store variasjonen i fellesutgiftene i perioden.
- Nedgangen i NAV- kommune gjeld i hovudsak avviking av prosjekt i perioda og i mindre grad nedgang i utgifter til økonomisk stønad (sosialhjelp).
- Størst prosentvise auken i perioden har helse- og legetenestene, noko som mellom anna heng saman med utgifter til interkommunalt legevaksamarbeid.
- I kroner er det sjukeheimen/sentralkjøkkenet som har den største auken i perioden

9.8 Einingsleiarane sine tiltak for å halde budsjettet

Hellandtunet v/einingsleiar Hilde Eiken:

- Einingsleiar har jamleg gjennomgang av budsjett situasjon ved avdelingane
- Gjennomgang av budsjett ein gong pr mnd med økonomirådgjever.
- Gjennomgang av budsjett situasjon på personalmøte.
- Alle tilsette må kunne Minvakt, dette for å unngå overtid og forskyving så langt det let seg gjere ved vikarinntak.
- Alle innkjøp går igjennom einingsleiar

Heimetenestene v/einingsleiar Elisabeth Sylte:

- Redusere vikarinneleige når vi har mulighet til det
- Jamleg gjennomgang av budsjett og oppfølging av økonomirådgjever

- Unngå forskyvning av vakter så langt det er råd
- Avspasering utan vikarinntak der det er mulig

Vestnes sjukeheim og Tresfjord Trygdeheim v/einingsleiar Helene Bø:

- Alt frávær vert vurdert sett i høve vikarinntak. Ev. ta inn i delar av vakt.
- Alle innkjøp vert vurdert nøye
- Opplæring i MinVakt
- Fokus på å vurdere inntak opp mot utløyning av forskyvning og overtid
- Budsjettgjennomgang og informasjon på personalmøte
- Oppfølging av økonomirådgjevar

NAV Vestnes v/NAV-leiar Frode Bøe Hatlelid

- Sikre streng og konsekvent praktisering av lov om sosiale tenester i NAV
- Utreie tilbud for å ivareta aktivitetsplikta
- Nytte KVP for kvalifisering og sjølvstendigjering for prioriterte brukargrupper.
- Fortsette med kompetanseutvikling av de tilsette når det gjelder lovverket og praktisering av dette

Legesenteret v/Gitte Vinther

- Unngjekk å ta inn vikar ved korttids sjukefrávær dersom drifta tillot det
- Avventa innkjøp av inventar fram til nytt legesenter står ferdig
- Inntekter: minne alle på at dei må huske å ta gebyrtakster
- Unngå overtid
- Vurdere prisene på f.eks. influensavaksine og reisevaksine



Foto: Christell Hellström



Foto: Christell Hellström

Teambygging

Kap 10 Bu- og habiliteringstenestene

Vår visjon for habiliteringstenestene i Vestnes:

Det gode liv!

10.1 Oversikt over sektoren

Bueiningane:

12 samlokaliserte bustader (11 frå juni). Staben har koordinerende ansvar for bu-einingane. I tillegg har kvar bu-eining ein person som har tillegg i arbeidsoppgåver. Dei har i variert grad "frikjøpt" tid for å ha ansvar for delar av den daglege drifta.

Bueiningane	Årsverk 2017	Årsverk 2018	Ev. merknader	Tal på tenestemottakarar	
Vestneshaugen	6,1	6,33		6	
Plassen	7,1	7,1	Planlagt lagt ned mars 2019	3 -> 2	
Myrateigen	7,15	7,15	Lagt ned juni 2018	4 ->2	
Skogheim	11,94	11,87		8	
Skogvegen/Myratoppen	11,37	12,76		7	
Solstua	10,16	10,16		7	
Skogly	6,9	6,6		4	
Liaråket	17,55	17,80		6->5	
Bakketun	19,02	19,04		10	
Kariplassen A	24,14	26,74		6	
Kariplassen B	31,10	30,82	Inkludert medleverturmus 12 årsverk	4	
Furulia	8,73	9,00		4	
Avlastning	1,3	1,67		3	
BPA/omsorgsløn/st.kont	4,6	4,23		2	
Dagsenter Strandbo	11,0	11,0			
Adm og leiging	5,04	5,04	økonomi, personaloppfølging, plan og strategi, fagleg samarbeid med personalgruppene, samt felles oppgåver og saksbehandling for heile tenesteområdet.		

Vestnes kommune er framleis ein av landets største vertskommunar etter gjennomføring av HVPU reforma. Pr 31.12.2018 budde 47 vertskommunebebuarar, i alderen 52 til 94 år att i kommunen, ein reduksjon på 3 frå året før. 10 av desse fekk tenester frå Ivtartun, som er sjukeheim for personar med utviklingshemming og organisatorisk lagt under Hellandtunet. Vertskommuneinnbyggjarane vert i større grad ei aldriingsprega gruppe.

Vidare var det i 2018 meldt inn til Helsedirektoratet 33 personar over 16 år med diagnosen psykisk utviklingshemming og tenester med heimel i HOL kap 3, med Vestnes som heimkommune. Unge med varierende hjelpebehov og andre diagnoser enn utviklingshemming har kome til. Dette utfordrar tenesteytinga med omsyn til fagkompetanse og samarbeid med samfunnet elles. Bu- og habiliteringstenestene yt tenester til personar over 18 år. I 2018 vart det ytt tenester i ulikt omfang/art til 85 personar. 5 av desse har andre diagnoser enn psykisk utviklingshemming.

I løpet av 2018 er det gitt fast avlastning til ein person i avlastningsbustad. I 2018 var det 7 personar som hadde deltenester frå «inn-på tunet» verksemder.

Det har gjennom 2018 vore fatta eller fornya tvangsvedtak med heimel i HOL kap.9 overfor 17 personar. 3 personar har faste vedtak etter pasient- og brukerrettighetslova. Mange personar som får tenester frå Bu- og habiliteringstenestene kjem inn under kategorien ressurskrevjande tenestemottakarar.

10.2 Resultatmål

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2018	Resultat 2018	MÅL 2019
Teknologi IKT	Vidareføre bruken av elektronisk journalsystem - Cos Doc	Alle tilsette må kunne: - opprette/avslutte PRB -registrere tiltak etter kap.9 -avviksregistr.	Kontinuerleg oppdatering av tilsette /ny tilsette	Alle tilsette må kunne: - arbeide i tiltaks- og pleieplan -registrere tiltak etter kap.9 -avviksregistr
	Opplæring av "superbrukarar" i Cos Doc	Gjennomføre ekstra opplæring av 1-2 tilsette i kvar bustad i løpet av 2018	Gjennomført særskilt opplæring for fagansvarlege i eininga Gjennomført intern-undervisning for enkelte bu-einingar	Vidareføre styrking av bruken i elektronisk pasientjournal-systemet hjå faste tilsette
	Dataparken tilfredsstillar behovet for gode dokumentasjonsrutiner, og god nett-tilgang i alle bu-einingar	Investere i fleire datamaskiner ute i bu-einingane, samt oppgradering av nett-tilgang	Har investert i fleire datamaskiner	Dei bu-einingane som framleis har behov for fleire PC får dette, samt at nett-tilgangen vert oppgradert
Brukarar - "opplevd"	Koordinator, individuell plan og ansvarsgruppe	100% av tenestemottakarar med	Ikkje nådd 100 % målet, men	Halde fram arbeidet mot å nå

kvalitet”	<p>Vedtak om tenestetilbod</p> <p>Symjing for bebuarane Aktivering / opplæring i vatn.</p> <p>Spenningskurset</p>	<p>vedtak etter hol. kap.9 har koordinator, IP, samt ansvarsgruppe etter lovkrava</p> <p>Sikre medverknad og evaluering av tenestevedtaka etter behov og ved fast rutine.</p> <p><i>5 bu-einingar opprettheld tilbodet</i></p> <p><i>Vidareføring av tilbodet</i></p>	<p>samarbeids- møter har vore gjennomført i alle saker med tiltak etter kap.9</p> <p>Laga rutine der ein regel-messig går gjennom teneste-vedtaka.</p> <p>7 bu-einingar nyttar tilbodet</p> <p>8 bu-einingar deltok</p>	<p>målet på 100 %</p> <p>Alle bu-einingar har på årshjulet minimum eitt ansvarsgruppe-møte for kvar tenestemottakar pr. år</p> <p>Vidareføre tilbodet</p> <p>Vidareføre tilbodet</p>
Teneste “objektiv kvalitet”	<p>A-meldingar (bruk av tvang i naudsituasjonar) til fylkesmannen</p> <p>Halde saksbehandlingsfristar for vedtak etter hol kap.9.</p> <p>Refleksjonskort kap.9</p> <p>Alle helga stillingar/vikarar skal gjennomføre kurs/opplæring i grunnleggjande kunnskap om psykisk utviklingshemming og aktuelt lovverk</p> <p>Førstehjelpskurs</p> <p>Førstehjelpskurs til ferievikarar</p> <p>Ny tilsette og tilsette skal gjennomføre SOR kurs, lese minimum kap.2 og 3 i rundskriv</p>	<p>Implementere rutine for å identifisere tvangsbruk i naudsituasjonar. Sikre forsvarleg og rett saksbehandling</p> <p><i>Halde fristen for fornying</i></p> <p><i>Vidareføre bruken av refleksjonskorta i alle bu-einingane</i></p> <p><i>Gjennomføre nye kurs vår/haust 2018</i></p> <p><i>Gjennomføre 8 kurs a 16 plassar</i></p> <p><i>Gjennomføre kurs juni 2018</i></p> <p><i>I løpet av 2018</i></p>	<p>Har utarbeidd og implementert rutine for A-meldingar</p> <p>Målet vart innfridd</p> <p>Nedprioritert pga. mange nye fokusområde</p> <p>Gjennomført</p> <p>Gjennomført</p> <p>Gjennomført</p> <p>Gjennomført av alle tilsette og ny tilsette</p>	<p>Oppretthalde rutine for å identifisere tvangsbruk i naudsituasjonar. Sikre forsvarleg og rett saksbehandling</p> <p>Halde fokus på fristane i eigne rutine.</p> <p>Halde fokuset på bruk av tvang og makt</p> <p>Vidareføre opplæring kvart halvår.</p> <p>Vidareføre 3 kurs a 16 plassar</p> <p>Vidareføre kurs kvart år</p> <p>Vidareføre gjennomføring av pålagte SOR-kurs</p>

	IS-10/2015			
	Retningslinjer/retteleiar til retningslinjer ved seksuelle overgrep mot vaksne med utviklingshemming	<i>Implementere rutinar i kvar bu-eining</i>	<i>Har implementert rutinar i kvar bu-eining.</i>	Alle ny tilsette tek kurset elektronisk
	Alle miljøterapeutar får kurs i saksbehandling kap.9	<i>Alle ny tilsette miljøterapeutar gjennomgår saksbehandlingskurs</i>	4 miljø-terapeutar deltok på kurs som Fylkesmannen arrangerte i januar	Delta dersom Fylkesmannen arrangerer kurs

Organisasjon				
	Prosjekt i samarbeid med IA: Sjukefråvær/-nærvær	Arbeide vidare med relasjons-kompetanse i bu-eininga. Redusere sjukefråværet til 9 %	18,30	Arbeide vidare med relasjonskompetanse. Redusere fråværet til 9 %
	Kompetanseheving i eininga	Utarbeide ny kompetanseplan, og tilsette miljøterapeutar i tråd med den.	Har starta arbeidet med kompetanseplan. Tilsett 8 miljø-terapeutar i 2018	Utarbeide ny kompetanseplan, og tilsette miljøterapeutar i tråd med den.
	Etisk refleksjon	Vidareføre bruk av refleksjonskort	Gjennomført	Vidareføre bruken av refleksjonskort
	Grunnkurs / oppfriskningskurs i legemiddelhandtering	50 tilsette skal ha gjennomført opplæringa	58 tilsette gjennomførte kurs	20 tilsette skal ha gjennomført kurs

10.3 6 Sektoren sine utfordringar

Faglege utfordringar

Det er ei utfordring å rekruttere fagutdanna personell og på den måten sikre best mogleg kvalitet på tenestene. Vi har framleis høg representasjon av ufaglært personale som yter tenester til våre tenestemottakarar. Årleg er det fleire som tek helsefagarbeidarutdanning. Bu- og habiliteringstenestene held fram med å motivere og støtte dette.

Gledeleg at 4 tilsette i Bu- og habiliteringstenestene starta med deltidsutdanning i vernepleie hausten 2016, 2 tilsette tek bachelor fulltid i vernepleie og 4 personar tek bachelor sjukepleie.

Bu- og habiliteringstenestene lyser kontinuerleg ut miljøterapeutstillingar gjennom året. Vi får ikkje ønska søkjarmasse til stillingane og det er særleg vanskeleg å rekruttere vernepleiarar. Ein del av dei som tek imot tenester har krav på slik kompetanse også på grunn av vedtak om bruk av tvang i enkelte situasjonar. Ei av bu-einingane har ikkje personell med høgskuleutdanning, og til dels også mange utan relevant utdanning. Dette medfører eit stort behov for dispensasjonar frå utdanningskravet som ligg i Helse- og omsorgstenestelova kap. 9. Fylkesmannen har i mal for søknad om dispensasjon frå utdanningskravet tydeleggjort kravet til dokumentasjon av rekrutteringsrutinar og kva som blir gjort for å sikre rett kompetanse.

Arbeidsmiljøprosjektet

Kariplassen A deltok i arbeidsmiljøprosjektet som starta våren 2016 og hadde ei varigheit på 1 år (juni 2017). Vi hadde månedlege samlingar for alle tilsette med tema innanfor relasjonskompetanse. Hovudmålet var å vidareutvikle og forsterke ressursane i arbeidsmiljøet med fokus på ein støttande kultur. Utgangspunktet var at trivsel og godt arbeidsmiljø er viktig for å skape nærværskultur.

Vi gjennomførte RAUS testen då ein avslutta prosjektet, og den synte at alle som deltok opplevde ei positiv endring. Dette er ein prosess og veremåte som vi kontinuerleg må jobbe med, og både hausten 2017 og i 2018 heldt vi fram arbeidet med reglar for samhandling og relasjonar. Vi hadde blant anna kurs for vikarane i 2018. Stabsmedarbeidar, plasstillitsvalde og verneombod på Kariplassen A, orienterte i ettertid blant anna arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet om prosjektet. Dei hadde og dette temaet på temakafeen i april.

Kariplassen A hadde eit sjukefråvær på 17,4 % då vi starta prosjektet i 2016, og det er dessverre oppe i 18,4 % i 2018. Men årsaka til denne høge prosenten er ikkje relatert til arbeidsmiljøet, men reelle/konkrete helsemessige årsaker. I dag opplever vi Kariplassen A som ei veldreva bu-eining der dei tilsette trivst.

Som ei vidareføring av arbeidsmiljøprosjektet, vart blant anna Bu- og habiliteringstenestene tekne ut til å delta i NED- prosjektet. Vi starta med workshop 6. april, og deretter vart prosjektet gjennomført i alle bu-einingane utover året.



Rekruttering

24. oktober 2018 deltok Bu -og habiliteringstenestene på rekrutteringsdag som avdeling Helse og sosialfag på høgskulen i Molde inviterte til. Dei hadde invitert kommunar, helseføretak, samt studentane på sjukepleie og vernepleie. Vi var inviterte til å etablere stands for å orientere studentane om moglegheiter for jobb.



Foto: Charlotte Olsen

Frå rekrutteringsdagen 24.oktober

Bu-og habiliteringstenestene tek også imot vernepleiestudentar og i det høve arrangerer vi eit fellesmøte for studentane der vi presenterer eininga, fortel om rekrutteringsrutinane til kommunen, opplæring som vert gitt og rolla som miljøterapeutane har i bu-einingane.

Auke fagkompetanse hos egne tilsette

Med bakgrunn i behovet for å auke realkompetansen, vart det hausten 2014 bestemt at alle assistentar måtte gjennomføre SOR sitt e-læringsprogram "*arbeid i andres hjem*". Kurset dannar grunnlag i den kunnskapen ein bør ha når ein arbeider for personar med utviklingshemming. Ein får innsikt i kva utviklingshemming er, lover og rettar, konflikt handtering, historiske og etiske perspektiv.

I 2015 vart det bestemt at alle tilsette måtte gjennomføre e-læringsprogrammet "*utfordrande adferd*" med hovudvekt på å unngå tvang og makt. Kurset tek for seg moment som kan medverke til om menneske med utviklingshemming utviklar åtferd som blir oppfatta som utfordrande. Ein ser på kva som kan medverke til at denne åtferda varer ved eller blir redusert, og korleis ein som tenesteytar kan være i forkant og leggje til rette slik at behovet for tvang blir minimalisert. Vi har fått kompetansemidlar i samband med gjennomføringa av desse e-læringsprogramma. Vi ser ei positiv utvikling hos dei tilsette som har gjennomført fleire av e-læringskursa.

I 2016 starta vi arbeidet med at tilsette også skulle gjennomføre SOR e-læringskurset «*ingen hemmeligheter*» i lys av retningslinjer for seksuelle overgrep mot voksne personar med psykisk utviklingshemming. I 2017 la vi inn i rutinane at alle må gjennomføre e-læringskurset på lik linje med dei 2 andre e-læringskursa.

Temakafé: Under medarbeidarundersøkinga kom det fram at tilsette ønskjer meir fagleg påfyll. Vi starta derfor opp med temakafé i 2018, som er meint å vere fagleg påfyll kombinert med sosialt samvær. Dette arrangerer vi 7 gonger i året, og bu-einingane har ansvar for tema og gjennomføring.



Foto: Anna V. Balstad

Temakafé 11.april 2018

Makt og tvang

For 17 tenestemottakarar er det nødvendig med tiltak med bruk av tvang etter kap.9 det siste året. Vi arbeider jamleg med å redusere behovet for tvang ved å bruke andre løysingar. Rundskriv IS-10/ 2015 har som hovudformål å gje rettleiing i prosessen der ein må gjennomføre tiltak for å unngå risiko/ skade. Dette har klargjort ein del moment som skal leggst vekt på i vurderinga/gjenkjenninga av tvang og makt. Skiljet mellom tvang med heimel i Pbrl § 4A og HOL kap 9 er også tydeleggjort. Dette har også medført at enkelte tilretteleggingstiltak som tidlegare har falle inn under forståinga av tvang, no på visse vilkår fell utanfor tvangsomgrepet. Det har medført at Vestnes kommune no ikkje lenger treng fatte vedtak for nokre av tiltaka. Ein held likevel fram med tiltaka, men det treng ikkje overprøvast av Fylkesmannen. Einingsleiar, stabsmedarbeidarar, saksbehandlar og 4 fagansvarlege deltok på møte for fagleg overordna ansvarleg arrangert av Fylkesmannen 18. januar 2018.

Eldre psykisk utviklingshemma

Aldringsprosessen hos personer med psykisk utviklingshemming er uforutsigbar og endringer kan oppstå brått. Vi ser no at majoriteten av vertskommunebebuarane vert godt vaksne noko som utfordra oss i forhold til uføresette hendingar. Utfordringane er store når det gjeld å kunne skilje mellom demens-symptom og symptom på vanleg aldring/ sjukdom/ slitasje og grunnleggande vanskar med redusert nivå i forståing og prestasjonar. Kompleksiteten i aldersforandringar, psykisk sjukdom, somatiske lidingar og graden av utviklingshemming er ofte svært utfordrande og krev tett personaloppfølging for å trygge, behandle og redusere ytterlegare sjukdomsutvikling

Vi ser no at mange av dei eldre har behov for å redusere arbeidstilbodet sitt og trappe ned med rolegare syslar i heimen. Dei som frå før har vore bra sjølvhjelpete har i utgangspunktet liten tilgang på personalressurs, og vi ser utfordringar med tanke på bemanningssituasjon når dei vert eldre og får auka tenestebehov, dette kan også påverke om vi framleis kan nytte aktiv/passiv nattevakter og framleis fyller kravet til forsvarlege tenester.

Det er behov for mange små stillingar for å fyller opp turnus på helg. Det er stadig vanskeleg å få tilsett fast kvalifisert personell i desse stillingane.

Organisering

Bu- og habiliteringstenestene har 178 årsverk fordelt på ca.290 tilsette. Etter ein gjennomgang av organisasjonen i 2016, fekk vi på grunn av blant anna stort leiarspenn, auka staben med 2 stillingar. Tilsetjingsprosessen var ferdig våren 2017. I 2018 vart og stillingsnemninga til stabsmedarbeidar/koordinator endra til avdelingsleiar. Leiinga består i 2018 av einingsleiar, 5 avdelingsleiarar og ein saksbehandlar utan personalansvar. Saksbehandlar sa opp stillinga si i november 2018, med sluttdato 1.mars 2019. Hausten 2018 var vi inne i ein prosess der spørsmålet var om stillinga til saksbehandlar skulle leggjast under tenestekontoret. Tanken med fleire avdelingsleiarar var at dei skulle få redusert på talet ein har personalansvar for, og at einingsleiar i større grad kunne fokusere på utvikling av rutinar, prosedyrar, budsjett og organisering. Dessverre har staben hatt eit stort sjukefråvær i 2018, og det har ført til eit stort arbeidspress på dei andre avdelingsleiarane.

Auken i staben førte til at det er for få kontor plassar i Furulikjellaren. I utgangspunktet skulle ein inkludere lokala til vaktmeistrane, men sidan barnevernstenesta flytta, er det bestemt at staben skal ta over lokala på ressursenteret. Dette håper vi skjer i 2019.

2018 var eit år prega av å planlegge og gjennomføre endringar i tenesta. I juni vart Myrateigen lagt ned. Tenestemottakarar vart flytta til nye bu-einingar og tilsette fekk nye arbeidsplassar.

Hausten 2018 brukte vi til å førebu nedlegging av Plassen. Nedlegging skjer i mars 2019. Ut i frå behov til tenestemottakarar har vi hatt eit tett samarbeid med Eigedomsdrift for å planlegge og gjennomføre ombygging av fleire leilegheiter.

Dagtilbod/tilrettelagt arbeid

Tenesta har eit dagsenter der 53 tenestemottakarar nyttar tilbodet . Vi tilbyr ulike former for arbeid og sysselsetting, deriblant kantinedrift, vev- og tekstilavdeling. I tillegg disponerer vi 6 plassar på gartneri/ved produksjon og 12 plassar på Tremek.

Vev og tekstilavdelinga står for den største produksjonen av varer som vert seld i butikken og på ulike messer.

Kantina har i tillegg til kantinedrift levering av mat til kommunale møte, og til ein del arrangement som blir haldne på Myra kulturhus. Vi lagar og heimlaga middag to dagar i veka, noko som er ein populær aktivitet for dei tenestemottakarane som jobbar på kantina.

Kantina har regelmessig besøk av institusjonar frå nabokommunar, Ørskog, Skodje, og Ålesund, dei sett stor pris på å få komme til kantina vår der det er plass for alle.

Dagsenteret har matutkøyring frå sentralkjøkkenet til institusjonar og heimebuande i kommunen. Vi dekker tre soner kvar dag med middagslevering. Det å vere med på å levere ut mat er eit populært tilbod til tenestemottakarane våre.

Tenestemottakarane som tek i mot arbeidstilbod er i endring. Det blir kontinuerleg arbeid med at tilbodet skal vere tilrettelagt for kvar einskild, og eit attraktivt tilbod også for dei unge som ikkje meistrar ein tradisjonell kvardag. Vi ser at dei eldste tenestemottakarane har behov for eit redusert og tilpassa arbeidstilbod ut i frå føresetnadane sine.

Dagsenteret arrangerte julemesse på Myra kulturhus i november. Det var sal av eigenproduserte varer og kantina sto for matsal. 12 private aktørar var inviterte til å være med, blant anna var sal av boka om Hellandheimen eit vellykka innslag. Bra sal og gode tilbakemeldingar både frå utstillarane og besøkande. Vi håper å fortsette med tradisjonen med julemesse på Myra i 2019.



10.4 Kva har vi oppnådd i 2018?

- Gjennomført førstehjelpskurs der 155 tilsette deltok
- Gjennomført førstehjelpskurs for ferievikarane
- Vikarar/tilkallingsvikarar og helgevikarar har gjennomført internt innføringskurs om psykisk utviklingshemming og rettsvern til gruppa ein yter tenester til.

- Kompetanseheving:
 - 2 leiarar starta vidareutdanning i saksbehandling og tenesteyting i Helse- og omsorgstenestelova
 - 4 tilsette går deltid 3. året i bachelor vernepleie
 - 2 tilsett/vikar tek bachelor vernepleie heiltid
 - 4 tilsette/ helgavikarar tek bachelor sjukepleie
 - 3 tilsette fullførte helsefagarbeidarutdanning
 - 1 starta helsefagarbeidarutdanning
 - 2 tilsette tek vidareutdanning i habilitering og miljøarbeid
 - 1 tilsett fullførte vidareutdanning i psykisk helsearbeid
- Gjennomført medarbeidersamtalar Furulia, Bakketun, dagtilbodet Strandbo, Vestneshaugen, Solstua og Skogheim
- Gjennomført 2 fellesmøte med nattevaktene i eininga
- Gjennomført faste møter gjennom året med hovudtillitsvalde / plasstillitsvalde og verneombod
- Gjennomført vernerunde
- 58 tilsette gjennomførte e-læringskurs i legemiddelhandtering
 - 23 assistentar gjennomførte grunnkurs i legemiddelhandtering
 - 14 helsefagarbeidarar gjennomført grunnkurs i legemiddelhandtering
 - 15 helsefagarbeidarar gjennomførte oppfriskningskurs i legemiddelhandtering
 - 3 miljøterapeutar gjennomførte grunnkurs i legemiddelhandtering
 - 3 miljøterapeutar gjennomførte oppfriskningskurs i legemiddelhandtering
- Gjennomført faste møte gjennom året med miljøterapeutar
- 2 tilsette deltek i prosjektet Kompetanse Pluss- kurs i norsk og digitale ferdigheter
- Deltok på rekrutteringsdagen på høgskulen i Molde 24. oktober
- Arrangerte BPA kurs for saksbehandlarar 2. februar
- Arrangert temakafé 4 gonger
- Arrangert julefest

10.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

I Helse- og omsorgstenestelova § 3-3 heiter det at ein skal arbeide for at det vert sett i verk velferds- aktivitetstiltak for funksjonshemma personar. Bu- og habiliteringstenestene legg vekt på at ein skal ivareta både den fysiske, psykiske, sosiale og åndelege dimensjonen hjå tenestemottakarane.

Eit mål er at alle tenestemottakarane som har føresetnad for å gå til eit arbeid, får eit tilrettelagt tilbod.

Tenestemottakarane har tilbod om å delta på ulike fritidsaktivitetar som spenningskurs, ungdomsgruppa, «Klem i veg», aktivitetsdag, julefest, møte, gudstenester, sittedans, treningsstudio, «Sprek og glad», rettleiingssamtalar, hyggekveldar, «Danse fylket rundt» m.m.

For dei tilsette fokuserer vi på det psykososiale arbeidsmiljøet ved ulike tilstellingar. Dei tilsette gjev tilbakemeldingar på at ulike tilstellingar har stor innverknad på trivselen og samarbeidet i personalgruppene.



Blåtur Skogheim



Førjulsaktivitet i naustet til Kari

Sjølv om vi prøver å ha ulike tilstellingar, er det viktigaste tiltaket at kvar enkelt tilsett vert sett og verdsett i kvardagen av kollegane og leiinga. Leiinga har fokus på at det skal vere lav terskel for å ta kontakt, samt at dei tilsette vert godt mottekne. Alle skal ha eit samarbeid som er bygd på respekt og likeverd.

Vi arbeider systematisk og målretta med oppfølging av sjukmeldte og legg særleg vekt på dei tilsette si medverknadsplikt til å redusere, samt førebyggje sjukefråvær.

10.6 Økonomiske resultat 2018

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2018			Budsjett	Avvik 2018	
	2017	Utgifter	Inntekter	Netto	2018	i kroner	og i %
Avlastning PU >18 år/BPA	2 704	3 157	48	3 109	3 160	-51	-1,6
Vestneshaugen	4 465	5 109	170	4 939	4 700	239	5,1
Dagtilbud PU	7 023	9 294	1 674	7 620	7 300	320	4,4
Plassen	5 098	5 447	33	5 414	5 350	64	1,2
Myrateigen	5 535	2 407	41	2 366	2 314	52	2,2
Skogheim	8 260	8 515	125	8 390	8 250	140	1,7
Skogvegen	8 105	8 569	319	8 250	8 200	50	0,6
Solstua	7 048	7 303	263	7 040	6 900	140	2,0
Skogly	4 243	4 521	9	4 512	4 500	12	0,3
Liaråket	12 196	14 865	1 505	13 360	13 500	-140	-1,0
Bakketun	13 351	14 182	394	13 788	13 750	38	0,3
Kariplassen	33 353	46 213	3 256	42 957	43 305	-348	-0,8
Furulia	5 832	7 564	280	7 284	6 500	784	12,1
Administrasjon	4 238	3 947	126	3 821	3 884	-63	-1,6
Sum Bu- og hab. Teneste	121 451	141 093	8 243	132 850	131 613	1 237	0,9

Bu- og habiliteringstenestene hadde eit meirforbruk på 1,2 mill. kr, eller knapt 1,0 %.

Utgiftene auka med 11,4 mill kr frå 2017 til 2018. Dette tilsvara 9,4 % og er langt over løns- og prisauke. Mykje av auken gjeld utvida tilbod til ressurskrevjande brukarar, delvis etter krav frå Fylkesmannen. Meirforbruk og auken i utgiftene her må vi sjå i lag med at tilskott til ressurskrevjande brukarar også har auka mykje.

Sett det ilag så var drifta i eininga innanfor budsjettet.

I 2013 auka ein del av dei variable lønsutgiftene i driftseininga mykje. Driftseininga tok fatt i dette og sette i verk tiltak for å redusere desse utgiftene, og det greidde dei.

I åra 2014 og 2015 gjekk utgiftene ned, men har auka att etter 2016

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Endring i % 2013 - 2018
Avtalefesta tillegg	15 883	15 296	15 383	15 833	16 668	18 708	17,8
Sjukevikarar	6 242	6 050	6 070	6 386	5 153	5 043	-19,2
Ferievikarar	3 815	3 630	3 527	3 646	3 891	5 349	40,2
Ekstrahjelp	2 101	1 717	1 524	1 073	1 448	865	-58,8
Overtid	2 674	1 952	1 937	2 649	3 305	3 318	24,1
Sum	30 715	28 645	28 441	29 587	30 465	33 283	8,4

- Overtida auka mykje i 2016 og 2017, men det er positivt at det ikkje er auke i 2018.
- Ekstrahjelp har gått ned, spesielt i 2018.
- Avtalefesta tillegg, som er ei stor utgift, har auka mykje i 2018. Det er noko vi ser på alle einingane innan pleie- og omsorg. Tillegga vert bestemt i lønsoppgjera, og her har det nok skjedd større auke enn det vi hadde fanga opp når budsjettet vart utarbeidd.

10.7 Einingsleiar sine tiltak for å halde budsjettet

Einingsleiar Anna Vollen Balstad:

Einingsleiar tek ut budsjettrapport kvar månad etter lønskøyning. Denne vert gått gjennom med avdelingsleiarane på møte første tysdag etter lønskøyning. Dersom ein ser at ein har overforbruk, samtalar ein om årsak. Ein diskuterer måtar å forhindre vidare overforbruk.

6. kvar veke har ein møte med personane med tillegg i arbeidsoppgåver. Her er budsjett fast sak. Her og går ein inn på rapporten, og ein diskuterer ulike måtar å redusere forbruk på.

Dei siste åra har og administrasjonssjefen og kommunalsjef innan økonomi delteke på stabsmøte og på møte med personane med tillegg i arbeidsoppgåver, der dei går gjennom budsjettet, og ein samtalar om korleis ein kan vere på eit lavast mogleg forbruk.

Avdelingsleiarane må skrive rapport til kommunalsjef og einingsleiar dersom ein ser eit overforbruk. Der må ein grunngje kvifor ein har eit overforbruk, og seie noko om korleis ein har tenkt å løyse utfordringa. Vi har dei siste åra søkt midlar via kompetanseløftet, for å få dekt pålagte kurs til ny tilsette og ufaglærte.

Det skjer relativt ofte endringar i tenestebehovet til tenestemottakarane. Når dette skjer, er det viktig å vere rask å sjå på personalressursen og korleis ein kan tilpasse ressursen etter behovet. Her er det viktig å sjå løysingar, og vere rask med å setje inn tiltak. Vi har gode rutinar på å endre tenestevedtak når ressursbehovet endrar seg.

Kap 11 Tekniske tenester

Visjon:

Tekniske tenester legg til rette fysisk, slik at Vestnes blir ein endå meir attraktiv kommune for næringsutvikling og busetting.

11.1 Oversikt over sektoren

Tenester	Tal Årsverk 2017	Tal Årsverk 2018	Ev. merknader
Plan/byggesak Landbruk/miljø	5,0	5,0	
Drift/anlegg Oppmåling	Ca 13	Ca 13	Inkl. tiltak via NAV
Brann, redning og feiing	2,7	2,7	I tillegg til deltids brannmannskap

Eininga har ansvar for desse tenestene:

- Oppmåling, matrikkelføring, adressering, konsesjonsfritak, grunnforhandlingar.
- GIS (geografisk informasjonssystem) og kartlegging. Eigedomsskatt.
- Drift/vedlikehald/nyanlegg av avløpsnett, avløpsreinsing.
- Drift/vedlikehald/nyanlegg av kommunale vegar/trafikktrygging/gateløys.
- Parkvesen og produksjon av ved/tilbod til medarbeidarar med behov for tilrettelegging.
- Kyrkjegardsgraving.
- Utbygging av kommunale bustad- og industriområde.
- Behandling av byggesaker, delingssaker og seksjonering.
- Ansvarleg for kommuneplanens arealdel og reguleringsplanar.
- Kommunen sin representant i større plansaker i regi av for eksempel Statens vegvesen.
- Kommunen sin representant i fylkeskommunale saker innan samferdsel; buss, båt, ferje.
- Behandling av jord-, skog- og konsesjonslovssaker, vilt- og fiskeforvaltning.
- Motorferdsel i utmark og forureining.
- Rettleiing av bønder og andre om off. støtteordningar (BU, Innovasjon Norge m.fl.).
- Tildeling av tilskotsmidlar, og kontroll av tilskotsmottakarar.
- Feiing og bustadtilsyn.
- Branntilsyn på § 13-bygg (skular, barnehagar, institusjonar, overnattingsstader m.m.)
- Brannberedskap (befals- og sjåførvakt, deltidsmannskap ved 3 stasjonar)
- Anna bistand ved kritesituasjonar (for eksempel ekstremvær)
- Brannøvingar for offentleg og privat verksemd.
- Opplæring og haldningsskapande arbeid (barn, unge og vaksne).

11.2 Resultatmål – Tekniske tenester

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2018	Resultat 2018	MÅL 2019
“opplevd kvalitet”	<u>Brukarundersøking byggesak :</u> <ul style="list-style-type: none"> • Resultat for brukarane • Respektfull behandling • Påliteleg åtferd • Tilgjenge • Informasjon • Heilskapsvurdering 		Ikkje gjennomført	MÅL: Like godt resultat som sist MÅL:Svar Prosent 50
Teneste “objektiv kvalitet”	<u>Drift og anlegg:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Antal km grøfterensk langs kommunal veg • Registrere kommunalt OV-system langs veg <u>Oppmåling, kart/GIS:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Andel oppmålingsforretningar utført innan 16 — vekers frist • Ferdigstille adressering for heile kommunen. • Oppdatering av leidningskartverket <u>Brann, redning og feiing:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Implementere ny <i>Forskrift om brannforebygging</i>, - feiing/tilsyn med risikovurdering—hus og hytter • Behalde og rekruttere nok deltidsmannskap • Gjennomføre kursing/opplæring i høve til “Plan for brannvernet 2018” <u>Plan/byggesak:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Andel byggesaker med behandlingstid innan fristane , jfr. Pbl., byggesak • Andel mangelfulle saker – kommunen må be om tilleggs-opplysningar. • Andel arealsaker behandla innan pbl sine fristar <u>Landbruk/miljø:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Oppdatere landbruksregister og gardskart • Revidere lokal vernskogforskrift 	1 km 25 % 100 % 100 % 80 % Komme igang 100 % 100 % 100 % 10 % 100 % 100 % 100 %	0,20 km Ikkje oppnådd 95 % 99 % I gang Oppnådd Delvis oppnådd Ikkje oppnådd 96 % 15 % 100 % Ikkje oppnådd	1 km 25 % 100 % Fullføre skilting 80 % Fullføre 100 % 100 % 100 % 10 % 100 % 100 % 100 %

11.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Framleis har vi totalt sett større etterspørsel etter tenester enn kva vi har kapasitet til. Dette gjeld mange av fagområda våre. Men vi ser også at gjennomføringskrafta har blitt betra dei siste åra innanfor veg og avløp. Alle fagområda krev framleis kompetanseutvikling for å møte endra og nye behov.

Den andre viktige faktoren som er avgjerande for resultatet, i tillegg til mannskapsressursar, er tilgangen på budsjettmidlar. Dette kjem godt til syne i driftsbudsjettet for vegvedlikehald der det framleis er store udekte behov. Utan betydeleg auke her vil vi aldri komme opp på eit ønska nivå.

Brannvesenet har fått utdanna 1 stk. befal til i vaktordninga, slik at vi i dag er ajour med befalsvakter. Vi har framleis behov for utdanning av fleire sjåførvakter.

Innanfor fleire av fagfelte våre vil vi framleis ha behov for konsulenttenester. Dette gjeld m.a. konsulentinnleige på oppmålingssaker, prosjektering/ planlegging av nye avløps - og utbyggingsprosjekt, arealplanlegging m.m.

11.4 Kva har vi oppnådd i 2018?

Generelt:

Vi har framleis stor etterspørsel etter tenester og mange søknader innan dei ulike ansvarsområda. På tross av dette har vi i stor grad innfridd på saksbehandlingstid, og har greidd å halde drifta i gang. All honnør til dei tilsette for arbeidet som er utført.

Landbruk/miljø:

På tross av stor etterspørsel har vi i stor grad kunna innfri på saksbehandlingstid. Arbeidet med skogbruksplan med miljøregistrering har pågått i heile 2018 – planlagt slutføring i 2019. Framleis litt ekstra arbeid rundt implementering av nytt søknads-/saksbehandlingssystem for produksjonstilskot (med nye datoar).

Det er framleis miljø-/forureiningssaker som ikkje er tilfredsstillande løyst, og må jobbast vidare med i 2019.

Plan/bygg:

Har behandla praktisk talt alle sakene innan lovfaste fristar. Det har vore behandla 33 delingsløyver og 109 byggesaker. Det vart gjort vedtak på 3 detaljreguleringsplanar i 2018. Gebyrinntekter vart som budsjettet.

Brann/redning/feiing:

Har gjennomført planlagt opplæring så langt som kapasiteten på Norges Brannskole rekk. Har gjennomført planlagte tilsyn og øvingar og kome godt i gang med risikovurderingar med tanke på behovsprøvd feiing/tilsyn. Kursing/informasjon førebyggjande overfor risikoutsette grupper har halde fram også i 2018.

Park/grønt:

Har fortsett med jobben å ta att forsømt vedlikehald. Elles utført planlagt arbeid, og gjeve eit godt arbeidstilbod til personar med hjelpebehov. Arbeidstilbodet inneheld m.a. plenslått/stell av grønt, vedproduksjon, papp/papir innsamling/sortering/pressing og makulering, og elles fleire tidsavgrensa oppdrag/prosjekt.

Drift og anlegg - VA/veg:

Investeringsprosjekta er gjennomført som planlagt med unntak av:

- Ny pumpestasjon Helland sentrum (ferdigstilling 2019)
- Slamavskiljar Skorgeneset (anleggsstart 2019)
- Slamavskiljar Fiksdal (anleggsstart 2019)
- Utbetring av Gamlebrua over Straumen (ferdigstilling 2019)
- Vikeelvbua (blir utført i 2019)
- Utviding Misfjordskogen industriområde (ferdigstilling 2019)
- Buktavegen (ferdigstilling 2019)

Innanfor avløpsområdet har dei største investeringane vore etablering av pumpestasjonen på Helland (i Sjøfronten), som blir ferdigstilt i 2019. Totalrenovering av avløpsnettet i Syltelia med ny slamavskiljar. Renovering og nyetablering av avløpsnett i tilknytning til andre utbyggingsprosjekt, slik som Buktavegen, Misfjordskogen, Trohaugen og Hammeråsparken i tillegg til eit mindre ledningsanlegg på Vikebukta. Elles har vi i gang med oppgradering av drifts- og overvakingssystem for pumpestasjonane våre.



Foto: Arve Rekdal



Foto: Arve Rekdal

Vegvedlikehald: Asfaltert der behovet har vore størst – så langt midlane rakk. Grøftereinska om lag 200 m, som er for lite i høve til målsetninga vår. Elles vanleg drift.

Oppmåling/GIS:

58 nye oppmålingssaker rekvirert og gjennomførte 46 saker. Inntektsmålet vart ikkje oppfylt, grunna både mindre tilgang og kapasitet.

Fortsatt arbeidet med kvalitetsheving av Matrikkelen. Saksbehandla bortimot alle konsesjonsfritak "på dagen".

Adresseprosjektet vart i praksis slutført i 2018 – det står att litt komplettering av skilting .

Delteke i geovekst-prosjekta som gjeld vår kommune. Ny kartportal (kommunekart.com) – saman med andre Romsdalskommunar.

11.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

Både innanfor planlegging/prosjektering og utbygging skal folkehelseperspektivet vere framme. Dette kan til dømes vere tilrettelegging av parkeringsplassar ved utfartsområde, tilgang til badeplassar og andre friluftsområde og etablere toalettløysingar til desse. Arbeide for bygging av gang-/sykkelvegar som motiverer til aktivitet. Syte for gate-/vegbelysning slik at aktiviteten kan oppretthaldast også i den mørke årstida. m.m. Elles vil naturlegvis det generelle vegvedlikehaldet med snøbrøyting og sandstrøing vere ein vesentleg faktor.

11.6 KOSTRA-tal på området

- teknisk	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. Utgifter kommunale veier pr. innb	1 326	1 230	1 153	1 686	1 000	1 233	1 345
Nto. utgifter pr. km kommunal veg	108 325	113 618	146 669	97 853	78 208	176 085	93 475
Nto. Utg til brannvern pr. innbyggjar	997	1 018	887	1 026	975	983	768
Andel kommune vegar utan fast dekke	2,5	20,1	28	29,5	2,5	9,5	29,1
Årsgebyr for feiing og tilsyn	463	422	431	536	355	428	410
Årsgebyr avløp	2 788	3 272	3 745	3 642	-	2 261	4 059
Årsgebyr avfall	2 288	2 734	2 682	3 075	2 853	2 955	2 635

- Vestnes har liten andel med vegar utan fast dekke, m.a. vart veg til Kjersemfjellet asfaltert i 2017. Andel grusvegar gjekk ned frå 8,8 i 2017 til 2,5 i 2018.
- Utgiftene pr. km kommunal veg ligg noko under snittet.
- Avløps- og avfall gebyra ligg under både fylkes- og landsgjennomsnitt. Det må vi sei oss særst godt nøgd med.

Utvikling 2013 – 2018

KOSTRA - tal - teknisk							Endring
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	i % 13 - 18
Nto. Utgifter kommunale veier pr. innb	855	954	1 031	1 363 112	1061	1326	55,1
Nto. utgifter pr. km kommunal veg	71 620	81 013	85 262	025	99475	108325	51,2
Nto. Utg til brannvern pr. innbyggjar	766	796	810	883	908	997	30,2
Årsgebyr for feiing og tilsyn	378	394	360	376	415	463	22,5
Årsgebyr avløp	2 611	2 862	3 041	2 788	2788	2788	6,8
Årsgebyr avfall	2 650	2 456	2 240	2 020	2219	2288	-13,7

11.7 Økonomisk resultat 2018

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2018			Budsjett	Avvik 2018	
	2017	Utgifter	Inntekter	Netto	2018	i kroner	og i %
Administrasjon	769	797	33	764	571	193	33,8
Oppmåling	-273	1 647	964	683	102	581	569,6
Plan- og bygning	608	2 526	2 419	107	654	-547	-83,6
Landbruk	1 525	1 604	47	1 557	1 455	102	7,0
Renovasjon, kloakk, feiing	0	22 632	21 767	865	58	807	1391,4
Brannvern	5 342	6 647	1 049	5 598	5 389	209	3,9
Hamnevesen	0	129	112	17	1	16	
Parkvesen	1 470	2 304	1 082	1 222	1 403	-181	-12,9
Kommunale vegar	5 005	9 277	4 387	4 890	5 134	-244	-4,8
Sum teknisk sektor	14 446	47 563	31 860	15 703	14 767	936	6,3

Eininga har eit mindreforbruk på kr 936.000,-.

Utgifter til innleigd snøbrøyting var kr 1.466.000,-, ein reduksjon frå 1.958.000,- i 2017.

11.8 Einingsleiar sine tiltak for å halde budsjettet

Einingsleiar Emil Balstad:

Sparebeløpet vert fordelt på dei ulike fagområda/ansvara – i utgangspunktet forholdsvis. Alle tilsette er informerte om felles ansvar for å halde budsjettet. Eg har tru for at involvering er motiverande sjølv for slikt arbeid. Vi prøver i fellesskap å utsette innkjøp som kan vente, til seinare – i verste fall til året etter. Elles passar eg nøye på refusjonar, og andre inntekter for utførte tenester.

Kap 12 Eining for eigedomsdrift

Visjon for Vestnes kommune si eigedomsdrift:

Gode bygg – gode tenester

12.1 Oversikt over sektoren

Ansvar	Tal Årsverk 2017	Tal Årsverk 2018	Ev. merknader
5000 – 5550 Eigedomsdrift	15,38	15,61	Med leiar har eininga 17 tilsette. Om lag 3,8 av desse årsverka blir brukt i andre einingar eller prosjekt. (reinhold, bistand med alarmar vaktmeister heimetenestene, utleige til Vestnes Energi AS og branntilsyn).

Eigedomsdrift har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar. Samla bruttoareal for kommunale bygg er om lag 67 500 m². Våre bygg er kommunalt disponerte bustader og ei rekke formålsbygg – skular, sjukeheimar, barnehagar, rådhus/administrasjonsbygg og kultur/idrett. I tillegg administrerer vi ca. 2 000 m² til vidare utleige (Stiftelsen Vestnes Trygdebustader og flyktningbustader).

Ansvar for sal av kommunale bustad- og næringsstomter ligg til eininga. Det vert gjennomført kjøp av strategisk tomteareal som t.d. sikring av areal til friluftsmål, kjøp av nye felt for bustad- og næringsformål, nødvendig veggrunn, samt sal av diverse kommunalt tilleggsareal til både private og næringsdrivande. Kjøp/sal av kommunale bygg/bustader vert og utført av eininga.

Vestnes kommune har eit bevisst forhold til regelverket om offentlege anskaffingar. Eininga administrerer og innehar kompetanse på dette fagfeltet.

Eininga har og ansvar for kommunen sine forsikringsordningar, både når det gjeld ansvar, bygningar, bilar, tilsette, barn i skule, barnehage og kulturskule, samt barn som har oppfølging i regi av barnevernet.

Forvaltning av bustader:

Pr. 31.12.2018 hadde kommunen ansvar for forvaltninga av i alt 156 bueiningar fordelt slik:

Type bustad	Tal bueiningar	Ev. merknader
Omsorgsbustader	38	Senior Plaza og Aktivitetssenteret
Bustader innan Bu- og habiliteringstenestene	64	
Bustader for vanskelegstilte	54	Stiftelsen Vestnes Trygdebustader eig 16 av desse bustadene, men kommunen har ansvaret for forvaltning og utleige av desse.

Saman med kommunen sin flyktningteneste har eininga i tillegg eit ansvar for innleige av om lag 20 bueiningar frå private huseigarar til busetjing av flyktningar.

12.2 Resultatmål – Egedomsdrift

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2018	Resultat 2018	MÅL 2019
“opplevd kvalitet”	Ingen brukarundersøking på området førebels			
Teneste				
“objektiv kvalitet”	1. Andel søknader om leige av kommunal bustad som blir svart på innan 3 veker etter mottak av søknad. 2. Talet på klagesaker som går til KOFA (klagenemnd for offentlege anskaffelser) i samband med offentlege anskaffingar.	95 % 0	100 % 0	95 % 0

12.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

- Eining for egedomsdrift er deltakar i fleire av dei store prosjekta som kommunen har. Renoveringa av Tomrefjord Idrettsbygg blei ferdig hausten 2018. Helsehuset Stella Maris har planlagt start på byggeprosessen mars 2019. Etter planane skal bygget vere ferdig til overtaking 14. desember 2020, uteområdet ferdig 2021.
- Vi har fått gjort mykje med investeringsmidlar, men det er framleis fleire av kommunen sine bygg som har eit betydeleg vedlikehaldsetterslep, både utvendig og innvendig. I tillegg er det behov for å gjere noko med uteområda rundt fleire av bygga våre.
- Mange melder inn behov for endring av lokale dei disponerer. Det kan være at lokale ikkje er tidsriktig for aktuell tenesteproduksjon, eller at bruken av lokale har endra seg (t.d. at ein bustad er tatt i bruk som personalbase). Vi må prioritere mellom dei ulike oppgåvene, om mogleg ser vi fleire tiltak i samanheng, har dialog med aktuelle brukarar (t.d. personalet) og er bevisst i materialval (pris og kvalitet).
- Det er utarbeidd tilstandsanalysar for nokre bygg. Dette er noko vi må gjere over tid. Det same er tilfelle for å få utarbeidd nødvendige vedlikehaldsplanar og ROS-analysar for våre bygg. Brukaravtalane må reviderast. Eininga bør ha ein gjennomgang av serviceavtalar som gjeld tekniske installasjonar, kontroll av utstyr m.m. Kommunen vil få fleire serviceavtalar i tida som kjem. I 2018 har vi ikkje hatt høve til å prioritere dette arbeidet slik som vi ønska. Det skuldast mange «må-tiltak» og investeringstiltak som eininga har vore involvert i.
- Frå 01.01.2018 fekk kommunen ny straumleverandør. Vi held fram arbeidet med å få oversikt over forbruk og kostnader. På grunn av varierende straumprisar, er det ikkje mogleg å seie sikkert om ein vil halde budsjettet eller ei. 2018 vart eit utfordrande år då straumprisane var høge. Som ein konsekvens av høg straumprisen, blir også prisen på fjernvarmen som kommunen kjøper av Vestnes Energi AS høg, då denne fjernvarmen er basert på elektrisk kraft.

- Også i 2018 har vi fleire «må-tiltak» som det ikkje er mogleg å planlegge for. Døme på slike tiltak er diverse innbrot/hærverk/uhell, teknisk anlegg - ofte av eldre dato- som må vi enten må reparere eller erstatte, takteking, skifte ut arbeidsbil, deponering av lagra avfall m.m. Ved skade på bygg kan det hende at tilfellet ikkje blir dekket av forsikring. Uansett har vi ein egedel på kr 50 000 i kvart tilfelle. Ein del av dei uforutsette «må-tiltaka» kan vi sjå i samanheng med opprusting av t.d. kommunale bygg og kan då ta dei over investeringsbudsjettet. I alle andre tilfelle må vi belaste driftsbudsjettet. I 2018 har vi mellom anna brukt over kr 40 000 på innbrot/hærverk og uhell. Ulike teknisk anlegg som treng reparasjon eller utskifting, kosta kommunen om lag kr 119 000. Vi har fleire tilfelle av taklekkasje. I tillegg kjem det ein god del mindre beløp som gjeld feilsøking og reparasjonar etter at feil er avdekket.
- Når det gjeld offentlege anskaffingar, er kommunen med i eit interkommunalt samarbeid med Ålesund kommune, som gjennomfører mange av dei innkjøpsavtalene Vestnes er part i. Andre anskaffingar gjennomfører vi sjølv. Kommunen må følgje regelverket om offentlege anskaffingar. Sjølv om regelverket er blitt noko forenkla, er det likevel komplisert. Det går med mykje tid til å førebu og gjennomføre anskaffinga. I tillegg skal anskaffinga følgjast opp i kontraktstida.

12.4 Kva har vi oppnådd i 2018?

Eigenkontrollar:

I 2018 har me gjennomført og dokumentert eigenkontrollar i FDV-systemet vårt, FamacWeb. Dette er eigenkontrollar innanfor Legionellakontroll, branntekniske installasjonar, brannavgrensande konstruksjonar, elektriske installasjonar og leikeplassar. FDV-systemet lettar arbeidet både for oss som bygningseigarar, brukarane av bygga og tilsynsmyndigheitene.

Kommunale utleigebustader, omsorgsbustader og bustader til flyktingar:

Eininga har gode rutinar for å redusere betalingsmislegald, og vi har eit godt samarbeid med rekneskapsavdelinga for å sikre desse inntektene.

Ved utflytting er vi tett på for å sjekke behov for vedlikehald/oppussing før neste leigetakar flytter inn. Utbetningsbehova kan t.d. vere alt frå lause dørvidarar til maling av alle veggflater og utskifting av kjøkkeninnreiing. I 2018 utførte vi større utbetringar av 6 leilegheiter.

Vi hjelper også flyktingtenesta med innleige av enkelte private bustader for busette flyktingar. Etter ein hektisk periode for nokre år sidan, med mykje innleige av bustader grunna stor tilstrauming av flyktingar, ser vi no at fleire av dei busette flyktingane finn seg eigen bustad sjølv, enten ved leige eller kjøp. Fleire har og flytta over i ledige kommunalt eigde bustader. Dette har resultert i at vi har kunne avvikle fleire leigeforhold der kommunen har leigd inn private bustader med dårleg standard.

Uteområde/leikeplassar, skule og barnehage

Helland barnehage, øvre og nedre:

Det er behov for å gjere noko med uteområdet for dei alle minste borna slik at det blir meir avgrensa og tilrettelagt for dei. Dette gjeld både for Helland øvre og nedre. Ved ei slik avgrensing er det også ønskeleg å legge inn nokre nye kvalitetar som kan bidra til auka tryggleik, leik og trivsel. Norconsult blei engasjert til dette arbeidet, og rapport med forslag til løysing blei ferdig i desember 2018. Arbeidet held fram i 2019.

Ved Helland nedre må ein utvide sovestallen. For å få dette til, blir ei utebod omgjort til sovestall, og ei ny utebod skal settast opp. Det var nødvendig å sjå dette arbeidet i samanheng med sikring av uteområdet for dei minste borna. Norconsult har komme med forslag til plassering, storleik og utforming av ny bod. Arbeidet held fram i 2019.

Helland skule:

Ved Helland skule var det behov for tilrettelegging av delar av uteområdet for universell utforming.



Foto: Kari Kvithaug

I 2018 blei det utarbeidd eit leikeområde på småbarnstrinnet med slik utforming.

Det er støypt gummidekke som fallunderlag, slik at det skal vere lettare å bevege seg med rullestolar osv. Installasjonane - fuglereir og karusell - er valt ut frå at det skal skape felles leik og vere ein sosial arena.

Planen er at vi i 2019 skal opparbeide eit område med universell utforming på mellomsteget.

Myraområdet

Oppgradering av uteområdet på Skogheim.

Bueiningane på Skogheim har fått uteområdet sitt oppgradert. Ved Skogheim 1 har inngangspartiet blitt større og ny natursteinsmur har blitt sett opp, og gjort uteområdet lunare og finare. Elles fekk bueiningane ved Skogheim 1 og 2 nytt rekkverk på verandaer og inngangsparti. Det gjorde ein stor forskjell å få desse bytta ut. Ved Skogheim 3 er plattingen utvida med nytt rekkverk og levegg.



Foto: Anette Sæland. Ny platting og rekkverk med levegg ved Skogheim 3



Foto: Anette Sæland Nytt rekkverk ved Skogheim 2

Tilpassing av fleire bygg; leilegheiter og personalareal.

Eit bygg med fleire bueiningar er overtatt av eininga Barn, ungdom og familie. I mai starta arbeidet med å tilpasse 4 leilegheiter og ein personalbase til ny og endra drift. Felles for alle leilegheitene er at i tillegg til veggjar, må både kjøkken og bad renoverast. Ei av fire leilegheiter blei renoverert i 2018. Arbeidet held fram i 2019, då med innleigde handtverkarar.

Innanfor BUHAB har vi tilpassa nokre leilegheiter. I eit tilfelle har ein i samarbeid med Hjelpemiddelsentralen og BUHAB, slik at bebuar kunne få same tenestnivå i nytt husvere. Arbeidet vil halde fram i 2019. Det vart og lagt ned ein god del arbeid i planlegging av ombygging for å tilpasse bustader til «medleverturnus». Dette arbeidet held fram i 2019.

Naudstraum/reservekraft - rapport:

Eksisterande aggregat på Myra er gammalt og har ikkje nok kapasitet til å forsyne dei bygga som har behov for reservekraft. For å gjere ei vurdering av anlegget, blei Norconsult AS leigd inn. Dei også har komme med forslag til forbetra dekningsomfang og automatisk omkopling. Det vil då bli mogleg å oppretthalde normal drift på fleire bygg enn i dag ved utfall av normal forsyning. Med ein ny hovudtavle, påbygg, nedgraving av drivstofftank og kabeltrekking viser kalkylen at de vil koste kr 3 325 000 u/mva. Det er ikkje løyvd midlar til dette i 2019.

Kjøkkenbygget:

Det er etablert ny vaktmeisterbase i kjøkkenbygget. Lokala blei tatt i bruk i februar 2018. Eininga for eigeomsdrift bruker desse lokala til interne møter og kurs. I tillegg til dette har vaktmeistrane og reinhaldarane på Myra fått samla alt av verkstad, lager, garderobar og pauserom i eit bygg.

Vestneshallen:

Toaletta med inngang frå foajeen har fått eit ansiktløft. Handikaptaolettet blei pussa opp i 2017, og i 2018 blei jente- og guttetoaletta tatt. Ny vegghengte toalett blei satt inn, baderomspanel og ny maling på veggene, vaskeservanter med berøringsfrie armatur. På guttetoalettet har vi fjernet pissoaret. Det er satt inn ein til vaskeservant.



Foto: Anette Sæland Toaletta på Vestneshallen etter oppussing.

Toaletta framstår no som lyse og reine.

Tomrefjord skule:

Her oppdaga ein lærar ein vasslekkasje i slutten av mars. Det viste seg å komme i frå ein servant inne på eit toalett i 1. etasje på den eldste delen av skulebygget. Heldigvis fekk me rekvirert både eigne folk, lærarar og brannvesenet til å hjelpe til med skadeavgrensande tiltak same dag. Kostnadene ved denne skaden kom på ca. kr. 618 000,-, dette vart dekt av forsikringa med unntak av ein eigenandel på kr. 50 000,-.

Tomrefjord idrettsbygg:

Byggestart for reoveringa var 2. oktober 2017. Byggeperioden har vore krevjande med mykje endringsarbeid og forsinka arbeid. Vi kom endeleg i mål i slutten av oktober 2018, og tok over bygget frå vår hovudentreprenør Veidekke 1. november. Idrettslag, tilsette ved skulen og andre tilsette i kommunen bidrog til å få idrettsbygget klart til den offisielle opninga av det nyrenovertede bygget den 24. november. Mange møtte til opninga og ordførar var til stades for å klippe snora. Idrettslaga stilte med kaker og kaffe. Klatregruppa hadde klatreveggen open for at publikum kunne prøve, og turngruppa hadde oppvisning i turnhallen.



Foto: Anette Sæland Opninga av idrettsbygget med ordførar til stades

Endeleg kunne det nye fine stålbasenget visast fram, ei heilt nytt og stort sosialt rom, nye garderober, ny basishall/turnhall med meir. Det er stor grunn til å være fornøgd med det vi har fått ut av dette bygget.



Foto: Anette Sæland. Svømmehall med nytt stålbaseng



Foto: Anette Sæland. Sosialt rom og basishall/turnhall

Det har vore ein del arbeid på bygget i etterkant; med reklamasjonsarbeid, noko driftsproblem, ulike justeringar og testar og anna arbeid som ikkje var heilt ferdig til opninga. Idrettsbygget framstår nesten som eit heilt nytt bygg, og er i flittig bruk av idrettslaget, skulen og andre grupper. Det ut til å bli noko overskriding av tildelt budsjett. Årsaka til det er den dårlege tilstanden idrettsbygget var i. Det blir lagt fram eiga sak med byggerekneskap.

Overdraging av eigedomar, kjøp/sal.

Eininga har i 2018 gjennomført fleire større og mindre eigedomsoverdragingar. Dette gjeld alt frå mindre justeringar av grenser mellom kommunalt og privat areal, til sal av næringsstomter på Trohaugen og i Misfjordskogen. Slike eigedomsoverdragingar inneber tett samarbeid med kommunens oppmålingsansvarleg og planavdeling, samt økonomisk oppgjør og heimelsoverføringar.

I samband med at kommunen i 2018 fekk nye nettsider, fekk vi laga ein betre presentasjon av bustad- og næringsstomtene kommunen har til sals. Ved at vi no har fått lagt ut ein meir oppdatert og komplett presentasjon på nettsidene våre, fører dette til mindre ressursbruk internt i samband med spørsmål frå publikum.

Offentlege anskaffingar

Forutan dei bygge- og renoveringsprosjekta som er beskrive tidlegare i avsnittet, har eininga i 2018 gjennomført desse anskaffingane (både for eiga og andre einingar i kommunen):

- Tenestebil til eining for Barn, ungdom og familie
- Nye møblar til Vestnes sjukeheim
- Leverandør av bedriftshelseteneste for perioden 2018-2021
- Helland skule, lysskjerming
- Datasystem for gjennomføring av anskaffelser etter anskaffelsesregelverket samt administrering av kontraktar etter gjennomførte anskaffelser
- I samarbeid med tekniske tenester, anskaffing av høgtrykkshengar med varmtvatn meint brukt til å fjerne ugras, samt reingjering av offentlege rom.

12.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Renovering av Tomrefjord idrettsbygg
- Vestneshallen, renovering av toalett med inngang frå foajèen.
- Helland skule, tilrettelagt delar av uteområdet med universell utforming
- Regelmessige eigenkontrollar på bygg og installasjonar.
- Oppgradering av uteområdet ved Skogheim

12.6 KOSTRA-tal på området

- eigedomsdrift	Vestnes	Møre og	Landet	Rauma	Haram	Molde	Fræna
		Romsdal	eks. Oslo				
Nto. dr. utg. til forvaltning av eiged. pr. innb.	131	199	295	301	129	265	38
Areal i m2 pr. innbyggjar	6,1	5,7	5,1	7,1	5,3	5,2	4,3
Energikostnad pr m2 (kroner)	178	104	126	129	74	148	122
Utg. til vedlikehald pr. m2	70	74	100	25	36	30	133
Kommunalt disp. bustader pr 1000 innb.	26	23	21	16	21	22	14

- Vi bruker mindre på eigedomsforvaltning enn fylkes- og landsgjennomsnitt.
- Vi har fleire kommunale bustader og areal pr. innbyggjar enn gjennomsnitt og det nabokommunane har. Det har nok samanheng med at vi har mange utleigebustadar som vart bygt i samanheng med ansvarsreforma.
- Energikostnaden pr. m2 i kommunale bygg er høg.

12.7 Økonomisk resultat 2018

Tal i 1000 kr	Rekneskap	Rekneskap 2018			Budsjett	Avvik og i	
	2017	Utgifter	Inntekter	Netto	2018	i kroner	%
Administrativ leing	865	886		886	956	-70	-7,3
Kommunale bygningar	19 155	40 243	21 118	19 125	18 343	782	4,3
Kommunale utleigebygg	920	3 336	2 500	836	423	413	97,6
Kommunale utleigebygg PU	-325	5 913	6 307	-394	-30	-364	1213,3
Kommunale omsorgsbustadar	1 042	4 883	3 726	1 157	912	245	26,9
Utleige flykningar	59	1 946	1 946	0	0	0	0,0
Drift Myra området	6 904	12 343	5 470	6 873	7 832	-959	-12,2
Felleskostnadar vaktmester m.m.	-1 288	4 234	4 474	-240	-2 119	1 879	-88,7
Bustad og industriområder	884	2 042	797	1 245	1 064	181	17,0
Sum eigedomsdrift	28 216	75 826	46 338	29 488	27 381	2 107	7,7

- Eininga hadde eit meirforbruk på 2,1 mill. kr. Årsak til meirforbruk er energikostnadane som auka mykje i 2018. Samla 11,4 mill. kr i 2018, som er ein auke på 2,2 mill. kr frå 2017, tilsvarande 24 %.
- Av utgiftene er ca 26,0 mill. kr kapitalkostnadar (rente og avdag) som vert belasta eigedomsdrift. Dette er kun ei intern føring. Eigedomsdrift har stor omsetning, det meste (eks. kapitalkostnadar) vert dekkja av husleigeinntekter, både eksterne og interne.

Utvikling 2015 – 2018

Tal i 1000 kr	Rekneskap					Endring 14 - 18	
	2014	2015	2016	2017	2018	sum	i %
Administrativ leing	5	840	896	865	886	881	
Kommunale bygningar	17 995	18 155	17 601	19 155	19 125	1 130	6,3
Kommunale utleigebygg	241	588	834	920	836	595	246,9
Kommunale utleigebygg PU	-82	370	45	-325	-394	-312	
Kommunale omsorgsbustadar	1 162	932	871	1 042	1 157	-5	-0,4
Drift Myra området	4 493	4 203	6 852	6 904	6 873	2 380	53,0
Felleskostnader vaktmester m.m.	726	1 185	-1 341	-1 288	-240	-966	-133,1
Bustad og industriområder	1 070	856	989	884	1 245	175	16,4
	25 610	27 129	26 747	28 157	29 488	3 878	15,1

- Drift av kommunale utleigebygg PU er sjølvfinansiert, husleigeinntektene dekker både driftsutgifter og kapitalkostnader.
- I ordinære kommunale utleigehusvære og omsorgsbustadar (senior Plaza) dekker husleigeinntektene ikkje alle utgiftene.

12.8 Einingsleiar sine tiltak for å halde budsjettet

Einingsleiar Mona Janne Johansen:

- Eininga kjøper ein god del handverkstenester. I 2018 blei ein ny medarbeidar (snikkar) tilsett, medan ein annan gjekk av med pensjon. Må vurdere om ein skal tilsette ny snikkar (helst tømrrar) då vi har mange tiltak på bygg som skulle må gjerast. I dag leiger vi inn handtverkar, og i lengda blir det dyrt.
- Sjå til at utgifter og kostnader blir ført rett i rekneskapen (vurderer om det er drifts- eller investeringsbudsjett). Del av løn som gjeld investeringsprosjekt må førast frå drifts- til investeringsbudsjett.
- Auka fokus på kva vi har kapasitet til å gjennomføre, og å skilje ut typiske «serviceoppgåver». Vi må i større grad berre gjere det som er høgst nødvendig.
- Utsette oppussing til seinare.
- Avgrense utgifter ved behov for oppgradering av bustader.
- Krevje internhusleige i dei tilfelle andre einingar tek i bruk utleigebustader til andre formål (t.d. personalbase) eller avventar med å tildele bustad på nytt.

Kap 13 Politisk verksemd i 2018

Nedanfor har administrasjonssjefen utarbeidd ei kort oppsummering av dei største og mest omfattande sakene som vart behandla i Vestnes kommunestyre gjennom året 2018. Det er også lagt til noko informasjon for å sikre heilskapen i framstillinga. Følgjande leverer eigne årsmeldingar: Kontrollutvalet, Ungdomsrådet, Rådet for funksjonshemma og Eldrerådet.

Oversikt over møte i 2018

Utval	Tal på møte/saker i 2018
Kommunestyre	13 møte * / 93 saker
Formannskap	10 møte / 100 saker
Planutval	10 møte / 92 saker
Valstyre	1 møte / 3 saker
Administrasjonsutval	3 møte / 11 saker
Råd for funksjonshemma	7 møte / 33 saker
Eldreråd	7 møte / 31 saker
Ungdomsråd	7 møte / 37 saker
Næringsfondsutval	Ikkje hatt møter i 2018, ingen midlar
Sakkunnig nemnd	2 møte / 7 saker
Sakkunnig ankenemnd	1 møte / 4 saker
Arbeidsmiljøutvalet	5 møte / 22 saker
Sentrumsnemnd	1 møte / **
Kontrollutvalet	5 møte / 36 saker
Ad hoc Skuleutvalet	12 møte / **

Kommunestyret godkjente følgjande arealplanar i 2018

KST sak 10/2018	Detaljreg.plan	Vestnes Renovasjon (privat)
KST sak 41/2018	Detaljreg.plan	Fv661 Vik - Furneskrysset (S. vegvesen)
KST sak 66/2018	K.planen	Kommuneplanens handl.del inkl øk.plan
Adm.sak 102/2018 (delegert frå planutvalet)	Detaljreg.plan	Livneset - Endring etter forenkla prosess

I tillegg har planutvalet i 2018 gjort vedtak i ca. 30 dispensasjonssaker, samt arbeid med følgjande reguleringsplanar, som er i prosess på ulikt stadium:

- Slutåshaugen, detaljreg. (privat) – Status: ferdig feb. 2019
- Riseplassen, detaljreg. (privat) – Status: Ventar på revidert planforslag
- Gnr 45 bnr 49: detaljreg. (privat) – Status: Ventar på revidert planforslag
- Sess-setra: detaljreg. (privat) – Status: Oppstart godkjent, ventar på planforslag
- Gnr 60 bnr 32 mm: detaljreg. (privat) – Status: Oppstart godkjent, ventar på planforslag
- Fiksdal småbåthamn: detaljreg. (privat) – Status: Oppstart godkjent, ventar på planforslag
- Vike sentrum, detaljreg. (kommunal) – Utlagt til 2.gongs offentlig ettersyn

Kjøp og sal av næringsareal

Trohaugen

I 2018 vart det gjennomført sal av to næringsstomter på Trohaugen, totalt 81 dekar. Dermed er så godt som alt tilgjengeleg kommunalt næringsareal på Trohaugen seld. Resten av det kommunale arealet er bandlagt av Statens Vegvesen i påvente av trasèval for E39 Vik-Digernes.

Misfjordskogen

Etter at kommunen i 2017 inngjekk avtale om kjøp av om lag 50 dekar frå Opplysningsvesenets Fond, er området no under utbygging og vil vere klar for sal i løpet av våren 2019. 4 dekar av det nye næringsarealet vart seld allereie i 2018.

Vestnes sjøfront

Planane for sjøfronten er eit delprosjekt knytt til Sentrumsnemnda sitt arbeid for å planlegge og utvikle eit sterkt, aktivt og innbydande sentrum. Dei konkrete planane for sjøfronten starta i 2012 og vart konkretisert ved gjennomføring av plan- og designkonkurranse «*Helland i Vestnes om 5 minutt*». Samarbeid med Haugen/Zohar Arkitekter og Agraff Arkitekter.

Mål: *Sjøfronten skal gjere sonen mellom sentrum og vatnet vesentleg meir brukbar, attraktiv, synleg og aktivt brukt av innbyggjarane. Promenaden, som blir etablert parallelt med Sjøgata, er del av eit lengre turvegnett, og tilbyr mange bruksområde. Hamnepromenaden lar hamna og sjøen bli mykje meir tilgjengeleg og synleg som ein viktig del av særpreget i Vestnes sentrum.*

Kommunestyret vedtok den 21.september 2017 den endelege finansieringa av prosjektet som er eit samarbeidsprosjekt mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, Vestnes kommune og næringslivet.

Sjøfronten var ferdig i mai 2018 og opna med eit flott arrangement den 29 september 2018. Trass i noko ruskete vær var det møtt fram mange som ville ta del i opninga, der heile arrangementet hadde fått eit maritimt preg. Det var servering av sjømat, fiskesuppe og anna frå havet, aktivitetar på og i sjøen, korpsmusikk og shantykor. Heile arrangementet var og eit samarbeid mellom kommune og næringsliv/ private/ frivillige organisasjonar. Fylkesvaraordførar Gunn Berit Gjerde klypte snora saman med ordførar Geir Inge Lien og Kornelia Rødal Tomren, noko som symboliserte det gode samarbeidet mellom fylkeskommune, kommune og næringsliv/ private aktørar.

Tomrefjord idrettsbygg

Den 21. september 2017 godkjente Vestnes kommunestyre kostnadsoverslag på kr 66.291.000 for renovering av Tomrefjord idrettsbygg. Kostnadsoverslaget vart utarbeidd med grunnlag i ein rapport frå Norconsult utarbeidd hausten 2016. Mykje av planlegginga er utført i samarbeid med aktivitetsstyret ved Tomrefjord idrettsbygg. Renoveringa tok til i oktober 2017. Byggeperioden har vore til dels krevjande med ein god del endringsarbeid. Det var stor glede då bygget endeleg stod ferdig og Vestnes kunne ta over bygget frå vår hovudentreprenør Veidekke 1. november 2018.

Idrettslag, tilsette ved skulen og andre tilsette i kommunen bidrog til å få idrettsbygget klart til den offisielle opninga av det nyrenoverte bygget den 24. november. Mange møtte til opninga som vart høgtideleg opna av ordførar Geir Inge Lien. Idrettslaga stilte med kaker og kaffe. Klatregruppa hadde klatreveggen open for at publikum kunne prøve, og turngruppa hadde oppvisning i turnhallen.

Endeleg kunne det nye fine stålbassenget også bli vist fram, samt eit heilt nytt og stort sosialt rom, nye garderober, ny basishall/turnhall med meir.

Planlegging av Helsehuset Stella Maris

I Vestnes kommune sitt økonomireglement stå det at «Vestnes har tre årlege rapporteringar til kommunestyret, for kvart kvartal, og i tillegg årsrapporten.

Kvartalsrapportane skal innehalde:

- Økonomi, drift og investering
- Sjukefråvær
- Befolkningsendring (dersom oppdaterte tal er klar)
- Oppfølging av politiske vedtak

- Tilsyn
- Finansforvaltning
- Evt. andre vesentlege avvik eller forhold kommunestyret bør få opplysningar om.

I kvartalsrapportane skal det være med oversikt over framdrift, forbruk og opplysning om evt. forventna avvik på dei einskilde investeringsprosjekt.»

Vedlagt saka følgjer:

- Saksframlegg til kommunestyre 25.4.2019 sak 28/2019.

VURDERING

Kommunestyre i Vestnes behandla driftsrapport pr. 1. kvartal 2019 i møte 25.4.2019. Viser til vedlagt saksframlegg.

Det er å merke at protokollen frå kommunestyremøte viser at det vart gjort følgjande vedtak:

- 1. Vestnes kommunestyre tek driftsrapport pr. 1. kvartal 2019 til orientering og godkjenner at administrasjonssjefen arbeider med dei sparetiltak som går fram av saksframlegget.*
- 2. Vestnes kommunestyre godkjenner oppfølging av politiske vedtak skissert i saksutgreiinga pkt. 9.*
- 3. Kommunestyret ber administrasjonen å halde fram med planarbeidet for felles ungdomsskule i kommunen, med bakgrunn i det arbeidet som er gjort i skulenemnda. Arbeidet må syne den økonomiske heilskapen.*

Administrasjonssjefen skriv at slik ein vurderer det pr. 1. kvartal, vil ein ikkje klare å gå i balanse, og antydar at det vert underskot i 2019.

Det vert antyda eit meirforbruk på sjølve drifta på 7,0-10,0 mill. kr. Det er driftssituasjonen i grunnskolen som er mest bekymringsfull

Det er venta at skatt- og skatteutjamning vert høgre enn budsjettert.

Finans- og gjeldsrapporten inneheld oversikt over lån, men ikkje status for finansforvaltninga. I følgje forskrifta skal rapporteringa til kommunestyret vere ein finans- og gjeldsrapport. Kontrollutvalet bør sjå til at dette kjem på plass for framtida.

Driftsrapporten inneheld også oversikt over investeringsbudsjett utan detaljert status for einskilde prosjekt, endring i innbyggjartal 2018, oversikt over oppfølging av politiske vedtak som ikkje er gjennomført pr. mars 2019, samt tilsyn og sjukefråvær.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, så skriv administrasjonssjefen at ein vil kome tilbake med detaljert status på kvart einskild prosjekt i neste driftsrapport.

Det er ganske mange planar som skulle vore utarbeidd eller revidert pr. 2018, og som ikkje er ferdige. Men dette har kommunestyret med sitt vedtak akseptert.

Sekretær er ikkje kjend med at det er feil eller manglar ved den framlagde driftsrapporten, utover det som er omtalt om den manglande finansrapporteringa.

Jane Anita Aspen
daglig leder



VESTNES KOMMUNE

Saksframlegg

Arkiv: 210
Arkivsaksnr.: 2018/752
Saksbehandlar: Magne Værholm
Dato: 26.03.2019

Driftsrapport pr. 1. kvartal 2019

Utval	Møtedato	Utvalssak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Administrasjonssjefen si innstilling

1. Vestnes kommunestyre tek driftsrapport pr. 1. kvartal 2019 til orientering og godkjenner at administrasjonssjefen arbeider med dei sparetiltak som går fram av saksframlegget.
2. Vestnes kommunestyre godkjenner oppfølging av politiske vedtak skissert i saksutgreiinga pkt. 10.

SAKSUTGREIING:

Oppsummering pr. 1. kvartal 2019

- Vi reknar med at skatteinntektene vert høgare enn budsjettet, pr. i dag er det vanskeleg å antyde kor mykje. Vi er avhengige av at dei vert høgare for å dekke meirforbruk på drifta, spesielt grunnskulesektoren, og manglande inndekking av vedtekne sparetiltak.
- Som det går fram av saksutgreiinga antyder vi i dag eit meirforbruk på sjølve drifta på mellom 7,0 og 10,0 mill. kr.
- Renter og avdrag vert som budsjettet, kanskje ei innsparing på opp mot 1,0 mill. kr.
- Avsett sum til å dekke auka kostnader etter lønsoppgjer pr. 01.05.19, dette klarer vi å dekke inn ved tilsvarende mindreforbruk på pensjonskostnaden.

- **Det er i år ikkje budsjettet med «overskott».**
- **Slik vi vurderer det pr. 1. kvartal, vil vi heller ikkje klare å oppnå balanse, og antyder at det vert underskott i år.**
- **Det er driftssituasjonen i grunnskulen som er mest bekymringsfull.**
Grunnskulen hadde eit meirforbruk på ca 3,1 mill kroner i 2018.
Dette forbruket blir drege med over i 2019. I tillegg vart det lagt inn eit sparetiltak på 2,6 mill for 2019.
Totalt kan dette kome til å utgjere mellom 5 og 6 mill kroner for 2019.
Administrasjonssjefen håper at kommunestyret gir tydelege føringar for korleis denne situasjonen skal handterast.
Rektorane har varsla at ytterlegare sparetiltak ikkje er mulig å gjennomføre med dagens skulestruktur.
Kva andre sektorar kan vere med å dekke inn dette?

Problemet blir forsterka i budsjettet for 2020. Difor hastar det for kommunestyret å drøfte problemstillingane.

1. Innleiing

Økonomiplan 2019 – 2022 og driftsbudsjett for 2019 (inkl. investeringsbudsjett) vart godkjent av kommunestyret i sak KST 93/18.

I tillegg vart det i sak KST 16/19 godkjent overført ubrukne løyvingar frå tidlegare år til 2018 (investering).

Økonomiplan og budsjett er oversendt til Fylkesmannen. Sidan vi ikkje lenger er innmeldt på ROBEK-lista treng vi ikkje godkjenning derifrå.

Oppfølging av budsjett

Administrasjonssjefen sendte 24.01.19 ut eit notat til leiarar, hovudtillitsvalde og HVO med orientering om korleis kommunestyret sitt årsbudsjett og sparetiltak skulle følgjast opp.

- Alle einingar som hadde fått sparetiltak skulle innan 18. mars komme med framlegg om korleis sparetiltaka skulle inndeckast. Dei fleste har gitt tilbakemelding om inndecking.
- Alle einingar med meirforbruk i 2018 skal ha månadleg gjennomgang av driftssituasjonen med rådgjevar/kommunalsjef/administrasjonssjef. Dette er gjennomført så langt.

Sette ned arbeidsgruppe for m.a. å sjå på

- **overtidsbruken**, budsjett 2018 var 5,0 mill. kr mens forbruk vart 7,7 mill. kr.

I år er det budsjettert 5,7 mill. kr. Målsettinga er at det skal holdast, arbeidsgruppa har m.a. foreslått at alle einingsleiarane utarbeider skriftlege rutinar/prosedyrar knytt til overtid og iverksetting av overtid.

- **arbeidstid/betalt pause**, hovudregelen er at alle skal ha ubetalt pause, men mange har likevel av ulike grunnar betalt pause. Det vert arbeidd vidare med å vurdere om dette er nødvendig.

- Tiltak/prosjekt for å redusere sjukefråværet skal halde fram.

Kommunestyret gjorde også i sak KST 93/18, pkt 11 følgjande vedtak:

Vestnes kommunestyre ber administrasjonssjefen utgreie tiltak som kan gje reduksjonar i driftsbudsjettet så snart som råd, og seinast frå 2020. Dette kan t.d. vere:

- ***omfang og organisering av mattilbod til heimebuande***
- ***gjennomgang av omfattande enkeltvedtak for moglege reduksjon til forsvarleg minstenivå***
- ***samordning/samanslåing av dagtilbod***
- ***sal av eigedom – sal av ledige husvære***
- ***tiltak for reduksjon av overtid***

Administrasjonssjefen har sett ned fleire arbeidsgrupper for å utgreie dette.

Vi vil i neste driftsrapport komme med nærare orientering om arbeidet.

2. Budsjett 2019 samanlikna mot forbruk 2018

Eining	Alle tal i 1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Endring
		2 018	2 019	
Politisk verksemd		6 565	6 712	147
Sentraladm./servicekr./fellesutg.		25 317	31 396	6 079
Grunnskule		85 057	82 716	-2 341
Barnehage		42 205	43 260	1 055
Kulturskulen, kultur og fritid		14 751	15 415	664
Vaksenoppl. og flykntingtenesta		8 954	10 404	1 450
Barn, ungdom og familie		19 814	22 321	2 507
Helse, omsorg og velferd		109 665	108 871	-794
Bu- og habiliteringstenestene		132 851	129 138	-3 713
Barnevern		12 589	12 860	271
Eigedomsdrift		3 975	1 848	-2 127
Teknisk sektor		15 708	15 165	-543
Rest avsett til lønsoppgjer 2019			5 505	5 505
Kjøp tenester Tremek		2 270	2 500	230
Sum driftsutgifter		479 721	488 111	8 390

- Budsjett 2019 er 8,4 mill. kr høgre enn forbruk 2018, tilsvarer ein auke på 1,7 %. Det er mindre enn forventta løns- og prisauke i år. Det er såleis ein reell reduksjon i budsjettamma.
- Grunnskule og Bu- og habiliteringstenestene har reduksjon grunna at det her er lagt inn sparetiltak.
- Eigedomsdrift hadde i 2018 meirforbruk på 2,1 mill. kr, grunna auka energiprisar. Budsjett 2019 er nok ikkje korrigert for denne auken og det er årsak til redusert budsjett i år.
- Budsjett til barn, ungdom og familie har auke grunna heilårsdrift av den døgnbemanna avdelinga Myrateigen.

3. Driftsbudsjett 2019

3.1 Driftsinntekter

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Prognose 2019	Avvik
Statlige overføringar				
Skatt og inntektsutjamning	190 674	192 000	195 000	3 000
Rammeoverføring	168 001	180 000	179 700	-300
Vertskommunetilskott	104 492	104 800	104 750	-50
Ressurskr. brukarar	29 876	29 000	29 000	0
Integreringstilskott	12 961	11 500	12 000	500
Havbruksfond	6 682	1 400	1 400	0
Komp eldreutb/skule m.m.	1 555	2 000	1 500	-500
Sum statlege overføringar	514 241	520 700	523 350	2 650
Eigedomsskatt	19 575	20 000	20 000	0
Utbytte VEAS	4 000	5 000	5 000	0
Sum andre inntekter	23 575	25 000	25 000	0
Sum eksterne inntekter	537 816	545 700	548 350	2 650

Skatt- og inntektsutjamning

Det er budsjettert som oppgitt i statsbudsjett

	Sum
Budsjett 2019	192 000 000
Rekneskap 2018	190 674 000
Budsjettert auke	1 326 000

Auke i %	0,7
----------	-----

Det var svært god skatteinngang på landsbasis i åra 2016 til 2018, også kommunane sin andel vart høgare enn det som var forutsett i statsbudsjetta.

Frå sentralt hald vert det peika på at det ikkje er forventa at skatteinngangen skal auke så mykje i 2019. Kommunane sin andel av skatteinntektene vert difor sett ned med 2% frå mars i år.

Vi må få skattetala for mars før vi har signal om korleis skatteinngangen vert i år. Skatteinntektene er det mest usikre anslaget innanfor inntektssida, og det vil gå langt utover året før vi har rimeleg sikker prognose.

- **Vi ventar at skatt- og skatteutjamning vert høgare enn budsjettert. Dette m.a. grunna i at skatteinntektene siste tida har auka meir i Vestnes enn landsgjennomsnitt.**
- **Vi er avhengige av at skatteinntektene vert høgare for å dekke inn forventa meirforbruk på nokre einingar, spesielt innan grunnskule der budsjettert sparetiltak heller ikkje vert gjennomført.**

Rammeoverføring

Prognose som siste korrigering i statsbudsjett. Under føresetnad av at det ikkje vert gjort endringar i revidert statsbudsjett i mai, vert det ikkje endring i rammeoverføring.

Ressurskrevjande brukarar

Krav for 2018 er no sendt til helsedirektoratet, kravet er kr 884.000,- høgare enn det som vart inntektsført i 2018. Denne summen vert inntektsført i 2019 som ei ekstra inntekt i tillegg til det som vert krav for i år.

Krav på tilskottet til ressurskrevjande brukarar vert først rekna ut i januar 2020, og i løpet av året kan det skje endringar både at brukarar flyttar/fell vekk, endring i tildelt ressurs og at det vert nye brukarar.

Truleg vert inntektene her noko høgare enn budsjettert då nokre brukarar har større ressursbruk enn tidlegare. Men her må dei einingane som har desse brukarane også få auka budsjetta tilsvarende. Dette kjem vi tilbake til i seinare driftsrapport.

Havbruksfondet

Slik ordninga er pr. i dag så vert det utbetaling annakvart år. Vi fekk 6,7 mill. kr i 2018, men det var igjen ein mindre sum som skulle utbetalast i 2019, ca. 1,4 mill. kr til Vestnes. Utover det vil det ikkje meir utbetaling i år.

Integreringstilskott

Statleg tilskott til flyktningane som er busett i Vestnes kommune. Tilskottet skal dekke utgiftene kommunen har. Forventar at tilskottet vert 12,0 mill. kr, her føresett at det vert busett 10 nye flyktningar i år.

3.2 Driftsutgifter

3.2.1. Nokre nøkkeltal

Tal pr. 1. kvartal	2016	2017	2018	2019
Nto. forbruk av totalbudsjett	26,7	27,3	28,0	27,8
Lønsutbetaling i % av totalbudsjett	23,7	23,6	24,2	24,6

- Forbruket pr. 1. kvartal i år er om lag som som i 2018.
- Vi reknar med eit forbruk på 27 % som normalt. Vi ligg over det.
- Budsjetta til einingane er stramme, og for ein del er dei nok slik vi ser det i dag urealistiske.
- Pr. i dag vurderer vi at ein del einingar vil få meirforbruk, spesielt innan grunnskulesektoren. Her har kommunestyret og gjort vedtak som gjer at budsjettert sparetiltak ikkje kan gjennomførast.
- Det er vanskeleg så tidleg på året å gje sikker prognose på kor stort meirforbruket på sjølve drifta vert, men ut frå det vi antyder nedanfor kan det bli mellom 7,0 og 10,0 mill. kr.

Eining	Alle tal i 1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Forbruk i %
		pr. 1. kv. 2019	2 019	2 019
Politisk verksemd		1 656	6 712	24,7
Sentraladm./servicektr./fellesutg.		10 436	31 396	33,2
Grunnskule		23 500	82 716	28,4
Barnehage		11 509	43 260	26,6
Kulturskulen, kultur og fritid		4 711	15 415	30,6
Vaksenoppl. og flyktingetenesta		1 868	10 404	18,0
Barn, ungdom og familie		6 201	22 321	27,8
Helse, omsorg og velferd *		37 317	137 871	27,1
Barnevern		5 045	12 860	39,2
Bu- og habiliteringstenestene		34 375	129 138	26,6
Eigedomsdrift		830	1 848	44,9
Teknisk sektor		5 118	15 165	33,7
Kjøp tenester Tremek		1 270	2 500	50,8
Avsatt til lønsauke			5 505	0,0
Sum driftsutgifter		143 836	517 111	27,8

* korrigert for tilskott til ressurskr. brukarar

3.2.1. Nokre kommentarar til drifta

Sentraladm. og fellesutgifter

Sparetiltak på kr 300.000,- vert føreslått inndecka ved at vi leiger ut ein arbeidstakar til ROR IKT i 1. halvår i år. Resten ved at det det ikkje vert tatt inn vikar ved sjukefråvær som vi får trygderefusjon for.

Så langt vi vurderer pr. i dag skal budsjettet holdast.

Grunnskule

Grunnskulesektoren hadde eit meirforbruk på vel 3,1 mill. kr i 2018. Har hatt meirforbruk siste 3 år. Vi prøver å få drift som er innanfor tildelt budsjetttramme, men einingsleiarane gjev oss klar tilbakemelding om at det er fagleg uforvarleg å redusere meir enn det som er gjort.

Vi har nok vore for strenge og redusert rammetimane til skulane meir enn dei ut frå faglege vurderingar klarer å ta ut. Det er spesielt ekstra timar til spes. ped., ekstra timar til elevar som av helsemessige eller andre årsaker treng ekstra personale rundt seg. Dette er noko som har auka mykje seinare år. Antyda meirforbruk 1,5 mill. kr.

Det er spesielt Fiksdal og Tomrefjord som ser ut til å få meirforbruk.

I tillegg vert fellesutgiftene truleg høgre enn budsjettert. Dette gjeld spesielt kjøp av undervisningstenester for barn som er plasserte i fosterheim, går på spesialskeule (Tøndergård) og spes. ped. til Vike skule. Dette er nok budsjettert for lågt.

Antyda meirforbruk på fellesutgiftene 1,0 mill. kr

Då kommunestyret vedtok budsjett for i år vart det lagt inn eit uspesifisert sparetiltak på 2,6 mill. kr. Dette tilsvarte det vi forventa å spare dersom Fiksdal skule og Tresfjord vart lagt ned frå august i år.

Kommunestyret vedtok i møte 28.03.19, sak KST 21/19, at det ikkje skal skje endring i skulestrukturen dei to første åra. Det vart i møtet ikkje gitt politiske signal om korleis budsjettert sparetiltak skal inndeckast.

- **Ut frå dei klare signala vi får frå einingsleiarane i grunnskulen er det ikkje mogeleg å dekke inn noko av budsjettert sparetiltak eller forventa meirforbruk innan grunnskuledrifta.**
- **Antyda meirforbruk på grunnskule i 2019 er minst 5,0 mill. kr.**

I tillegg har det kome forespørsel frå Tresfjord skule om å få starte SFO der frå hausten 2019. Det har meldt seg 3 barn med behov for SFO. Administrasjonssjefen har meldt at vi ikkje har midlar til å dekke dette.

Barnehage

Forbruket pr. 1. kvartal ligg om lag som normalt

Barnehagesektoren har fått eit sparetiltak på 0,6 mill. kr som det må finnast inndekning for. Einingsleiarane i barnehagane, barnehagekonsulent og kommunalsjef økonomi har hatt fleire møte for å komme med framlegg om tiltak for å ta denne sparesummen.

Dette vart gjort etter at barnehageopptak for 2019/2020 var ferdig og alle som søkte og har rett på plass hadde fått tilbod om dette.

Det vert noko mindre ant. barn i barnehagane frå hausten enn i det som er i vårhalvåret, spesielt barn under 3 år.

Det gjer at vi kan redusere bemanninga på nokre barnehagar, antyda til 2,8 årsverk. Reduksjonen er nokolunde likt fordelt på Fiksdal, Helland og Tresfjord.

- Med dette tiltaket som er nemnt ovanfor vil vi klare å dekke inn nesten heile sparesum.
- Men då er det lite ledig plassar dersom det kjem barn utover i året som ynskjer barnehageplass. Pr. i dag ser det ut til at det ikkje vert ledige plassar i Fiksdal og Tresfjord, litt ledig i Tomrefjord og Helland.
Men dette kan endre seg utover i året grunna flytting både til og frå kommunen
- **Vi vurderer at barnehagane vil klare å holde budsjetttramma.**

Bu- og habiliteringstenestene

I budsjett 2019 er det innarbeidd eit sparetiltak på 5,0 mill. kr. Det var føresett at minst èi bueining måtte leggest ned. I tillegg var det innarbeidd 1 % generell reduksjon (sparetiltak) på alle bueiningar og redusert med 2 årsverk på Kariplassen. Budsjettet til eininga er dermed svært stramt.

Nokre brukarar har fått auka tenestetilbod, og dermed auka utgifter, etter at budsjett vart utarbeidd. Dette må vi sjå i samheng med at tilskott til ressurskrevjande brukarar vil auke, vi kjem tilbake med framlegg om budsjettjustering i neste driftsrapport.

Bueining Plassen (Vikebukta) er lagt ned no i mars, i tillegg vert det prøvd å ta reduksjonar der det er mogeleg og også vakanse i ein del stillingar.

- **Ut frå forbruket pr. i dag vurderer vi at eininga skal klare å holde tildelt budsjetttramme.**

Helse, omsorg og velferd

Heimetenestene

Per 1. kvartal har Heimetenestene eit reelt meirforbruk på om lag 0,2 – 0,3 millionar kroner i høve budsjett. Det er jo framleis ganske tidleg og mykje er usikkert, men om utviklinga ikkje stoppar ligg eininga an til eit meirforbruk på om lag 1 million kroner i 2019.

Sjukeheimen og Tresfjord Trygdeheim

Eininga har eit forbruk per 1. kvartal om lag på nivå med 2018. Det er budsjettert med sal av to plassar til Molde kommune ut august 2019. Om desse skulle avviklast før, vil det vanskeleggjere den økonomiske situasjonen. Ingen kjente indikasjonar per i dag på kor lenge denne avtalen skal gjelde. Om avtalen vert oppfylt ligg eininga per i dag an til å kunne halde budsjettet sitt.

Hellandtunet

Per 3. kvartal ligg Hellandtunet an til å kome ut akkurat på budsjett. Einingsleiar påpeikar at det er meir usikkerheit enn tidlegare kring bemanningsbehovet og at ein oftare må styrke bemanninga kring einskildbrukarar. Slike situasjonar vil påverke resultatet negativt og det ligg an til at ein må bemanne noko opp i tida framover.

Fellesutgifter Pleie- og omsorg

Det er her lagt inn eit førebels uspesifisert innsparingstiltak på nær 1 million kroner. Om og evt kvar i pleie- og omsorg vi greier å ta ei slik innsparing er per i dag usikkert og skaper soleis og usikkerheit om vi greier å halde budsjettet. Refusjonsinntektene for ressurskrevjande brukarar blir inntektsført her og om desse skulle bli høgre enn budsjettert vil dette ha motsett effekt.

Legesenter og helsetenester

Per 1. kvartal 2019 ligg forbruk i eininga om lag på budsjett. Vi viser til orientering og vedtak i KST 24/2019 vedkomande auka i utgiftene til interkommunalt legevaktsamarbeid. Grunna dette er per no årsprognose for eininga eit meirforbruk på om lag 0,2 millionar kroner.

NAV- kommune

Eininga ligg an til eit meirforbruk knytt til Kvalifiseringsprogrammet, men vil moglegvis ha noko mindreforbruk knytt til løn og økonomisk stønad (sosialhjelp). Per i dag er det ikkje noko som tilseier dramatisk avvik frå totalbudsjett i 2019.

- **Det er framleis tidleg og mykje som er usikkert både med omsyn til inntekter og utgifter. Ut frå slik det i dag ser ut ligg sektoren an til eit meirforbruk på om lag 1 millionar kroner i 2019.**

BUF

BUF fekk ei stor auke i budsjettet i 2019 samanlikna med 2018. Dette særleg knytt til oppbygging av heildøgntilbod ved Myrateigen. Det er difor noko vanskeleg å samanlikne utviklinga i 2019 med tala for 2018. Det ligg i sakens natur at det er vanskeleg å budsjettere her, dette då nye brukarar kan oppstå raskt og/eller behov endrar seg hos eksisterande.

- **Når vi tek omsyn til venta refusjonsinntekter og prosjekt med tilskot mv, ligg eining per i dag innanfor budsjett.**

Barnevern

2019 er første heile driftsåret der Molde kommune driftar barneverntenestene på vegne av Vestnes kommune. Det har difor vore vanskeleg å budsjettere og det vil framleis vere noko usikkerheit kring kor ein vil kome ut med omsyn til utgifter. Det avgjerande er særleg behovet for plasseringar i fosterheimar og statlege barnevernsinstitusjonar og her vil behovet kunne variere noko frå år til år.

- **Ei førebels årsprognose frå Molde kommune tilseier eit meirforbruk i høve budsjett her på om lag 0,75 millionar kroner, men dette er det førebels usikkerheit knytt til.**

Eigedomsdrift

Budsjett 2019 er om lag 2,0 mill. kr mindre enn forbruk i 2018. Eininga hadde i 2018 eit meirforbruk på 2,1 mill. kr, årsak til det var at energikostnadane auka med 2,2 (24 %) frå 2017. Den store auken i energikostnadane er det nok ikkje tek nok omsyn til når budsjett 2019 vart utarbeidd.

Skal eininga klare å holde budsjettet, må vedlikehaldsarbeidet reduserast, mykje vil avhenge av utviklinga i energikostnadane utover i året. Det er ikkje ynskjeleg å redusere vedlikehaldsarbeidet og ofte vil det nok være vanskeleg/umogeleg å unngå å utføre. Mykje av det som vert gjort er reparasjonar som må gjerast for å holde drift i eigedommane i gang.

- **Avhengig av energikostnad vurderer vi at det kan bli meirforbruk her. Vil komme tilbake til meir konkret sum i neste driftsrapport.**

Tekniske tenester

Forbruk i 2018 var 15,7 mill. kr, budsjett 2019 15,2 mill. kr.

I budsjett 2019 var sektoren ilagt eit sparetiltak på 0,5 mill. kr.

Sum sparetiltak er enno ikkje fordelt på tiltak, vert gjort seinare.

- **Einingsleiar melder at dei har målsetting at tildelt budsjetttramme skal haldast.**

Lønsoppgjjer

Det var avsett 7,0 mill. kr til å dekke årets lønsoppgjjer og lønstillegg gitt hausten 2018.

Lønsforhandlingane haust 2018 var ikkje avslutta når budsjettet vart utarbeidd og difor ikkje innarbeidd i einingane sine budsjett. Dette utgjorde 1,5 mill. kr inkl. sos. utgifter.

Etter dette er det att 5,5 mill. kr til å dekke årets lønsoppgjjer. Det kan dekke eit tillegg på ca. 2,2 % frå 01.05.19.

Lønsoppgjjer er enno ikkje ferdig, men signal så langt er at tilleggga kan bli høgre enn det vi har avsett dekning for.

Profilen på lønsoppgjjer vil og bety mykje for kor stor lønsauken vert, vi har ein stor gruppe arbeidstakarar som er innanfor det som vert rekna som låglønsgruppa. Vert denne prioritert så vil det gje større tillegg for Vestnes enn ein gjennomsnittskommune.

- **Vi reknar med at avsett sum til å dekke årets lønsoppgjjer er for liten. Først i mai når lønsoppgjjeret er avslutta vil vi ha oversikt på dette.**
- **Vi kan sjå eit meirforbruk her i samanheng med at vi forventar noko innsparing på pensjonsutgiftene.**

Pensjonskostnader

Auken i pensjonskostnadane har variert mykje frå år til år, avhengig av løns- og trygdeoppgjjer, og kor mykje som vert ført som premieavvik (overført til seinare års inndekning), samt økonomisk resultat for KLP.

Vi har ikkje noko påverknad på kor stor sum som skal utgiftsførast. Vi får avrekning frå KLP og Statens pensjonskasse.

Det er **utgiftsført** følgjande pensjonsutgifter siste åra:

År	Sum bokført	Auke frå året før
Rekneskap 2014	41 968	4,90 %
2015	45 940	9,50 %
2016	47 855	4,20 %
2017	48 676	1,70 %
2018	48 470	0,00 %
Budsjett 2019	57 175	17,90 %

Summen vi **betalte** i pensjonskostnad var 58,5 mill. kr, ein auke på 6,3 mill. kr frå 2017. Årsak til at utgiftsført sum ikkje auka i 2018 er at premieavviket auka frå 7,2 mill. kr i 2017 til 13,4 mill. kr i 2018. Premieavviket vert fordelt og utgiftsført dei neste 7 år.

Pensjonskostnad som vi må utgiftsføre i 2019 vil truleg auke ein del grunna stort premieavvik i 2018 og at det kan bli eit noko større lønsoppgjjer og trygdeoppgjjer enn siste åra.

Sikre signal på pensjonskostnaden får vi først til hausten.

- **Budsjettert sum til pensjonskostnad skal holde, og vi vurderer at det kan bli noko mindreforbruk som kan være med å dekke for lite avsett til lønsoppgjjer.**

4. Renter og avdrag

- Renter og avdrag 2018 26,0 mill. kr
- Budsjettert i år 28,6 mill. kr

Rentenivået er på veg opp, og signala er ytterlegare auke utover året.

Det vil berre bli utgiftsført minimumsavdrag. Denne summen er no klar og vert 0,9 mill. kr mindre enn budsjettert.

Vi reknar med at renter og avdrag vert innafor det som er budsjettert, dersom rentenivået ikkje går mykje opp kan det bli ei innsparing her på opp mot 1,0 mill. kr.

5. Finans- og gjeldsrapport

Iflg. Finans- og gjeldsreglementet, som vart vedteke av kommunestyret 15. september 2016, sak KST 79/16, skal administrasjonen rapportere status for finans- og gjeldsforvaltninga til kommunestyret minst to gonger i året i tillegg til rapportering i årsmeldinga.

Långjevar	Lånenr.	Opprinneleg beløp	Restgjeld	Rente	Rrente vilkår	Bindingstid	Nedbetalt
Kommunalbanken	20160317	109 836 000	63 684 710	1,70	Fast rente	30.06.2021	2041
Kommunalbanken	20160318	71 940 000	59 080 500	1,97	Fast rente	11.08.2023	2040
Kommunalbanken	20140358	19 063 000	15 631 660	2,69	Fast rente	20.06.2019	2039
Kommunalbanken	20150041	29 550 000	24 822 000	1,94	P.t. rente		2040
Kommunalbanken	20120500	16 725 000	13 380 000	1,90	P.t. rente		2042
Kommunalbanken	20160342	64 649 000	54 004 476	1,93	P.t. rente		2046
Kommunalbanken	20170325	53 058 000	50 892 360	1,97	P.t. rente		2042
KLP kommunekreditt	46847		4 132 000	1,81	Nibor-3 mnd		2024
KLP kommunekreditt	28032		64 968 750	1,78	Nibor-3mnd		2042
KLP kommunekreditt	58643	71 687 500	71 687 500	1,84	Fast rente	25.05.2021	2043
Husbanken	14603322	1 029 000	0	1,51	Flytande		2019
Husbanken	14608740	6 450 000	1 431 762	1,51	Flytande		2024
Husbanken	14612696	1 205 000	323 173	1,51	Flytande		2024
Husbanken	14615064	32 869 940	6 573 980	0,51	Flytande		2023
Husbanken	Startlån	1 000 000	373 391	1,51	Flytande		2028
Husbanken	Startlån	1 000 000	716 082	1,51	Flytande		2035
Husbanken	Startlån	6 000 000	5 457 619	1,51	Flytande		2037
Husbanken	Startlån	10 000 000	8 707 611	1,51	Flytande		2038
Husbanken	Startlån	4 000 000	3 630 419	1,51	Flytande		2039
Husbanken	Startlån	2 000 000	1 890 171	1,51	Flytande		2046
Husbanken	Startlån	8 000 000	7 884 233	1,51	Flytande		2046
Husbanken	Startlån	3 000 000	3 000 000	1,55	Flytande		2049
			462 272 397				

Kommunalbanken	Byggjelån	95 000 000	95 000 000	1,85	Grøn p.t		
----------------	-----------	------------	------------	------	----------	--	--

- Ved årsskiftet brukte vi 40,8 mill kr av kassekreditten, innvilga ramme 120,0 mill. kr. Ved utgangen av 1. kvartal var det ikkje trekk på kassekreditten.

Lån til Stella Maris

I februar vart det tatt opp lån til finansiering av Stella Maris, lånet er todelt

- **Byggjelån**, med ei ramme på kr 354.766.000,-, her vil vi trekke på lånet i takt med bygginga skjer. Forventar å bruke 249,0 i 2019.
Flytande grøn rente, pr. i dag 1,85%
- **Ordinært lån**, når bygget er ferdig får vi utbetalt Husbanktilskottet og vi går over til eit ordinært lån på 233,8 mill. kr.
Her har vi gjort avtale om fast rente på 2,65 %, gjeldande frå 01.02.21 og i 8 år framover til 2029.

Ved å ta fast rente vil vi ha full kontroll på finanskostnadene på dette prosjektet og ikkje få overraskelsar dersom det skulle bli uventa renteauke.

Nøkkeltal


	Pr. 01.01.19	Pr. 31.03.19
Andel fastrente	45,50 %	45,50 %
Gj. Snittleg bindingstid <u>alle</u> lån	1,35	1,2
Gj. Snittleg bindingstid fast rentelån	2,95	2,65
Gj. Snittleg rente på alle lån	1,73	1,83

- Det har vore ein liten auke i rentenivå på 0,1 % sidan nyttår.
- Det er tatt opp eit startlån på 3,0 mill. kr i 1. halvår, men lån til ordinære investeringar er enno ikkje tatt opp.
- Det er betalt 5,4 mill. kr i avdrag 1. kvartal.
- Alle lån er ordinære lån, dei fleste serielån.
- Det er ikkje lån i sertifikat- eller obligasjonsmarknaden, og det er difor ingen lån i som skal refinansierast i løpet av dei neste 12 månadane.
- Signala er at det vert ein liten auke i renta utover i året.

Låna er fordelt på følgjande bankar:

	Lånesum
Kommunalbanken	281 495 706
KLP Kommunekreditt	140 788 250
Husbanken	39 988 441
	<u>462 272 397</u>

Låna er fordelt på følgjande formål:



6. Investeringsbudsjett

Det er godkjent følgjande summar til investeringar i 2019:

• KST 93/18 - Investeringsbudsjett 2019	kr 35.190.000,-
• KST 91/18 – Helsehuset Stella Maris, budsjett 2019	kr 233.000.000,-
• KST 16/19 - Overførte unyttta løyvingar frå 2018	kr 22.130.000,-
Sum investeringsbudsjett 2019	<u>kr 290.320.000,-</u>

Pr. 1. kvartal er det utgiftsført 24,4 mill. kr i investeringsrekneskapen.

Vi kjem tilbake med detaljert status på kvart einskild prosjekt i neste driftsrapport.

Nemner status på nokre av dei største prosjekta:

Tomrefjord idrettsbygg

Ferdig, men enno ein del uavklarte oppgjer med entreprenør.

Det vert utarbeidd prosjektrekneskap og lagt fram for politisk behandling, målsetting var i mai møte, men grunna uavklarte oppgjer med entreprenør vert det truleg eit seinare møte.

Helland Sjøfront

Ferdig. Oppgjer med entreprenør ferdig i april. Vert utarbeidd prosjektrekneskap og lagt fram politisk.

Kommunale byggjefelt Åslia og Bakneset

Ferdig

Sjøgata

Anbud ut i vår. Arbeid utført før vinteren.

Misfjordskogen industrifelt

Arbeid pågår, ferdig i løpet av våren

Bustadfelt Fiksdal

Kommunens del vert oppstarta i 2019

Helsehuset Stella Maris

Byggjearbeidet starta 8. mars, og grunnarbeid er i full gang.

4. arm i rundkøyringa Helland

Prosjektering pågår, her skal det leggest fram eiga sak for kommunestyret før arbeidet starta. I saka skal det avklarast kor mykje og kva arbeid som skal utførast.

Parkeringsplass ved sjukeheim/kommunehus

Vert gjort ferdig i vår.

Buktavegen

Vert ferdig i år, usikkert om kostnadsoverslag held. Vert å komme tilbake til det i seinare driftsrapport.

7. Endring i innbyggartal 2018

Innbyggjartal pr 31.12.18 var 6.536. Det er ein nedgang på 23 frå året før. Tilsvarande var det nedgang på 97 i 2015, 34 i 2016 og 18 i 2017.

I løpet av dei 4 siste åra har det vore ein nedgang på 172 innbyggjarar, tilsvarande 2,6 %.

Folketal 01.01.18	6 559	Endring	2018
Fødde			52
Døde			67
Fødselunderskott			-15
Innvandring (frå utlandet)			60
Utvandring (til utlandet)			34
Nto. Innvandring			26
Innflytting innenlandsk			177
Utflytting innenlandsk			211
Nto innenlandsk			-34
Netto endring i innbyggartal 2018			-23

Folketal 31.12.18	6 536
--------------------------	--------------

Kvartalsvis har endringane vore som følgjer.

	Endring
1. kvartal	-1
2. kvartal	1
3.kvartal	-16
4. kvartal	-7
	-23

- Det er i 2. halvår det var nedgang i folketalet. Det er skuffande no når næringslivet går godt og det er god sysselsetjing i kommunen.
- Det er stort fødselsunderskott.
- 2018 var andre året på rad med svært lågt fødselstal. Truleg er det ein trend som vil bli i åra framover også.
- Det er innvandring frå utlandet som gjer at det ikkje vert større nedgang i folketalet.
- Det flyttar fleire ut frå Vestnes til andre kommunar i Norge enn det som flyttar inn.

Endring i aldersgrupper var som følger:

	01.01.2018	31.12.2018	Endring
	Personer	Personer	
0 år	52	54	2
1- 5 år	337	310	-27
6-12 år	518	532	14
13-15 år	232	236	4
16-19 år	325	320	-5
20-44 år	1 892	1 871	-21
45-66 år	2 051	2 035	-16
67-79 år	800	835	35
80-89 år	282	276	-6
90 år eller eldre	70	67	-3
	6 559	6 536	-23

- Det er nedgang i aldersgruppa under skulepliktig alder, det har samanheng med låge fødselstal siste åra.
- Generelt er det nedgang i aldergruppene under 67 år.
- Det er i gruppa 67 – 79 år at det er auke i innbyggjartal.

Fordeling på alder og kjønn ved utgangen av 2018

	Kvinner			Menn		
	2018	2019	Endring	2018	2019	Endring
0 år	26	30	4	26	24	-2
1- 5 år	161	141	-20	176	169	-7
6-12 år	264	270	6	254	262	8
13-15 år	112	118	6	120	118	-2
16-19 år	155	149	-6	170	171	1
20-44 år	855	859	4	1 037	1 012	-25
45-66 år	976	971	-5	1 075	1 064	-11
67-79 år	393	409	16	407	426	19
80-89 år	157	152	-5	125	124	-1
90 år eller eldre	44	44	0	26	23	-3
	3 143	3 143	0	3 416	3 393	-23

- I 2018 var det talet på menn som vart redusert. I 2017 var det motsatt. Det er færre kvinner enn menn i kommunen, så vi må sjå positivt på at det i 2018 ikkje var nedgang her.
- Nedgangen var menn i aldersgruppa 20 – 66 år, som nemnt tidlegare kan dette være noko vanskeleg å forstå no når sysselsetjinga er så god.
- Det er fleire menn i dei fleste aldersgrupper opp til 70 år, spesielt er skilnaden stor i aldersgruppa 20 – 67 år.
- I dei eldste aldersgruppene er det fleire kvinner enn menn, og skilnaden vert større lenger ein kjem opp i alder.
- Kvinner lever lenger enn menn.

Utvikling i folketal sidan 2012

Innbyggartal pr. 01.01.	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring	
									antall	i %
0 år	54	70	53	60	61	68	52	54	0	0,0
1- 5 år	360	350	354	339	319	317	337	310	-50	-13,9
6-12 år	517	525	527	542	543	550	518	532	15	2,9
13-15 år	292	271	238	232	236	220	232	236	-56	-19,2
16-19 år	396	397	408	390	357	354	325	320	-76	-19,2
20-44 år	1 954	1 978	1 981	2 043	1 951	1 900	1 892	1 871	-83	-4,2
45-66 år	2 014	2 028	2 018	2 026	2 048	2 061	2 051	2 035	21	1,0
67-79 år	615	663	710	756	774	777	800	835	220	35,8
80-89 år	265	265	258	252	252	258	282	276	11	4,2
90 år eller eldre	72	79	68	68	70	72	70	67	-5	-6,9
	6 539	6 626	6 615	6 708	6 611	6 577	6 559	6 536	-3	0,0

- Sett i forhold til 2012 har det ikkje vore endring i folketalet.
- I åra fram til 2015 var det auke i folketal, med ein topp ved utgangen 2014 på 6.708 innbyggjarar.
- Etter 2015 har det vore nedgang i folketalet kvart år.
- Trenden er likevel helt klar, nedgang i innbyggjartal spesielt barn og ungdom under 20 år og stor auke i aldersgruppa 67 – 79 år.
- Det er forventa at antall eldre over 67 vil auke enno meir i kommande år, og etter kvart vil det også føre til at eldre over 80 år vil auke.

9. Oppfølging av politiske vedtak

Kommunestyret gjorde den 22.mai 2014, i sak 33/14, følgjande vedtak:

Rapportering som gjeld oppfølging av politiske vedtak blir heretter lagt til driftsrapportane til kommunestyret.

Politiske vedtak som ikkje er gjennomførte pr mars 2019:

Utval Saksnr	Kva saka gjeld	Status	Vidare framdrift
KST 26.04.18 Sak 25/2018	Framtidig barnehagetilbod i Vestnes kommune	Pkt 3 ikkje gjennomført (utgreie friluftssavd. ved Helland el Tomrefjord b.hage)	Ikkje mangel på plassar. Barnetal går ned. Førslår at utgreinga blir utsett.
KST 21.06.18 Sak 45/2018	Legge fram sak om endra Tilknytning til akuttsjukehus	Saka knapt påbegynt	Usikker – kapasitetsutfordringar
KST 15.11.18 Sak 72/2018	Kulturarvplan – Vestnes kommune 2019- 2022	Adm.sj. skal innarbeide handl.del i budsjett Pkt 3: «KST vil kome tilbake til fullføring av bygdebokarbeidet.»	Ikkje funne rom for prioriteringane hittil. Korleis vil KST kome tilbake til dette?

KST 18.12.19 Sak 93/2018	Sak om økonomiplan og årsbudsjett	Pkt 8: Tilby fleksibel fakturering i 2019	Arbeider med saka saman med andre kommunar i ROR IKT. Krev noko investering i system.
KST 18.12.19 Sak 93/2018	Sak om økonomiplan og årsbudsjett	Pkt 11: Tiltak som kan gje reduksjonar i driftsbudsjettet	Vil bli teke opp i driftsrapportane i 2019

Planbehov nedfelt i planstrategi

Sidan det er siste år i kommunestyreperioden, har administrasjonssjefen gått gjennom planbehovet som er lista opp i kommunestyret sin planstrategi, vedteken i KST den 16.februar 2017, sak 4/2017.

Det er fleire planar vi grunna manglande kapasitet har utsett.

Planar som skulle vore utarbeidde eller reviderte pr 2018, og som ikkje er ferdige er:

Eigarskapsmelding

- administrasjonssjefen føreslår å vente til første runde av kommunesamanslåing er ferdig. Mange selskap og samarbeid er i endring no, og det vil vere mange endringar i meldinga i løpet av 2020.

Personalpolitisk plan

- Planen kjem til politisk behandling våren 2019

Strategisk kompetanseplan

- Planen kjem til politisk behandling før valet

Busetting og integrering

- Kommunestyret fatta busettingsvedtak for mottak av flyktningar til og med 2019. I samband med at kommunestyret skal ta stilling til busettingstiltak bør det utarbeidast ein busettingsplan.

Bustadsosial handlingsplan

- Administrasjonssjefen er usikker på kor mykje arbeid vi skal legge i ein revidert plan. Gjeldande plan er svært omfattande og er ikkje evaluert.

Trafikktryggingsplan

- Grunna tilsette i permisjon er dette arbeidet utsett.

10. Tilsyn

I denne saka blir ikkje saksområde der kommunen sjølv har tilsynsmynde omtala. Dette gjeld t.d. tilsyn med barnehagane og tilsyn innan brannvern/feiring. Administrasjonssjefen omtalar her eksterne tilsyn overfor kommunen der kommuneorganisasjonen er tilsynsobjekt.

Arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn med at verksemda følgjer arbeidsmiljølova sine krav om å førebygge arbeidsrelatert sjukdom og skade.

Tilsyn sidan førre driftsrapport:

Tilsyn med brann og feiarvesen:

Pålegg- Kjemisk helsefare- tiltak for å redusere risiko – sikre at feiarbilen er heilt støvtett mellom varerom og kupé.

Fristutsetting i påvente av evt investering vart sendt til godkjenning i kommunestyret.

Tilsyn ved Kariplassen – Bu- og habiliteringstenestene:

Melding om tilsyn ved Kariplassen 20.mai 2019 knytt til arbeidsmiljølova sine krav om å førebygge arbeidsrelatert sjukdom og skade.

Fylkesmannen:

1. Tilsyn med grunnskuleopplæringa for vaksne i Vestnes (2018)

Avvik

Fylkesmannen konkluderte med at Vestnes kommune ved vaksenopplæringa oppfyller lovkrava på nokre av kontrollområda. Fylkesmannen har funne manglar på kommunen sitt ansvar for å rettleie og vurdere rettigheter, jf. forvaltningslova § 11, opplæringslova §§ 4A-1 og 4A-2 og forskrift til opplæringslova § 4-13. Fylkesmannen fann også manglar ved kommunen sitt forsvarlege system for å vurdere og følgje opp vaksenopplæringa på områda tilsynet omhandlar jf. Opplæringslova § 13-10.

Fristen for Vestnes kommune til å rette avvika var sett til 19.10.2018.

I brev av 11.januar 2019 konkluderte Fylkesmannen med at kommunen hadde retta regelverksbrota og avslutta tilsynet.

2. Melding om tilsyn med legemiddelhandtering – Bu- og habiliteringstenestene

Tilsyna krev eit stort forarbeid med innsamling av data og dokumentasjon i alle bueiningar. Grunna sjukemeldingar i leiinga i Bu- og habiliteringstenestene søkte administrasjonssjefen om å få utsett tilsyna til hausten 2019. Søknaden vart imøtekomen av Fylkesmannen i brev av 28.februar 2019.

3. Tilsyn med sosialtenesta i NAV, samt den interkommunale barneverntenesta

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil føre tilsyn med den sosiale tenesta i NAV Aukra, Molde og Vestnes, samt den interkommunale barneverntenesta kommunane er del av. Helsetilsynet har bestemt at Fylkesmannen i år skal ha eit landsomfattande tilsyn med NAV sosial og barneverntenesta på ettervernsområde. Dette tilsynet er en del av dette. Tilsynet vil bli gjennomført i april og mai 2019.

Tema for tilsynet

Tilsynet skal undersøke om kommunen sikrar at unge som treng det får eit forsvarleg ettervern frå barneverntenesta og forsvarlege sosiale tenester frå NAV, med vekt på brukarmedverknad, samarbeid og koordinering.

Kontrollutvalet sine forvaltningsrevisjonar:

Forvaltningsrevisjon: «Helsestasjon- og skulehelsetenester i Vestnes kommune»

Vestnes kommunestyre slutta seg til følgande tilrådingar:

- Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med vidareutvikling av samarbeidsrutinane.
- Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med kompetanseplan og blant anna vurdere behovet for auka kompetanse innan psykisk helse.
- Vestnes kommune bør sikre at tolketenesta fungerer tilfredsstillande.
- Vestnes kommune bør vidareutvikle samarbeidet om det psykososiale arbeid i skolane.

Kommunestyret bad administrasjonssjefen om å gje skriftleg tilbakemelding på oppfølginga til kontrollutvalet. Det vart gitt skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet i januar 2019. Kontrollutvalet var berre delvis fornøgd med svaret og vil følgje opp saka i første møte hausten 2019.

Forvaltningsrevisjon: Heimetenestene i Vestnes kommune.

Dette prosjektet vil ha fokus på:

- Organisering av heimetenestene
- Tildeling av heimetenester
- Gjennomføring av heimetenester

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvalet og vil bli gjennomført av Møre og Romsdal Revisjon IKS i april/mai.

Rapportering av sjukefråvær:

Driftsrapporten inneheld ei enkel rapportering av sjukefråvær. Hovudrapporteringa til AMU og Administrasjonsutvalet er langt meir djuptgåande. Sistnemnde utval bør vurdere om/og ev korleis kommunestyret skal få andre rapportar enn den som blir gitt i driftsrapporten.

Her er data henta frå Visma Enterprise – BI – den 25.mars 2019

Data gjeld totalt for heile kommunen.



Sjukefråværet har vore høgt over mange år i kommunen. I 2017 var sjukefråværet på 8,9 %. I 2018 er også sjukefråværsprosenten på 8,9 %. Når ein ser på samanliknande statistikk, så må ein heilt tilbake til 2012 for å finne lågare sjukefråvær. Då var sjukefråværsprosenten samla for heile kommunen på 8,7 %.

Når ein ser på sjukefråværet for heile 2018 i forhold til heile 2017, så finn ein at sjukefråværet også gjennom året er nokså likt.

Systematisk sjukefråværsarbeid er noko som skjer kontinuerleg. Vestnes kommune har dei seinare åra vore med i fleire IA-prosjekt. I 2018 var Vestnes kommune med i prosjektet «NED med sjukefråværet. IA-leiing 2.0». Prosjektet gjekk spesielt på sektorar som har hatt høgt fråvær, også på landsbasis. Dette har tradisjonelt vore innanfor helse- og omsorgssektoren og barnehagar. Vestnes kommune deltok i NED-prosjektet med einingar innanfor desse sektorane. Tillitsvalde og vernetenesta er partar i IA-arbeidet og har vore med i prosjektet. Vestnes kommune har fått tilbod om å halde fram arbeidet med NED med sjukefråværet også i 2019 i samarbeid med KS og NAV Arbeidslivssenter lokalt. Dette er noko kommunen vil halde fram med for å halde fram med å redusere sjukefråværet, arbeide førebyggjande og hindre fråfall.

Fordeling av sjukefråvær mellom kjønn:

Tradisjonelt sett har det vore tilsett fleire kvinner enn menn i kommunesektoren. Det same gjeld for Vestnes kommune og sjukefråværsprosenten har også vore høgare for kvinner enn menn. Fråværsprosenten i 2018 er for kvinner på 9,3 % og for menn på 6,3 %. Samanlikna med 2017 har fråværsprosenten for kvinner gått ned og fråværsprosenten for menn gått opp. Det er no kortare avstand mellom fråværsprosenten mellom kvinner og menn.

Langtidsfråvær i forhold til kortidsfråvær:

Langtidsfråværet er på nivå med tala for 2017. Langtidsfråværet utgjer 5,8 % av fråværet i 2018 mot 5,6 % i 2017. Statistikk viser til at langtidsfråvær ofte er knytt opp mot langvarige kroniske plagar. Ein arbeidstakar som har vore sjukmeldt utover eitt år, må søkje permisjon frå stillinga si. Dette gjeld både om ein er delvis sjukmeldt eller fullt sjukmeldt. Administrasjonsutvalet vedtok i 2013 reglar for kor lengje ein arbeidstakar kan behalde stilling under sjukdom.

Førebyggjande sjukefråvær i fokus:

AML § 3-1, (2) stiller krav til arbeidsgjevar når det gjeld å arbeide systematisk og førebyggjande med sjukefråværet. Alt sjukefråværsarbeid skjer på arbeidsplassen mellom leiar og medarbeidar. Vestnes kommune nyttar eiga lokal rutine for oppfølgingsarbeidet. For å få rett til sjukepengar er det eit krav om aktivitet overfor arbeidstakar. Det er difor viktig å arbeide førebyggjande for å hindre fråfall frå arbeidslivet. Vestnes kommune er stor arbeidsgjevar og ønskjer så langt som mogleg å leggje til rette for aktivitet ved sjukefråvær samtidig som det vert arbeidd med førebyggjande sjukefråværsarbeid. Som arbeidsgjevar er Vestnes kommune pliktig til å balansere og ivareta både tilrettelegging og førebygging.

Oversikt over sjukefråværet:

Vestnes kommune nyttar sjukefråværsmodulen BI (Visma). Her kan den einskilde einingsleiar til ein kvar tid få utfyllande oversikt over sjukefråværet i si eining. Vestnes kommune har som andre kommunar gått over til digital sjukemelding, noko som gjer at sjukefråvær vert registrert digitalt og fortløpande.

Vestnes kommune vil ikkje lengre leggje ved detaljert oversikt over fråværet, jf. [ny personvernlov](#) (GDPR) av 20. juli 2018 av omsyn til personvernet. Årsstatistikk vert lagt inn i årsmeldinga.



VESTNES KOMMUNE

Kontrollutvalet

Saksmappe: 2019-1535/02
Arkiv: 216
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 26.4.2019

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 16/19	Kontrollutvalet	7.5.2019

VAL AV REVISJNSORDNING. VAL AV REVISOR

Sekretariatet si tilråding

1. Vestnes kommunestyret godkjenner at Vestnes kommune held fram med revisjon i eigen regi.
2. Vestnes kommunestyre vel Møre og Romsdal SA som revisor for Vestnes kommune, under føresetnad av at selskapet blir stiftet.
3. Kontrollutvalet inngår og godkjenner oppdragsavtaler med Møre og Romsdal Revisjon SA.

Bakgrunn for saka

Ei styringsgruppe la i april 2014 fram et forslag om å etablere eit nytt interkommunalt revisjonsselskap (IKS) med deltaking frå 29 kommunar og fylkeskommunen, dvs. ein fusjon av revisjonseiningane på Nordmøre, i Romsdal og nordre Sunnmøre, samt fylkesrevisjonen. Søre Sunnmøre Kommunerevisjonsdistrikt IKS valte å stå utanfor utredningsarbeidet.

Like før avgjerd om stifting av selskapet våren 2015, fatta Komrev 3 (nordre Sunnmøre) følgjande vedtak:

«Med bakgrunn i kommunereforma, usikkerheit knytt til økonomi, framlegg til endringar i ansvarsreglane i lov om interkommunale selskap og forslaget om plassering av verksemda sitt hovudkontor, ønskjer ikkje KomRev3 IKS å delta i selskapet Møre og Romsdal revisjon IKS.»

Våren 2015 fatta Vestnes kommunestyre vedtak om å velje Møre og Romsdal Revisjon IKS som revisor for kommunen. Selskapet vart stifta etter vedtak i Møre og Romsdal fylkeskommune og dei 17 kommunane på Nordmøre og Romsdal. Av ulike årsaker vart etableringa forseinka og det nye selskapet var først i drift frå februar 2017. Selskapet har sida då levert revisjonstenester til kommunen.

Sommaren 2018 tok KomRev3 IKS kontakt med Møre og Romsdal Revisjon IKS for å diskutere om det var mogeleg å få til ei samanslåing. Det vart nedsett eit forhandlingsutval og ei arbeidsgruppe, disse har utarbeidd rapporten «Nye Møre og Romsdal Revisjon». Representantskapa i de to selskapa har slutta seg til konklusjonar og innstilling i vedlagte rapport, og sender denne over til eigarkommunar/fellesnemnder med tilråding om å stifte selskapet.

Med heimel i kommunelova § 78 nr. 3 og 4, er kontrollutvalet tillagt innstillingsretten i spørsmål om val av revisjonsordning og revisor. Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal er saksførebuar.

Mens stifting av selskapet og godkjenning av vedtekter, jf. tilråding frå representantskapet, ligg til rådmannen å førebu og legge fram for formannskapet med innstilling til kommunestyret.

Vedlagt saka følger:

- Innkalling til representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS 18.1.2019, vedlagt rapport «Nye Møre og Romsdal Revisjon»

VURDERING

Dette saksframlegget vil innehalde vurderingar knytt til val av revisjonsordning og val av revisor.

Val av revisjonsordning

Når ein kommune har gjort val av revisjonsordning, så vert det vanlegvis ikkje gjort ei ny vurdering av dette utan at det blir tatt initiativ til det. Sjølv om det ikkje er tatt noko initiativ til å vurdere ei anna revisjonsordning no, så vurderer sekretariatet at det er naturleg at kontrollutvalet og kommunestyret får ei beskriving av dei ulike alternativa som er å velgje. Det er eit naturleg krysspunkt å gjere ei slik vurdering, når det no er tatt initiativ til å etablere eit nytt revisjonsselskap.

1. Revisjon i eigenregi - Tilsette eigen revisor

Dette er ikkje eit reelt alternativ. Revisor vil ikkje ha eit fagmiljø og kompetansen som kommunen vil få tilført ville vore avgrensa til ein eller to personar. Kostnadene vil difor måtte vere høge, og ein vil vere svært sårbar ved sjukdom og avgang i stillinga. Ordninga med ein revisor tilsett i kvar kommune gjekk en bort frå i 1993, når Kommunerevisjonsdistrikt 2 og dei andre revisjonsdistrikta vart oppretta. Det er nokre få store kommunar og fylkeskommunar som har denne løysinga, f.eks.; Oslo kommune og Trondheim kommune.

2. Revisjon i eigenregi - Delta i interkommunalt samarbeid

Kommunane i Møre og Romsdal har sidan 1993 delteke i interkommunale revisjonsordningar.

Frå 1993 og til 2017 fekk Vestnes kommune sine revisjonstenester frå Kommunerevisjonsdistrikt 2, som var eit interkommunalt samarbeid heimla i kommunelova § 27. Kommunane som tok del i samarbeidet var Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes kommunar.

Frå 2017 har Vestnes kommune fått sine revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon IKS. Deltakarane i dette interkommunale selskapet er Møre og Romsdal fylkeskommune og dei 17 kommunane på Nordmøre og i Romsdal.

Representantskapa i Møre og Romsdal Revisjon IKS og KomRev 3 IKS har vedtatt å slå seg saman og innstille på at Møre og Romsdal SA blir stifta. Eigarane i føretaket vil då frå 1.1.2020 vere Møre og Romsdal fylkeskommune, 6 kommunar på Nordre Sunnmøre og 15 kommunar i Romsdal og på Nordmøre. Til saman 22 moglege eigarar.

Dersom kommunen vel å fortsette med revisjon i eigenregi, så er det Møre og Romsdal SA som må veljast som revisor. Ein har ikkje noko alternativ revisor å velje dersom ein går for revisjon i eigenregi, då Møre og Romsdal IKS ikkje lenger vil eksistere som noko alternativ.

Revisjon i eigenregi – interkommunalt samarbeid, er den revisjonsordninga som sidan 1993 har blitt vurdert som den mest tenlege for Vestnes kommune. Ei slik ordning føreset at ein har nok deltakarar til at ein kan ha ei løysing som er robust nok når det gjeld kapasitet og kompetanse. Ordninga må også kunne vere konkurransedyktig i forhold til pris. Det er viktig å vere merksam på at Møre og Romsdal Revisjon IKS først i 2019 har gått over til revisjon etter medgått tid. Vi har difor berre eit anslag og ikkje erfaringstal frå kva revisjonen vil koste i 2019. Møre og Romsdal Revisjon SA vil også ha revisjon etter medgått tid.

Ein konkurransefordel som denne ordninga har, er at ein har forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon i same selskap og kan utnytte fordelane det gjev. Denne ordninga gjev også kommunane eigarinnflyting på selskapet. Det betyr at dersom det er noko kommunen er ueinig om i forhold til drift og styring av selskapet, så har ein høve til å seie i frå om dette og få til endringar. Selskapet vil også ha god kunnskap om kommunen og kommunal revisjon. Ein veit også i stor grad kva kvalitet ein vil få på tenestene, då det ikkje er grunn til å tru at det nye selskapet vil bli vesentleg endra frå Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Ulempene kan være at det kan være ei dyrare ordning, særleg når det gjeld rekneskapsrevisjon. Sjølvstende i forhold til eigar kan også vere ei utfordring; ikkje juridisk fordi lovverket støttar ei slik ordning; men i praksis så kan ein møte på nokre utfordringar i forhold for tette band over tid.

2. Konkurranseutsetting av revisjonstenestene

Det er ingen kommunar i Møre og Romsdal som har konkurranseutsett revisjonstenestene, men pr. 1.6.2018 nytta 59 av landets kommunar og to fylkeskommunar seg av ein privat leverandør av revisjonstenester. For eksempel er det relativt mange kommunar i Hordaland som har konkurranseutsett revisjonstenestene, ca. 20 kommunar. Nokre kommunar har konkurranseutset all revisjon som eit samla oppdrag, nokre har delt oppdraga i rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Noko eksakt tall for kostnader ved privat revisjon kan en ikkje få av omsyn til ein mogleg konkurranse, men ved ein mindre førespurnad i 2015 så uttalte eitt av selskap at deira priser på forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er timebasert og generelt innafor intervallet 950-1500 kr.

Ved å sjå på budsjetterte revisjonstenester i kommunar som har konkurranseutsett revisjonstenestene, så viser nokre eksemplar at kommunar på mellom 5 700-7000 innbyggjarar, har budsjettert med ca. kr 410 000- 515 000,- til revisjon inkl. forvaltningsrevisjon.

Dei private revisjonsselskapa er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innan for eit breitt spekter av oppgåver.

Kort om regler for anbod

Innkjøp av revisjonstenester fell inn under reglar om offentlege innkjøp og reglar som følgjer av EØS-avtalen. Reglane set krav til kva prosedyre ein må følgje, avhengig av kor stor kontrakt det er snakk om. Etter nasjonale reglar så må ein lyse ut anbodskonkurranse når verdien på kontrakten er meir enn 1,3 mill. kr. Når verdien på kontrakten overstig 2 mil kr, så krev EØS-avtalen at anbodet må kunngjerast i heile EØS-området, noko som vil vere tilfelle for denne kontrakten.

Når en skal regne ut kor stor kontrakten er i forhold til disse reglane, så må ein sjå på alle åra kontrakten gjelder under eitt. Det inneber at en må summere opp kjøpa for dei åra som kontrakten skal gjelde (normalt 4 år). I følgje budsjettet for 2019 er det sett av kr 720 000,-til

kjøp av revisjonstenester i Vestnes kommune. Forutsett det same nivå i åra som kjem, så vil kontrakten ha ein total verdi på ca. 2,88 mill. kr. Dette er over terskelverdien i EØS-avtalen som gjer at kontrakten må lysast ut i heile EØS-området.

Kjøpet må då gjerast gjennom ein open anbodskonkurranse.

Reglane for offentleg anskaffingar er omfattande. Dersom kommunestyret vel å konkurranseutsette revisjonstenestene vil difor sekretariatet vere avhengig av å samarbeide med kompetanse på innkjøpsområdet som kommunen har tilgang til, slik at dei er med på å kvalitetssikre en prosess. Ein må også ut med ny anbodskonkurranse jamleg, ca. kvart 4. år. Det kan vere ei utfordring å utforme eit anbod som gjev dei revisjonstenestene som ein ønskjer. Korleis vektar ein til dømes pris i forhold til kvalitet?

Brynjar Gilberg ved Nord-universitet har gjennomført ei undersøking blant sekretariat og revisjonsselskap som bl.a. viser at respondentane meinte at

- det var enklare å vurdere kvalitet på forvaltningsrevisjon enn rekneskapsrevisjon
- det kan være vanskeleg å skilje tilbydarane på kvalitet når det er fleire private revisjonsfirma med forholdsvis same erfaring og bakgrunn som gjev tilbod
- Dei private revisjonsfirma som ikkje har levert inn tilbod grunngjev det bl.a. i at kvalitet ikkje eller i liten grad vart vektlagt, konkurransen er i stor grad basert på pris og lite anna. Prisene er så låg at det ikkje er mogleg å gjennomføre forsvarleg revisjon.

Fordelen med privat revisjon kan være at prisen truleg kan være noko lågare på spesielt rekneskapsrevisjon, fordi det er fleire tilbydarar i marknaden som yter slik tenester. Ein anna fordel kan vere at ein kan sette spesifikke krav til kva kompetanse ein ønskjer; som er særleg aktuelt ved forvaltningsrevisjon.

Ulempe kan vere mindre kunnskap om kommunal revisjon og lokale forhold. Det vil også koste noko å gjennomføre anbodskonkurranse, og her kan ein då måtte køyre to konkurransar kvar gong anbod vert lyst ut.

3. Delt løysing

Det er også mogleg å velje ei revisjonsordning der ein har revisjon i eigenregi når det gjeld forvaltningsrevisjon og privat revisjon når det gjelder rekneskapsrevisjon, eller omvendt. Fleire kommunar i Sogn og Fjordane har valt ei slik løysning. Dei har rekneskapsrevisjon i eigenregi, og har konkurranseutsett forvaltningsrevisjon.

Fordelane med ei slik løysning er at ein kan velje dei ein meiner er best til rekneskapsrevisjon til det oppdraget, og det selskapet ein meiner er best til forvaltningsrevisjon til det oppdraget. Det treng ikkje vere det same selskapet. Ofte kan det nok vere viktigare med større kompetansebreidde innan forvaltningsrevisjon enn rekneskapsrevisjon. Ein anna fordel er sjølvstende; både i forhold til eigar og i forhold til at forvaltningsrevisor ikkje er i same selskap som rekneskapsrevisor. Dette kan være aktuelt om det dukkar opp ei sak der det blir stilt spørsmål til rekneskapsrevisor. For eksempel; kva har regnskapsrevisor gjort for å avdekke oppståtte mislegheiter?

Ulempene er at ein ikkje får utnytt synergiane med at rekneskaps og forvaltningsrevisorane kan samarbeide om prosjekt, slik ein kan gjere når begge er i same selskap. Mange forvaltningsrevisjonsprosjekt inneheld regnskapsmessige aspekt som rekneskapsrevisor kan ha den beste kompetansen å bidra med. Ei anna ulempe er at det er ressurskrevjande å køyre anbodskonkurransar.

Val av revisor

Vurdering av dagens revisjonstenester

Vestnes kommune har dei siste åra fått revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Det er kontrollutvalet sitt ansvar å sørge for at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Dette vert sikra blant anna gjennom at kontrollutvalet har inngått ein oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS. Oppdragsavtalen sitt innhald legg rammer for revisjonen sitt arbeid. Kontrollutvalet får framlagt revisjonen sine planar, det blir rapportert undervegs i revisjonsarbeidet om løpande revisjon (interimsrapport), Kontrollutvalet vurderer også kvaliteten på dei rapportar og undersøkingar som revisjonen gjennomfører på oppdrag frå kontrollutvalet. I desember 2018 behandla kontrollutvalet sak 32/18 Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for revisjon – revisjonsåret 2017. Kontrollutvalet slutta seg til dei vurderingar som var gjort av sekretariatet. Hovudkonklusjonen: *«Ut frå den vedlagte gjennomgangen vert det vurdert at revisjonsordninga som Vestnes kommune har hatt revisjonsåret 2017, har vore forsvarleg»*. Sekretariatet har registrert at Møre og Romsdal IKS er i ei positiv utvikling. Det ser ut til at det er tatt grep for å utvikle arbeidsmetodikk og systematikk i revisjonsgjennomføringa. Dette har gitt seg særleg utslag i ei betring når det gjeld rapporteringsform og innhald på rapporteringa til kontrollutvalet. Dette har igjen gitt kontrollutvalet betre innsikt i revisjonen sitt arbeid.

Sekretariatet vurderer at Møre og Romsdal Revisjon IKS i liten grad har klart å utnytte den fordelene selskapet har ved å ha regnskapsrevisor og forvaltningsrevisor i same selskap. Det er å merke at kontrollutvalssekretariatet og kontrollutvalet vurdering av revisjonskvalitet i stor grad er avgrensa til ei vurdering av formelle kvalifikasjonar, revisors rapportering, og i mindre grad sjølve revisjonsutføringa, særleg på rekneskapsrevisjonen.

I det daglege så går det mesta av kontakten direkte mellom revisjon og administrasjon. Sekretariatet har difor bede om tilbakemelding om korleis administrasjonen opplever kvaliteten på revisjonstenestene dei mottek i dag. Det er ikkje motteke tilbakemelding frå administrasjonen.

I budsjettet 2019 er det satt av 720 000,- til revisjon; 470 000,- til rekneskapsrevisjon og 250 000,- til forvaltningsrevisjon. Dette er stipulert ut frå erfaringar frå revisjonsåret 2017. Møre og Romsdal Revisjon IKS har frå 2019 gått over til revisjon etter medgått tid, ein har ikkje reelle revisjonskostnadene for 2019. Møre og Romsdal Revisjon IKS har kommunisert at dersom administrasjonen er god til å dokumenter rekneskapen og prosessen, så vil revisjonen trenge mindre tid til å gjennomgå årsrekneskapen. Dette vil føre til lågare revisjonskostnader.

Kva inneber endringa frå Møre og Romsdal Revisjon IKS til Møre og Romsdal SA?
Representantskapet rår til at det nye selskapet blir etablert som eit samvirkeforetak. Bakgrunnen for forslag om val av samvirkemodell er drøfta nærare i kapittel 5 i rapporten.

Deltakarar: Det vert lagt opp til at Møre og Romsdal fylkeskommune og 21 kommunar vil ha revisjonstenester frå Møre og Romsdal SA frå 1.1.2020. Sjølv om kommunane på nordre Sunnmøre no kjem til, så vil ikkje talet kommunar auke så mye frå dagens Møre og Romsdal IKS. Dette skuldast kommunesamanslåingar. Selskapet vil likevel dekke eit større geografisk område.

Kompetanse. Det blir i rapporten frå arbeidsgruppa peika på generelle årsaker til utviklinga med større revisjonseiningar; sterkare fagmiljø med større høve til fagleg spesialisering, redusert sårbarheit, økonomiske stordriftsfordelar i forhold til administrasjon, større fleksibilitet ved kommunesamanslåingar og attraktivitet som arbeidsgjevar. Det er i rapporten

ikkje peika på korleis dette spesifikt slår ut for dette foretaket. Er det til dømes kompetanse som ein i dag berre har i det eine selskapet, og ikkje i det andre?

Situasjonen er nok den at for Komrev 3 IKS, så var dei no tvungen til å ta organisatoriske grep. Kommunesamanslåingane vil halvere eigarkommunane deira til berre 6 kommunar. Når det gjelder Møre og Romsdal Revisjon IKS, så ville nok dette selskapet også etter 1.1.2020 kunne være et robust selskap, då dei i mindre grad er råka av kommunesamanslåingar. Det har likevel vore eit ønske om å få til et større revisjonsselskap i Møre og Romsdal. Ser er på landsplan, så har mange av dei kommunale revisjonsselskapa dei siste åra blitt samanslått til større revisjonsselskap.

Møre og Romsdal Revisjon IKS har frå hausten 2018 vore innleigd og hjelpt KomRev 3 IKS med ressursar til forvaltningsrevisjon. For kommunane som i dag har revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon IKS, så ser ein ikkje på kort sikt til at samanslåinga vil føre til styrka kompetanse på forvaltningsrevisjonssida. Når det gjeld rekneskapsrevisjon så kan ein kanskje få høve til meir spesialisering.

Det går fram av rapporten som arbeidsgruppa utarbeidde, at det har vore ein grundig diskusjon om organisasjonsform. Representantskapa har vedtatt å stifte selskapet som eit Samvirkeforetak. Dette er ei organisasjonsform som kommunane er lite kjent med. Revisjon Midt-Norge SA har frå 1.1.2018 levert revisjonstenester til de fleste Trøndelagskommunane. Det er denne etableringa som i stor grad er blitt brukt som mal for etableringa av Møre og Romsdal Revisjon SA. Men med så kort tid sida dette foretaket vart etablert, er det ikkje så mye erfaringar å hauste.

Det blir framheva i rapporten at føretaksforma er kjenneteikna ved at medlemskap er fleksibelt.

Det er slik at medlemmer i foretaket kan melde seg inn og ut, utan at det må handsamast ny selskapsavtale i alle kommunestyra. Reglane om behandling i eigarorgan er tilsvarande som for AS, med mindre krav til deltaking på møter i eigarorgan enn IKS-modellen for å kunne gjere vedtak.

Sekretariatet ser at dette kan være en risiko at kommunestyret får mindre styring med selskapet enn dei har hatt med dagens IKS. I dag er det kommunestyret som utnemner personar til representantskapet, med personlege varamedlemmer. Det er også kommunestyret som godkjenner selskapsdokument og endringar av disse.

I samvirkeforetaket kan medlemmer møte i eigarorganet med fullmakter.

Det meste av føretaksstyringa vil skje i styret og ikkje i det øvste eigarorganet i foretaket som er årsmøtet.

For å bøte på dette er det i vedtektene lagt inn at årsmøte skal ha 3 oppgåver som etter samvirkelova skulle ligge til styret:

- Vedta budsjett for kommande år etter forslag frå styret
- Vedta økonomiplan for dei 4 neste åra etter forslag frå styret
- Vedta overordna mål og retningslinjer for drifta.

I rapporten frå arbeidsgruppa blir det peika på som positivt den fleksibiliteten som ligg i denne selskapsforma ved at det er enklare for kommunar å melde seg inn og ut, utan behandling i alle kommunestyra. Inn og utmelding kan no godkjennast av styret/dagleg leiar. Men i fleksibiliteten ligg også ein risiko i at foretaket kan blir kraftig redusert, ved at medlemmene enkelt kan seie opp sin avtale.

Det blir også peika på at det er enklare å samle og gjennomføre møter i eigarorganet, der ein kan møte med fullmakter og ikkje så strenge krev til tal medlemmer for å gjennomføre vedtak

som i et IKS. Representantskapet i IKS kan fatte vedtak når minimum halvparten av medlemmene er til stades, og disse representerer 2/3 av stemmene. Ei vedtaksendring i eit samvirkeforetak krev 2/3 av stemmene som er gitt. Det vil seie at det kan gjennomførast vedtaksendingar dersom 3 medlemmer møter på medlemsmøte, og 2 av desse stemmer for. Sekretariatet vil peike på dette som ein risiko i forhold til kommunen si eigarstyring.

Ein annan forskjell er at eigarane i IKS har økonomisk ansvar i samsvar med prosent- eller brøkdeler av eigarskap. Interkommunale selskap kan ikkje gå konkurs. Medlemmene i eit samvirkeforetak pliktar eventuelt til å betale inn innskotsbeløp i føretaket, og er ansvarleg for dette beløpet. Føretaket kan gå konkurs. Dette kan innebere ein noko større risiko for dei tilsette om ikkje føretaket er godt leia. Dei tilsette i dagens to selskap som ønskjer å samanslåast, stiller seg positiv til samanslåinga av de to revisjonsselskapa.

Tilrådingar

Gjennomgang viser at det er fordeler og ulemper både med revisjon i eigenregi og konkurranseutsett revisjon. Ved vurdering av revisjonsordning så er det ikkje uvanleg at haldningar til konkurranseutsetting eller ikkje, er medverkande. Nokon har ei grunnhaldning om at konkurranseutsetting er bra, medan andre meiner at ei kommunal løysing er den beste. Sekretariatet finn det ikkje naturleg å drøfte denne tilnærminga

Sjølv om sekretariatet ser at det er ein viss risiko med at kommunen sitt høve til eigarstyring vil bli mindre i Møre og Romsdal Revisjon SA, enn i dagens Møre og Romsdal Revisjon IKS, så vil sekretariatet likevel tilrå å gje Møre og Romsdal Revisjon SA ein sjanse. Interkommunalt samarbeid er den revisjonsløysinga kommunane i Noreg har mest erfaring med. Det er forventat at kompetansebreidde og stordriftsfordelar aukar i eit større selskap. Det er også forventningar til at det nye selskapet i større grad må klare å utnytte fordelene med å ha rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor i eitt selskap.

Som utgreiinga som dagens revisjonsselskap har fått utført viser, så gir denne føretaksforma ei meir fleksibel ordning dersom kommunen ved neste korsveg ønskjer å velje konkurranseutsetting av revisjonstenestene. Då kan kommunen enkelt seie opp avtalen, utan at alle deltakarkommunane må behandle saka på nytt.

Etter kommunelova § 78, pkt. 3 og 4 skal kommunestyret sitt vedtak om val av revisjonsordning og val av revisor, treffast etter innstilling frå kontrollutvalet. Sekretariatet rår til at kontrollutvalet tilrår kommunestyret å godkjenne at Vestnes kommune fortsett med revisjon i eigenregi og at Møre og Romsdal Revisjon SA blir vald som kommunen sin revisor.

Saka vert lagt fram med ovannemnde forslag til vedtak

Jane Anita Aspen
daglig leder

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

INNKALLING

MØTE I REPRESENTANTSKAPET I MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS

TID: 18. JANUAR 2019 KL. 09.30

STED: Quality Hotel Grand i Kristiansund

SAKLISTE REPRESENTANTSKAPET:

- | | |
|--------|---|
| 1/2019 | Åpning av møtet |
| 2/2019 | Registrering av deltagere/konstituering |
| 3/2019 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 4/2019 | Valg av møteleder og møtesekretær |
| 5/2019 | Valg av 2 representanter til å underskrive møteprotokollen sammen med møteleder |
| 6/2019 | Etablering av nytt revisjonsselskap – sammenslåing av MRR og KOMREV3
Eventuelt |

Sakspapirer ligger vedlagt.

Eide/Kristiansund 11. januar 2019

Egil Strand

representantskapets leder

Veslemøy E. Ellinggard

daglig leder

ETABLERING AV NYTT REVISJONSSKAP

SAMMENSLÅING AV KOMREV3 OG MRR

SAK 6/2019 VEDTAKSSAK

Innstilling til vedtak

- ▶ Saken fremmes for representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS med følgende innstilling til vedtak:

- ▶ Representantskapet slutter seg til konklusjoner og innstilling i vedlagte rapport, og sender denne over til eierkommuner/fellesnemnder med tilråding om å gjøre følgende vedtak:

1. ___ kommune slutter seg til samvirkeforetaket med navn Møre og Romsdal Revisjon SA.
2. ___ kommune godkjenner utkastet til vedtekter.
3. Som representant til årsmøtet i Møre og Romsdal Revisjon SA blir ___ valgt. Følgende vararepresentanter blir valgt i rekkefølge:
 1. ___
 2. ___
 3. ___
 4. ___
4. ___ kommune vedtar at Møre og Romsdal Revisjon IKS blir oppløst, og egenkapital blir tilbakeført eierne i tråd med gjeldende regler.
5. ___ kommune godkjenner at kontorutstyr og liknende i Møre og Romsdal Revisjon IKS blir overført til Møre og Romsdal Revisjon SA. Ansatte i Møre og Romsdal Revisjon IKS får tilbud om stilling i Møre og Romsdal Revisjon SA i tråd kapittel 16 i Lov om arbeidsmiljø.
6. ___ kommune godkjenner at pensjonsforpliktelser på tidligere ansatte i Møre og Romsdal Revisjon IKS blir fordelt på eierkommunene.

Styrebehandling i MRR 30.11.2018

► Styrets behandling: Med utgangspunkt i sammenslåingsrapport og resultat fra forhandlingsutvalget ble saken grundig gjennomgått og drøftet i styret.

► Enstemmig vedtak: Saken fremmes for representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS med følgende innstilling til vedtak:

Representantskapet slutter seg til konklusjoner og innstilling i vedlagte rapport, og sender denne over til eierkommuner/fellesnemnder med tilråding om å gjøre følgende vedtak:

1. ___ kommune slutter seg til samvirkeforetaket med navn Møre og Romsdal Revisjon SA.
 2. ___ kommune godkjenner utkastet til vedtekter.
 3. Som representant til årsmøtet i Møre og Romsdal Revisjon SA blir ___ valgt. Følgende vararepresentanter blir valgt i rekkefølge:
 1. ___
 2. ___
 3. ___
 4. ___
 4. ___ kommune vedtar at Møre og Romsdal Revisjon IKS blir oppløyst, og egenkapital blir tilbakeført eierne i tråd med gjeldende regler.
 5. ___ kommune godkjenner at kontorutstyr og liknende i Møre og Romsdal Revisjon IKS blir overført til Møre og Romsdal Revisjon SA. Ansatte i Møre og Romsdal Revisjon IKS får tilbud om stilling i Møre og Romsdal Revisjon SA i tråd kapittel 16 i Lov om arbeidsmiljø.
- KomRev3 sin innstilling til vedtak inneholder også et nr. 6: ___ kommune godkjenner at pensjonsforpliktelser på tidligere ansatte i Komrev3 blir fordelt på eierkommunene.

KomRev3 sin innstilling nr. 6 blir også tatt med i innstillingen til representantskapet i MRR selv om den var utelatt i styrebehandlingen.

Behandling i KomRev 3 sitt representantskap 14.12.2018

- ▶ Det ble gjort enstemmig vedtak som er i overensstemmelse med innstilling til vedtak i denne saken
- ▶ Før voteringen kom det innspill til en mindre endring i forslag til vedtekter §2 slik at det er større åpning for nye kommuner å slutte seg til samarbeidet og eventuelle nye kontorsteder som følge av dette. Dette er innarbeidet i sammenslåingsrapporten som følger denne saka.

Sammenslåingsrapport

- ▶ Forhandlingsutvalget ønsker sammenslåing av selskapene og står samlet bak den utarbeidede sammenslåingsrapporten
- ▶ Bekrivelsen i fortsettelsen er på nynorsk slik at den er i mest mulig samsvar med beskrivelse til Komrev 3.
- ▶ Vedlagt følger rapport med forslag til løysing frå forhandlingsutvala i Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS. I rapporten blir det gjort greie for kvifor ein meiner at det er naudsynt med danning av nytt og større føretak, og det blir foreslått korleis dette skal gjerast på det ein meiner er best mogleg måte.

Hovudpunkt i løysinga

- ▶ Danning av samvirkeføretaket «Møre og Romsdal Revisjon SA»
 - ▶ Samvirkemodellen blir foreslått då den er vurdert til å i størst grad ivareta dei behov både eigarar og selskap vil for styring og drift av nytt selskap. Eit samvirkeføretak er ein medlemsmodell der det berre er innskotskapitalen kommunen heftar for. I eit IKS derimot heftar eigarane til saman for selskapet sine totale forpliktingar i høve sin eigardel, og eit IKS kan difor ikkje gå konkurs. Bakgrunn for forslag til val av samvirkemodell er drøfta nærare i kapittel 5 i rapporten.

Hovudpunkt i løysinga forts.

- ▶ Det skal minimum være kontor i Kristiansund, Molde og Ålesund, med innbyrdes tilnærma likt tal av tilsette over tid. Det leggjast dermed ikkje opp til endring av kontorstruktur som følge av samanslåinga.
 - ▶ Sikrar at kommunane har kompetanse og bemanning i nærleiken. Det skal vere både forvaltningsrevisorar og rekneskapsrevisorar på alle dei tre kontora.
- ▶ Hovudkontor i Kristiansund
 - ▶ MRR har allereie sitt hovudkontor i Kristiansund, og det er vurdert slik at det fungerer godt slik det er.
- ▶ Fakturering etter medgått tid
 - ▶ MRR gikk over på dette i 2019, og det blir foreslått at dette skal gjelde for det nye føretaket frå dag 1, altså 01.01.2020 ved opprettinga av selskapet. Det inneberer kvartalsvise avrekningar ut frå kva som faktisk er utført for den enkelte kommune/kunde.

Hovudpunkt i løysinga forts.

- ▶ Innskotskapital for våre eigarkommunar blir i all hovudsak dekt av egenkapitalinnskotet i MRR – det blir mao ikkje ekstra utgifter for kommunane til danning av føretaket. Likevel vil kommunane sannsynlegvis måtte forskottere egenkapitalinnskot i det nye selskapet, før dei mottar tilbakebetalinga.
- ▶ Eigarkommunane er i utgangspunktet ansvarlege for pensjonsforpliktingane i Komrev3 IKS. Det blir foreslått at forpliktingane som gjeld tidlegare tilsette i selskapeta blir overført til kommunane ved danning av nytt føretak. Dette vart gjort då Møre og Romsdal Revisjon IKS vart danna, og denne løysinga gjer at det blir lik fordeling av forpliktingar mellom distrikta i eit nytt selskap.

Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR)

9

Informasjon som har gått ut til alle våre eierkommunenes administrasjon og kontrollutvalg i forbindelse med interimrapportering

- ▶ Det nærmer seg 2 år med drift i MRR og den nye organisasjonen er godt etablert og vi ser store fordeler med etableringen av en større revisjonsenhet
- ▶ Sommer og høst 2018 har vi hatt sonderinger med revisjonsenheten på Nordre Sunnmøre (Komrev 3) om mulig sammenslåing for ytterligere å styrke kompetansen, kapasiteten og robustheten i kommunerevisjonen.
- ▶ Sondringene førte til forhandlinger etter vedtak i begge selskapenes representantskap i september.
- ▶ Forhandlingene vært vellykkede og forhandlingsutvalget som har bestått av politikere, styreledere, daglig leder og ansatt representanter fra begge selskapene har kommet til en samstemt tilrådning om sammenslåing fra 1. januar 2020.
- ▶ Tilrådingene fra forhandlingsutvalget skal behandles av styrene i de to selskapene i løpet av november og deretter i representantskapene i desember eller januar 2019.

Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR)

10

Informasjon som har gått ut til alle våre eierkommunenes administrasjon og kontrollutvalg i forbindelse med interimrapportering

- ▶ Prosessen i sammenslåingsdokumentet som er utarbeidet av forhandlingsutvalget legger opp til behandlinger i de enkelte kommunestyre og fellesnemder i løpet av våren 2019.
- ▶ Sammenslåingen medfører ikke nytt valg av revisjonsordning, siden revisjonen fortsetter i «egen regi», men den nye juridiske enheten må velges som revisjonsselskap.
- ▶ Vi kommer tilbake med mer informasjon etter hvert som prosessen går fremover og involvering av kontrollutvalgene.
- ▶ I tillegg: Vi har byttet kontorlokaler i Molde og dere finner oss nå i 3. etasje i Storgata 18 i Molde.

Innstilling til vedtak

- ▶ Saken fremmes for representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS med følgende innstilling til vedtak:

- ▶ Representantskapet slutter seg til konklusjoner og innstilling i vedlagte rapport, og sender denne over til eierkommuner/fellesnemnder med tilråding om å gjøre følgende vedtak:

1. ___ kommune slutter seg til samvirkeforetaket med navn Møre og Romsdal Revisjon SA.
2. ___ kommune godkjenner utkastet til vedtekter.
3. Som representant til årsmøtet i Møre og Romsdal Revisjon SA blir ___ valgt. Følgende vararepresentanter blir valgt i rekkefølge:
 1. ___
 2. ___
 3. ___
 4. ___
4. ___ kommune vedtar at Møre og Romsdal Revisjon IKS blir oppløst, og egenkapital blir tilbakeført eierne i tråd med gjeldende regler.
5. ___ kommune godkjenner at kontorutstyr og liknende i Møre og Romsdal Revisjon IKS blir overført til Møre og Romsdal Revisjon SA. Ansatte i Møre og Romsdal Revisjon IKS får tilbud om stilling i Møre og Romsdal Revisjon SA i tråd kapittel 16 i Lov om arbeidsmiljø.
6. ___ kommune godkjenner at pensjonsforpliktelser på tidligere ansatte i Møre og Romsdal Revisjon IKS blir fordelt på eierkommunene.

“ Vi vil bidra til at innbyggerne i vårt distrikt får et enda bedre fylke å bo i

”

- Møre og Romsdal Revisjon IKS



**«Nye»
Møre og Romsdal Revisjon**

Innhald

1. Innleiing.....	1
2. Oppsummering og tilråding.....	3
3. Om selskapa	5
3.1 Oversyn over oppgåver	5
3.1.1 Rekneskapsrevisjon.....	5
3.1.2 Særattestasjon.....	5
3.1.3 Forvaltningsrevisjon.....	5
3.1.4 Selskapskontroll.....	5
3.1.5 Diverse andre oppgåver	6
3.2 Kunder/eigarar	7
3.2.1 Status	7
3.2.2 Kommunereform	7
3.3 Oversyn over tilsette.....	8
4. Om utvikling av revisjon.....	9
4.1 Revisjonsfagleg og kommunal utvikling.....	9
4.2 Status for andre kommunerevisjonar.....	9
5. Selskapsform	11
5.1 Aksjeselskap	11
5.2 Interkommunalt selskap	12
5.3 Samvirkemodellen	12
5.4 Kommunalt oppgåvefelleskap	13
5.5 Tilråding.....	13
6. Forholdet til dei tilsette.....	15
6.1 Spesielt om arbeidsvilkår.....	15
6.2 Spesielt om pensjon	15
7. Funksjonar, oppgåver mv.	17
7.1 Kontorplassering/oppgåvefordeling.....	17
7.2 Hovudkontor	17
7.3 Eigardel/stemmerett/styrerepresentasjon	17
7.4 Rekneskapsføring/IKT.....	17

8. Prinsipp for kostnadsfordeling.....	18
9. Prosess for etablering av nytt selskap	19
10. Forslag til vedtekter	20
Vedlegg	25
Kjelder	26

1. Innleiing

Det har over tid vore samtaler mellom revisjonsselskapa i Møre og Romsdal om moglege samanslåingar.

I representantskapsmøte for Komrev3 IKS 15.06.18 vart det gjort følgjande vedtak:

- 1. Det blir sett ned følgjande arbeidsgruppe som saman med representantar frå tilsette skal arbeide vidare med strategiplan og utvikling av selskapet med mål om å etablere ei større og meir robust revisjonseining frå og med 01.01.2020:*
 - *Jim-Arve Røssevold, ordførar Sula kommune*
 - *Harry Valderhaug, ordførar Giske kommune*
 - *Dag Olav Tennfjord, ordførar Skodje kommune*
 - *Johs Aspehaug, styreleiar*
 - *Kurt Løvoll, konst. dagleg leiar*
- 2. Arbeidsgruppa får mandat som forhandlingsutval ovanfor aktuelle samtalepartnarar.*
- 3. Det skal sendast invitasjon til forhandlingar både til eigarar i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og til Møre og Romsdal Revisjon IKS jf. deira styrevedtak 01.06.2018:*

«Styret stiller seg bak sonderinger knyttet til mulig sammenslåing og ber styrets leder og daglig leder å fortsette dialogen med KomRev3 og ev. etablere dialog med revisjonsenheten på Søre Sunnmøre.»
- 4. Resultat av forhandlingar med framforhandla forslag til løysing skal leggjast fram i neste representantskapsmøte i november 2018.*
- 5. Dersom det er naudsynt skal det kallast inn til ekstra representantskapsmøte.*

I tråd med vedtaket vart det sendt slike invitasjonar.

Det vart mottatt munnleg tilbakemelding frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS om at det ikkje er aktuelt å gå i forhandlingar no.

Møre og Romsdal Revisjon IKS hadde etter dette representantskapsmøte 07.09.18 der det vart fatta følgjande vedtak:

- 1. Representantskapet ønsker at MRR skal gå i forhandlingar om mulig sammenslåing med KOMREV 3.*
- 2. Representantskapet oppnevner forhandlingsutvalg bestående av:*
 - *3 Ordførere/varaordførere fra eierne i MRR, samt 3 vararepresentanter*

-
- *Styrets leder i MRR*
 - *Daglig leder i MRR*
 - *Ansattrepresentant fra MRR*
3. *Forhandlingsutvalget får forhandlingsfullmakt til å forhandle med forhandlingsutvalget i KOMREV 3.*
 4. *Resultatet fra forhandlingene fremmes i eiermøte i MRR.*

Representanter:

Kjell Neergård med Ingunn Golmen som vara

Gunn Berit Gjerde med Jon Aasen som vara

Torgeir Dahl med Lilly Gunn Nyheim som vara

Det var felles møte i forhandlingsutvalga på Vestnes 02.10.18 der ein gjekk gjennom tidsplan og disposisjon av rapport.

Deretter har ei arbeidsgruppe med styreleiar, dagleg leiar og tilsettrepresentant frå begge selskapa hatt møte og utarbeidd eit forslag til rapport som vart handsama i nytt møte i forhandlingsutvalga 07.11.18 i Kristiansund. I dette møtet vart forslaga diskutert, og det blei utarbeidd denne rapporten og ei tilråding som det var semje om.

2. Oppsummering og tilråding

Kommunal sektor blir stadig meir kompleks og spesialisert på mange område, og samstundes er det ei utvikling av revisjonsfaget som også krev stadig høgare kompetanse.

Det er som følgje av mellom anna dette ei klar og eintydig utvikling mot større og meir robuste einingar innan kommunal revisjon over heile landet. Årsaker til dette er m.a.:

- Sterkare fagmiljø med større moglegheiter for fagleg spesialisering
- Redusert sårbarheit/meir robust i høve vakansar, turnover og sjukdom
- Økonomiske stordriftsfordelar i høve administrasjon
- Større fleksibilitet i høve kommunesamanslåingar
- Attraktivitet som arbeidsgjevar

Komrev3 har 8 tilsette, og MRR har 18 tilsette. Det er vår vurdering at ei samanslåing vil gi grunnlag for å oppnå dei fordelane som er nemnde over.

Moglege selskapsformer har vore diskutert, og den reelle diskusjonen har vore val av IKS vs. Samvirkemodell. Vi rår til val av Samvirkemodellen. Det er fleire årsaker til det.

For det første er kommunestrukturen i endring, og etter vår vurdering er samvirkemodellen best eigna til å handtere slike endringar på ein smidig måte. Både inn- og utmeldingar kan gjerast utan at ny selskapsavtale må handsamast i alle kommunestyra. For det andre blir det avstandar i eit nytt selskap, og samvirkemodellen er betre eigna til å få gjennomført eigarmøter då det er mindre krav til deltaking for å kunne gjere vedtak enn ved eit IKS.

For å sikre politisk styring blir det foreslått at årsmøtet skal vedta følgjande (som det i utgangspunktet skulle ligge til styret å vedta): vedta budsjett, vedta økonomiplan og vedta strategiar.

Det blir foreslått at eit nytt samvirkeføretak skal ha sitt hovudkontor i Kristiansund, og det blir samstundes foreslått at det skal minimum være kontor i Kristiansund, Molde og Ålesund, med innbyrdes tilnærma likt tal av tilsette over tid. Dette for å sikre nærleik til kommunane i heile revisjonsdistriktet.

For dei tilsette er dette å sjå på som verksemdoverdraging, og alle tilsette får tilbod om stilling i det nye føretaket med same løns- og arbeidsvilkår som dei har i dag.

Prinsipp for kostnadsfordeling mellom kommunane skal vere etter såkalla «medgått» tid. Det inneberer at det kvartalsvis skal gjerast opp ut frå dokumenterbart tal på timer som har gått med til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, andre oppdrag eller rådgjeving for dei einskilde kommunane.

Overgang til nytt revisjonsselskap inneber inga endring knytt til revisjonsordning for kommunane. Det vil framleis være revisjon i eigenregi sjølv om den vil bli utført av

eit nytt selskap med ny eigarsamansetning.

Det er ein klar intensjon at samanslåinga ikkje skal føre til nye utgifter til innskott for eigarane. Eigenkapitalen til dei to selskapa skal dekkje behovet for eigenkapital i det nye selskapet. Likevel vil kommunane måtte forskottere eigenkapital innskott i det nye selskapet, før dei motar tilbakebetalinga frå dei eksisteranda selskapa.

I samband med etableringa av Møre og Romsdal Revisjon IKS blei pensjonsforpliktingar til tidligare tilsette og pensjonistar halde utanfor det nye selskapet for å unngå skeivdeling av kostnader mellom tidligare eigarar. Vi tilrår difor tilsvarande løysing ved denne samanslåinga. Den nye eininga vil difor berre ta med seg pensjonsforpliktingar til tilsette. Tidligare forpliktingar dekkes frå dei tidligare eigarane på same måte som om det ikkje hadde blitt ei samanslåing.

Forhandlingsutvalet som har bestått av politikarar, styreleiarar, tilsette og daglig leiing står bak tilrådingane. Vi trur at samanslåinga sikrar ei god revisjonsordning for kommunane framover og vil bidra til å trygge og styrkje tilliten til kommunal sektor.

3. Om selskapa

3.1 Oversyn over oppgåver

3.1.1 Rekneskapsrevisjon

Rekneskapsrevisjon er å kontrollere og stadfeste at rekneskapan ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar, og at den er i samsvar med lover, forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk. Revisjonen blir gjennomført i tråd med god kommunal revisjonsskikk.

Det blir og kontrollert at tal i årsrekneskap stemmer med endeleg budsjett og at det er gjort greie for eventuelle vesentlege avvik i årsmeldinga.

Det skal og vurderast om leiinga har sytt for tilstrekkelig registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar, og at det er etablert ein god økonomisk intern kontroll.

3.1.2 Særattestasjon

Kommunerevisjonen har ansvar for å stadfeste ulike prosjektrekneskap for statlege tilskot, til dømes spelemidlar.

I tillegg er det mange andre attestasjonsoppdrag, til dømes momskompensasjon, ressurskrevjande tenester og pasientrekneskap. Arbeidet med særattestasjonar tek mykje tid.

3.1.3 Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader.

Ein ser mellom anna på om ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til dei mål som er satt på området og om regelverk blir etterlevd.

Målet med forvaltningsrevisjonen er å etterprøve måten offentlege tiltak er sett i verk, og å sjå på kva slags verknader tiltaka har hatt.

Forvaltningsrevisjon skal bidra til ei betre og meir effektiv forvaltning.

3.1.4 Selskapskontroll

Selskapskontroll er ein gjennomgang av forvaltninga av eigarinteressene i selskap som er organisert som AS, interkommunale selskap (IKS) eller liknande.

Målet er å vurdere om dei som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet, gjer dette i samsvar med kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader (eigarskapskontroll).

Selskapskontrollen kan i tillegg til den obligatoriske eigarskapskontrollen, utvidast med ein meir omfattande forvaltningsrevisjon.

3.1.5 Diverse andre oppgåver

Rådgeving

Kommunerevisjonen arbeider nært med kommunane, og dette skaper arenaer og gode høve til å vere ein samtalepartner innan ulike utfordringar og problemstillingar.

Selskapa har brei erfaring og fleirfagleg kompetanse innan kommunal forvaltning, og er medlem i nettverk med spesialkompetanse innanfor offentleg forvaltning.

Internkontroll

God styring og kontroll er avgjerande for tilliten til kommunal sektor. Revisor har høg kompetanse om internkontroll og har fokus på dette i både regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. I tillegg tilbyr selskapa attestasjonar eller andre gjennomgangar av organisering og internkontroll på ulike områder i kommunane og fylkeskommunen som et ledd i risikovurderingshandlingar eller anna kartlegging.

Finansforvaltning

Det er krav om å utarbeide eit finansreglement med administrative rutinar for finansforvaltninga, minst ein gong i kommunestyret sin valperiode.

Dette reglementet og rutinane skal kvalitetssikrast av ein uavhengig instans før det blir vedteke av kommunestyret. Kommunerevisjonen har vore uavhengig instans for kommunane i revisjonsdistriktet.

Misligheter

Kommunerevisjonen skal bidra til å førebyggje og avdekke misligheter og feil.

Vi skal sende ei førebels innberetning til kontrollutvalet dersom vi avdekkjer misligheter. Når saksforholdet er nærare klarlagt, skal vi sende ei endeleg innberetning med kopi til rådmannen.

Kurs og seminar

Revisjonsselskapa tilbyr årlige kurs til tilsette i økonomifunksjonen til kommunane, men også andre kurs og seminar til dømes innanfor offentlege anskaffingar eller andre særregelverk.

3.2 Kundar/eigarar

3.2.1 Status

Komrev3 IKS har 12 kommunar som eigarar:

- Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Sula, Stordal, Sykkylven, Stranda, Ørskog og Ålesund

Dette er dei store kundane inkl. kommunale føretak i desse kommunane. I tillegg blir ÅRIM IKS, ein del kyrkjelege fellestråd og nokre stiftingar og liknande revidert.

Møre og Romsdal Revisjon IKS har 17 kommunar og 1 fylkeskommune som eigarar:

- Aukra, Aure, Averøy, Eide, Fræna, Gjemnes, Halså, Kristiansund, Molde, Møre og Romsdal Fylke, Nesset, Rauma, Rindal, Smøla, Sunndal, Surnadal, Tingvoll og Vestnes.

I tillegg reviderer Møre og Romsdal IKS kommunale føretak, interkommunale selskap, kyrkjelege fellestråd, sokn og stiftingar heimehøyrande i desse kommunane.

3.2.2 Kommunereform

Det er vedteke følgjande kommunestruktur blant eigarane til Komrev 3 frå 01.01.2020:

- Nye Ålesund kommune (Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund)
- Fjord kommune (Stordal og Norddal)
- Giske kommune
- Sula kommune
- Sykkylven kommune
- Stranda kommune

(Midsund slår seg saman med Molde kommune)

Det vedteken følgjande kommunestruktur blant eigarane til Møre og Romsdal Revisjon frå 01.01.2020:

- Nye Molde kommune (Midsund, Nesset og Molde)
- Hustadvika kommune (Eide og Fræna)
- Rindal kommune (del av Trøndelag fylke frå 01.01.2019)
- Aukra kommune
- Aure kommune
- Averøy kommune
- Gjemnes kommune
- Heim kommune (Hemne, Halså og deler av Snillfjord kommune)
- Kristiansund kommune
- Møre og Romsdal Fylkeskommune

-
- Rauma kommune
 - Smøla kommune
 - Sunndal kommune
 - Surnadal kommune
 - Tingvoll kommune
 - Vestnes kommune

Det vil og bli samanslåingar av kyrkjelege fellestråd som skal følgje nye kommunegrenser.

3.3 Oversyn over tilsette

Komrev3 IKS har for tida 8 tilsette (7,8 årsverk). 1 konstituert dagleg leiar (forvaltningsrevisor), 2 oppdragsansvarlege rekneskapsrevisorar, 4 rekneskapsrevisorar og 1 oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor. Dei 2 oppdragsansvarlege rekneskapsrevisorane legg opp til å gå av med pensjon i løpet av 2020.

Møre og Romsdal Revisjon IKS har for tida 18 tilsette. 1 dagleg leiar (oppdragsansvarleg revisor), 3 oppdragsansvarlege rekneskapsrevisorar, 8 rekneskapsrevisorar, 2 oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorar og 4 forvaltningsrevisorar der 1 er tilsett i eit vikariat.

4. Om utvikling av revisjon

4.1 Revisjonsfagleg og kommunal utvikling

Kommunane har blitt meir og meir komplekse og spesialiserte. Det er viktig at kommunerevisjonen sikrar seg kompetanse på den utviklinga som både skjer i kommunane og innan revisjonsfaget.

Innan revisjonsfaget er det og no ei rivande utvikling innan digitalisering der det er viktig å kunne bruke nye verktøy på ein effektiv måte, noko som igjen kan frigjere ressursar. Det er grunn til å tru at dette vil ha store konsekvensar for finansiell revisjon, men det vil og kunne gi nye moglegheiter innanfor forvaltningsrevisjon. Det er vidare grunn til å tru at jobben som revisor kan få mindre vekt på rutinearbeid og meir vekt på å levere analyser og innsikt.

Det er ei klar utvikling mot større einingar innan kommunal revisjon (sjå neste avsnitt). Det blir nemnt fleire årsaker til dette:

- Sterkare fagmiljø med større moglegheiter for fagleg spesialisering
- Redusert sårbarheit/meir robust i høve vakansar, turnover og sjukdom
- Økonomiske stordriftsfordelar i høve administrasjon
- Større fleksibilitet i høve kommunesamanslåingar
- Attraktivitet som arbeidsgjevar

Revisor sin kompetanse og kor robust revisjonsselskapet er, blir gjerne sett på ved vurdering av uavhengigheit. Oppdragsansvar for rekneskapsrevisjon for ei kommune bør mellom anna med jamne mellomrom rullerast. Det er lettare å få til i eit større selskap.

Undersøkingar i andre revisjonsdistrikt har vist at det var ei forventing til at erfaringsdeling og kunnskapsoverføring mellom kommunane ville auke ved ein større revisjon, noko som også er naturleg når revisjonen har fleire kommunar å hente informasjon frå.

Medarbeidarar i revisjonen vil som nemnt også i større grad kunne spesialisere seg på ulike område, og opparbeide ekspertise på fleire områder enn i dag. Dette vil komme kommunane til nytte. Det er grunn til å tru at det også er forventingar til auka effektivitet/reduksjon i kostnader, større grad av kunnskapsutveksling mellom kommunane og økt fokus på å førebyggje feil.

4.2 Status for andre kommunerevisjonar

I nabofylket Sogn og Fjordane er alle dei 3 kommunerevisjonane i ferd med å slå seg saman til ei eining. Dei ser ut til å velje å organisere seg i såkalla kommunalt oppgåvefelleskap. Dette er ein ny modell som følger av ny kommunelov og skal erstatte dei tidlegare § 27-samarbeida. 2 av dei 3 einingane i Sogn og Fjordane er slike samarbeid no, og det er nok hovudårsak til val av modell slik vi forstår det.

I det andre nabofylket Trøndelag er det allereie gjennomført samanslåing der fylkeskommune og nesten alle kommunane er med (ikkje Trondheim som har eigen kommunerevisjon). Dei har valt ein Samvirke-modell, og nytt selskap heiter Revisjon Midt-Norge SA. Nokre av kommunane i Nordland er og med her.

Fosen Revisjon IKS med 6 kommunar stod i utgangspunktet utanfor, men er no i ferd med å gå inn i Revisjon Midt-Norge SA slik vi forstår det.

I samband med regionreforma er det og mykje som skjer. Innlandet Revisjon IKS med ei rekkje kommunar og Oppland fylkeskommune som eigarar/kundar, og Hedmark Revisjon IKS er nå i samtaler om samanslåing av selskapa.

Også i nye Viken vil det vere utvikling. Buskerud kommunerevisjon IKS er revisor for Buskerud fylkeskommune og kommunane i Buskerud, medan Akershus og Østfold har felles fylkesrevisjon. Det er vidare mellom anna samtaler mellom kommunerevisjonar i Follo og Østfold.

KomRev Nord er allereie eit stort selskap med 37 eigarkommunar i Troms, Nordland og Finnmark i tillegg til Troms fylkeskommune.

Det er fleire endringar på gang, og biletet er heilt eintydig på at det går mot større einingar. Fleire selskap som allereie har slått seg saman, går no mot vidare samanslåingar.

5. Selskapsform

I NOU om ny kommunelov gjekk det fram at kommunale revisjonar i all hovudsak er organisert som Interkommunale selskap (28 stk), men det er og nokre få som er/har vore organisert som samarbeid etter kommunelova §27.

Etter dette har Trøndelag organisert seg etter den såkalla samvirkemodellen i Revisjon Midt-Norge SA.

Som tidlegare nemnt opnar ny kommunelov for ei ny organisasjonsform, såkalla oppgåvefellesskap.

Det kan i utgangspunktet vere aktuelt å vurdere 4 ulike selskapsformer: IKS, AS, Samvirkemodellen og kommunalt oppgåvefellesskap (ny modell).

5.1 Aksjeselskap

Vert regulert av lov om aksjeselskap og lov om allmennaksjeselskap. Eigarskapet er i form av aksjar. I utgangspunktet kan alle vere medeigarar dersom ikkje anna er bestemt i vedtektene.

Eigarane har ikkje ansvar for selskapet sin forpliktingar. I utgangspunktet er eigarane berre ansvarleg for, og kan tape, aksjekapitalen. Aksjeselskap kan gå konkurs.

Generalforsamlinga kan fatte vedtak med alminneleg fleirtal av dei frammøtte stemmene. Lova gir ingen nedre grense på kor stor del av aksjane som må vere representert for at organet skal vere vedtaksfør føresett at innkalling er lovleg eller godkjent. Aksjonærar kan gje fullmakter til å møte og stemme for seg.

Det er styret som vedtar budsjett.

Med tilpassingar i vedtektene er det grunn til å tru at aksjeselskap kan oppfylle krav om eigenregi¹:

- Oppdragsgjevar må ha kontroll over selskapet som svarar til den kontrollen ein har over eiga verksemd
- Selskapet må utføre meir enn 80% av sin aktivitet for oppdragsgjevar eller andre retts-subjekt som oppdragsgjevar kontrollerer
- Det kan ikkje vere privat deltaking i selskapet

Selskapsforma blir gjerne vurdert å vere tenleg dersom ein ønsker å ha ulike grupper av eigarar eller legge til rette for at fleire, både fysiske og juridiske personar, kan vere eigarar.

¹ Unntak for utvida eigenregi jf. praksis i EU. Frå og med 01.01.2017 også i forskrift om offentlige anskaffelser §§ 3-1 og 3-2.

Aksjeselskap er en selskapsform som er lovregulert i høve til at selskapet driv verksemda si i ein marknad. Innretninga av selskapsforma byggjer på den risiko som slik konkurranseeksponert verksemd inneberer.

Det er ikkje nokon annan kommunerevisjon som er danna som aksjeselskap.

5.2 Interkommunalt selskap

IKS er regulert i Lov om interkommunale selskap. Eigarane blir omtala som deltakarar. Det er berre kommunar, fylkeskommunar eller andre IKS som kan vere deltakarar i eit IKS. Dersom eit nytt medlem skal inn eit IKS må det vere eit positivt og likt vedtak om dette i kommunestyra til alle eigarkommunane.

Dersom ein skal tre ut av selskapet, skjer det normalt med eitt års skriftleg varsel, med mindre anna er avtalt i selskapsavtalen. Dette medfører og ny handsaming i alle kommunestyra.

Det er ikkje krav om å skyte inn eigenkapital i eit IKS.

Representantskapet kan fatte vedtak når minimum halvparten av medlemmane er til stades, og desse representerer minst 2/3 av stemmene. Ein kan ikkje gje fullmakter til andre som møter for seg, og det er difor vanleg med personlege vararepresentantar til IKS.

Den enkelte deltakar har økonomisk ansvar i samsvar med prosent- eller brøkdel av eigarskap. Interkommunale selskap kan ikkje gå konkurs.

IKS er i sin form tilpassa offentleg sektor med reglar for å ivareta omsyn til tett, offentleg eigarstyring. Det er deltakarane som i representantskapet vedtar budsjett, og endringar i selskapsavtale må som nemnt handsamast i alle kommunestyre.

Dei fleste kommunerevisjonar er i dag organisert som IKS, og det ser ut til at fusjonar som blir gjennomført i all hovudsak endar i nye IKS.

5.3 Samvirkemodellen

Samvirkeføretak blir oppretta etter Lov om samvirkeforetak (samvirkelova). Eigarane blir omtala som medlemmer, og føretaksforma er kjenneteikna ved at medlemskap er fleksibelt.

I eit slik føretak skjer innmelding ved ein søknad til og handsaming av styret. Utmelding er skriftleg. Revisjon Midt-Norge SA er einaste kjente revisjonsselskap som no er danna etter denne modellen. KS var med og kvalitetssikra danninga av dette føretaket. Revisjon Midt-Norge SA har ein utmeldingsfrist på 12 månader.

Det er med andre ord slik at medlemmar kan melde seg inn og ut utan at det må handsamast ny selskapsavtale i alle kommunestyra. Dette er ei aktuell problemstilling med kommunereform og ein kommunestruktur som sannsynlegvis

fortsett vil vere i endring framover, og dette er med andre ord ein modell som ser ut til å gi ein høgare grad av fleksibilitet på eigarsida.

Reglane om handsaming i eigarorgan er tilsvarende som for AS med mindre krav til deltaking på møter i eigarorgan enn IKS-modellen for å kunne gjere vedtak. I Trøndelag vart dette lagt vekt på ved val av modell då selskapet er eigd av mange kommunar med store geografiske avstandar som medlemar, og at det kunne vere vanskeleg å samle tilstrekkeleg i til dømes representantskapsmøter.

Jf. § 54 i samvirkelova krev ei vedtektsendring i eit samvirkeføretak i utgangspunktet to tredjedelar av dei røystene som er gitt. Eit medlem har som utgangspunkt høve til å gje fullmakt til ein annan til å møte og stemme på sine vegne i årsmøtet, dersom ikkje anna er fastsett i vedtektene (jf. § 36).

Medlemene i eit samvirkeføretak pliktar eventuelt til å betale inn innskotsbeløp i føretaket, og vil som i AS vere ansvarlege for dette beløpet. Føretaket kan gå konkurs.

5.4 Kommunalt oppgåvefellesskap

I ny kommunelov går det fram at eit kommunalt oppgåvefellesskap skal organiserast med eit representantskap der alle deltakarane i oppgåvefellesskapet skal vere representert.

Dette er ein organisasjonsmodell ein ser for seg skal erstatte dei såkalla § 27-samarbeida i kommunane.

Samarbeidsforma er etter vår vurdering i hovudsak mest aktuelt på mindre samarbeid der kommunane ser på dei andre organisasjonsformene for interkommunalt samarbeid som å vere mindre hensiktsmessige. I kommentarane til § 19-1 står det eksempel på aktuelle oppgåver kan vere kontrollutvalssekretariat, kommuneadvokat og liknande, men at det og kan vere større og meir omfattande samarbeid.

Deltakarkommunane må ved etablering av kommunalt oppgåvefellesskap ta stilling til om samarbeidet er eit eige rettssubjekt, og deltakarane heftar uavgrensa for sin del av fellesskapet sine samla forpliktingar. Ved oppretting av fellesskapet skal bli inngått samarbeidsavtale som minst regulerer forhold som går fram av § 19-4 fjerde ledd.

Ved eventuelt val av denne modellen vil det etter vår vurdering berre vere aktuelt med organisering som eige rettssubjekt for å sikre sjølvstende og uavhengigheit.

5.5 Tilråding

Etter vår vurdering står det reelle valet mellom danning av IKS og Samvirkeføretak. Dess høgare tal på kommunar og stort geografisk område, dess meir aktuelt kan det

vere med eit samvirkeføretak då det er lettare å samle og gjennomføre møter i eigarorgan i eit samvirkeføretak enn i eit IKS.

Ved eit samvirkeføretak er det og enklare for kommunar å melde seg inn og ut utan at ny selskapsavtale må opp til ny handsaming i alle kommunestyre slik det må i eit IKS, og som nemnt er dette noko som er særleg aktuelt no i ein situasjon der kommunestrukturen kan vere i endring. Dette gir ein høgare grad av fleksibilitet på eigarsida.

Vi vurderer det difor slik at modellen med samvirkeføretak slik den er valt i Midt-Norge kan passe godt i vårt fylke, og rår til ein slik modell. Forslaget til vedtekter som ligg ved er i stor grad bygd på vedtektene som er vedtekne for Revisjon Midt-Norge SA.

I vedtektene er det lagt inn forslag om at årsmøtet skal ha 3 oppgåver som etter lova skulle liggje til styret:

- Vedta budsjett for komande år etter forslag frå styret
- Vedta økonomiplan for dei 4 neste åra etter forslag frå styret
- Vedta overordna mål og retningsliner for drifta

I tillegg blir det presisert at det er årsmøtet som skal velje valkomité. Årsak til desse endringane er at dette styrkar kommunane sin kontroll med selskapet, og kontrollaspektet er viktig også i høve til at dette skal vere kjøp at tenester i eigenregi.

Det blir og sett grense på 20% på sal av tenester til andre (føretaket kan uansett ikkje utføre revisjon for aksjeselskap etter dagens reglar). Denne grensa er og viktig i høve krav knytt til at dette skal vere eigenregi (jf. Forskrift om off.anskaffelser).

Det blir foreslått innskot i det nye selskapet på om lag same nivå som innskota som i dag er i MRR. Eigenkapitalen i dei to selskapa vil bli tilbakeført til eigarane i tråd med gjeldande reglar, og dette vil vere tilstrekkeleg til å dekkje dei innskota som er foreslått for det nye føretaket.

6. Forholdet til dei tilsette

Ved ei eventuell etablering av nytt føretak blir det lagt til grunn at kapittel 16 i Lov om arbeidsmiljø vert gjeldande. Dette gir alle tilsette tilbod om stilling i den nye eininga med same løns- og arbeidsvilkår som dei har i dag. Eventuelle naudsynte harmoniseringar av til dømes lønsvilkår må skje gjennom prosessar mellom arbeidstakarar og arbeidsgjevar i nytt selskap. Eksisterande pensjonsordningar blir vidareført.

Etableringa av nytt føretak vil så langt forhandlingsutvala kan sjå, ikkje påverke forholdet til dei tilsette på negativ måte.

Det nye selskapet vert å melde inn i arbeidsgjevarorganisasjonen KS Bedrift (begge selskapa er medlemmar i dag).

Utkast til uttale som er motteke frå arbeidstakarorganisasjonane ligg ved.

6.1 Spesielt om arbeidsvilkår

Dersom det er arbeidsvilkår som lett let seg harmonisere på førehand, bør dette så langt som mulig gjerast i løpet av 2019. Dette kan til dømes vere permisjonsreglement, gåvereglement, arbeidstidsregistrering med vidare.

6.2 Spesielt om pensjon

Ved stiftinga av MRR vart forpliktingane i KLP for tidlegare tilsette overført til kommunane og fylkeskommunen. Det betyr at det for dette selskapet er berre ein person som har slutta etter dette, som det er knytt forpliktingar til.

I Komrev3 ligg derimot desse forpliktingane for tidlegare tilsette i selskapet.

Det er difor eigentleg 2 alternativ. Anten blir forpliktingane for Komrev3 fordelt på eigarkommunane i Komrev3 sitt distrikt etter ein brøk på kor mykje som blir betalt for revisjon, og slik at dette blir ein del av rekningane frå KLP til kommunane. På den måten vil ikkje forpliktingane for tidlegare tilsette gå inn i nytt selskap.

Det andre alternativet er at pensjonsforpliktingane som vart overført til kommunane i MRR sitt distrikt blir tilbakeført, og at alle forpliktingane blir med inn i eit nytt selskap. (Ved stiftinga av Revisjon Midt-Norge SA vart alle forpliktingane med inn i nytt selskap).

Det er mogleg at ei løysing med å ta med forpliktingane inn i nytt selskap kan gjere det noko enklare/meir rettferdig dersom andre kommunar i etterkant vel å gå inn i selskapet/føretaket. Dersom alle har med sine forpliktingar vil det kunne slå ut nokolunde likt totalt sett.

På den andre sida vil det kunne argumenterast for at det er enklare for føretaket å vere samanliknbar ved eventuell konkurranse dersom ein ikkje tek med dei

forpliktingane som ligg i selskapa ved danning av nytt selskap.

Dersom det blir valt ein samvirkeføretaksmodell, er det slik at eit slikt føretak kan gå konkurs. I høve til pensjon er det uansett slik at rettar knytt til framtidige pensjonar og G-reguleringar er sikra i den såkalla Sikringsordninga dersom ein slik situasjon skulle oppstå.

I dialog med KLP går det fram at alternativet med å fordela forpliktingane på eigarkommunane ser ut til å vere ei praktisk, enkel løysing som dei kan gjere. Dette er uansett forpliktingar som kommunane har, så hovudpoenget vil her vere å finne den løysinga som er enklast og mest økonomisk gunstig for våre eigarar.

Vår vurdering er at det er mest ryddig å følgje opplegget som vart gjort ved danninga av MRR slik at forpliktingane blir fordelt på kommunane. For MRR vil ikkje dette utgjere særleg då det vart gjort sist ved danninga av selskapet. For Komrev3 er forpliktinga på tidlegare tilsette og pensjonistar høgare, men dette vil ikkje utgjere store summar årleg for kommunane.

7. Funksjonar, oppgåver mv.

Organiseringa av det nye selskapet vil vere styret sitt ansvar. Styret må utarbeide ein strategiplan for framtida basert på intensjonane i denne rapporten og vedtektene for føretaket. Strategiplanen skal etter vedtektene handsamast i årsmøtet.

7.1 Kontorplassering/oppgåvefordeling

Det er ein klar intensjon at selskapet skal vere lokalt forankra og minimum ha kontor i Kristiansund, Molde og Ålesund som skal ha tilnærma lik storleik på bemanninga over tid, slik at ein sikrar nærleik til kundar/eigarar, og med kontor som har ein akseptabel storleik mtp. kompetanse. Dette blir og foreslått lagt inn i vedtektene.

Det er vidare ein føresetnad at det skal vere forvaltningsrevisorar og rekneskapsrevisorar ved alle dei tre kontora. Omfang av dette tek ein ikkje stilling til her, men det er etter kvart ikkje unaturleg å forvente at talet på forvaltningsrevisorar skal aukast i høve talet til rekneskapsrevisorar. Dette er noko som vil vere naturleg å kome attende til ved utarbeiding av strategiplan for føretaket.

7.2 Hovudkontor

Hovudkontoret for MRR er i dag i Kristiansund, medan hovudkontoret for Komrev3 er i Ålesund. MRR har i tillegg kontor i Molde og eit lite kontor i Surnadal. Per i dag er kontora i dei tre byane jamstore.

Det blir her lagt inn forslag om at hovudkontor for det nye selskapet blir lagt til Kristiansund.

7.3 Eigardel/stemmerett/styrerepresentasjon

Det blir foreslått styre med 4 eigarrepresentantar og 1 tilsettrepresentant.

Det skal innarbeidast ei geografisk rullering av eigarmøte/styremøter slik at dette går på omgang mellom Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre.

7.4 Rekneskapsføring/IKT

Kristiansund kommune fører rekneskap for MRR, medan Ålesund kommune fører rekneskap for Komrev3.

Ein legg opp til at val av leverandør av denne type tenester skal gjerast etter forretningsmessige vurderingar.

8. Prinsipp for kostnadsfordeling

Ein kan sjå for seg fleire alternativ for fordeling av utgiftene til revisjon mellom kommunane:

- Fast grunnbeløp i tillegg til fordeling etter innbyggjartal
- Utgiftsfordeling etter innbyggjartal
- Utgiftsfordeling etter brukt («medgått») tid
- Kombinasjonar av dei tre modellane over

Dersom berre innbyggjartal blir lagt til grunn vil det kunne gi ein for høg utgift for kommunar med mange innbyggjarar. Storleiken på ei kommune vil likevel bety ein del for spesielt rekneskapsrevisjon. I kva grad ein har god internkontroll vil bety noko for revisjonen sin ressursbruk, og kva tingingar som kjem frå kontrollutval og kommunestyre vil og bety ein del.

Komrev3 får sitt budsjett bestemt av representantskapet, og der fordeling mellom eigarkommunane går fram. Det har ikkje vore praksis for å fakturere ekstra til kommunar der ein har brukt meir tid, noko som har variert frå år til år.

Ein meir vanleg modell no er fakturering etter såkalla «medgått» tid. Dette blir gjennomført fullt ut i Møre og Romsdal Revisjon IKS frå 01.01.2019.

Det inneberer at ein del oppgåver framleis vil vere like mellom kommunane, og det vil i praksis bli fakturert likt på det. Så vil det vere ein del faktorar som i tillegg gjer at revisjonshonoraret vil variere mellom kommunar:

- Kompleksitet og omfang i rekneskapa
- Kvalitet i rekneskapsføringa
- Kvalitet på internkontrollen
- Etterspurnad etter forvaltningsrevisjonar og granskingar
- Etterspurnad etter andre tenester som ikkje er i strid med uavhengigheita

Det blir derfor foreslått at kostnadsfordelinga i nytt føretak skal vere etter prinsippet om «medgått tid».

Reisetid bør etter vår vurdering ikkje vere ein del av «medgått» tid då dette vil gi kommunar som ikkje har revisjonskontor liggande i si kommune større utgifter enn kommunar med revisjonskontor. Eit slikt prinsipp om å fordele desse kostnadane er også gjeldande i MRR i dag, og etter overgangen 01.01.2019.

9. Prosess for etablering av nytt selskap

Det blir lagt no lagt opp til styrehandsaming av tilrådingane i denne rapporten, og at styra gir ei innstilling til sine representantskap.

Framlegget vil kunne vere:

1. ___ kommune sluttar seg til samvirkeføretaket med namn Møre og Romsdal Revisjon SA.
2. ___ kommune godkjenner utkastet til vedtekter.
3. Som representant til årsmøtet i Møre og Romsdal Revisjon SA blir ___ valt. Følgjande vararepresentantar blir valde i rekkefølge:
 1. ___
 2. ___
 3. ___
 4. ___
4. ___ kommune vedtek at Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS (eller Møre og Romsdal Revisjon IKS) blir oppløyst, og eigenkapital blir tilbakeført eigarane i tråd med gjeldande reglar.
5. ___ kommune godkjenner at kontorutstyr og liknande i Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS (eller Møre og Romsdal Revisjon IKS) blir overført til Møre og Romsdal Revisjon SA. Tilsette i Komrev3 IKS (eller Møre og Romsdal Revisjon IKS) får tilbod om stilling i Møre og Romsdal Revisjon SA i tråd kapittel 16 i Lov om arbeidsmiljø.
6. ___ kommune godkjenner at pensjonsforpliktingar på tidlegare tilsette i Komrev3 IKS (eller Møre og Romsdal Revisjon IKS) vert fordelt på eigarkommunane.

Deretter må innstilling frå representantskap bli sendt til kommunane og fellesnemndene. Det blir då eigne saker i kommunar/fellesnemnder om etablering av nytt føretak.

Deretter blir det gjennomført stiftingsmøte, og det blir oppnemnt avviklingsstyrer for dei selskapa som skal løysast opp.

Styret i det nye føretaket vil så tilsetje ny dagleg leiar.

Det nye føretaket som no er etablert må deretter veljast som revisor i kommunestyre/fellesnemnder etter innstilling frå kontrollutvala.

Målsetjing er at nytt føretak skal vere i aktivitet 01.01.2020.

10. Forslag til vedtekter

§ 1 Sammenslutningsform og foretaksnavn

Sammenslutningen er et samvirkeforetak med foretaksnavn Møre og Romsdal Revisjon SA.

Medlemmene hefter ikke overfor kreditorene for foretakets forpliktelser.

§ 2 Forretningssted

Forretningskontoret er i Kristiansund kommune. Det skal minimum være kontor i Kristiansund, Molde og Ålesund, med innbyrdes tilnærma likt antall ansatte over tid.

§ 3 Virksomhet

Foretaket skal drive revisjon av de kommuner og fylkeskommuner som har medlemskap i foretaket, i tråd med den til enhver tid gjeldende kommunelov. Foretaket skal fremme medlemmenes økonomiske interesser gjennom deres deltakelse i virksomheten. Foretaket forplikter seg til å dekke medlemmenes behov for revisjonstjenester, og medlemmene forplikter seg til å kjøpe hoveddelen av sine revisjonstjenester fra samvirkeforetaket.

Foretaket kan selge tjenester til andre rettssubjekter som eies helt eller delvis av et eller flere av medlemmene, eller til andre, så lenge den totale andelen av denne omsetningen ikke overstiger 20 % av foretakets totale omsetning.

Foretaket kan inngå på eiersiden i andre foretak eller selskap der dette er hensiktsmessig for oppfyllelsen av foretakets hovedformål.

Medlemskap er ikke åpent for andre enn kommuner og fylkeskommuner beliggende i Møre og Romsdal og nærliggende områder.

Foretaket skal være medlem i KS Bedrift. Foretakets ansatte skal ha offentlig tjenestepensjon i KLP.

Medlemmenes kontrollutvalg og valgte revisor har rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, fra selskapets daglige leder, styre og foretakets valgte revisor.

§ 4 Andelsinnskudd

Hvert medlem skal betale andelsinnskudd etter følgende fordeling, basert på innbyggertall:

Folketall	Innskudd
Under 3000	63.000
3000-4999	84.000
5000-9999	105.000
10000-19999	180.000
20000-39999	336.000
Over 40000	500.000
Fylkeskommune	700.000

Årsoverskudd skal ikke benyttes til å bygge opp kapitalkonti for enkeltmedlemmer. Utover dette gjelder bestemmelsene i vedtektenes punkt 5 om anvendelse av årsoverskudd.

Medlemmene skal ikke betale medlemskontingent.

§ 5 Anvendelse av årsoverskudd

Overskudd skal som hovedregel forbli i virksomheten og komme medlemmene til gode gjennom gode og effektive revisjonstjenester.

Beslutning om anvendelse av årsoverskuddet treffes av årsmøtet etter forslag fra styret. Det kan ikke besluttes anvendt et høyere beløp enn det styret foreslår eller godtar, men årsmøtet kan selv bestemme anvendelsen innenfor følgende rammer:

1. Godskriving av foretakets egenkapital
2. Etterbetaling til medlemmene basert på omsetning, jf. samvirkeoven § 27

§ 6 Årsmøtet

Årsmøtet velger fast møteleder med vara på det første møtet etter kommunevalg.

På det ordinære årsmøtet skal følgende saker behandles og avgjøres:

1. Godkjenning av årsregnskapet og årsberetningen, herunder disponering av årsoverskudd.
2. Budsjett for kommende år etter forslag fra styret.
3. Økonomiplan for de fire neste budsjettår etter forslag fra styret.
4. Overordnede mål og retningslinjer for driften.
5. Valg til valgkomite og styre etter vedtektenes § 8
6. Valg av revisor
7. Andre saker som etter loven eller vedtektene hører under årsmøtet.

§ 7 Stemmerett på årsmøtet

Medlemmenes stemmerett på årsmøtet er basert på fjorårets omsetning med foretaket etter denne modellen:

Fjorårets omsetning	Antall stemmer
Under 0.5 mill. kroner	1
0,5 – 1 mill. kroner	2
1 – 2 mill. kroner	4
2 – 3 mill. kroner	6
3- 5 mill. kroner	8
Mer enn 5 mill. kroner	12

§ 8 Styre, valgkomite og daglig leder

Foretaket skal ha et styre med 4 medlemmer med numeriske varamedlemmer som velges av årsmøtet, og 1 medlem med varamedlem som velges av og blant de ansatte. Styreleder og nestleder velges av årsmøtet.

Styret skal sammensettes ut fra selskapets behov for kompetanse, kapasitet og uavhengighet. Av styremedlemmene som velges av årsmøtet, skal det være to av hvert kjønn. Styresammensetningen skal så langt som mulig gjenspeile medlemskommunenes geografi.

Foretaket skal ha en valgkomite, med 3 medlemmer. Disse 3 medlemmene skal velges slik at de representerer hvert sitt distrikt – Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre. Valgkomiteen avgir en begrunnet innstilling til valg av medlemmer til styret. Årsmøtet skal fastsette retningslinjer for komiteens arbeid. Valgkomiteen innstiller også på valg av møteleder med vara til årsmøtet, jf. § 6.

Årsmøtet skal fastsette en styreinstruks. Styret har myndighet til å inngå tjenesteavtaler med det enkelte medlem som tjenestemottaker. Slik myndighet kan delegeres til daglig leder. Dersom denne myndigheten delegeres, skal styret fastsette prinsipper for avtalenes innhold som sikrer behandling av medlemmene i tråd med samvirkelovens likhetsprinsipp, dog slik at forskjellsbehandling er tillatt dersom dette er saklig begrunnet i tråd med samvirkeloven.

Foretaket skal ha en daglig leder som tilsettes av styret.

§ 9 Uttreden

Uttreden kan foretas med ett års varsel. Utmelding skal skje skriftlig.
Ved utmelding har medlemmet krav på å få tilbakebetalt sitt andelsinnskudd.
Innskuddet utbetales på uttredelsestidspunktet. Medlemmene har ikke krav på å få utbetalt renter på andelsinnskudd.
Ved uttreden skal det foretas en beregning av pensjonsforpliktelsen ved opphør (engangspremie) per dato. Medlemmer som trer ut av selskapet må innbetale sin andel av foretakets engangspremie.

§ 10 Fordeling av nettoformuen ved oppløsning av foretaket

Foretakets medlemmer har rett til å få utbetalt sine andelsinnskudd dersom det er midler i foretaket etter at det har dekket sine forpliktelser. Medlemmene har ikke krav på å få utbetalt renter på andelsinnskudd.
Gjenværende midler utover dette skal tilfalle dem som er medlemmer på oppløsningstidspunktet. Fordelingen av midlene skal skje på grunnlag av deres omsetning med foretaket de siste tre årene.



Vedlegg

**Forhandlingsutvalget for sammenslåing av
Møre og Romsdal revisjon IKS og
Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS**

Tillitsvalgte sine kommentarer til sammenslåingen

De ansatte ved Møre og Romsdal Revisjon IKS og Kommunerevisjonsdistrikt nr.3 i Møre og Romsdal IKS stiller oss positive til prosessen med sammenslåing av våre to revisjonsselskaper.

Vi er fornøyd med at det er to tillitsvalgte med i forhandlingsutvalget, og forventer at de ansattes medvirkning, drøftinger og informasjon følger arbeidsmiljøloven og tariffen.

Som tillitsvalgte så er vi glade for at en starter prosessen med å samordne ulike reglement, arbeidstid, hovedkontor og kontorplasseringer såpass tidlig. Det er også positivt at ansattes lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår videreføres.

Når det gjelder styresammensetning, så ser vi det som naturlig at ved et styre på 5 personer at ansatte velger et styremedlem blant de ansatte, med personlig vara.

Vi ser frem mot oppstart av det nye selskapet.

Molde/Ålesund 01.11.2018
Vennlig hilsen

Ronny Rishaug
Ansattrepresentant MRR IKS

Ann-Kristin Melseth
Ansattrepresentant Komrev 3 IKS

Kjelder

Jan Roar Beckstrøm – avdelingsdirektør Riksrevisjon – *Maskinlæring, automatisering og algoritmer – det er nå det skjer* – artikkel i Kommunerevisoren nr. 6, 2017

Kommunerevisjon i Møre og Romsdal – *Utredning av sammenslåing av 4 av de 5 revisjonsenhetene i Møre og Romsdal* – 30.04.2014

NOU 2016:4 *Ny kommunelov* – 10.03.2016

NKRF – Høyrings svar NOU 2016:4 *Ny kommunelov – til Kommunal og moderniseringsdepartementet* - 07.10.2016

NKRF – *Kommunereform – sjekklister for revisor, kontrollutvalg og sekretariat*

Rapport Nordland Revisjon – *Grunnlag for etablering* – 08.05.2013

Revisjon Midt Norge SA – *Utredning av sammenslåing av selskapene Revisjon Midt-Norge IKS og Komrev Trøndelag IKS* – 31.01.2017

KS – *Selskaper og kommunereform – konsekvenser for selskaper med kommunalt eierskap, samvirkeforetak og stiftelser* -03.05.2016

Lov om interkommunale selskaper – (LOV-1990-01-29-6)

Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) – (LOV-2001-06-15-70)



VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2019-1535/02
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 26.4.2019

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 17/19	Kontrollutvalet	7.5.2019

OPPFØLGINGSLISTE

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 12.2.2019.

I dette møtet er det ikkje lagt opp til orienteringar frå administrasjonen knytt til saker på oppfølgingslista.

VURDERING

Dersom det er saker utvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møte eller i eit seinare møte, kan disse bli fremma i møte for oppføring på oppfølgingslista.

Jane Anita Aspen
daglig leder

**KONTROLLUTVALET I
VESTNES KOMMUNE**

SAKSOPPFØLGING

(å jour pr. 12.02.19)

Saker som er tatt opp:	Merknad:	Status:
<p>13.03.13 Internkontroll i Vestnes kommune Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet fekk ei orientering i møte 10.12.2013 om det nye internkontrollsystemet Risk Manager. Kommunalsjef Rune Håseth informerte i møte 03.12.14 om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Kontrollutvalet har fått jamlege statusrapportar</p>	<p>13.03.13: Sekretæren vert beden om å kontakte administrasjonssjefen og be om ei orientering til neste møte i kontrollutvalet. 29.05.13: Kontrollutvalet vil få ei orientering i møtet i september 2013. 19.09.13: Kontrollutvalet vil få ei orientering i neste møte. 10.12.13: Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte, jf. orienteringssak OS 12/13. Kontrollutvalet ønskjer å få ein ny rapport om bruken av internkontrollsystemet Risk Manager om eit år. 03.12.14: Kommunalsjef Rune Håseth informerte om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Frank Skorgenes har nyleg blitt systemansvarleg for internkontroll systemet og HMS. Ein startar no med innføring av Risk Manager. Ein føresetnad for å ta i bruk dette er at alle tilsette har same type e-postadresse, det vert no samkjørt. Det er ikkje avklart kva dokument som skal ligge i dette systemet eller kva som skal definerast som eit avvik. Alle driftsleiarane må få ny opplæring. Kontrollutvalet ønskjer statusrapport om eit halvår. 28.04.15: Kontrollutvalet utset å be om statusrapport til møte i oktober, grunna mange orienteringar i junimøtet. 17.09.15: Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte , jf. Orienteringssak OS 20/15. Kontrollutvalet konkluderer med at dei ønskjer ei ny orientering om 1 år, for å sjå korleis systemet er tatt i bruk i organisasjonen. 16.11.16: Orienteringa som var etterspurt til dagens møte vert utsatt til etter nyttår, og vert etter tilråding frå adm.sjefen, halde samstundes med orienteringa om «Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklings-hemma» 14.02.17: Ass.adm.sjef Rune Håseth orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 06/17. Utvalet ønskjer ein ny statusrapport i KU-møte 22.11.17. 22.11.17:Rune Håseth orienterte i dagens møte jf. OS 28/17. Utvalet ønskjer ei ny</p>

		<p>orientering før sommaren 2018.</p> <p>11.04.18: Kontrollutvalet ønskjer at ny orientering vert utsett til møte 24.09.18.</p> <p>24.09.18: Frank Skorgenes orienterte i dagens møte jf. OS 05/18. Utvalet ønskjer ein ny statusrapport om 1 år.</p>
<p>24.02.15</p> <p>Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune</p> <p>Ansvar: Rev./sekr.</p>	<p>Kontrollutvalet vedtok i møte 13.12.13 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjekt-et «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Prosjektplanen vart handsama i møte 08.09.14 sak 26/14. Rapporten vart lagt fram møte 24.06.15 sak PS 18/15. Oppfølging av rapporten vart behandla våren 2017.</p>	<p>24.06.15: Rapporten vart lagt fram i dagens møte sak PS 18/15.</p> <p>14.02.17: Adm.sjefen har informert revisjonen om at dei treng meir tid for å svare ut alle anbefalingane. KU vil få sak om oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet i neste møte.</p> <p>02.05.17: Kontrollutvalet handsama oppfølging av forv.rev.rapporten i dagens møte, jf. sak 13/17. Utvalet ønskjer å følgje attståande arbeid med tilrådingane.</p> <p>11.04.18: Adm.sjefen har i e-post 04.04.18 opplyst at utvalet vil få denne orienteringa i neste møte.</p> <p>09.05.18: Kommunalsjef Greta Bjerke orienterte utvalet om attståande arbeid, jf. OS 03/18. Utvalet ønskjer å følgje opp det vider arbeidet knytt til tilråding nr. 1.</p>
<p>26.05.16</p> <p>Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma</p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennom-førte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventa å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Tilsynet vart avslutta i brev frå fylkesmannen 05.07.17, men fylkesmannen har varsla nytt tilsyn.</p>	<p>16.11.16: Fylkesmannen har bede om meir dokumentasjon. Orienteringa vert etter tilråding frå adm.sjefen utsett til etter fylkesmannen har avslutta sitt tilsyn.</p> <p>14.02.17: Einingsleiar for Bu- og habiliteringstenestene, Anna Balstad, orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 07/17. KU ønskjer å følgje saka til fylkesmannen har gjort vedtak om å lukke tilsynet.</p> <p>02.05.17: Utvalet ønskjer å skrive eit brev til fylkesmannen der det vert uttrykt missnøye med at kommunen har venta på svar frå FM sidan okt. 2016. Utvalsleiar og sekretær får fullmakt til utforme brevet.</p> <p>12.06.17: Det vart 09.05.17 sendt brev frå kontrollutvalet (KU) til fylkesmannen (FM) der det vart etterlyst svar til kommunen. FM kalla i brev 19.05.17 inn kommunen til møte. Adm.sjef. orienterte KU frå dette møte, jf. OS 23/17. KU vil følgje saka til kommunen har fått svar på lukking av avvik frå tilsyn i 2011.</p> <p>02.10.17: Avviket er lukka jf. brev frå fylkesmannen 05.07.17. Utvalet fekk orientering frå einingsleiar Anna Balstad i dagens møte jf. OS 25/17. Det er varsla nytt systemtilsyn i 2018. Kontrollutvalet</p>

		vil halde seg orientert om resultatet av nytt tilsyn. 06.12.18: Sekretær opplyste at fylkesmannen har lagt inn i sine planar nytt tilsyn på tvang og makt, samt legemiddelhandtering for utviklingshemma våren 2019.
20.02.18 Innkjøp og offentlege anskaffingar Ansv: adm./sekr.	Anskaffingsregelverket er omfattande og erfaringsvis er dette eit risikoområde som det er viktig at kontrollutvalet følgjer opp. Vestnes kommune deltek i innkjøps samarbeidet på Sunnmøre. Deltakarar er Ålesund og 18 kommunar som er geografisk plassert rundt Ålesund. Kontrollutvalet ønskjer ei årleg oppdatering av status på innkjøpsområdet, bl.a. organisering av samarbeidet, status for rammeavtalar og korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverket vert følgt.	20.02.18: Kontrollutvalet ønskjer i møte 11.04.18 ei orientering om organisering av innkjøpsarbeidet i Vestnes kommune, og korleis arbeidet med innkjøp og offentlege anskaffingar vert kvalitetssikra. 11.04.18. Adm.sjefen orienterte utvalet i dagens møte, jf. OS 02/18. Utvalet vil følgje opp at innkjøpsreglementet kjem på plass og ønskjer ein ny statusrapport våren 2019. 12.02.19: Utvalsleiar opplyste at formannskapet i møte 11.02.19 handsama sak om Innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement. Saka vert behandla i neste kommunestyremøte.
20.02.18 Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester» Ansv.: adm./sekr.	Kontrollutvalet vedtok i møte 14.02.17 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet « Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester ». Prosjektplanen vart handsama i møte 02.05.17 sak 14/17. Rapporten vart lagt fram møte 02.10.17 sak PS 23/17 og i kommunestyret 19.10.17, sak 90/2017. Oppfølging av rapporten er venta i første møte 2019.	12.02.19: Kontrollutvalet behandla sak om oppfølging tilrådingane i rapporten i dagens møte jf. sak 03/19. Administrasjonssjef Tone Roaldsnes og einingsleiar barn, ungdom og familie, Elly Slettvoll orienterte. Utvalet ber om ny statusrapport i første møte hausten 2019.
12.02.19 Nytt personvernregelverk Ansv.: adm./sekr	I 2018 har Norge fått ei ny personopplysningslov. Lova inneheld nasjonale reglar og EU sin personvernforordning (GDPR - General Data Protection Regulation). Forordninga er et sett reglar som gjeld for alle EU/EØS-land. Gjennom å ha god internkontroll og god informasjonstryggleik kan kommunen sikre at den behandlar personopplysningar lovleg, sikkert og forsvarleg. Det er interessant for kontrollutvalet å skaffe seg informasjon om korleis kommunen har innretta seg etter dei nye personvernopplysningsreglane.	



VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2019-1535/02
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 30.4.2018

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 18/19	Kontrollutvalet	7.5.2019

EVENUELT

Tiltaksplan 2019 – Kontrollutvalet i Vestnes

Det vert høve til å oppdatere tiltaksplanen i møte.

TILTAKSPLAN 2019

KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE



Oppdatert 12.02.19

Tilsyn med forvaltningen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med forvaltninga
Løpande rapportering	<ul style="list-style-type: none">• Kontrollutvalsmedlemmene skal ha tilgang til dokument frå alle politiske utval.• Stig Holmstrøm og Dagfinn Wiik er kommunestyret sine representantar i kontrollutvalet.• Utvalsleiar har eit særskilt ansvar for å følgje med om det er aktuelle saker i dei andre politiske utvala som kontrollutvalet bør følgje opp.• Rapportar frå andre tilsynsorgan og kommunen sitt svar/oppfølging (ligg i kvartalsrapporteringa)• Sjukefråver (ligg i kvartalsrapporteringa)• Meldingar til politiet og varslingar
Aktuell informasjon/orienteringar	I den grad tema/områder ikkje blir undersøkt gjennom bestilling av forvaltningsrevisjon, kan det vere aktuelt å be om tilbakemeldingar frå administrasjonen på ulike områder, bl.a. ut frå overordna analyse for forvaltningsrevisjon. Slik informasjon blir spesifisert under kvart enkelt møte. Saker til oppfølging vil også gå fram av oppfølgingslista til kontrollutvalet
12.02.19	<ul style="list-style-type: none">• Tiltaksplan 2019 – Kontrollutvalet i Vestnes
07.05.19	<ul style="list-style-type: none">• få skatteoppkrevjaren sin årsrapport for 2018 og kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering• Økonomirapport 1. kvartal
17.06.19	<ul style="list-style-type: none">• Status innkjøp og offentlege anskaffingar• Revidering av kontrollutvalet sitt reglement
02.09.19	<ul style="list-style-type: none">• Økonomirapport 2. kvartal• Status internkontrollsystem
04.11.19	<ul style="list-style-type: none">• Økonomirapport 3. kvartal

Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med regnskapsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til rekneskapsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knytt til reglane i kap. 4 i forskrift om kontrollutval.
12.02.19	<ul style="list-style-type: none">• Interimrapport rekneskapsrevisjon, rekneskapsåret 2018
07.05.19	<ul style="list-style-type: none">• Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapsrapport for 2018, Vestnes kommune• Årsavslutningsbrev for revisjonsåret 2018.
17.06.19	<ul style="list-style-type: none">•
02.09.19	<ul style="list-style-type: none">• Orientering om revisjonsstrategien for revisjonsåret 2019.
04.11.19	<ul style="list-style-type: none">•

Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med forvaltningsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for forvaltningsrevisjon og reglane i kap. 5 i forskrift om kontrollutval.
12.02.19	<ul style="list-style-type: none">• Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Helsestasjon- og skolehelsetenester i Vestnes kommune»• Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune»
07.05.19	<ul style="list-style-type: none">•
17.06.19	<ul style="list-style-type: none">• Forvaltningsrevisjonsrapport «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune»
02.09.19	<ul style="list-style-type: none">•
04.11.19	<ul style="list-style-type: none">•

Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med selskapskontroll.

Møte	Oppgaver knytt til selskapskontroll
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for selskapskontroll og reglane i kap. 6 i forskrift om kontrollutval
12.02.19	•
07.05.19	•
17.06.19	• Orientering frå Vestnes Energi AS
02.09.19	•
04.11.19	•

Tilsyn med revisjonen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med revisjonen
	Revisjonen rapporterer om si verksemd ved behov. Revisjonsplan for Vestnes kommune er til ei kvar tid tilgjengeleg for kontrollutvalet. Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 4.
12.02.19	• Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. NKRF sin rettleiar.
07.05.19	•
17.06.19	• Valg av revisor frå 2020
02.09.19	• Openheitsrapport frå revisjonen • Dialogmøte med revisjonen om «Honorar for gjeldande år» (2019) • Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor sin vurdering av uavhengigheit for Vestnes kommune for revisjonsåret 2019
04.11.19	• Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. NKRF sin rettleiar.

Budsjettbehandlinga

Møte	Oppgaver knytt til budsjettbehandlinga
	Utgangspunktet for oppgåvene er reglane i forskrift om kontrollutval § 18.
12.02.19	•
07.05.19	•
17.06.19	•
02.09.19	• Forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2020
04.11.19	•

Kontrollutvalet si rapportering

Møte	Oppgaver knytt til Kontrollutvalet si rapportering
	Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 6.
12.02.19	• Kontrollutvalet sin årsrapport for 2018 vert behandla og oversendt kommunestyret til orientering. • Oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapportar/selskapskontrollar skal gå fram av kontrollutvalet sin årsrapport.
07.05.19	•

Møte	Oppgaver knytt til Kontrollutvalet si rapportering
17.06.19	<ul style="list-style-type: none">• Kontrollutvalet sin rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden 2016-2019
02.09.19	<ul style="list-style-type: none">•
04.11.19	<ul style="list-style-type: none">•